

Nils I.S. Dannemark

Variasjon og mønster

Drag ved det norske talemålet til ein del barn i Guovdageaidnu

FØREORD

Utan stor velvilje frå tidlegare rektor Mai Britt Utsi og styret ved Sámi allaskuvla hadde denne avhandlinga ikkje vorte til. Eg har fått nytte store delar av arbeidstida mi over seks år til dette arbeidet, og eg er svært takksam for det.

Eg har fått god fagleg støtte frå ulike hald i arbeidet med avhandlinga. Professor Tove Bull ved Universitetet i Tromsø har vore ein engasjert og kunnskapsrik rettleiar. Ho har hjelpt meg vidare når eg har stått fast, og synt stor interesse for prosjektet.

Eg har hatt hatt stor nytte av å drøfte sider ved avhandlinga med kollegaer ved Sámi allaskuvla. Fyrsteamanuensis Kajsa Rautio Helander, professor Nils Øivind Helander og doktorgradsstipendiat Marit Breie Henriksen har svara tolmogig på ymse spørsmål om samisk språk og andre emne, og professor Jon Todal har vore ein interessert samtalepartner om arbeidet med avhandlinga.

Elles har eg hatt stor nytte og glede av samtalar med professor Rolf Theil om mange ulike lingvistiske emne. Redaktør for *Samisk skolehistorie* Svein Lund har gjeve meg lov til å nytte artiklar som enno ikkje er publiserte, og undervisningsinspektør Lisbet Gran har late meg nytte ei upublisert oppgåve ho har skrive om norsk talemål i Guovdageaidnu. Takk for interesse og velvilje.

Cand. philol. Aud Søyland har komme med velfunderte kommentarar til språk og innhald, og eg er svært takksam for det.

Under arbeidet med avhandlinga har eg fått praktisk hjelp frå ulikt hald som har gjort arbeidet lettare. Eg vil særleg takke Toril Swan, Tove Bull og Atle Faye.

Da eg samla inn materialet, hadde eg mange gode samtalar om språk og skole med dei to klasselærarane Åse Guldhaug Sara og Anne Ulbåsen Dahl. Takk! I det heile møtte eg stor velvilje frå lærarar, administrasjon og elevar ved Guovdageainnu mánáidskuvla / Kautokeino barneskole, og er takksam for det. Ein særleg takk til Ellen Marit Guttorm for det ho har fortalt frå ei lang og rik lærargjerning i den samiske skolen.

Dei som fortener størst takk, informantane mine, kan eg ikkje nemne med namn, men de skal vita at eg sette svært stor pris på samværet med dykk. Utan dykk og den interessa de synte for å tala med meg, hadde det ikkje vorte noka avhandling. Takk! Foreldra dykkar skal òg ha takk av di dei gav meg lov til å gjennomføre samtalanane.

Guovdageaidnu, januar 2010

Nils Dannemark

1	SPRÅK I GUOVDAGEAIDNU	7
1.1	Styresmakter og språk i samiske område	7
1.1.1	Misjonerings- og opplæringspråk	7
1.1.1.1	Tida fram til 1850	8
1.1.1.2	Tida frå 1850 til 1967	10
1.1.1.3	Tida frå 1967 til 2005	11
1.1.1. 3.1	Undervisningsplanar	11
1.1.1. 3.2	Val av undervisningsspråk	13
1.2	Kva språk har vore bruka av folk i Guovdageaidnu?	15
1.2.1	Fyrstespråk	16
1.2.2	Kjennskap til andre språk	19
1.2.2.1	Norsk	20
2	TEORIBAKGRUNN OG METODE	23
2.1	Talemålsforskning	23
2.1.1	Ulike vitskapsteoretiske retningar	23
2.1.1.1	Logisk empirisme	24
2.1.1.1.1	Neogrammatisk forskning	24
2.1.1.1.2	Strukturalistisk påverka forskning	26
2.1.1.1.3	Oppsummering	26
2.1.1.2	Samfunnshistorisk tradisjon	26
2.1.1.2.1	Forskning på variasjon ut frå eit språksosiologisk perspektiv	27
2.1.1.3	Kognitiv tradisjon	28
2.1.1.3.1	Kognitive retningar i språkvitskapen	28
2.1.1.3.1.1	Kognitiv språkvitskap og variasjon	29
2.1.1.3.2	Naturlegskapsteori som ei kognitiv retning	30
2.1.1.3.2.1	Tileigning av fonetisk representasjon	30
2.1.1.3.2.2	Morfologi og naturlegskap	32
2.1.1.3.2.3	Drøfting av visse aspekt ved naturlegskapsteorien	32
2.1.1.3.2.3.1	Eksisterer språket uavhengig av individet?	32
2.1.1.3.2.3.2	Kvifor utviklar ikkje alle språk seg likt?	33
2.1.1.3.2.3.3	Naturlegskapsteori og universalgrammatikk	38
2.1.1.3.2.4	Termar frå naturlegskapsteorien som analysereiskapar	39
2.2	Mi undersøking	40

2.2.1	Problemstilling	41
2.2.2	Kategoriar eg har undersøkt	41
2.2.3	Omgrep	41
2.2.4	Lingvistisk litteratur	47
2.2.5	Litt om mine forståingsrammer	48
2.2.6	Innsamling av materiale	48
2.2.6.1	Informantar	48
2.2.6.2	Innsamlingsmetode	51
2.2.6.2.1	Om attgjevinga av materialet	52
2.2.6.2.2	Planlegging av samtalan	53
2.2.6.2.2.1	Bakgrunnskunnskap	53
2.2.6.2.2.1.1	Mogningssteg	53
2.2.6.2.2.1.2	Kunnskap om lokalsamfunnet	56
2.2.6.2.2.1.3	Språkkunnskap	57
2.2.6.2.2.1.4	Tidlegare forskning	58
2.2.6.2.2.1.5	Mi rolle	60
2.2.6.2.2.2	Dei ulike åra	63
2.2.6.3	Andre måtar å få informasjon på	65
3	SPRÅKLEGE DRAG	68
3.1	Verbfleksjon	68
3.1.1	Inndeling av norske verb	68
3.1.1.1	Sterke og linne verb	68
3.1.1.2	Preteritopresentiske verb	68
3.1.1.3	Preteritumsformer	68
3.1.1.4	Linn fleksjon	69
3.1.1.4.1	Linne fleksjonsmønster	69
3.1.1.4.1.1	Linne fleksjonsmønster i materialet	70
3.1.1.5	Sterk fleksjon	73
3.1.1.6	Overgang frå sterk til linn fleksjon	73
3.1.1.7	Preteritopresentiske verb og verb med liknande bøyning, /spøre/ og /jø:re/	73
3.1.2	Verbfleksjon i materialet	74
3.1.2.1	Linne fleksjonsmønster i materialet	74

3.1.2.2	Førekomstar i materialet	75
3.1.2.2.1	Variasjon i materialet	75
3.1.2.2.2	Førekomstar hos kvar informant	75
3.1.2.2.3	Verb og former i dei ulike fleksjonsmønstra	89
3.1.2.2.3.1	Verb med lv1-suffiks	91
3.1.2.2.3.2	Verb med lv2a-suffiks	91
3.1.2.2.3.3	Verb med lv2b-suffiks	93
3.1.2.2.3.4	Verb med lv2c-suffiks	93
3.1.2.2.3.5	Verb med sv-fleksjon	93
3.1.2.2.3.6	Verb med annan fleksjon	93
3.1.2.2.4	Etablerte og ikkje-etablerte former	94
3.1.2.2.5	Produktive fleksjonsmønster	95
3.1.3	Drøfting av materialet	96
3.1.3.1	Tidlegare drøftingar	96
3.1.3.1.1	Eksperimentell studie	96
3.1.3.1.1	Drøfting av systemet i moderne høgtysk i eit naturlegskapsperspektiv	97
3.1.3.1.1.1	Naturlegskapsteori	97
3.1.3.1.1.1	Ikonisitet, uniformitet og transparens	98
3.1.3.1.1.2	Naturlegskap og verbfleksjon	99
3.1.3.2	Ikkje-etablerte former i materialet	100
3.1.3.2.1	Ikkje-etablerte preteritumsformer av verb med einstava infinitiv	100
3.1.3.2.2	Overgang til lv1	101
3.1.3.2.2.1	Infinitivstommen + /a/	101
3.1.3.2.2.2	Preteritumstommen + /a/	101
3.1.3.3	Mogelege mekanismar	102
3.1.3.3.1	Fonologisk form	102
3.1.3.3.2	Frekvens	102
3.1.3.3.3	Språklege drag	108
3.1.3.3.3.1	Overgeneralisering	108
3.1.3.3.3.2	Kontraikoniske former	109
3.1.3.3.3.3	Konstruksjonell ikonisme	109
3.1.3.3.3.4	Minimal ikonisme	110

3.1.3.3.4	Læring av einskildverb	110
3.1.3.3.4	Val av lint fleksjonsmønster	111
3.1.4	Oppsummering	114
3.2	Substantiv	114
3.2.1	Morfologiske kategoriar	114
3.2.1.1	Genus	115
3.2.1.1.1	Kva er <i>genus</i> ?	115
3.2.1.1.1.1	Omgrepet genus	115
3.2.1.1.1.2	Definisjonar	116
3.2.1.1.1.3	Genus i ulike språk	116
3.2.1.1.1.4	Genus og språkendring	117
3.2.1.1.2	Genusmarkering	117
3.2.1.1.2.1	Genusmarkering hos informantane	118
3.2.1.1.2.2	Genuskongruerande determinativ og suffiks i materialet	133
3.2.1.1.2.3	Overgangar	133
3.2.1.1.2.3.1	Overgangar i bøygt førestelt determinativ	133
3.2.1.1.2.3.2	Overgangar i suffikset	135
3.2.1.1.2.3.3	Overgang ved demonstrativ og personleg pronomen	137
3.2.1.1.2.4	Drøfting	140
3.2.1.1.2.4.1	Anna forskning	140
3.2.1.1.2.4.2	Utbreiing av overgangane	141
3.2.1.1.2.4.3	Tre mogelege system	141
3.2.1.1.2.4.4	Forklaringsmåtar	143
3.2.1.1.2.4.4.1	Regelstyrt genustilordning	143
3.2.1.1.2.4.4.2	Eit forrangsgenus?	145
3.2.1.1.2.4.4.3	Mogeleg interferens	150
3.2.1.1.2.4.4.4	Samanfall av former	151
3.2.1.1.2.4.5	Oppsummering	152
3.2.1.1.3	Togenussystem, tregenusssystem eller bortfall av genus	152
3.2.1.1.3.1	Kongruens som avgjerande faktor	152
3.2.1.1.3.2	Utgangspunkt i drag ved substantiva	154
3.2.1.1.3.3	Konklusjon	155
3.2.2	Pluralis	156
3.2.2.1	Fleksjonsmønster	156

3.2.2.2	Drøfting	166
3.2.2.2.1	Konflikt mellom fonologi og morfologi	166
3.2.2.2.2	Mogelege forklaringar	166
3.2.3	Possessiv i nominalfrase	171
3.2.3.1	Plassering	171
3.2.3.2	Grunnar til førestelt possessiv	171
3.2.3.3	Possessiv i materialet	172
3.2.4	Oppsummering	178
3.3	Personlege pronomer	178
3.3.1	Kategoriar	179
3.3.2	Personlege pronomer i materialet	180
3.3.2.1	Former	180
3.3.2.2	Variasjon	180
3.3.2.2.1	Variasjon mellom brotne og ubrotne former i fyrste person singularis	183
3.3.2.2.2	Variasjon mellom /hu:/ og /hʉn/	191
3.3.2.2.3	Variasjon mellom /di:/ og former med final -/m/	193
3.3.2.2.4	Formene /de:re/ og /hene/	194
4	AVSLUTNING	195
4.1	Mogeleg påverknad frå talemålet mitt	195
4.2	Strukturell ordning	199
4.3	Variasjon mellom <i>dialektale former</i> og <i>bokmålsnære former</i>	203
4.3.1	Omgrepa <i>dialektale former</i> og <i>bokmålsnære former</i>	203
4.3.1.1	Dialektale og bokmålsnære former i Longyearbyen	204
4.3.2	Variasjon hos informantane	205
4.3.2.1	Intraindividuell variasjon	207
4.3.2.1.1	Variasjon i seks ulike kategoriar	207
4.3.2.1.2	Variasjon mellom brotne og ubrotne former	210
4.3.2.1.3	Markerte og umarkerte former	211
4.3.2.2	Interindividuell variasjon	212
4.3.2.2.1	Mogelege årsaker til variasjon	213
4.3.2.2.1.1	Intraindividuell variasjon som del av eit homogent mønster	213
4.3.2.2.1.2	Norsk som eit ikkje-etablert talemål	217

4.3.2.2.1.2.1	Ei samanlikning med Longyearbyen	219
4.3.2.2.1.3	Nettverkstilhørsle	220
4.3.2.2.1.4	<i>Den usynlege handa.</i> Eit forsøk på samanfatning	221
4.4	Konklusjon	221
Liste over tabellar		223
Litteratur		226

Guovdageaidnu ligg i eit område der samisk er det dominerande språket, og der norsk ikkje har ei lang historie. I dag er Guovdageaidnu ein del av staten Noreg der norsk er majoritetsspråket. Som minoritetsgruppe i storsamfunnet har samar i stor grad opplevt ei stigmatisering i høve til etniske nordmenn. Samisk levesett og tradisjonar har av mange blitt oppfatta som kulturelt sett mindre utvikla enn norsk levesett og tradisjonar (Dahl 1957:11, Bjørklund 1985, Stordahl 1998:39, Mæhlum 2007:140), og det å lære norsk har så vore framstilt som eit vilkår for å kunna komma opp på same kultursteget som nordmenn (Dahl 1957:77ff., Mæhlum 2007:140). Andreas Larsen gjev ei skjønnlitterær skildring av slike holdningar og kva konsekvensar dei kunne få for samisk sjølvkjensle, i romanen *Bæivve-Alggo* (1912).

Vi har lett for å meine ting om tilhøve i fortida ut frå det vi veit om vår eiga samtid. Såleis er det lett å slutte at samisk språk støtt har hatt lågare prestisje og vørndnad i storsamfunnet enn norsk, og at det blir verre di lenger ein går attende. Det ser ikkje ut til at så har vore tilfelle. Koloniseringa av samiske område sette inn i høgmedalderen (Olsen og Hansen 2004:151). Ei slik kolonisering førte til at likeverdige relasjonar mellom to grupper vart erstatta av eit system der den eine gruppa definerte kva som var rett og gale. Som ei følgje av koloniseringa av Sápmi fekk fremmende statsmakter større og større råderom i Guovdageaidnu mot slutten av mellomalderen og frametter (Smith 1938, Keskitalo 1998:826).

1.1 Styresmakter og språk i samiske område

Dei målsmennene for dei fremmende styresmaktene samar fyrst og fremst kom i kontakt med, var misjonærar. Misjonering og opplæring har gått hand i hand i lange periodar av koloniseringstida, og eg skal freiste å gje eit kort oversyn over kva språkpolitikk som har vore følgd i kyrkje og opplæring frå slutten av 1600-talet fram til i dag. Målet er å seia noko om kva språk som har vore til stades i det daglege i Guovdageaidnu. Det som skjer i den obligatoriske skolen, får konsekvensar for alle. Likevel er det slik at kontakten med skolen og kyrkja var svært liten for dei fleste også i lang tid etter at obligatorisk opplæring vart innført. Elevar på landet hadde lenge berre nokre få veker skole per år (Lund 1999:6). I 1812 sende biskop Schönheyder ut ei fråsegn om at kvar unge i Guovdageaidnu skulle ha minst seks

vekers undervisning per år (Smith 1938:181), men mangel på kvalifiserte lærarar og prestemangel gjorde at det ikkje var råd å etterleva denne instruksen (ibid.:182). I 1862 var den påbodne skoleplikta framleis seks veker per år per unge (ibid.:245). I 1872 vedtok skolestyret i Guovdageaidnu at kvar unge i omgangsskolen skulle ha fire vekers undervisning per år (ibid.:249). Nokon viktig faktor kunne altså ikkje skolen bli for elevane.

Likevel var skolen eit organ statsmakta kunne nå folk gjennom. Eg ser derfor meir noggrant på kva forskrifter som har vore gjeldande i skolen enn det som galdt i kyrkja, i tida etter at skolen fekk ei fast organisering og overtok mykje av det opplæringsarbeidet misjonen og kyrkja tidlegare hadde hatt. Eg ser på planar fram til og med læreplanen frå 1997. Da dei nye planane vart innførte i den samiske skolen hausten 2006, hadde eg avslutta innsamlinga av materiale til denne avhandlinga, og eg skriv derfor ikkje noko om dei.

1.1.1 Misjonerings- og opplæringsspørsmål

1.1.1.1 Tida fram til 1850

Fram til 1756 var det svensk statsmakt som var ordensmakt i austre delen av det som no er Guovdageainnu suohkan / Kautokeino kommune (Smith 1938:140). I Máze var det dansk-norsk ordensmakt som rådde. I perioden frå 1674 til 1755 hørte Guovdageaidnu prestegjeld til den svenske kyrkja. Guovdageaidnu vart rekna som ein del av Torne lappmark (Hyvärinen 1997:103, Johnsen 1923:161). I denne tida vart samisk og finsk nytta som kyrkje- og opplæringsmål i Torne lappmark (Smith 1938, Steen 1954:54, Hansen og Olsen 2004:330), så svensk vart aldri nytta som kyrkje- eller opplæringsmål i Guovdageaidnu jamvel om det budde svenske sokneprestar der. Den fyrste soknepresten som budde fast i Guovdageaidnu, var Anders Tornensis (Steen 1969:60, Keskitalo 1998:849). Han skal ha busett seg i bygda i 1684 (Steen 1969:60). I 1751 vart det underskrive ein grensetraktat mellom Danmark-Norge og Sverige om samiske område (ibid.:137). Etter dette har heile Guovdageaidnu lege under dansk-norsk og seinare norsk styring.

På slutten av 1600-talet vart misjonering ein del av striden mellom svenske og dansk-norske styresmakter om råderetten over samiske område (NOU 1985, 14:44). Til å byrja med ser det ut til at ”samene i alle fall noe på vei ble møtt på deres egne premisser” (loc.cit.), og det vart

lagt vekt på at misjonærane skulle kunna samisk (loc.cit.). Dette synet ser ut til å ha rådd både på svensk og norsk side.

Tidleg på 1700-talet vart pietismen rådande i dansk-norsk kyrkjeliv. Pietismen legg stor vekt på den subjektive opplevinga, og på tilhøvet den einskilde har til kristendomen (Elstad 2005:21). Målsmenn for kyrkja meinte det var viktig å gje opplæring på samisk og å sørgje for samiskspråkleg litteratur som kunne hjelpe samar til å finne frelsa (Steen 1954:264). Sentrale personar som biskopane Peder Krog (biskop 1688–1731 (Lysaker 1987:217) og Eiler Hagerup d.e. (biskop 1731–1743 (ibid.:259)) i Trondheim hadde eit anna syn på dette, og hevda at dansk måtte brukast (Steen 1954:264). Ludvig Harboe, som var biskop frå 1743 til 1748 (ibid.:293), meinte den einaste farande vegen var å nytte samisk, og etterfølgjaren hans, Nannestad, biskop frå 1748 til 1758 (ibid.:304), delte dette synet jamvel om han i 1752 gav ein instruks om at den som hadde misjonærstillinga for samane, fyrst og fremst skulle ”ha ungdommens opplæring for øie” og ”fremfor alt skal han holde de unge til å lære og lese norsk” (Smith 1938:142). Same året vart det samiske seminariet i Trondheim gjenoppretta under namnet *Seminarium lapponicum* (Hansen og Olsen 2004:335, Steen 1954:264). Målet for seminaret var å utdanne misjonærar og lærarar (Steen 1954:265) som skulle kunna undervise samar på deira eige mål. Da Guovdageaidnu kom under dansk-norsk styring, var altså også diskusjonen om kva mål som skulle nyttast i opplæring og misjonering i Sápmi, kommen i gang (Hansen og Olsen 2004:335). Samisk var ikkje lenger eit sjølvstøtt val, slik det ser ut til å ha vore i tidleg misjonering.

3. november 1774 kom så ei kongeleg forskrift som påbaud at norsk skulle brukast (”skal med de Unges Underviisning iblandt Lapperne forholdes paa ovenanførte Maade”) (Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegialbreve 1786:518). *Ovenanførte Maade* vil seia: ”at det derimod vilde være bedre, at der blev gjort Begyndelse med at indføre det Norske Sprog iblandt Lapperne, saa at især de Unge af dem bleve tilholdte at lære deres Christendom paa Norsk” (ibid.:517, attgjeving av ein notis frå *Biskopen til Trundhjems Stift*). Likevel ser det ut til at det framleis har vore ei vanleg oppfatning blant skolefolk og prestar at samar måtte få utdanning på sitt eige mål. I 1848 gav presten Nils Vibe Stockfleth ut ei bok om stoda for samar i Noreg der han konkluderte med at det var naudsynt med opplæring på eige mål (Stockfleth 1848:14–15). I ei bok om kvenar same året kom han til same konklusjonen for den folkegruppa òg (Stockfleth 1848a:34–35).

I tida etter 1850 møtte synspunkt som dei Stockfleth hadde, mykje motbør. I romantikken vart ideen om den samlande nasjonen viktig, og etter at Noreg vart løyst frå Danmark, vart ideen om nasjonalstaten svært sentral også hos oss. Styresmaktene tok til å oppfatte norskopplæring som eit viktig siktemål for å skapa ein slik nasjonalstat, og dette førte til at opplæring på samisk ikkje vart ført vidare slik Stockfleth hadde ynskt. I ein språkinstruks frå 1862 vart samisk nemnt som hjelpespråk, og hovudmålet var altså at norsk skulle innførast (Instruks 1862). Instruksen galdt ikkje ”saadanne kretse (...) i hvilke enten norsk eller lappisk Sprog er eneraadende” (loc.cit.). Denne lina vart styrkt med språkinstruksen for lærarar av 1880. Den slår fast at alle kvenske og samiske barn skal lære å lesa og snakke norsk (Instrux 1880). Den tidlegare passusen frå 1862 og 1870 om at samiske og kvenske elevar også skulle lære å lesa sitt eige mål, vart stroken (loc.cit.). Samisk og kvensk skulle nyttast berre når det var ”helt uomgjængelig fornødent” (loc.cit.). Berre når det som vart sagt på norsk, var ”uforstaeligt for børnene” (loc.cit.), kunne samisk og kvensk nyttast. Det vart heller ikkje lenger skilt mellom krinsar der samisk var einerådande, og krinsar der begge mål var nytta. Norsk mål vart altså innført i skolen også i indre Finnmark med instruksen frå 1880. Venstre-staten førte denne fornorskingslina vidare mellom anna gjennom å gje einskapsskolen ei sterk stilling, og ei av oppgåvene for einskapsskolen var å fremje ei sams nasjonalkjensle (Slagstad 1998:97). Eivind Bråastad Jensen seier:

Denne oppvåkneende nasjonalismen i et land som først fikk sin uavhengighet i 1814, og som fram til 1905 både strevde for å utvikle en kulturell identitet og for oppløsning av unionen med Sverige, kunne ikke gi noe godt klima for andre folkegrupper innafor landets grenser, som ikke delte majoritetens språk og kultur.
(Jensen 1991:21).

Det vart oppfatta som viktig at samar skulle lære seg norsk, og lina Stockfleth hadde stått for, fekk ingen plass i den nye Venstre-staten. Samar skulle altså ikkje få opplæring på samisk, men innføring i nasjonalspråket norsk.

Fram til 1974 følgde norskundervisninga for samiskspråklege elevar i Noreg i store drag same planar som anna norskundervisning i Noreg. Så lenge det fanst eigne planar for landsfolkeskolen, var det desse som galdt i Guovdageaidnu.

1.1.1.3 Tida frå 1967 til 2005

1.1.1.3.1 Undervisningsplanar

I 1963 vedtok Stortinget eit tillegg til lov om folkeskolen frå 1959 i samband med drøftinga av innstillinga frå Samekomiteen (Stortingsmelding 21, *Lov om folkeskolen*: 1963). I tillegget står: "Etter avgjerd frå departementet kan det nyttast samisk til opplæringsmål i skolen" (*Lov om folkeskolen*: 1963). Dette inneber eit prinsipielt brot med den fornorskingslina som hadde vore ført fram til da (Jensen 1991:78). I 1967 vart det så sett i gang begynnaropplæring på samisk i to samiske kommunar i Finnmark (Eira 2004:27, Balto 1996:11, Todal 2009:430, Kautokeino kommunearkiv: referat frå skolestyresak 12/67), Kárášjohka og Guovdageaidnu. Departementet gav løyve til å setja i gang opplæringa (Kautokeino kommunearkiv: brev frå skoledirektøren i Finnmark 13. januar 1967). Grunnskolelova frå 1969 stadfestar tillegget Stortinget vedtok i 1963 til folkeskolelova i 1963, og gjer val av samisk i skolen til ein rett for foreldre som sjølve nyttar samisk som fyrstespråk (loc.cit.). Etter lovtillegget frå 1963 kunne opplæring gjevast berre etter vedtak av departementet (loc.cit.).

Med den nye mønsterplanen for grunnskolen frå 1974 kom det eigne planar for samisk som morsmålsfag. I planen står det: "I språkblandingsdistrikta kan foreldre som nyttar samisk som dagleg talemål, krevje opplæring på samisk for barna sine" (*Mønsterplan* 1974:71). Den same planen seier: "Det er rimeleg å tenkje seg at hovudvekta vil ligge på samisk språk og samisk kultur på dei lågaste klassestega, og at den gradvis vil gå over til å liggje på norsk språk og norsk kultur på dei høgaste klassestega i grunnskolen" (loc.cit.). Det ser ut til at planen legg opp til at samisk berre skal vera eit hjelpemiddel som fyrst og fremst skal føre til at det blir lettare for samiskspråklege barn å lære norsk. Det står rett nok at "begge må vere med frå først til sist" (loc.cit.), men i planen blir det berre nemnt at "norsk [må] komme inn på dei første klassestega som det første framandspråket" (loc.cit.), og det blir ikkje sagt noko om bruk av samisk. I planen står det vidare: "derneft siktar opplæring i samisk på å halde oppe og føre vidare samisk språk og samiske kulturtradisjonar" (loc.cit.), men planen seier ikkje noko om korleis ein skal nå dette målet. Planen seier klart at norsk skal vera det viktigaste språket på høgare klassesteg, og på mellomsteget, altså seinast i daverande sjette klasse, skulle elevane ha gått over til å nytte morsmålsplanen i norsk, *Norsk m/skriftforming*. Før det kunne ein nytte planen for *Norsk som framandspråk*. Det er såleis truleg at den undervisninga planen skildra, ville føre til subtraktiv tospråklegheit (Øzerk 1995:32ff). Dette vil falle inn under det Colin

Baker i si systematisering av ulike former for tospråkleg opplæring kallar *transitional bilingual education*, 'tospråkleg overgangsopplæring', ei svak form for tospråkleg opplæring der målet er assimilering (Baker 2006:221).

I mønsterplanen for 1987 vart tospråklegheit for fyrste gong sett opp som eit mål for undervisninga både i samisk som fyrstespråk, samisk som andrespråk og norsk for elevar med samisk som fyrstespråk. Det er også fyrste gongen omgrepa andrespråk og fyrstespråk blir nytta i ein norsk fagplan. Planen gjer det mogeleg å nytte samisk som opplæringsmål i alle klassar i grunnskolen. *Jamstelling* mellom norskspråklege og samiskspråklege barn blir forklart slik i planen:

Reell jamstelling mellom skoletilbodet for norske og samiske elevar inneber at samisk og norsk språk har lik status, og at elevar som vel samisk som fyrstespråk, får likeverdig kompetanse samanlikna med dei elevane som har norsk som fyrstespråk.

(Mønsterplan 1987:34).

I M-74 er *jamstelling* forklart slik:

Målsetjinga for grunnskolen er den same i språkblandingsdistrikt som elles i landet. Det vil seie at dei samisktalande elevane skal førast fram til same nivået som norsktalande elevar i grunnskolen. Målet er jamstelling, og berre oppnåeleg når samisktalande elevar får ei skoleutdanning som er heilt jamstelt med den all annan norsk ungdom får.

(Mønsterplan 1974:71f.).

Ein kan tolke omgrepet *jamstelling* slik at det tyder at skilnadene mellom to grupper har forsvunne eller vorte svært små. Slik meiner eg det blir bruka i M74. Ei anna tolking av omgrepet er at ting som er ulike, blir respekterte på same nivå og gjev same status. Eg meiner M87 har denne tolkinga. M87 legg opp til det Baker kallar *maintenance*, 'oppretthalding', ein modell for tospråkleg opplæring for språklege minoritetar med vekt på L1. Baker ser munnleg og skriftleg tospråklegheit som mål for slike modellar (Baker 2006:216).

Den fyrste eigne læreplanen for samisk opplæring i Noreg kom i 1997. I denne planen har samisk nett den same planen i opplæringa for samisktalande barn som norsk for norskspråklege barn. Det er sett opp som eit mål i denne planen at elevane skal utvikle samisk som eit tenleg bruksmål i alle situasjonar. Planen oppfattar samisk som "et middel til å skaffe seg nye synsmåter og ny kunnskap". Dette synet finst også i M87, og L97 fører såleis vidare

grunnsynet i M87. I Baker si systematisering er L97 ein sterkare versjon av same modell som M87.

Odd Mathis Hætta skildrar norsk skolepolitikk etter andre verdskrigen slik: "Norsk skolepolitikk i samiske distrikter de siste 25 år har i virkeligheten ikke avveket særlig fra den harde fornorskninglinjen som ble grunnlagt ved århundreskiftet og som fortsatte hele mellomkrigstiden" (Hætta 1972:37). Dette skriv han jamvel om det i 1972 var mogeleg å få grunnleggjande opplæring på samisk dersom foreldra ynskte det. Målet for samiskopplæringa var rettnok ikkje å utvikle samiskkunnskapane til elevane, samisk identitet og samisk som reiskap for tanken, men å få samiskspråklege barn til å lære norsk. Dette vart ikkje endra før i 1987. Likevel er det vel slik at *høvet* til å kunna velja samisk som opplæringsspråk i den grunnleggjande opplæringa var eit viktig steg på vegen mot ein samisk skole.

1.1.1.3.2 Val av undervisningsspråk

Det er dei føresette som vel kva undervisningsspråk ungane deira skal ha. I Guovdageaidnu har det som nemnt vore mogeleg å velja mellom samisk og norsk i grunnleggjande opplæring i lesing og skriving på samisk frå og med 1967. Etter 1974 har det vore mogeleg å velja mellom norsk og samisk som morsmålsfag, og etter 1987 kan ein velja mellom norsk og samisk som opplæringsmål.

Tabell 1.1 a Oversyn over elevar i Guovdageaidnu som har følgd den opplæringsmodellen der samisk har hatt så stor plass som gjeldande reglar til kvar tid har gjeve høve til

Opplærings- År mål for skolestart	Samisk	Norsk
1967	13	19
1968	20	12
1969	14	16
1970	30	14

1971	26	12
1972	28	23
1973	40	14
1974	35	25
1975	34	17
1976	40	25
1977	42	17
1978	32	24
1979	32	17
1980	32	16
1981 ¹	37	14
1982 ²	36	14
1983 ³	37	15
1984 ⁴	31	14
1985	40	13
1986	44	11
1987	ingen informasjon	
1988	42	15
1989 ⁵	27	7
1990 ⁶	36	10
1991 ⁷	29	4
1992	31	8
1993	33	8
1994	34	1 ⁸
1995	35	7
1996	37	6
1997	34	6
1998	33	2

¹ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 5. klasse.

² Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 4. klasse.

³ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 3. klasse.

⁴ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 2. klasse.

⁵ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 5. klasse.

⁶ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 4. klasse.

⁷ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 3. klasse.

⁸ Tal frå det året dei elevane som begynte dette året, gjekk i 5. klasse.

1999	24	2
2000	30	0

Kjelde: Kommunearkivet i Guovdageaidnu. Ellen Marit Guttorm som var lærar ved barneskolen i Guovdageaidnu frå 1963 til 2002, har fortalt meg kva opplegg dei ulike klassane hadde der dette ikkje går fram av klasseprotokollar. Ho var klasselærar for den fyrste klassen som hadde grunnleggjande opplæring på samisk.

Når ikkje anna er nemnt, er tala frå då elevane gjekk i fyrste klasse. I somme tilfelle har eg ikkje kunna finne tala frå fyrste klasse, men berre frå seinare årssteg. Eg har da valt å setja opp dei tala eg har funne jamvel om tala i tabellen på det viset ikkje blir heilt samanliknbare.

På 1990-talet vart det færre elevar som hadde norsk som opplæringspråk ved barneskolen i Guovdageaidnu. Éin grunn til dette er at talet på tilsette i Luftforsvaret vart sterkt redusert på slutten av 1980-talet (Aanerud og Løvland 2001: 27), og at gruvedrifta i Bieddjovaggi vart nedlagd (Prestbakmo 1994:192). Dei fleste av dei tilsette ved desse to arbeidsstadene var tilflyttarar til bygda, og ungane deira hadde i dei aller fleste tilfelle norsk som opplæringsmål. Ein annan grunn er at det dei siste 20 åra har vorte meir vanleg at ungar frå heimar der ein av foreldra snakka norsk og den andre samisk, lærer begge språk heime (Dannemark og Johansen52f.). Dette har så ført til at fleire ungar frå tospråklege heimar har hatt samisk som opplæringsmål enn tidlegare.

1.2 Kva språk har vore bruka av folk i Guovdageaidnu?

Det finst ulike kjelder som fortel kva heimespråk folk i Guovdageaidnu har nytta. Friis sine demografiske kart frå 1860 gjev oversyn over kor mange som da snakka samisk (Friis 1861). Ei undersøking som skoledirektør Karl Aas sette i gang i 1899, gjev informasjon om talemålet i heimane (Meløy 1980). I folketeljningane har det vore spurt etter heimespråk fram til 1970. Etter den tida gjev Dannemark og Johansen (2001) informasjon om kva språk ungdomsskoleelevar i skoleåret 1998/99 nyttar, både som heimespråk og saman med kameratar. I 2000 vart det gjennomført ei undersøking om bruken av samisk språk i Noreg der Samisk språkråd var oppdragsgjevar. Ingen av desse undersøkingane gjev informasjon om kva mål folk har meistra i tillegg til heimespråket eller heimespråka så godt at dei er det

Skutnabb-Kangas (1981:94) definerer som *tvåspråkig* i høve til *användning*: ”Den är tvåspråkig som a. använder (eller kan använda) två språk (i de fleste situationer) (i enlighet med sina egne ønskemål och samhällets krav)”. I tillegg til samisk har norsk og finsk (Smith 1938, Skum og Skum u.å.) vore språk som har vore nytta i kommunikasjon med folk i nærliggjande område og også med folk i sjølve Guovdageaidnu. Norsk og finsk har aldri vore heimespråk for særleg mange i Guovdageaidnu, og informasjon om kor utbreidd kjennskapen til desse språka har vore, må derfor søkjast i andre kjelder enn dei eg har nemnt over. Mogelege kjelder er reiseskildringar, nedskrivne minne og inntrykk og samtalar med folk i bygda.

1.2.1 Fyrstespråk

Andenæs (1984:2) definerer *fyrstespråk* som det språket barnet veks opp med, det eg over har kalla *heimespråk*. Eit barn kan vekse opp med fleire språk enn eitt i heimen, og kan da ha to eller fleire språk som fyrstespråk. I undersøkingane eg viser til, har ein nytta omgrep som *språk i familier* (1899), *første talespråk* (1970). Sjølve omgrepet *fyrstespråk* er ikkje gammalt i norsk, men eg vel likevel å nytte det også når eg snakkar om tidlegare språksituasjonar.

Eg har sett opp tal frå 1899, 1950, 1970 og 1998/99 for å gje eit historisk oversyn over kva fyrstespråk som har vore nytta i Guovdageaidnu. Eg har også sett opp tal for Finnmark fylke når dei er tilgjengelege. I nokre tilfelle dekkjer undersøkingane berre delar av fylket.

Tabell 1.1 b Språk i familiar, 1899

Område	Familiar	Norsk	Samisk	Kvensk	Trespråkleg	Tospråkleg
Guovdageaidnu	119	0	119	-	-	-
15 kommunar i Finnmark	1991	728	809	278	16	175

Desse tala baserer seg på ei undersøking av talemålet i heimane i dei tre fylka Nordland, Troms og Finnmark som skoledirektør Karl Aas sette i gang i 1899 (Meløy 1980:20f.). I Finnmark galdt undersøkinga kommunane Sør-Varanger, Nord-Varanger, Nesseby og Polmak, Tana med Gamvik og Berlevåg, Lebesby, Porsanger, Nordkapp, Måsøy, Sørøysund, Kvalsund, Hasvik, Loppa, Talvik, Alta og Guovdageaidnu (ibid. 21). Ingen av bykommunane

var med (ibid.:20). Meløy seier at det ser ut til at “Karasjok og Vardøy landherad ikkje har svara på spørsmåla som vart sende ut” (ibid.:20).

Tabell 1.1 c Språk i familiar i folketeljinga 1950

Område	Folkemengd			Samisk			Kvensk			Samisk og kvensk			Samisk og norsk			Kvensk og norsk		
	Menn	Kvinner	Samla	M	K	S	M	K	S	M	K	S	M	K	S	M	K	S
Finnmark	28789	25692	54481	3563	3153	6716 (12,33%)	747	634	1381 (2,53%)	20	19	39 (0,07%)	327	277	604 (1,11%)	160	124	284 (0,52%)
Guovdageaidnu	795	762	1557	695	662	1357 (87,15%)	3	2	5 (0,32%)	-	-		6	5	11 (0,71%)	-	-	

Tabell 1.1 d Oversyn over kor mange som i folketeljinga 1970 gav opp at dei hadde samisk som fyrste talespråk

Område	Samisk fyrste talespråk				Reknar seg sjølv som same			
	Ja	Nei	Ikkje svar	Samla	Ja	Nei	Uviss	Ynskjer ikkje å svara
Finnmark	8582 (12,63%)	55749 (82,04%)	3623 (5,33%)	67954				
Guovdageaidnu	1965 (78,95%)	524 (21,05%)		2489	1899	426	107	57

Tabell 1.1 e Oversyn over kva språk ungdomsskoleelevar i 1998/99 oppgav at dei og deira føresette nytta

Fyrstespråk i heimen												
Område	Ungdomsskoleelevar				Føresette				Samla			
	Norsk som einaste språk	Samisk som einaste språk	Samisk som eitt av to eller fleire språk	Eit anna språk enn samisk og norsk	Norsk som einaste språk	Samisk som einaste språk	Samisk som eitt av to eller fleire språk	Eit anna språk enn samisk og norsk	Norsk som einaste språk	Samisk som einaste språk	Samisk som eitt av to eller fleire språk	Eit anna språk enn samisk og norsk
Guovdageaidnu	10 10,2 %	79 80,6 %	8 8,16 %	1 1,02%	24 12,44%	159 82,38%	9 3,09%	1 0,52%	34 11,68 %	238 81,79 %	17 5,84 %	2 0,69%

Tabell 1.1 f Oversyn over kor mange ungdomsskoleelevar i 1998/99 som oppgav at dei og deira føresette nytta samisk som einaste eller eitt av fleire fyrstespråk i heimen

	Samisk som einaste eller eitt av to eller fleire fyrstespråk i heimen		
	Ungdomsskoleelevar	Føresette	Samla
Guovdageaidnu	87 (88,78 %)	168 (87,05 %)	255 (87,63 %)

Svar på slike spørjeundersøkingar treng sjølvstøtt ikkje gje eit reelt bilete av tilhøva. Det kan til dømes tenkjast at dei som blir spurde, svarar ut frå kva som er rådande oppfatningar av korleis tilhøva bør vera. Dette kan så gje ulike utslag etter kva som er vanleg meining om kva språk som har framtida for seg. Grunnen til at tala på dei som har gjeve opp at dei har samisk som fyrste talespråk, er noko lågare i 1970 enn i undersøkinga frå 1998/99, kan vera at fleire av informantane faktisk har to fyrstespråk. Aubert 1978 hadde granska det statistiske materialet som førelåg da, og seier: ”Av dette materialet er det nærliggende å slutte at to samisktalende foreldre stort sett er en nødvendig, men ikke tilstrekkelig betingelse for at barna skal vokse opp med samisk som morsmål” (Aubert 1978:53). Dannemark og Johansen (2000:53) seier tala i deira undersøking tyder på at det er fleire som faktisk har to fyrstespråk i tida etter 1970. I ei undersøking som vart gjennomført av Opinion i år 2000, ser det ut til at delen av samisktalende av innbyggjarar i Guovdageaidnu mellom 18 og 29 år er mindre enn

mellom eldre (Opinion 2000). Av den samla folkesetnaden seier Opinion-undersøkinga at 95 prosent seier dei kan samisk godt eller svært godt. Ifølgje Dannemark og Johansen nyttar 88,8 prosent av dei som var ungdomsskoleelevar i Guovdageaidnu 1998/99, samisk som einaste eller eitt av to eller fleire heimespråk, og 93,3 nyttar samisk som einaste eller eitt av to eller fleire språk saman med kameratar (2005:50f.). Det er truleg at dette siste talet fortel kven som meistrar samisk godt eller svært godt. Det er ikkje stor skilnad mellom denne gruppa og heile folkesetnaden.

Det ser altså ikkje ut til at dei tala vi finn i Opinion-undersøkinga, er uttrykk for ein vedvarande tendens til at samisk blir mindre nytta mellom ungdom. Torkel Rasmussen meiner sjølve tala Opinion-undersøkinga presenterer, kan gje eit gale bilete av dei reelle tilhøva (2002:85f.). Han seier at tala på samisktalande i andre aldersgrupper ser ut til å vera høgare enn talet på innbyggjarar i tilsvarande grupper, og han meiner dette kanskje kan vera resultat av ein statistisk feil i undersøkinga. Årsaka til denne feilen meiner han kan vera at ein ikkje har nådd fram til aldersgruppa 18–30 med spørsmåla (loc.cit.). Rasmussen seier vidare at han ut frå egne røynsler ikkje har grunn til å tru at det var færre samisktalande i aldersgruppa 18–29 enn i andre grupper i Guovdageaidnu i år 2000 (loc.cit.).

Det ser alt i alt ut til at det som finst av kjeldemateriale, klart viser at samisk er majoritetsspråket i Guovdageaidnu, og at det har vore det så langt tilbake som vi har opplysningar om. Det ser også ut til at fleirtalet av ungdom har samisk som fyrstespråk.

1.2.2 Kjennskap til andre språk

Som nemnt i 1.1.3 har finsk og norsk vore språk som folk i Guovdageaidnu har nytta i tillegg til samisk. Det finst ikkje oversikter over kor mange som har meistra desse to språka av dei som har hatt samisk som fyrstespråk. Eg skal likevel freiste å gje eit bilete av kva posisjon norsk har hatt i bygda i tida etter at Guovdageaidnu kom under norsk styre midt på 1700-talet. Eg kjem ikkje til å gå inn på kva finskkunnskapar folk har hatt, etter som det truleg ikkje har noko å seia for det emnet eg har valt å ta for meg. Det ser ut til å vera ei utbreidd oppfatning i bygda at det var vanlegare å meistre finsk tidlegare enn det er no. I ein rapport frå 1877 frå Kyrkjedepartementet blir det sagt at ”der skal overhovedet findes faa Lapper, der ikke kunne meddele sig paa Kvænsk” (Hertzberg 1878:5). Forklaringa meiner forfattaren av rapporten ligg i stort samkvem mellom samar og kvenar som hørte heime i Guovdageaidnu, at ”den

kvænske Indflytning til Alten samt Kvænernes Markedsreiser til Bopsekop foregaar for en Del over Kautokeino”, og i den nære slektskapen mellom samisk og finsk (loc.cit.).

1.2.2.1 Norsk

Som nemnt (1.1.1.1) kom det forskrifter i 1752 og 1774 som gav prestar og misjonærar påbod om å få ungdomen til å lære norsk (1752) og om å nytte norsk i undervisninga (1774). Det ser ikkje ut til at dette har ført til dei resultatata styresmaktene ynskte. Soknepresten i Guovdageaidnu frå 1786 til 1792, Samuel Bugge Budde, skriv i 1789 at svært få i Guovdageaidnu kan nytte norsk til å uttrykkje meiningane sine (Smith 1938:152). Dahl (1957) seier om perioden frå 1826 til 1848 at det er vanskeleg å få eit oversyn over kva norskkunnskapar samar i Finnmark hadde, men han konkluderer ut frå dei kjelder som er tilgjengelege, at ”det er liten grunn til å tro at samenes kjennskap til norsk har økt i noen særlig grad i dette tidsrom” (ibid.:22).

Det er ikkje lettare å seia noko fast om norskkunnskapar i åra etter 1848, men visse vitnemål kan gje eit inntrykk av tilhøva. Naturforskarer Sophus Tromholt hadde eit forskingsopphald i Guovdageaidnu 1882–1883. Det fyrste møtet med folk frå bygda fekk han på vegen frå Alta opp til Guovdageaidnu. Ferda gjekk til dels med elvebåt, og med i båten var to skysskarar og lensmannen og handelsmannen i Guovdageaidnu. Han skriv dette om ferda: “Jeg ved i Sandhed ikke, hvorledes jeg skulde have klaret mig, om jeg havde været alene paa den nu følgende to Dages vanskelige Baadfart, op ad en strid Elv, fuld af Fosser, igjennem et øde, næsten ubeboet Land, og kun ledsaget af Skydsfolkene, hvis Sprog jeg lige saa lidt kjender, som de kjender mit” (Tromholt 1885:67). Skysskarar hører med til dei i ei bygd som har mest omgang med fremmende, og ein skulle tru at dei ikkje var mindre språkmektige enn andre folk. Det ligg derfor nær å rekne med at det ikkje var særleg utbreitt at folk i Guovdageaidnu kunne nytte norsk på denne tida. I ein reiserapport frå Kyrkjedepartementet frå 1877 er stoda skildra slik: ”I Regelen kunne⁹ Konfirmanderne ikke læse en norsk Bog med Forstaaelse, kunne¹⁰ ikke engang til Nød meddele sig paa Norsk; det eneste Udbytte kan siges at være, at de kunne¹¹ forstaa de simpleste og i Daglig-Talen almindeligst forekommende norske Ord og Sætninger” (Hertzberg 1878:4). I ein rapport frå ei inspeksjonsreise til Finnmark i 1886 seier

⁹ presens pluralis

¹⁰ presens pluralis

¹¹ presens pluralis

skoledirektør Killengreen at ”det lappiske Sprog holder sig, som maa ventes, med stor styrke inden denne Kommune, og maa fremdeløes anvendes som Skolens Undervisningssprog” (Killengreen 1887:31).

Nokre tiår seinare seier P.L. Smith, som hadde arbeidd som sokneprest i bygda: ”Den smule norsk de tilegner sig, representerer neppe nogen livsverdi – og det glemmes snart. Norsk blir aldri hverken talesprog eller skriftsprog for de virkelige lapper i Kautokeino, så meget kan man da se” (Smith 1938:259 f.). Lilian Bye, som gjorde feltstudiar i Kárášjohka i 1936, skriv at vertsfolka hennar fungerte som tolkar (Bye 1939), og dette fortel vel at mange andre i bygda ikkje kunne nytte norsk som kommunikasjonsmiddel. Utsegner frå folk som voks opp på denne tida, stør oppunder det Smith og Bye seier. Eira (u.å.) seier om skoleåra sine på 30-talet: ”Folk her i Guovdageaidnu kunne lite norsk i den tida. Vi hadde ikke så mye kontakt med utenomverdenen, da det ennå ikke var veier.” Hætta (u.å.) seier om tida rundt 1940: ”På vidda hørte vi ikke annet enn samisk, vi traff i det hele teke ikke norsktalende folk.” Nils Skum er fødd i 1934, og seier at han ikkje lærte norsk før han reiste ut av Guovdageaidnu og drog til Sør-Noreg som 18-åring (Skum og Skum u.å.). I denne tida fram til andre verdskrigen ser det ut til å ha vore vanleg at dei som kom som innflyttarar til bygda, lærte seg så pass mykje samisk at dei kunne kommunisere med folk i bygda på deira morsmål (Dahl 1957:22, Heiberg 1992).

I tida etter andre verdskrigen ser det så ut til å ha skjedd ei endring. Kontakten med omverda vart betre da det kom veg. Fleire norsktalende kom til Guovdageaidnu i tida etter krigen for å vera med på attreisinga. Radioen vart allemannseige. Ein del reindriftssamar som hadde sommarbustad ved kysten, hadde også tidlegare lært norsk i omgang med norsktalende (Hætta u.å.). Men også ved kysten var det mange som kunne samisk i tida før andre verdskrigen, og kommunikasjonen med dei fastbuande kunne også gå føre seg på samisk (loc.cit.). I tida etter andre verdskrigen endra dette seg (Eythorsson 1991:39, Bjørklid 1985:395). Samisk vart i liten grad overført til den neste generasjonen i kyststroka, og dei som kunne tala det, gjorde det ofte ikkje, av di samisk var forbunde med vonde minne om stigmatisering og fattigdom (Bjørklid 1985:395). Dette førte også til at reindriftssamar i større grad måtte nytte norsk under opphalda i sommararbeiteområda når dei snakka med fastbuande. *Mønsterplan for grunnskolen* (1987:33) gjev denne forklaringa: ”Assimilasjonsprosessen er og påverka av betre kommunikasjonar, av flytting til tettstader og av den auka innverknaden massemedia har

fått. Alt dette har gjort at forholdet til det norske samfunnet er tettare i dag enn nokon gong før.”

Det finst heller ikkje for tida etter 1945 talmateriale som syner kor mange i Guovdageaidnu som meistrar norsk slik at dei kan nytte språket i munnleg kommunikasjon. Det synest likevel som det er ei vanleg oppfatning at folk i dag er tospråklege, og at dei aller fleste meistrar norsk på eit svært høgt nivå som andrespråk. Gaup 1991 skildrar språkstoda i Guovdageaidnu slik: „Endel av informantene i kommunen er enspråklige (norsktalende)“ (24). I dette ligg det vel implisitt at samisktalande er tospråklege. Mønsterplanen (1987:33) seier: „I indre Finnmark har det vorte meir vanleg at folk er tospråkleg eller har norsk som fyrstespråk.“ Alf Isak Keskitalo skildrar språksituasjonen slik:

If we take a closer look at the Kautokeino community (K) in the core area, and regard it as typical, we get the following picture. Out of a population of about 2.800 persons in K, eighty per cent have Sámi as their mother tongue and first language, and the other twenty per cent Norwegian. As almost all Sámis master Norwegian, many perfectly, and only a few Norwegians (because of a widespread migration tendency, etc.) master Sámi (we can here disregard stigmatisation phenomena) we get a typical asymmetrical relationship between majority and minority languages.

(Keskitalo 1980:158)

Nils Øyvind Helander seier det slik: „Nowadays most Sami-speaking people are bilingual meaning that they also master either Finnish, Norwegian, Swedish or Russian. In the border areas many people are trilingual” (Helander 1997:151).

Norsk er altså ikkje eit språk med gamle røter i Guovdageaidnu, og det har aldri vore mange som har nytta språket som daglegspråk. Det finst ingen fast etablert variant av norsk i Guovdageaidnu som kan nyttast som mønster for dei som skal lære seg språket. Dei som nyttar språket som daglegspråk, hører også dagleg samisk, og ein del med norsk som fyrstespråk har også kommunikative ferdigheiter i samisk.

Når det førekjem variasjon i ein språkleg kategori, ligg det ein kime til språkending i det. Dette gjeld både når variasjonen førekjem hos ein og same språkbrukar, og når variasjonen består i at ulike medlemmer av ei gruppe nyttar ulike former. Når ungar tileignar seg språk, nyttar dei heile tida former som er avvikande frå det ein finn i målspråket, og slike former kan føre til språkendingar dersom dei slår igjennom hos ei stor gruppe språkbrukarar. Variasjon i seg sjølv er ikkje endring, men variasjon er ein føresetnad for endring, og kan altså vera fyrste stadiet i ei språkending. Eg meiner derfor at ein kan sjå på variasjon i lyset av teori om språkending. Når språk endrar seg, vil resultatet kunna seia noko om kva endringar som er mogelege, og kva mekanismar som ligg bak produksjon av språk.

Det var lita interesse for variasjon internt i eit geografisk eller sosialt avgrensa talemålsområde og i språket til den einskilde talaren i språkvitskapleg forskning fram til seint på 1900-talet. Langacker (2008: 13) nemner ”neglect of linguistic **variation**” som eitt av ti drag han meiner særmerkjer moderne språkvitskap. Språkleg variasjon ser i særleg grad ut til å førekomma i situasjonar der språkbrukarar med ulike talemål har mykje kontakt over tid. I Noreg har det vore mykje slik kontakt i lange tider, men norsk talemålsforskning har i svært liten grad vore oppteken av kva som skjer som resultat av slik kontakt. I dette kapittelet vil eg freiste sjå etter årsaker til at variasjon og språkkontakt har vore neglisjerte emne. Eg legg særleg vekt på norsk talemålsforskning, men freistar sjå dette emnet i eit internasjonalt vitskapshistorisk lys.

Mot slutten av kapittelet drøftar eg så ulike måtar å nærme seg språkleg variasjon som forskningsemne på.

2.1 Talemålsforskning

2.1.1 Ulike vitskapsteoretiske retningar

Ronald Giere set opp tre vitskapsteoretiske hovudtradisjonar i *Explaining science* (Giere 1988), det han kallar *Logical Empiricism*, *the Sociological History of Science* og *a Cognitive Theory of Science*. Tor A. Åfarli nyttar i *Grammatikk – kultur eller natur?* (Åfarli 2000)

omgrepa *den logiske tradisjonen, den historiske tradisjonen og kognitiv vitenskapsteori* for dei same tre tradisjonane som Giere skriv om. Eg brukar omgrepa 'logisk empirisme', 'samfunnshistorisk tradisjon' og 'kognitiv tradisjon'.

Desse tre ulike retningane dannar også grunnlag for ulike retningar i norsk talemålsforskning.

2.1.1.1 Logisk empirisme

Målet for dei som står i denne tradisjonen, er å skildre det ein observerer, på eit vis som det er logisk samanheng i. Ein vil altså seia noko om det som skjer i den ytre røyndomen, ut frå noggrann observasjon.

Både neogrammatikarar og strukturalistar arbeider innanfor ei logisk-empirisk vitenskapsteoretisk ramme. I humanistisk forskning vil dette seia at ein freistar studere mennesket som objekt utanfrå (Rommetveit 1972:22). Det er dei impulsane ein blir utsett for, som forklarar menneskeleg handling (Helstrup 1996:26). Det som eventuelt skjer av kognitiv bearbeiding ut frå medfødde mønster og evner, kan ein ut frå eit logisk-empirisk syn ikkje vita noko om, og derfor kan det heller ikkje spela ei rolle i vitenskaplege forklaringar.

2.1.1.1.1 Neogrammatisk forskning

I norsk målgransking har mange sentrale forskarar sett det som viktig å syne det som bind norsk talemål og det nynorske skriftmålet saman (Jahr 1996:87, Beito 1973).

Målføregranskaren Sigurd Kolsrud var ein sentral person i denne retninga, og han meinte talemålsforskning som ikkje ser talemåla som ein del av ein heilskap, ikkje ser hovudsaka (Jahr 1996:87). Eit utslag av dette kan ein til dømes sjå i namngjevinga av den boka som i lang tid var nytta som lærebok for nordiskstudentar ved Universitetet i Oslo, *Nynorsken i sine målføre* (1951). Denne retninga har også lagt stor vekt på å sjå dialektane i språkhistorisk lys, og å forklare drag i dei i høve til gammalnorsk (Jahr 1996:87). Denne retninga i norsk språkforskning har vore kalla *nynorsk språkforskning* (Jahr 1996) og *nynorsk målgransking* (Kolsrud 1952, Beito 1960).

Ein konsekvens av eit slikt syn kan bli at ein ser på eldre språkstadium som meir interessante enn språket i samtida av di samanhengen mellom dialektane og gammalnorsken vil vera

klarare dess lenger ein går attende. Dette kan så føre til at dialektgranskinga blir konserverande i si grunnholdning. Til dømes uttrykte Olav T. Beito seg slik: ”Meir enn nokon gong hastar det med å berge for vitskapen mest mogeleg av det språklege tilfanget som held på å kverve or målføra våre” (1960:29). Det kan også føre til at forskning på talemål som ikkje kan sjåast som direkte etterkommarar av gammalnorsk, og såleis kan ha drag som skil det sterkt frå anna norsk talemål, ikkje blir oppfatta som interessant for vitskapen. Norsk i samiske område var såleis ikkje eit forskningsemne for denne retninga.

Denne forskningstradisjonen stør seg på den neogrammatisk skolen i språkvitskapen, både beinveges og gjennom Ivar Aasen (Hertzberg og Hovdhaugen 1980:31). I sjølvforståinga til forskarar som kan seiast å høre til den nynorske språkforskningsretninga, er det å sjå det som Kolsrud kalla *det aalmenne i det einskilde* (Venås 1992:170f.), truleg eit kjenneteikn ved god forskning. Dei som arbeider ut frå eit slikt perspektiv, kan kritiserast for å setja opp svaret før dei tek til å etterrøkje røyndomen. Lars S. Vikør kallar det grunnleggjande perspektivet ved denne forskningstradisjonen, nemleg ”ein demonstrasjon av samanhengen mellom målføre og normalmål”, (Vikør 2004:297), ”målpolitisk” (loc.cit.).

Norsk målføregransking som ikkje kan definerast som *nynorsk målgransking*, har også i stor grad vore neogrammatisk orientert. Dette gjeld blant andre Amund B. Larsen (Jahr 1995:9–11). I eit neogrammatisk paradigme blir språket oppfatta som ein organisme som utviklar seg av seg sjølv. Sentral i ei slik utvikling er det neogrammatikarar kallar *lydlover*. Ifølgje Hermann Paul seier ikkje ei lydlov noko om kva som kjem til å skje under visse omstende, men lydlova konstaterer berre ”die Gleichmässigkeit innerhalb einer Gruppe bestimmter historischer Erscheinungen” (Paul 1909:68). Ei slik lydlov blir i det neogrammatisk paradigmet oppfatta som absolutt, dvs. at ho gjeld utan unnatak (loc.cit.). Lydutvikling i eit språk vart oppfatta som språkinterne fenomen, og ekstern påverknad blir ikkje trekt inn for å forklare endring og utvikling. Dette gjeld både kontakt med lågtysk og med dei finsk-ugriske språka samisk og finsk. Jahr (1996:90) seier at ”forskerne kunne velge å se helt bort fra at språkkontakt hadde vært et viktig trekk ved språkutviklinga helt siden mellomalderen” (Jahr 1996:90). Han seier også at ein innanfor eit slikt paradigme ikkje kan komma lenger enn til registrering av lånord (Jahr 1995:9–11) når det gjeld å undersøkje resultat av språkkontakt.

Arven frå neogrammatikken har i sterk grad vore med på å gje innhald til omgrep som blir nytta i talemålsforskinga, i særleg grad *dialekt*. Bull (1997:56) seier: ”Dialektomgrepet har

vidare heilt fram til vår tid først og fremst vore nytta om geografisk avgrensa varietetar i språksamfunn av eit bestemt slag, nemleg slike som kan vise til ei samanhengande og uavbroten historisk utvikling attende til norrøn tid .”

2.1.1.1.2 Strukturalistisk påverka forskning

Også medan eit neogrammatisk paradigme dominerte i norsk dialektforskning, fanst det forskarar som ikkje følgde denne retninga. Hallfrid Christiansen, som særleg skreiv om nordnorsk mål, og Magne Oftedal, som tok magistergraden i allmenn språkvitskap på ei avhandling om ordstrukturen i Gjesdal-målet, er påverka av strukturalistisk tankegang (Jahr 1996:88). Også Christiansen forklarar all utvikling av fonologi, morfologi og syntaks som intern utvikling og nemner berre påverknad frå andre språk i samband med ordlån (Christiansen 1976:38), i tråd med det som er vanleg i strukturalistisk teori. Saussure seier det slik: ”Nous pensons que l’étude des phénomènes linguistiques externes est très fructueuse; mais il est faux de dire que sans eux on ne puisse connaître l’organisme linguistique interne” (Saussure 1964:42). Nesse seier med tanke på val av forskingsmetode i høve til studiet av språkkontakt i Bergen: ”Også forklaringsteorier som den strukturalistiske, som fokuserer på språkinterne forhold, blir utilstrekkelige” (Nesse 2002:52).

2.1.1.1.3 Oppsummering

Korkje neogrammatikarar eller strukturalistar har vore opptekne av variasjon i språket. Variasjon kan sjåast som rusk som ikkje eigentleg er ein del av språket, men berre noko som finst i ein overgangsperiode, eller som lån frå andre system og altså ikkje ein del av det systemet ein studerer. Språkkontakt som forskningsemne er derfor ikkje interessant for desse retningane.

2.1.1.2 Samfunnshistorisk tradisjon

På 1960-talet voks det fram eit alternativ til den logisk-empiriske vitskapstradisjonen. Ein byrja sjå korleis kunnskap og vitskap er avhengig av den tida og det samfunnet det blir til i, og korleis ein forklarar fenomen ulikt til ulike tider. Det er såleis vanskeleg å snakke om noko objektivt som alltid vil vera rett, ettersom våre måtar å vurdere på er farga av den røyndomen vi er sosialiserte inn i (Rommetveit 1996:95). Ein representant for denne retninga, den tyske

filosofen Hans-Georg Gadamer, ser i *Wahrheit og Methode* (Gadamer 1972) på korleis ein kan sjå på språket som eit felleseige som set rammer for korleis vi blir sosialiserte inn i røyndomen (ibid.:425). Såleis blir det røyndomsbiletet vi har, eit resultat av menneskeleg oppfatning av røyndomen, og ikkje noko objektivt som kan mælast og vegast slik det blir gjort ”in dem methodischen Ideal der rationalen Konstruktion, das die moderne mathematische Naturwissenschaft beherrscht” (ibid.:432).

Representantar for denne retninga legg vekt på at all vitskap har vakse fram i eit visst samfunn til ei viss tid. Alle forskarar går inn i ein samheng som gjer at vi ser etter visse ting, og at vi søker visse forklaringar og ikkje andre. All forskning er såleis ein del av ein måte å sjå verda på, og slike måtar å sjå verda på endrar seg frå tid til tid og frå samfunn til samfunn (Giere 1988:53). Mykje språkforskning som voks fram på syttitalet, var oppteken av å sjå korleis sosiale mekanismar verkar inn på språk og språkbruk, og har såleis mykje med denne tradisjonen å gjera. Døme på dette ser ein i forskning om ungar og språktileigning som legg vekt på korleis ungar blir sosialiserte inn i eit samfunn gjennom mellom anna språket. I det vi lærer språket, får vi del i andre si oppfatning av verda og veks såleis inn i eit samfunn. Denne retninga legg vekt på at språket er eit sosialt fenomen, og gjer oss i stand til å bli ein del av ein sosial røyndom. Vi får altså ikkje del i noko som eigentleg er, men i noko som er konstruert av tidlegare generasjonar, og språket gjer oss i stand til å vera i ein dialog med denne røyndomen (Rommetveit 1996:94).

2.1.1.2.1 Forsking på variasjon ut frå eit språksosiologisk perspektiv

Med interessa for samhengar mellom språk og samfunn i tida kring 1970 kom også variasjon som fenomen inn som eit tema i norsk talemålsforskning. Eit av dei viktigaste arbeida her er den store talemålsundersøkinga i Oslo (TAUS) som gjekk føre seg mellom 1971 og 1976 (Venås 1991:31). Eit viktig mål i TAUS var å jamføre det ein fann av språkleg variasjon, med ”dei ymse sosiale kategoriane som heimelsfolka høyrde til” (ibid.:32), og ein såg fyrst og fremst etter samhengar mellom variasjon i språket og variablar som kjønn, klasse, alder og bustad. Ein prøvde likevel også å sjå på kva funksjon visse talemålsdrag som avbrotne setningar har for talaren (Hanssen 1983). I eldre målprøver finn ein lite av talemålsdrag som avbrot, korreksjonar og fylte pausar. Jahr seier at ”[det] blei (...) hevda av en veletablert dialektolog at slike ting skulle en bare se bort fra, for det var å betrakte som ’skurr på bandet’” (Jahr 1996:95). Med strukturalistisk terminologi ville ein kunna sagt at

slikt var ein del av *parole*, og ikkje *langue*. TAUS er eit døme på at språkforskarar var i ferd med å fatte interesse for område som neogrammatikarar og i stor grad også strukturalistar hadde definert som uvesentleg. Norsk talemålsforskning, som har vore oppteken av variasjon, har på same vis som TAUS i hovudsak vore språksosiologisk orientert, og undersøkt variasjon mellom grupper (Venås 1991). Dette gjeld også internasjonal forskning på variasjon (Trudgill 2002:373). Intraindividuell variasjon har vorte eit tema i nyare variasjonsforskning (Schilling-Estes 2002). Schilling-Estes (2004) ser til dømes på korleis intraindividuell variasjon kan vera med på å konstruere etnisk identitet i ein samtale med to amerikanske gutar med ulik etnisk bakgrunn, og viser korleis intraindividuell variasjon av språklege drag kan nyttast for å skapa nærleik og distanse mellom personar.

2.1.1.3 Kognitiv tradisjon

Eit utgangspunkt for kognitiv psykologi og kognitiv vitskapsteori er at mennesket har visse medfødde kognitive ferdigheiter som gjer det i stand til å lære (Giere 1988:5). I kognitiv psykologi legg ein vekt på at barnet brukar desse ferdigheitene i aktiv samhandling med omverda (loc.cit.). Giere seier at slike ferdigheiter omfattar persepsjon, motorisk kontroll, minne, førestellingsevne og språk (loc.cit.). Ein kognitivist vil freiste å sjå på samspelet mellom ytre og indre faktorar. Ein ser på vitskap som ein menneskeleg måte å forhalde seg til røyndomen på som i mykje er lik den måten vi elles forhold oss til omverda på når vi freistar få tak i kunnskap. Det å få tak i kunnskap ser ein på som ei grunnleggjande menneskeleg evne, og i vitskapsteorien skal ein så sjå på korleis denne evna er bygd opp, og korleis ho verkar.

2.1.1.3.1 Kognitive retningar i språkvitskapen

Åfarli seier dette om skiljet mellom logisk-empiriske tilnærmingar og nyare språkvitskap:

språket og språkets grammatikk er forankra i menneskets psyke – i ein sinnets grammatikk. (...) Det står i motsetnad til det som tradisjonelt har vore sett på som grammatikkstudiets oppgåve, nemleg å beskrive, klassifisere og systematisere dei grammatiske mønstra slik vi møter dei i tale eller skrift.

(Åfarli 2000:9.)

Både generativ grammatikk og kognitiv grammatikk kan reknast som kognitive retningar, ved at dei ynskjer å sjå samanhengar mellom menneskeleg kognisjon og menneskeleg språk.

Chomsky definerte tidleg målet for teoretisk-lingvistisk forskning slik:

Linguistic theory is concerned primarily with an ideal speaker-listener, in a completely homogeneous speech-community, who knows its language perfectly and is unaffected by such grammatically irrelevant conditions as memory limitations, distractions, shifts of attention and interest, and errors (random or characteristic) in applying his knowledge of the language in actual performance.

(Chomsky 1965:3.)

Med eit slikt grunnsyn er det lite plass for forskning på variasjon. Det ser også ut til at Chomsky meiner at språket er noko som ligg i fellesskapen, og at individet så tileignar seg dette språket uendra. Jamvel om det har vore hevda at generativ språkvitskap nettopp opnar for å kunna forklare variasjon som ein del av grammatikken ettersom generativ språk teori opererer med eit abstrakt nivå (Kristoffersen 1984), har lite vore gjort, og eg oppfattar det ikkje som nærliggjande å arbeide innanfor denne retninga når ein vil arbeide med variasjon.

Også kognitiv grammatikk og naturlegskapsmorfologi freistar seia noko om korleis medfødde evner gjer det mogeleg for mennesket å lære språk, og kan såleis reknast som kognitivt orientert.

Korkje i kognitiv grammatikk eller i naturlegskapsteori reknar ein med ei særskild språkevne, men ein meiner at evna til å ordne røyndomen og å innarbeide kognitive rutinar er noko som ligg under all menneskeleg læring, og også er ein føresetnad for språklæring (Langacker 1987:12f., Kopecky 2005:225f.).

2.1.1.3.1.1 Kognitiv språkvitskap og variasjon

I diskusjon om korleis ein skal forklare språkendingar, har spørsmålet om indre eller ytre faktorar er dei viktigaste, vore sentralt. Er det kognitive mønster i oss som er årsak til endring, eller er det endringar i samfunnet som ligg bak språkendingar? I doktoravhandlinga si om språkkontakt mellom norsk og tysk i Bergen i hansatida reknar Agnete Nesse med at det alltid er ei ekstern forklaring på språkending (Nesse 2002:23). Ho seier samstundes at ein treng interne modellar som kan forklare kva slags språkkontaktresultat vi får (loc.cit.). Likevel oppfattar ho eksterne faktorar som det som set prosessar i gang, og som forklaring på kva som skjer. Med interne modellar ser det ut til at ho meiner indre forhold i språka som språkbrukaren kjenner til: ”Men språkinterne forhold er viktige for å forstå resultatet av

kontakten: hvilke språktrekk som blir berørt og på hvilken måte” (loc.cit.). Omgrepet *språkinterne forhold* meiner eg må byggje på ei oppfatning om at språket er noko som er overført utanfrå, og såleis eit sosialt fenomen. Dei forholda som ligg bak resultatet av eit møte mellom språk, er, dersom ein ser det slik, noko som er konstruert i ein viss samanheng, og såleis relativt.

Bybee (1985) legg grunnlaget for morfologiforskning i nordamerikansk kognitiv lingvistikk. Ho argumenterer for at ein må sjå ordet som ein del av eit paradigme dersom ein vil forstå korleis språkbrukaren kan vera i stand til å bøye ord. Orda er lagra i eit leksikon slik dei finst i talespråket, og ho meiner at det ikkje eksisterer ei underliggjande form som alle andre former i paradigmet blir danna etter etter visse reglar. Mellom orda i leksikonet etablerer språkbrukaren nettverk som gjer at han eller ho kan sjå parallellar mellom ord som hører til same paradigme. Grunnleggjande for danning av slike nettverk er, seier Bybee, frekvensen eit ord har. Dersom ei uregelrett form har høg relativ frekvens, kan dette ifølgje Bybee vera ei årsak til at forma ikkje går over til eit mønster med høgare bruksfrekvens (ibid:119). Når eit ord går frå éin fleksjonsklasse til ein annan, og når ord blir lånte inn i språket, vil typefrekvens vera ei forklaring på kva klasse ordet går inn i (loc.cit). Også i seinare morfologisk forskning i nordamerikansk kognitiv grammatikk har frekvens stått sentralt som forklaringsfaktor (Langacker 1987:59, Bybee og Hopper 2001:3, Hay 2001).

Både tysk naturlegskapsteori og kognitiv morfologi slik han er grunnlagd av Bybee, gjev rammer for å forstå korleis språket kan endre seg.

2.1.1.3.2 Naturlegskapsteori som ei kognitiv retning

2.1.1.3.2.1 Tileigning av fonetisk representasjon

Ronald L. Webster har gjennomført ein eksperimentell studie der målet er å finne ut kva som skjer når barnet går frå å produsere svært mange lydar og nærmar seg det fonologiske systemet i målspråket eller målspråka (Webster 1969:410). Han meiner det ligg føre nok data til å rekne med at menneskeleg språk er eit artsspesifikt fenomen, og set fram ein hypotese om at tileigninga av fonologiske system heng saman med ein indre prosess (ibid.:413).

Stampe (1979) diskuterer korleis ein kan forklare tileigning av fonetisk representasjon. Han byggjer på ei antaking om at barn har eit medfødt system av fonologiske prosessar. Sjølv om systemet av fonologiske prosessar er medfødt, vil ulike språk ha ulike fonologiske system. Han ser på det som blir realisert i talen, og set ikkje opp reglar for korleis fonologiske endringar skjer frå ein djupstruktur til ein overflatestruktur (ibid.:xx). Hos heilt små barn kan ein finne dei same lydane og lydsamansetningane overalt i verda når dei græt, får bryst og hostar (Stark 1986:171). Stark seier at lydane førekjem i ei viss rekkjefølgje, og seier i motsetnad til Roman Jakobson at det ikkje er alle lydar ein finn på dette tidlege stadiet. Det er fysiologisk betinga i kva rekkjefølgje lydane kjem (Bull 1987:47). På dette stadiet fungerer lydane som eit slags akkompagnement til handlinga, og har ein annan funksjon enn dei seinare får som språklydar. Stark seier at lydane på det førspråklege stadiet ser ut til å ha same funksjon i ulike kulturar, og at dei følgjer eit fast mønster som akkompagnement til handling. Dette tyder på at barnet har medfødde evner til å uttrykkje seg, og at slike uttrykk ikkje berre er noko som kjem som eit resultat av kontakt med omverda (loc.cit.). Spedbarn kan til vanleg skilja mellom språklydar i språk som har andre kontrastar enn det språket eller dei språka det hører rundt seg fram til dei er 6–8 månader, og denne evna er heilt borte ved 4-årsalderen (*Barns språk* 1993:70). Samstundes kan ein alt når ungar er eit halvt år gamle, høre skilnad på ungar frå ulike språkmiljø (Rommetveit 1983:22). Stampe forklarar slike skilnader med at barnet mæler det det hører, opp mot det medfødde systemet, og resultatet blir altså at lydane barnet produserer, liknar på det målspråket eller dei målspråka barnet har rundt seg. Det føregår altså inga mekanisk kopiering av lydssystemet i målspråket, seier Stampe, men kvart barn arbeider på eiga hand ut eit system ut frå medfødde evner og hørt språk. Dei lydar og lydkombinasjonar som er ein del av det medfødde systemet, men som ikkje er ein del av det fonologiske inventaret i målspråket, må undertrykkjast dersom barnet skal meistre målspråket med etablerte fonologiske reglar.

Dette gjer det mogeleg å forklare lydendringar. Når barnet ikkje undertrykkjer ein medfødd fonologisk regel, vil dette føre til skilnad mellom det etablerte språket og språket til barnet. Dersom denne endringa blir allmenn, har det skjett ei lydendring i språket. Stampe viser altså at ein kan oppfatte årsaka til endring som noko anna enn mangelfull meistring. Endring kjem av at det medfødde systemet ikkje blir undertrykt. Dette tyder også at ikkje alle lydendringar er mogelege, men berre dei som er i samsvar med eit medfødt system. Dette kan òg forklare at fonologiske motsetnader som finst i nokre språk, men ikkje i andre, kjem seint hos barnet.

Døme på dette er motsetnaden mellom /tʃ/ og /ʃ/ og mellom /l/ og /r/ i norsk talemål (Bull 1987:50).

2.1.1.3.2.2 Morfologi og naturlegskap

Stampes teori tek utgangspunkt i fonologiske fenomen. I tysk språkvitenskap har ein nytta Stampes utgangspunkt om at tileigning av det fonologiske systemet er eit møte mellom ei ibuande ordning i barnet og det språkmiljøet barnet har rundt seg, også for morfologiforskning. Ein av dei forskarane som har arbeidd mest med morfologi ut frå eit slikt perspektiv, Wolfgang Ulrich Wurzel, seier at det er andre kriterium for kva einingar eit barn vil føretrekkje i morfologien enn i fonologien (Wurzel 1994:55). I fonologien seier han at det er fenomen i artikulatorisk og perseptuell fonetikk som utgjer kriterium for kva einingar barnet vil føretrekkje. Slike kriterium kan ikkje nyttast i morfologien. Likevel hevdar han at ulike morfologiske fenomen belastar den menneskelege språkevna på ulikt vis. Det vil seia at nokre former er meir økonomiske enn andre, til dømes av di dei lettare går inn i eit system av di dei liknar på andre former i same paradigme, eller at dei er klarare uttrykk for grammatiske kategoriar enn andre former til dømes ved at det ikkje finst andre former i same paradigme som kan tyde det same. Dei beste formene har større morfosemantisk transparens, og blir kalla umarkerte (Wurzel 1996:58). All morfologisk utvikling tek så sikte på å la umarkerte former ta over for mindre klare former, såkalla markerte former. Ei form står i høve til andre former i eit parameter, og derfor finst det ikkje former som alltid vil vera dei beste. Ei form som er den beste i eitt paradigme, kan vera mindre eigna i eit anna paradigme dersom ho til dømes fell saman med ei anna form. Denne teorien om at all morfologisk endring skjer etter faste prinsipp, har ein kalla *Natürlichkeitstheorie* (Mayerthaler 1981, 2001 [1984]).

2.1.1.3.2.3 Drøfting av visse aspekt ved naturlegskapsteorien

2.1.1.3.2.3.1 Eksisterer språket uavhengig av individet?

Dersom det eksisterer faste prinsipp som alltid gjeld, ligg det nær å slutte at språket er noko som eksisterer uavhengig av individet, og som på sett og vis lever sitt eige liv. Dotter (2005) meiner at omgrep som *grammatikk* i tydinga eit system av alle reglar for eit visst språk, og særleg omgrepet *universalgrammatikk*, lett kallar fram idear om at språk er noko overindividuellt. Wurzel 1994 definerer språkendring som ”-die Entstehung von

Einheiten/Regeln durch andere Einheiten/Regeln, -der Wegfall von Einheiten /Regeln, -das Hinzukommen von Einheiten/Regeln” (Wurzel 1994:8). Han seier vidare at individuelle språklege særtrekk ikkje kan sjåast som språkending. Likevel er alle språkendingar oppstått hos individet. Mæhlum (1999:185) uttrykkjer det slik: ”på den annen side – de aktuelle endringene er like fullt handlinger som er gjennomført av en rekke individuelle språkbrukere, og er slik sett et resultat av disse konkrete individenes strategiske orientering i et gitt sosialt rom”. Wurzel seier at evne til endring er ein del av den allmenne språkevna som kvart menneske har (Wurzel 1994:93). Språket endrar seg altså ikkje av seg sjølv, men av dei som brukar det (ibid.:7).

Dette skulle medføre at alle språkendingar har eit individuelt utgangspunkt, men ikkje alle individuelle endringar blir ein del av eit felles språk. Han seier vidare at alle språkendingar har to sider, ei grammatisk-språkintern og ei sosial-språkekstern (ibid.:9). Desse to sidene må haldast frå kvarandre jamvel om dei hører tett saman. Dersom dei sosiale tilhøva ikkje ligg til rette for å gjennomføre ei endring hos eitt eller fleire individ, blir ikkje endringa felleseige. Det vil seia at ikkje alle endringar som er mogelege frå eit grammatisk synspunkt, blir gjennomførte. Med eit konstruktivistisk utgangspunkt reknar ein med at kvart individ konstruerer sitt språk og sin grammatikk (Dotter 2005:40). Ein slik konstruksjon må byggje på det språkmaterialet individet har rundt seg, og det er den kognitive bearbeidinga av materialet som gjer det til noko individuelt.

2.1.1.3.2.3.2 Kvifor utviklar ikkje alle språk seg likt?

Dersom visse prinsipp er naturlege i all morfologisk utvikling, kan det synast underleg at det finst former i mange språk som ikkje tilfredsstiller desse prinsippa. Enger (2007:288) skriv at ein vanleg kritikk av naturlegskapsteorien er at ”if languages – or their speakers – aim at naturalness, why have they not been more successful?”. Eitt døme kan vera at sterk verbfleksjon har overlevd i germanske språk. Eit anna finn ein i substantivfleksjonen i moderne nordsamisk, der det berre er ei modulatorisk koding, *stadieveksling*, som utgjer skilnaden mellom nominativ og akkusativ/genitiv i likestavingssubstantiv (Nielsen 1926: 31, Baal 2009: 43f.). Nokre få substantiv har heller ikkje stadieveksling, og fell altså saman i nominativ og genitiv/akkusativ (Nielsen 1926: 31). Stadieveksling er ei modulatorisk veksling i stomnen, og slik veksling blir rekna som ei minimalt ikonisk koding i naturlegskapsteorien

(Wurzel 2001 [1984]:23). Det finst tre hovudfleksjonsmønster for nordsamiske substantiv, likestavingssubstantiv, ulikestavingssubstantiv og kontrakte substantiv.

Tabell 2.1 a Oversyn over dei tre bøyingsmønstra for substantiv i nordsamisk

	Likestavingssubstantiv	Ulikestavingssubstantiv	Kontrakte substantiv
Nominativ sg.	giella (<i>språk</i>) (sterkt stadium)	gielu (<i>klump av størkna blod</i>) (lint stadium)	suolu (<i>øy</i>) (lint stadium)
Akkusativ/genitiv sg.	giela lint stadium	gilloma (sterkt stadium)	sullo (sterkt stadium)

Konsonantane som syner stadieveksling, er markerte med feite bokstavar i denne oversikta.

I alle tre gruppene er ei systematisk modulatorisk veksling mellom ulike stadium i stomnen del av fleksjonen. Både konsonantdelen og vokaldelen av stomnen er råka av denne vekslinga. Denne vekslinga går ikkje same veg i alle gruppene. I likestavingssubstantiv går vekslinga frå sterkt stadium i nominativ singularis til lint stadium i akkusativ/genitiv singularis, medan det går frå lint stadium til sterkt stadium i dei to andre gruppene. Ulikestavingssubstantiva har i tillegg til stadieveksling ei staving meir i akkusativ/genitiv enn i nominativ, ein -a som er lagd til stomnen (Nielsen 1926:83). I ord der stomnen endar på vokal, kjem det ein konsonant mellom stomnen og vokalen (t.d. gillu – gilloma, beana – beanaga). Bals (2001) kallar denne konsonanten ”ghost” consonant. Hansson 2005 definerer “ghost” segments slik: “These are either present or absent depending on the prosodic and phonotactic context, in a way that normal segments are not” (Hansson 2005:109). Han nyttar også termen *latent segments* for det same, og eg kjem til å nytte termen *latente konsonantar*. Ulike konsonantar førekjem som latente konsonantar i ulikestavingssubstantiv ([g], [m], [n], [h]) (Sammallahti 1989:490f., Bals 2001:71) og [ð] (Bals 2001:72)). Synkront er det ikkje føreseieleg kva konsonant som skal veljast i kvart enkelt tilfelle¹², og i slike tilfelle reknar ein i kognitiv morfologi med at både den primære leieforma og uføreseieleg form er med i leksikonet (Endresen 1996:114). I ord

¹² Rolf Theil har i ei upublisert gransking av ulikestavingssubstantiv funne at i dei fleste av dei orda som har endra latent konsonant, har resultatet vorte -g-. Han har også gjennomført ei undersøking der han har bede talarar av nordsamisk produsere ulikestava akkusativ-/genitivform av konstruerte ord. Også her har han funne at -g- oftast blir vald (munnleg informasjon mai 2009). Dette tyder på at skjemaet med -g- er sterkare innprenta enn andre skjema for ulikestava substantiv.

som har -t som ståande endekonsonant i nominativ, vekslar denne med ulike konsonantar ([h], [p], [g], [b]) (Sammallahti 1989:491) i ulike ord utan at det råd å føreseia kva konsonant som skal veljast. Bals seier "it looks like alternation in trisyllabic nouns depends on memory" (Bals 2001:93). Dette meiner ho også gjeld for kontrakte substantiv (ibid.:90). Ho seier vidare at stadievekslinga i prinsippet er same fenomenet anten ho går den eine eller andre vegen (loc.cit.). Stadievekslinga er ei systematisk veksling som gjer at nominativforma skil seg systematisk frå akkusativ/genitivforma. Paradigmet for likestavingssubstantiv er meir einsarta enn paradigmet for ulikestavingssubstantiv ettersom det er føreseieleg korleis eit substantiv skal bøyast når ein fyrst har tileigna seg stadievekslinga. Mange ulikestavingssubstantiv manglar stadieveksling (Nickel 1990:74). I og for seg skulle dette gjera ordet lettare å bøye, men samstundes gjer dette klassen mindre einsarta ettersom det må lærast for kvart substantiv om det skal ha stadieveksling eller ikkje. Det finst også nokre likestavingssubstantiv som ikkje har stadieveksling, men desse er få (ibid.:71), og det gjer ikkje sjølve systemet mindre uniformt. I naturlegskapsteori blir uniformitet rekna som eit drag som gjer eit paradigme mindre markert. Alle ulikestavingssubstantiv har ei ekstra staving i nominativ, altså tilsynelatande ei segmental-additiv koding.

Dersom ein på førehand skulle sagt noko om kva som er truleg utvikling, kunne ein ha komme til å leggje vekt på at ulikestavingssubstantiva får ei additiv koding i akkusativ/genitiv. Ettersom ei slik koding er meir ikonisk enn ei modulatorisk, kunne ein tenkt seg at ulikestavingssubstantiv ville oppfattast som umarkerte. Bals (2001) har ikkje registrert tilfelle der likestavingssubstantiv blir bøyde som ulikestavingssubstantiv. Altså førekjem det ikkje noko tilfelle der ein segmental additiv fleksjon påverkar ein reint modulatorisk. Heller ikkje i synkront vaksenspråk førekjem slike overgangar. Informantane til Bals følgjer ikkje alltid dei same strategiane i tileigninga av fleksjonsmønstra, men alle informantane hennar har ein periode der dei bøyer ulikestavingssubstantiv som likestavingssubstantiv utan stadieveksling (ibid.:45, 69). Det førekjem tilfelle i vaksenspråk av at kontrakte substantiv og ulikestavingssubstantiv går over til å bøyast som likestavingssubstantiv, "I have already mentioned that adults do not master all the contract or trisyllabic words. These words are thus candidates for change in the language" (Bals 2001:97).

Ein del ulikestavingssubstantiv får berre additiv koding og korkje tillegg eller endring av konsonant eller stadieveksling. Desse substantiva endar på konsonant i nominativ. Alle

likestavingssubstantiv endar på vokal i nominativ, og kan derfor ikkje bøyast etter same mønster som ulikestavingssubstantiv med final konsonant i nominativ. Dersom ulikestavingssmønsteret skulle vore følgt, ville det kravt ein latent konsonant.

Substantivfleksjonen i nordsamisk er svært komplisert. Ikkje berre finst det tre hovudparadigme, men også i desse tre hovudparadigma er det fleire ulike mønster. Dei som skal tileigne seg språket, må såleis meistre mange kompliserte analysar. Etter at informantane har begynt å skilja mellom likestavingssubstantiv og ulikestavingssubstantiv, må dei analysere tilhøvet mellom dei ulike stommene som er i bruk i ulike kasus. Ei mogeleg løysing er å oppfatte den forma som førekjem i flest kasus, som underliggjande form, og så utleie nominativforma ut frå denne forma. Dette er den forma som vil skape eit mest uniformt paradigme, og som gjer endringa frå nominativ til akkusativ til ei enkel additiv kodering. Denne løysinga vel informantane for einskildord i paradigmet, medan andre, og da særleg ord som er svært vanlege i talespråket som omgjev barnet (t.d. ordet som tyder hund, beana-beatnaga), får same form som i vaksenspråket. Det ser altså ut til at frekvente ord blir behandla som einskildtilfelle, og såleis får rett form, medan andre ord, og særleg ord med svært ulike stommnar i nominativ og akkusativ/genitiv, blir analyserte slik at éin stomm blir gjennomført i alle kasus. At fleksjonsmønsteret er så komplisert, gjer at ulike analysar er mogeleg, og Bals meiner at dei ulike informantane ho har følgt, har følgt ulike vegar. Dette syner også at det ikkje let seg gjera på førehand å analysere seg fram til korleis eit språk kjem til å utvikle seg. Når ein ser kva som skjer, både i barnespråktileigning og i språkutvikling, kan ein sjå kva for mekanismar som har skjett. Ein kan nytte til dømes naturlegskapsterminologi for å gjera greie for dette.

Også språkeksterne tilhøve spelar inn og er ei årsak til at ein ikkje kan analysere seg fram ut frå reint språklege drag til kva som kjem til å skje i eit konkret høve. Wurzel seier :

denn ob sich ein Wandel in einer Sprachgemeinschaft tatsächlich durchsetzt, hängt (wie bereits betont) weitgehend von sozial-außersprachlichen Bedingungen ab. Das Konzept des natürlichen grammatischen Wandels fixiert, welche Veränderungen in einem System angelegt sind, also auftreten können und in welche Richtung und unter welchen grammatischen Bedingungen sie verlaufen, wenn sie realisiert werden.
(Wurzel 1994:26.)

For at ei språkending skal skje, må språkeksterne, sosiale faktorar spela med. Det er altså ikkje slik at dei same endringane vil skje i alle språk uavhengig av tilhøva rundt språket, men

når ei språkending fyrst skjer, kan ho ifølgje Wurzel ikkje skje etter andre prinsipp enn dei naturlegskapsteorien set opp.

Det kan sjå ut som om naturlegskapsteorien er eit døme på det Mæhlum (1999:59) seier er forklaringsmåtar som byggjer på *prinsippet om forenkling*. Ho seier at visse teoriar som prøver å forklare språklege endringar, hevdar all endring har eit mål, og at dette målet er *en optimalt økonomisk struktur* (ibid.:60). Dersom all endring skjer for å gjera det språklege teiknet meir eintydig og klart, vil det vera vanskeleg å forklare endring som faktisk fører til samanfall av former eller at former blir mindre distinktive. Døme på det fyrste er samanfall av presens og preteritum av kaste-klassa i ein del norske talemål. Døme på det andre er at bortfall av dentalsuffikset i preteritum i same verbklassen førte til at presens- og preteritumsformene vart mindre distinktive enn tidlegare (i nynorsk skriftmål er endringa realisert slik: kastar-kasta mot kastar–kastade). Wurzel (1994:26) forklarar slike tilsynelatande motseiingar med at fonologiske endringar skapar mistilhøve i morfologien, og at språkbrukarane så søkjer å rette opp desse mistilhøva. Det som altså fører til ei tilsynelatande meiningslaus og forstyrrende grammatisk endring, er på eit anna nivå i språkstrukturen det Wurzel kallar ei *Verbesserung*.

Omgrepet *grammatikalisering* blir nytta med ulike tydingar. I synkrone skildringar av språk kan det ha a) ei statisk tyding, og nyttast om korleis ein semantisk kategori blir uttrykt (Stolz 1994). Omgrepet blir også nytta om b) ei språkending der eit element går over frå å ha klar semantisk tyding til å få rein grammatisk funksjon (loc.cit.). I islandsk blir aspekt uttrykt gjennom ein eigen morfologisk kategori. Til dømes har *vera búinn að gera eitthvað* resultativ-situativ tyding, og utgjer eit eige bøyingsparadigme (Kress 1982:153, Faarlund et al. 1997:645). Dette er eit døme på grammatikalisering i begge tydingar av ordet. I norsk har ofte hypotagme med tilstandsverb (t.d. *stå, liggje*) og rørsleverb (t.d. *gå*) som innleiingsverb kursiv tyding (t.d. *eg sit og skriv, dei ligg og søv, ho går og syng*) (ibid.:644, Vannebo 1969:64, Beito 1970:263). Tilstandsverbet eller rørsleverbet er bunde av primærtydinga i dei aller fleste tilfelle (loc.cit.), og konstruksjonen er såleis ikkje gått over til å bli ein reint grammatisk kategori. Likevel er dei to verba knytte saman på eit anna vis enn verba i ei setning som: *Dei snakkar og ler*. I setningar som *ho går og syng* er det ikkje snakk om to jamstelte handlingar, men den samla konstruksjonen uttrykkjer eit aspektuelt tilhøve. Dette kan reknast som eit steg i ei grammatikalisering i den andre tydinga av ordet (b)).

Tanken om at alle menneskelege språk har sams drag, og byggjer på ei allmennmenneskeleg evne til å persipere røyndomen og bearbeide han kognitivt, kjem til uttrykk alt i antikken, jamvel om det ikkje førte til beskriving av korleis ein slik allmenn, filosofisk grammatikk kan tenkjast å vera (Gardt 1999:25). På 1600-talet kom dei fyrste beskrivingane av korleis ein tenkte seg ein slik abstrakt grammatikk (ibid.:135, Delesalle og Mazière 2007:41). Ein grammatikk som ikkje er knytt til noko spesielt språk, men som freistar skildre det allmenne, skal i prinsippet gjelde for alle språk, og termen *universell* har ofte vore nytta. I moderne strukturalisme har ikkje idear om ein slik universal grammatikk nokon plass (Helbig 1973:305). Tidleg på 1950-talet tok ein del nordamerikanske lingvistar til å interessere seg for universelle drag ut frå ei overtyding om at "linguistics as a science must develop broader goals than the discription of the structures of the thousands of individual languages which exist in the present or which we have records from the past" (Greenberg, Ferguson og Moravcsik 1978:Preface).

Hawkins (1988:4–5) skil mellom tre ulike typar universalialia i denne tradisjonen:

1) ***Absolute universals*** ('*absolutte universalialia*'), dvs. fenomen som førekjem i alle språk. Han nemner mellom anna vokalar og eit pronomensystem som skil mellom minst tre personar og to tal.

2) ***Implicational (or parameter) universals*** ('*implikasjonelle universalialia*'). Visse drag ser ut til å gå saman i naturlege språk, og det har vore sett fram teoriar om at visse drag tillet visse andre drag, og ikkje kan gå saman med andre. Særleg har ein prøvt å finne drag som går saman med ulike typar leddstilling.

3) ***Distributional (or frequency) universals*** ('*distribusjonelle universalialia*'), dvs. drag som førekjem oftare enn andre i alle språk i verda.

Alle desse tre gruppene inneheld konkrete språklege fenomen, og dei som opererer med slike grammatiske universalialia, ynskjer å seia noko om kva fenomen som kan tenkjast i naturlege språk, og tilhøva mellom desse fenomena. Naturlegskapsteorien freistar setja opp prinsipp for korleis kategoriar blir ordna (Wurzel 1994:39), utan å seia noko om kva kategoriar som er meir universelle enn andre. Wurzel kallar prinsippa i naturlegskapssteorien *Bewertungsuniversalien*, 'vurderingsuniversalialia', og slike universalialia er ikkje same type

universalia som dei Hawkins nemner. Naturlegskapsteorien set altså opp prinsipp for korleis vi kategoriserer, og kva dette får å seia for korleis språk utviklar seg.

2.1.1.3.2.4 Termar frå naturlegskapsteorien som analysereiskapar

Termen *markertheit* har vore nytta med ulikt innhald av ulike retningar i språkvitskapen. Haspelmath (2005) set opp tolv meir eller mindre ulike meiningar termen har vore nytta med. I naturlegskapsteorien har markertheit ein forklarande funksjon, og Haspelmath meiner dei fleste fenomena ein vil forklare med markertheit i naturlegskapsteorien, kan forklarast ut frå "factors like token frequency, type frequency, and regularities of language change" (Haspelmath 2005:32).

Eg meiner ein ikkje treng godta tesen om at all språkending går ut på å byggje ned markertheit, sjølv om ein nyttar termar frå denne retninga som analysereiskapar. All språkutvikling føreset ei kognitiv bearbeiding av det språklege råmaterialet vi har rundt oss (Stolz 1994:26), elles ville kvar generasjon oppta det språket han hørte utan noka form for endring. I alle språk finst det mange drag som kan endrast, og ikkje alt blir endra som kan endrast. Stolz seier: "Jeder Sprachwandel ist mittelbar kognitiv fundiert, aber nicht jeder Sprachwandel ist auch unmittelbar kognitiv initiiert" (ibid.:27). I dette ligg det vel at det er ein del endringar som er mogelege kognitivt sett som ikkje blir gjennomførte av di språkeksterne tilhøve ikkje ligg til rette for det, og såleis vil det variere frå språk til språk kva endringar som førekjem. Keller (1990) seier at det er uråd å seia på førehand korleis tilhøve i samfunnet vil verke inn på kva som skjer med språket, og såleis er det uråd å vita noko om korleis språket kjem til å utvikle seg. Han seier at språket er eit fenomen som ikkje utviklar seg etter faste, naturvitskaplege lovar, og som heller ikkje er eit resultat av menneskeleg planlegging. Likevel meiner han det er mogeleg å sjå mønster i all språkutvikling, men det må gjerast i etterkant: "Sprachwandel ist im Prinzip erklärbar auf der Basis von Gesetzen. Aber er ist nicht prognostizierbar, und zwar nicht aus Mangel an Gesetzen, sondern weil das Erfülltsein der Prämissen nicht vorhersagbar ist" (Keller 1990:101).

Det er rimeleg å tenkje seg at ikkje alle tenkjelege språkendingar er mogelege, fordi vi ordnar det vi tek inn, etter visse mønster, og ikkje tilfeldig. Det er så slike mønster språkvitskapen kan skildre. Når eg skal gjera greie for det eg finn i materialet, kjem eg til å nytte termar frå naturlegskapsteorien for å skildre det Haspelmath kallar "regularities of language change".

(Haspelmath 2005:32), utan at det vil seia at eg meiner all språkutvikling dreiar seg om motsetnad mellom markerte og umarkerte former. I naturlegskapsteorien har ein sett opp visse preferansar talaren ser ut til å følgje når han skal ordne input (Dressler 1990). Slike preferansar kan sjåast som allmenne kognitive mønster, og til dømes Gaeta (2005:125) meiner at naturlegskapsteorien kan innkorporerast i ei kognitiv forståingsramme.

Eg kjem til å gjera greie for termar og synsmåtar der eg nyttar dei i analysen.

2.2 Mi undersøking

2.2.1 Problemstilling

Le Page og Tabouret-Keller (2006:5) seier at både mange lingvistar og ikkje-lingvistar reknar ein einspråkleg homogenitet som norm. I dei fleirspråklege samfunna dei har undersøkt, har dei funne mykje ved den språklege åtferda til folk som tilsynelatande ser ut til å vera uføreseieleg og ikke regelbunde (loc.cit.). Lindgren (1990) har undersøkt morfologiske endringar i finske dialektar i Nord-Noreg. Ho har funne endringar som skriv seg frå direkte påverknad frå norsk talemål, og også andre endringar. Ho reknar med at også desse andre endringane har samband med at språkbrukarane lever i eit språkkontaktområde, "the indirect influence of multi-lingualism, which manifests itself as an acceleration of morphological changes" (ibid.:31).

Guovdageaidnu er eit samfunn der tre språk har vore nytta som daglegspråk, og det ligg nær å tru at ein finn slike drag som Le Page og Tabouret-Keller og Lindgren nemner der. Eg har valt å sjå på norsk talemål, og dei hypotesane eg set opp, gjeld norsk talemål, og ikkje samisk og finsk. Som ein hypotese kan ein rekne med at ein finn mykje variasjon hos individet, og at elementa som varierer slik, kan grupperast i tre typar:

- 1) Former som fell saman med tradisjonelle målføreformer i Finnmark og Nord-Troms
- 2) Former som fell saman med bokmålsnære talemålsformer
- 3) Nyskapte former

Nesse (2002:52) nemner ein mogleg innfallsvinkel til forskinga om språkending: "teorier om at språkending skjer for å bøte på 'mangler' i språkstrukturen i et spesielt språk, er

fascinerende som teoretiske eksperiment”. Eg oppfattar det som ho nemner ”teorier om at språkending skjer for å bøte på ’mangler’ i språkstrukturen i et spesielt språk” som døme på språkinterne forklaringar. Også elles ser det ut til at ho set opp ein motsetnad mellom språkeksterne og språkinterne forklaringar, og ho konkluderer med at ”en har ingen muligheter til å inkorporere språksosiale forhold i slike modeller” (loc.cit.). Eg meiner ho snakkar om ulike aspekt ved språkending som ikkje utelukkar kvarandre. Det ho kallar språkinternt, gjeld truleg det som heng saman med menneskeleg ordning av strukturar og strukturar i sjølve språket. Dette meiner eg ein kan sjå som føresetnader for korleis noko nytt kan oppstå i språket. Hermann Paul seier: ”Jede Veränderung des Sprachusus ist ein Produkt aus den spontanen Trieben der einzelnen einerseits (...)”. Slike ’spontane Triebe’, *impulsar*, er *innovasjonar* (Bjorvand 1989:250) og har kognitive og språkinterne føresetnader. Om ein slik innovasjon blir spreidd, og blir del av språket til ei gruppe, heng saman med samfunnstilhøva. *Spreiinga* (loc.cit.) må altså få det Nesse kallar språkeksterne forklaringar.

Eg meiner det ville vera interessant å undersøkje variasjon i det målet eg skal undersøkje, ut frå eit perspektiv som liknar på det Nesse nærmar seg her. Ein kan tenkje seg at det finst prinsipp for språkending og val av former når det førekjem variasjon, som uttrykkjer seg i fleire språk. Eg vil sjå om det kan tenkjast slike meir allmenne prinsipp bak variasjon av former i materialet. Det kan tenkjast at språkinterne tilhøve er med på å styre den variasjonen som finst, og eg vil sjå på om variasjon kan forståast ut frå sider ved systemet i språket. Eg vil også sjå om variasjon kan nyttast for å skape nye kategoriar. I og med at eg undersøker språk i eit språkblendingsområde, vil det vera naturleg å sjå om noko av variasjonen kan forståast som interferens frå samisk.

2.2.2 Kategoriar eg har undersøkt

Eg har valt å sjå på variasjon i tre ulike ordklassar: verb, substantiv og pronomener. I verbfleksjonen har eg sett på variasjon mellom ulike preteritumsformer og ulike former i perfektum partisipp. I substantivfleksjonen har eg valt pluralisformer av substantiv og genusmarkering ved substantiv. I pronomenerfleksjonen har eg valt å sjå på fyrste person singularis, uavhengig form, tredje person singularis hokjønn og tredje person pluralis. Eg kjem også til å undersøkje eit morfosyntaktisk fenomen der det førekjem variasjon hos informantane mine, nemleg plassering av possessivet i nominelle hypotagme.

Boretzky og Igla (1994:12) set opp tre moglege årsaker til språkendring:

- 1) Strukturinterne tilhøve
- 2) Språkkontakt
- 3) Menneskeleg persepsjon

Eg har valt fenomen der ein i utgangspunktet kan tenkje seg ulike forklaringar for å kunna jamføre om det kan seiast å vera noko sams ved dei ulike variasjonane, eller om forklaringane må vera heilt ulike.

I tilfelle der ei talemålsetablert form varierer med former som ikkje er etablerte talemålsformer, korkje i finnmarksmål eller i andre norske talemål, skulle ein tru at perseptuelle og språkinterne forklaringar er aktuelle. Dette gjeld veksling mellom svake og linne former ved verb som i etablert talemål har sterke former. Dette gjeld også for nokre substantiv som har nullform i etablert talemål, men som får *-er/* som fleirtalssuffiks i nokre tilfelle i materialet.

Bortfall av genus er heller ikkje etablert i noko norsk talemål, og eg har valt å sjå på om nokre av informantane har utvikla eit språk utan genus. Dette vil i så fall vera ei utvikling som manglar førebilete i etablert mål. Samanfall av maskulinum og femininum til eitt genus, genus uterum, er eit velkjent fenomen i norsk. Eg vil undersøkje om det finst slikt samanfall mellom informantane, og, i fall det fins, drøfte korleis slikt samanfall kan forklarast.

Resultat av språkkontakt er vorte kalla interferensbetinga endring, og Boretzky og Igla definerer slik endring slik: "Interferenz liegt immer dann vor, wenn Elemente/Relationen aus einem System in ein anderes übertragen werden." Det kan tenkjast at element kan overførast både frå eit anna språk og frå ein annan dialekt eller ein standardvariant av det talespråket elementet blir overført til. I dei tilfella der pronomen varierer, blir det nytta former som alle er talemålsetablerte, men i ulike talemål. Informantane nyttar altså former frå ulike variantar av norsk, og det ligg nær å tru at språkkontakt er ein del av forklaringa. I det tilfellet eg ser på der det førekjem morfosyntaktisk variasjon, førekjem begge variantane i alt norsk talemål. Nokre av informantane nyttar førestelt pronomen oftare enn det som er vanleg i norsk talemål. Det er altså ikkje snakk om ein heilt ny variant, men ein variant som alt eksisterer.

Börestam og Huss (2001:67) viser at også tospråkleg påverknad mellom språk kan forklarast ut frå tre faktorar: ”Huvudsakligen har man sökt förklaringen i antingen *universella*, *sociala* eller *lingvistiska* faktorer.” *Universella faktorer* ser ut til å svara til det Boretzky og Iгла kallar menneskeleg persepsjon, og *lingvistiska faktorer* hos Börestam og Huss ser ut til å svara til det Boretzky og Iгла kallar strukturinterne tilhøve: Det vil altså seia at også språklege resultat av språkkontakt har ulike forklaringar, og at dei same faktorane som kan forklare anna språkleg utvikling, også spelar med her, nemleg strukturinterne, sosiale og perseptuelle.

Eg vil prøve å sjå om ein eller fleire av dei tre faktorane strukturinternitet, sosiale tilhøve og menneskeleg persepsjon kan nyttast til å forklare det eg finn av variasjon i materialet.

Dersom det språklege uttrykket er eit resultat av ei kognitiv bearbeiding hos den som ytrar det, vil eit språkleg uttrykk som bryt med eit etablert mønster i målspråket, kunna vitne om at talaren nyttar andre grammatiske reglar enn dei som finst i målspråket. Uttrykk som skil seg frå målspråket, kan gje informasjon om slike reglar. Eg har derfor lagt stor vekt på å sjå korleis dei individuelle informantane mine nyttar former som anten ikkje finst i målspråket, eller som blir bruka annleis. Dette vil seia at det ikkje blir viktig i analysen kor ofte eit element førekjem, ettersom alt som blir sagt, seier noko om kva som er mogeleg. Dette er i tråd med vanleg tankegang i kvalitativ forskning. Fangen (2004:195) seier det slik: ”Det er ikke fenomeners utbredelse og omfang som står i fokus, men snarere tings innhold og betydning.”

2.2.3 Omgrep

Leksikon

Dei orda vi nyttar når vi talar og skriv, må vera lagra ein stad i hjernen. Dette lageret eller *leksikonet* hentar vi så informasjon frå både når vi produserer språk, og når vi lyttar til andre for å forstå det dei seier (Aitchison 1987, Sonnenstuhl-Henning 2003:29).

Det finst ulike oppfatningar mellom lingvistar av kva som finst i det mentale leksikonet.

Sonnenstuhl-Henning (2003) set opp tre moglege oppfatningar:

1) Somme reknar med at alle morfologiske variantar av ein stomm har ein eigen representasjon i leksikonet.

2) Eit motsett syn går ut på at berre stammar og affiks er lagra i det mentale leksikonet.

Dersom ein reknar med at berre stammar og affiks førekjem i leksikonet, må ein ha eit sett av prosedyrar for å forklare korleis fullformer blir produserte og attkjende.

3) Ei tredje mogeleg strukturering av leksikonet er at det inneheld både fulle former og stammar og affiks. Det er så mogeleg å dekomponere ei fullform, men det er ikkje noko som skjer automatisk i alle tilfelle (Sonnenstuhl-Henning 2003:29f.). Köpcke (1993) argumenterer for eit slikt syn ut frå ein analyse av korleis pluralis blir danna på tysk. Bybee (1995:428) uttrykkjer seg slik: "The basic proposal is that morphological properties of words, paradigms and morphological patterns once described as rules emerge from associations made among related words in lexical representation."

Ut frå ein reindyrka modell 1 utan noka form for morfologisk analyse eller bearbeiding ville det vore umogeleg å forklare korleis ungar kan produsere former dei aldri har hørt før. Sonnenstuhl-Henning (ibid.:31) seier da også at "ganz ohne morphologische Analyse kommen allerdings auch assoziative Worterkennungsmodelle nicht aus".

I kognitiv grammatikk tenkjer ein seg at frekvensen avgjer kva som finst i leksikonet.

Frekvensen avgjer kva som finst der. Talaren set ord i forhold til einannan og generaliserer ut frå dei formene som er lagra, og dannar så skjema (Langacker 2008:16). Desse skjemaa gjer det så mogeleg å bøye ord talaren ikkje har hørt før. Dette vil seia at ein ikkje reknar med at talaren har prosessuelle reglar for korleis nye former skal lagast, men forholda mellom det som er lagra, gjer at talaren kan danne nye former. Hudson (2001:51) seier: "We know relationships, not rules for doing things."

Eg går ikkje nærmare inn på denne diskusjonen her. Under behandlinga av materialet vil dei ulike synsmåtane eg har gjort greie for, vera eitt utgangspunkt for å vurdere førekomstane i materialet. Etter gjennomgangen av dei empiriske funna kjem eg til å drøfte om førekomstar i materialet seier noko om kva type modell eg oppfattar som mest sannsynleg.

Morfologiske byggjesteinar

Det er ei vanleg strukturalistisk oppfatning at *morfem* er dei minste meiningsberande einingane i eit språk (Bloomfield 1933). I strukturalismen er ikkje den menneskelege språkevna eit studieemne. Hans Vogt uttrykte dette slik:

De enheter vi hittil er kommet til i vår analyse, har vi derimot ingen umiddelbar følelse av: fonem, semantem, morfem, er alle resultatet av vitenskapelig beskjeftigelse med språket, annerledes med ordet, selv analfabeter vil som regel uten større vanskeligheter greie å dele en setning opp i de enkelte ord – den samme erfaring gjør man under arbeidet med primitive språk som aldri har vært beskrevet.
(Vogt 1945:95.)

Ifølgje Vogt er det altså ei oppgåve for språkvitskapen å beskrive og analysere i eit logisk samanhengande språk det som kan observerast. Om morfemet finst eller ikkje som mental realitet, er uinteressant i ein strukturalistisk tankegang, ettersom mentale realitetar ikkje direkte kan observerast. Og da er det heller ikkje eit aktuelt spørsmål for forskinga.

Omgrepet *morfem* har vore mykje kritisert i kognitiv lingvistikk, både ut frå formelle og semantiske argument (Neef 1996:34ff.). Eit ord får meining fordi vi knyter det til den kunnskapen vi har om verda, ikkje fordi det er samansett på eit bestemt sett (Rickheit 1993:33). Eit døme kan vera *gangar* i tydinga ”norsk folkedans, pardans, i 6/8 og 2/4 takt med gangsteg” (*Norsk Ordbok* 1994:1403). Ein norsktalande som møter ordet for fyrste gong, vil kunna dele det i to delar, <gang> og <ar>. <ar> etter ein verbalstomn tener som regel til å danne eit nomen agentis. <ar> er ”trul.[eg] samgerm[ansk] lån frå lat[in] -arius” (*Norsk Ordbok* 1966:134). I ordet *gangar* som nemning på ein norsk bygdedans står <ar> i ei nemning på ein aktivitet eller eit fenomen. Det finst berre eitt ord til der <ar> blir nytta på same vis, *springar*, også nemning på ein bygdedans. I tysk er dette innhaldet av suffikset <er> vanleg (Duden 1993:941), men på norsk må det sjåast som ei særtyding. <gang> er stomnen av *å gange*, og med kunnskap om ordlaging vil det vera rimeleg å tru at ordet *gangar* tyder ’ein som går’. Det kan da også ordet tyde (*Norsk Ordbok* 1966:1402f.), men i dag er det kanskje vanlegare at ordet er nemning på ein dans, og det som må ha vore ei særtyding tidlegare, vil truleg vera primærtydinga av ordet for mange i dag. For å forstå innhaldet i ordet held det altså ikkje å sjå på delane kvar for seg og så leggje dei saman. Likevel har dei to delane innhald jamvel om den som hører ordet for fyrste gong, ikkje beinveges kan kombinere meininga til <gang> og <ar> ut frå ord som er lagra i leksikonet.. I ordet *gangar* er ikkje innhaldet av <gang> heilt det same som i til dømes *gangande*, men betenkar eit vis å danse

på som minner om gange. <ar> viser så at eitt eller anna har relasjon til <gang>, og talaren må sjølv finne ut kva. Ordet *gangar* beteiknar så noko som blir dansa.

Eit anna område der ei strukturalistisk forståing av morfemet som den minste meiningsberande eininga ikkje ser ut til å gje ei fullgod forklaring, er dei såkalla *cranberry morphs* i bærnemningar. Dette har vore mykje diskutert mellom lingvistar (Chomsky 1970, Aronoff 1976:11, Rickheit 1993:31f.). Problemet går ut på at det ikkje er mogeleg å tilskrive ledd som <cran>, <boysen> i kombinasjon med <berry> nokon semantikk. Det same gjeld for <stikkel>, <bringe>, <krøke>, <molte> og <tyte> i kombinasjon med <bær> på norsk.

Ettersom eg har valt å sjå på samanhengar mellom språkleg form og kognisjon, er dei semantiske argumenta mot å operere med omgrepa morfem og allomorf dei viktigaste for meg. Meinig er, seier kritikarar av den strukturalistiske analysen, ikkje noko som blir skapa ved at element blir sette saman, men noko som ligg i samansetninga (Rickheit 1993:20), og meininga til eit ord vil kunna endre seg ”je nach sprachlichem und außersprachlichem Kontext” (ibid.:35). Tydinga av eit ord vil endre seg ut frå aktuell ordintern og ordeksstern kontekst, seier ho (ibid.:24). Rickheit nyttar omgrepa *Stämme* (’stomnar’) og *Derivative* (’derivativ’) om dei elementa ord kan ha. Stomnar viser til leksem, og aktualiserer ei av dei moglege tydingane til det motsvarande leksemet. Stomnar er altså ikkje det same som leksem. Stomnar kan vera enkle eller samansette. Rickheit meiner det ikkje er nokon grunn til å operere med eit skilje mellom *Wurzeln* (’røter’) og stomnar ettersom eit slikt skilje ville ha utgangspunkt i ein syntaktisk kategoriserande og ikkje ein semantisk kategoriserande funksjon. Ettersom ho meiner at tyding ikkje er eit spørsmål om syntaktisk ordning av elementa i eit ord, gjev det ifølgje Rickheit heller ikkje noka meining å skilja mellom rot og stomn. Eg meiner det er behov for omgrepet ’rot’ dersom ein behandlar ordavleiing for å kunna skilja mellom det avleidde ordet og dei delane ordet er sett saman av. Eg kjem til å ta for meg bøyning av ord og ikkje avleiing, og kjem ikkje til å skilja mellom omgrepa ’rot’ og ’stomn’ av di røter også fungerer som stomn i bøyde ord. Derivativ er så affiks som kan knytast til stomnar for å danne komplekse ord. Derivativ er morfologiske element utan leksematiske motsvar. Funksjonen deira er å modifisere stomnkonstituentane (ibid.:61). I tillegg til dette treng ein omgrep på modulatoriske endringar i stomnen. Eg vel å kalle både det Rickhart kallar ’derivativ’, og modulatoriske endringar for *formativ*¹³.

¹³ Omgrepet *formativ* er bruka på norsk sidan Endresen (1982: 100f.)

Eg har i stor grad nytta språkvitskapleg teori som er utfoma av tyske lingvistar. Éin grunn er at naturlegskapsteori i særleg grad har vore utvikla av tyske lingvistar. Ein annan grunn ligg i likskapar mellom tysk og norsk. Köpcke 1993 syner korleis skilnadene mellom korleis kategorien fleirtal blir morfologisk markert på tysk og engelsk, gjer at engelskspråklege og tyskspråklege ungar gjev tilsynelatande ulik respons på spørsmål som kan sjå like ut. Engelskspråklege ungar som blir presenterte for ei teikning og får vita at det som er teikna, er ein /wʌg/, vil utan å nøle meine at det må heite /wʌgz/ i fleirtal. Köpcke (1993) gjer greie for eit liknande eksperiment med tyskspråklege ungar, og det viser seg at det slett ikkje er ei like eintydig oppfatning av kva eit fantasiord må heite i fleirtal, mellom tyskspråklege som mellom engelskspråklege ungar. Carstairs-McCarthy seier: "We can be confident that the plural form of any countable noun will be formed by adding to the singular form the suffix *-s* (or rather, the appropriate allomorph of this suffix); in other words, suffixing *-s* is the **regular** method of forming plurals" (Carstairs-McCarthy 2002:31). Eit engelskspråkleg barn har altså ikkje noko anna val enn å seia at /wʌg/ heiter /wʌgz/ i fleirtal. Tyskspråklege barn må velja mellom ulike fleirtalsformativar, og det viser seg da også at Köpckes informantar vel ulike løysingar når dei blir bedne om å setja eit fantasiord i fleirtal. Eit tyskspråkleg barn må trekkje inn fleire moment i analysen av kva form eit ord skal få, og derfor blir ulike løysingar mogelege.

I fleire av dei kategoriane eg har valt å sjå på, er det på same vis som med danning av fleirtal på tysk, fleire formativar som kan nyttast for å danne ein semantisk kategori. Dette gjeld:

- 1) danning av preteritum og perfektum partisipp av linne verb der formativane *-de/*, *-te/*, *-a/*, *-et/* førekjem i materialet. I etablert språk er det ei fast tilknytning mellom ein verbalstomn og ein bestemt formativ, og det er altså ikkje valfritt kva formativ ein nyttar. Formativane *-et/* og *-a/* er likevel variantar som kan nyttast til same verb. Det finst òg enkelte verb som kan få ulike formativar, men fordelinga er ikkje i noko tilfelle heilt fri.
- 2) danning av pluralis av nomen der formativane *-er/*, *-a/*, \emptyset i ubunden form og *-ene/*, *-an/*, og *-a/* i bunden form førekjem i materialet. Her er fordelinga av formativar friare enn i 1).
- 3) danning av bunden form eintal av substantiv der det finst tre formativar, *-a/*, *-e/* og *-en/*. Her er fordelinga i etablerte varietetar av norsk språk med eit trekjønssystem heilt fast. Eit leksem har éin og berre éin formativ knytt til seg. Det førekjem altså ikkje fri variasjon av

formativane her. Det førekjem variasjon mellom varietetar av norsk, men ikkje internt i ein varietet.

Det at norsk og tysk har eit morfologisk system med fleire mogelege formativar i fleire kategoriar, gjer at eg meiner det kan vera fruktbart å sjå korleis morfologiske emne er handsama i litteratur som gjeld tysk språk. Tysk har til dømes eit genusystem som har mange drag felles med det norske. Ettersom genus i tysk er eit emne det har vore forska meir på enn genus i norsk, ser eg det som naturleg å nytte tysk faglitteratur.

2.2.5 Litt om mine forståingsrammer

Eg meiner ikkje at det er noko svært vesentleg poeng å finne liknande drag som dei ein finn hos informantar i eit aller anna av dei språka som blir tala i verda. Dersom ein nyttar døme frå andre språk enn dei ein sjølv kjenner godt, vil ein vel også stå i fare for å mistolke. Eg har derfor ikkje leita aktivt etter drag i andre språk som kan jamførast med dei draga eg finn hos informantane mine. I tillegg til dei vanlege skolespråka engelsk, tysk og fransk kjenner eg latvisk og nordsamisk godt, og har derfor nytta døme frå desse språka der eg har funne det tenleg. I nokre få tilfelle har eg samanlikna med fenomenen i andre språk der eg meiner eg har funne klåre beskrivingar av fenomenen som kan samanliknast med fenomenen i materialet. I dei få tilfella der eg har vist til finsk litteratur, har eg fått hjelp av gode kollegaer med omsetjing.

2.2.6 Innsamling av materiale

2.2.6.1 Informantar

Val av informantar

Eg bestemte meg for å undersøkje språket til medlemmer av ei relativt homogen gruppe ettersom det ikkje er sosial språkleg variasjon som er temaet for undersøkinga. Eg var vidare ute etter ei gruppe som nyttar norsk som fyrstespråk, og som har relativt mykje input av norsk. Eg valde derfor å undersøkje språket til ein del elevar som gjekk i klassar der norsk var opplæringspråket. Eg gjorde opptak over fire år rundt år 2000. Av omsyn til det kravet ungane har på anonymitet, vel eg å ikkje seia akkurat kva år eg samla inn materialet. Det året eg tok til med innsamling av stoff, var dei elevane i barneskolen som foreldre eller føresette hadde valt norsk som opplæringsmål for, delte inn i tre steg. 1. og 2. klasse gjekk saman, 3. og

4. klasse gjekk saman, og 5., 6. og 7. gjekk saman. For å få ei mest mogeleg einsarta gruppe valde eg å undersøkje språket til ei gruppe elevar som gjekk saman på skolen. Eg ville følge elevane over fleire år, og derfor fann eg det føremålstenleg å velja ut dei elevane som gjekk i den gruppa som var samansett av fyrste- og andreklassingar.

Litt om informantane

Da eg tok til med innsamlinga, var det tolv ungar, seks gutar og seks jenter, i gruppa. Éin av elevane i denne gruppa hadde flytta til Guovdageaidnu rett før skoleåret tok til, og kom frå eit land der korkje norsk eller samisk blir nytta. Han har altså eit anna morsmål enn dei andre elevane. Dette språket er korkje finsk-ugrisk eller germansk. Eg gjorde opptak av samtalar med denne guten på same vis som med dei andre elevane, og dei samtalan viser interessante sider ved språket til ein som lærer seg norsk i ei samisk bygd. Dette er eit anna tema enn det eg hadde bestemt meg for å sjå på, så derfor reknar eg ikkje denne guten som informant i den undersøkinga eg presenterer her. Men han var altså med i opptakssituasjonar, og der eg meiner det får noko å seia for kva former andre ungar nyttar, har eg trekt det inn i drøftinga av materialet. Dei andre elleve elevane har alle vakse opp i eit miljø der både norsk og samisk er i bruk. Andre året eg samla inn materiale, kom to nye elevar til. Dei hadde til da gått i samiskspråkleg klasse, men hadde skifta opplæringspråk etter eitt år på skolen. Eg valde å la dei bli med på opptaka på same vis som dei ungane eg hadde starta med året før. Dei hørte til i gruppa, og hadde ein liknande språkbakgrunn som andre i gruppa.

Ei av jentene flytta frå Guovdageaidnu etter andre året eg gjorde opptak. Ho var ikkje med på opptak fyrste året av di ho ikkje hadde lyst til det. Eg hadde inntrykk av at ho verkeleg ikkje hadde lyst til å vera med på opptak, og gjorde derfor ikkje noko forsøk på å overtala henne. Kathrine Fangen seier at ein bør ha "svært gode grunner" for å presse seg på dersom "noen aktivt unngår kontakt" (Fangen 2004:53). Eg opplevde det ikkje som om denne jenta aktivt unngjekk kontakt, men ho signaliserte at ho ikkje hadde lyst til å vera med på opptak. Slike signal frå ungar lyt ein ta seriøst, og respektere utan å freiste å få dei til å endre meining. Andre året gjorde eg opptak av samtalar der fleire enn éin unge var til stades, og da var det heilt greitt for henne å vera med. Ho er altså med på berre eitt opptak.

Tabell 2.2 a Informasjon om informantane

- fyrstespråk til foreldre
- kva språk informantane snakkar og forstår
- alder
- deltaking i undersøkinga

	Fyrstespråk til foreldre		Informanten				Alder	Med på opptak			
			snakkar		forstår			år			
	mor	far	norsk	samisk	norsk	samisk		1.	2.	3.	4.
G1	s	n	x	x	x	x	6–9	x	x	x	x
G2	n	s	x	x	x	x	6–9	x	x	x	x
G3	n	n	x	-	x	-	7–10	x	x	x	x
G4	s	n	x	x	x	x	6–9		x	x	x
G5	n	s	x	x	x	x	7–10	x	x	x	x
G6	n	n	x	-	x	-	7–10	x	x	x	x
J1	s	n	x	x	x	x	6–9	x	x	x	x
J2	n	s	x	-	x	-	6–9		x	x	x
J3	s	n	x	x	x	x	7–10	x	x	x	x
J4	s	n	x	x	x	x	7–10	x	x	x	x
J5	n	n	x	-	x	-	6–9	x	x	x	x
J6	n	n	x	-	x	x	6–9	x	x	x	x

J7	n	n	x	-	x	-	6-9		x	

Informasjon om heimespråk, kva språk ungane snakkar og forstår, og kva språk foreldra til ungane nyttar, skriv seg frå samtalar med ungane, foreldre og lærarar som har undervist ungane. Alle informantane unnateke éin har norsk som einaste eller eitt av to heimespråk. Nokre få av informantane har også samisk som heimespråk ved sida av norsk. Dei fleste informantane som har norsk som einaste eller eitt av to heimespråk, snakkar norsk i fleire situasjonar enn samisk. Den informanten som ikkje har norsk som heimespråk, snakkar norsk med ein av foreldra. Samisk er det daglege heimespråket hennar.

2.2.6.2 Innsamlingsmetode

Eg har valt å samle inn data i naturlege samtalar med ungane. Kvart av dei fire åra gjennomførte eg samtalar med dei over ein periode på våren, og kvar unge var med på éin lengre samtale. I ein periode før kvar samtalerunde var eg til stades i skoletimane. Det fyrste året følgde eg undervisninga i litt over ein måned, og dei neste tre åra eit par veker kvart år. I den fyrste av desse periodane gjorde eg ein del notat for å få eit grovt oversyn over kva former dei ulike ungane nytta. Desse notata er sporadiske, og eg har derfor ikkje trekt dei inn i hovudpresentasjonen av materialet. Men eg har vist til desse notata i nokre få tilfelle i drøftinga av materialet der eg meiner dei kastar ekstra lys over språket til informantane. Eg har sjølv vore med på samtalanene, men prøvt å la ungane vera dei som styrer retninga av samtalen. Målet var å få ungane til å snakke mest mogeleg fritt om emne dei var opptekne av. Mine spørsmål og kommentarar skulle ikkje vera anna enn til hjelp for ungane.

Eg søkte skoleeigar, Guovdageainnu suohkan / Kautokeino kommune, om lov til å gjennomføre undersøkinga. Etter at eg hadde fått ja frå kommunen, sende eg brev til foreldra til dei ungane som var aktuelle. Etter at alle foreldra hadde gjeve meg lov, sette eg i gang med å observere.

Deltakande observasjon er ein metode for å hente inn kunnskap som er utvikla i samfunnsvitskapleg forskning. Katrine Fangen seier, med utgangspunkt i Howard Becker, at

metoden går ut på å samle inn ”data ved å delta i det daglige livet til de menneskene du studerer, og å se hvilke situasjoner de går inn i, og hvordan de oppfører seg i dem” (Fangen 2004:29). Målet med arbeidet mitt var ikkje å sjå på sosiale sider ved åtferda til informantane, men å kartleggje sider ved språket deira. I slik meir deskriptiv lingvistisk forskning har feltforskning ein lang tradisjon (Schrader-Kniffki 2002:141), men det ein samlar inn kunnskap om, er eit noko anna felt enn det samfunnsvitskapane arbeider innanfor. Eg meiner metoden særleg kan vera til hjelp i lingvistikken når det gjeld korleis ein oppfører seg saman med informantane, og kva holdningar ein går til innsamlingsarbeidet med. Jamvel om målet med undersøkinga mi var eit anna enn det som er vanleg i samfunnsvitskapane, av di faget er eit anna, meiner eg den metoden eg har nytta, kan kallast *deltakande observasjon*.

I all hovudsak byggjer denne avhandlinga på opptak av samtalar eg hadde med ungene og ikkje på samtalar dei imellom i leik eller annan aktivitet. Eg hadde observert at ein del av ungene sa svært lite i leik og andre fellesaktivitetar, medan andre snakka mykje, og eg valde derfor arrangerte samtalar mellom meg og ein eller fleire av ungene for å få materiale også frå dei som elles kunne vera fåmælte. Samtalar mellom ungar og vaksne er ein naturleg del av kvardagen, og eg oppfattar derfor slike samtalar som ein del av deltakande observasjon.

Fangen seier dette om rolla til observatøren:

Du kan ikke stille deg utenfor deres verden ved å innta en ren tilskuerposisjon, der du kun nedtegner inntrykkene av hva de sier og gjør. Tvert imot må du delta selv, for å få troverdige data, og for ikke å innvirke på situasjonen slik at de tilstedeværende føler seg objektivert og stresset av din tilstedeværelse.

(Fangen 2004:29 f.)

2.2.6.2.1 Om attgjevinga av materialet

Når ein skal gje att talemål med skrifteikn, må ein velja om ein vil nytte egne lydskrifteikn eller nytte berre dei ortografiske konvensjonane som blir nytta i kodifisert skriftmål. Ei attgjeving som byggjer på ortografiske konvensjonar for norsk, ville ha vore lettare å lesa for dei som ikkje har røynsle med å lesa lydskrift. Jamvel om alfabetiske prinsipp byggjer på ein fonologisk analyse, vil ei attgjeving av talen som byggjer på skriftmålskonvensjonar, ofte gje eit svært mangelfullt bilete av talen. Vikør (1988:58f.) forklarar dette slik: ”Kvar bokstav skal representere eit fonem. Men som vi veit, er dette ofte langt frå tilfelle i praksis. Årsaka til dette ligg i den historiske utviklinga, og i den funksjonen dei alfabetiske skriftspråka etter

kvart har fått som samanbindande kommunikasjonsmiddel for folkegrupper med ulike språkvarietetar som morsmål.” (Vikør 1988:58f.)

Ettersom eg analyserer morfologiske og morfosyntaktiske drag, kunne ein tenkt seg at slik attgjeving med alle sine manglar kunne vore tilfredsstillande. Eg har likevel valt å nytte ein fonemisk IPA-transkripsjon. Hovudårsaka er at visse drag ved morfologien blir påverka av fonologiske tilhøve, og dette kan til dømes få innverknad på analysen av korleis visse bøyingsmønster fungerer som mønster for analogi i større grad enn andre. I mitt materiale gjeld dette særleg realisasjonen av r + t i preteritum av verb som *kjøre*. Det er viktig for analysen om informantane har ein kakuminal her, eller om r og t blir realiserte som to lydar. Også realiseringa av bøyingsendinga i maskulinum bunden form som stavingsberande n meiner eg det er viktig å markere når ein behandlar morfologi. Det varierer hos informantane om dei nyttar stavingsberande n, eller /en/, og for å gje eit dekkjande biletet av denne variasjonen meiner eg det er mest tenleg å nytte lydskrift.

Eg har nytta nemningar som J1 og G1 på informantane. J står for *jente* og G for *gut*. Talet etter bokstaven tener til å skilja informantane frå kvarandre. Når informantane nyttar namn på kvarandre og seg sjølve, har eg nytta teikna – og ~ for å gje att namna. – representerer ei trykktung staving, og ~ ei trykklett staving. Førre mine replikkar står det ein V for *vaksen*.

2.2.6.2.2 Planlegging av samtalanane

Eg har ikkje hatt noko fast strukturert opplegg for samtalanane, men eg har planlagt dei ut frå kva aldersgruppe informantane høyrer til, og ut frå det eg veit om dei og det samfunnet dei lever i.

2.2.6.2.2.1 Bakgrunnskunnskap

2.2.6.2.2.1.1 Mogningssteg

Informantane var mellom seks og ti år da samtalanane fann stad. Denne aldersgruppa har ifølgje Piaget sin stadieteori ein konkretoperasjonell kognisjon (Piaget 1976). Stadieteorien har vore mykje omdiskutert. ”Bl.a. har man hevdet at bedømmelse av barns forståelse på ulike alderstrinn må skje med bakgrunn i barnets egen forståelse av forsøksituasjonen” (Raaheim

1988). Likevel meiner eg Piagets teoriar kan vera nyttige når ein skal samtala med barn, av di han peikar på drag ved deira førestellingsverd som den vaksne samtalepartnaren må vera merksam på og open for. I all kommunikasjon er det sjølvsagt viktig at ein prøver å forstå perspektivet til motparten. I samtale med barn er det spesielt viktig ettersom barnet på mange måtar oppfattar annleis enn den vaksne. Dette gjev Piagets teoriar hjelp til å forstå. Reinhard Fatke oppsummerer Piagets forståing av barnet slik:

Das Kind kommt in den Blick als ein aktives Wesen, das sich entwickelt, indem es in eine Auseinandersetzung mit der Welt eintritt, diese strukturiert und dabei sie und sich selbst verändert; als ein kompetentes Wesen, das zunehmend über Fähigkeiten zur Weltaneignung verfügt und im Vergleich zum Erwachsenen nicht als defizitär; sondern als different, als qualitativ andersartig anzusehen ist; als ein Interaktionspartner, der nicht ausschließlich nach den Vorstellungen der Erwachsenen geformt, gebildet, sozialisiert wird, sondern seinerseits auch auf den Erwachsenen einwirkt und somit seine Sozialisation, Erziehung und seine Bildungsprozesse mitgestaltet.

(Fatke 2003:190f.)

Piaget meiner det konkretoperasjonelle stadiet varar frå ungar er om lag to år til dei er om lag elleve. Vidare deler han dette stadiet inn i eit føroperasjonelt stadium og eit eigenleg konkretoperasjonelt stadium. Det føroperasjonelle stadiet tidfestar han omtrentleg til perioden mellom to og sju år. Eit viktig drag ved ungar på dette stadiet er at dei i stor grad ser verda ut frå sitt eige perspektiv. Det er deira eigne røynsler som er viktige. Det at det kan skje noko som dei ikkje sjølve er med på eller observerer, og at andre kan sjå annleis på ting, er ikkje sentralt i kognisjonen til barn på dette stadiet, seier Piaget. Det eigenleg konkretoperasjonelle stadiet tidfestar han til mellom om lag sju og om lag elleve år. På dette stadiet blir ungar i stand til å sjå ulike ting i tilhøve til einannan, og såleis kunna sjå eigne røynsler i ein større samanheng.

Piaget har vore oppfatta og bruka på svært ulike måtar. Sjøberg (1996:4) seier at både opne, spontane og kreative opplegg og meir systematiserte og styrte opplegg blir presenterte som at dei baserer seg på Piagets teoriar. Sjøberg seier vidare at det finst element i Piagets teoriar som kan inspirere til begge desse typane opplegg: ”den åpne og kreative ’Piaget-pedagogikken’ har latt seg inspirere av Piagets syn på den kognitive funksjonen (...). Her oppfattes barnet som sin egen konstruktør av erkjennelse” (loc.cit.). medan det er ”det andre aspektet som har stått i fokus [ved den andre typen ’Piaget-pedagogikk’], nemlig stadieteorien” (loc.cit.). Hagtvatn (1996:3) seier dette om stadietenkinga: ”Den er – med en betydelig rett – blant annet blitt kritisert fordi den ikke tar tilstrekkelig hensyn til miljøets

betydning for utvikling (...) Den tar også i for liten grad høyde for at barn er forskjellige og at de har store potensialer for læring.”

Ho seier vidare at det ”ligger en form for sannhet i Piagets beskrivelse som synes å danne en fruktbar referanse både ved måling av kognitive ferdigheter og i pedagogisk arbeid – men bare under én forutsetning: at vi ikke tar stadietenkningen bokstavelig”. Piaget seier noko om korleis ein kan tenkje seg at barn utviklar kunnskap. Piaget meiner at det skjer eit samspel mellom barnet og miljøet, og at barnet konstruerer kunnskap i møtet med miljøet (Aukrust 1996:3). Kunnskap er såleis noko som ikkje kjem utanfrå, men noko som blir konstruert ut frå dei føresetnadene barnet har. Skodvin (1996:7) seier det slik: ”Noe av det viktige Piaget ville belyse gjennom sitt balanseprinsipp, var at for barnet må ny kunnskap integreres i eksisterende kunnskap.” Skodvin seier vidare: ”Det var blant [annet] derfor han la slik vekt på barnas egen aktivitet” (loc.cit.). Dette fører til at det er viktig for vaksne som snakkar med barn, å vera merksame på at barnet kan oppfatte verda annleis enn den vaksne. Det tyder også at det er viktig for den vaksne å vita noko om kva miljø barnet lever i, og kva aktivitetar barnet har vore med på. I ein kommunikasjonssituasjon vil ein vaksen avsendar som ynskjer at mottakaren skal oppfatte ytringa, ta omsyn til dei føresetnadene avsendaren meiner mottakaren har. Fretheim (1999:231) seier det slik: ”Den optimale konteksten til en gitt ytring er verken mer eller mindre enn *de antagelsene om verden som avsenderen forutsetter at mottakeren bruker som premisser for sine slutninger om meningen med ytringen*”. Piaget (1937) peikar på aspekt ved *la construction du réel chez l'enfant* som kan vera til hjelp for ein vaksen avsendar som ynskjer å kommunisere med barn ut frå premissane til barnet.

Lehmann (1973) seier at ein bør operere med ei eining i tillegg til individ og språksamfunn når ein ser på tilhøvet mellom språk og samfunn. Denne eininga kallar han *intensiv agierende Gruppe (IIG)* (’intensivt samhandlande gruppe’), og definerer henne slik:

Darunter ist intuitiv so etwas zu verstehen wie eine Familie, jedenfalls aber eine Gruppe von Freunden, Bekannten oder Arbeitskollegen, eine Gruppe von Individuen, die für eine gewisse Zeit intensiven sprachlichen Kontakt haben. Nach dieser Charakterisierung versteht es sich fast von selbst, daß jeden (sic) Individuum verschiedenen IIGs angehören kann (...).

(Lehmann 1973:24.)

Ungar hører til ein språkleg fellesskap og ein sosial fellesskap, men på dette stadiet er særleg tilhøvet til jamaldringar viktig. Utgangspunktet for den kognitive utviklinga Piaget seier skjer på dette stadiet, er ifølgje han dei røynslene ungar får i kontakt med jamaldringar.

Eg har ikkje gjort noka undersøking som kan seia noko om kva utviklingssteg desse ungane er på. Da eg planla og gjennomførte samtalan, bruka eg Piaget si beskriving av korleis han meiner ungar oppfattar, som ei rettesnor og som ei hjelp for meg til å kunna ta utgangspunkt i ungane sin røyndom. I ein samtalsituasjon vil ein vel likevel alltid danne seg eit inntrykk av det individet ein snakkar med, og freiste ordleggje seg slik at kommunikasjonen blir best mogeleg ut frå dei måla ein har for samtalen.

2.2.6.2.2.1.2 Kunnskap om lokalsamfunnet

Ein som skal samtala med ungar, må kjenne godt til kvardagen deira og kva som er vanlege aktivitetar og verdjar i den gruppa der ungane hører til. Da eg begynte med opptaka, hadde eg butt i Guovdageaidnu i to år, og kjende truleg det samfunnet ungane levde i, betre enn ein som kom heilt utanfrå for å gjera det innsamlingsarbeidet eg gjorde. Det biletet eg hadde, kunne nok vera overflatisk på mange vis, men eg visste ein del om kva aktivitetar som bind folk saman, og kva aktivitetar som blir oppfatta som viktige.

Samspelet mellom natur og menneske er viktig i dette samfunnet, og dette viste seg også gjennom dei samtalan eg hadde med ungane. Det var ofte snakk om aktivitetar i det som på samisk heiter *meahci*, eit område som ikkje kan definerast eintydig, men som i alle høve ligg utanfor område der menneske har bygt og busett seg.

Guovdageaidnu er eit samfunn med ulike undergrupper. Ein som kjem utanfrå, vil kanskje meine at reindrifta er noko som alle i bygda har eit nært og varmt tilhøve til. For ein del er det slik, for andre er det ikkje slik. Det finst sjølvstøtt også i Guovdageaidnu ulike grupper med ulike holdningar, og til dels kan desse gruppene stå sterkt mot kvarandre. Hovland (1996:131) seier: "Kautokeino har aldri vært homogent, men i den senere tid har differensieringen økt dramatisk. Kautokeino er ikke én verden, én kultur, ett sosialt fellesskap selv om det kan se slik ut." Ein del som ikkje driv med rein, meiner til dømes at reindriftssamane har fått fleire offisielle rettar til bruk av naturen enn det dei sjølve har. Dette kan så skapa motsetnader, anten no slike kjensler grunnar seg på røyndom eller ikkje. Slike drag ved samfunnet formar også holdningar ungar har, og det er naudsynt for forskaren å vera medviten om slikt, slik at han eller ho ikkje tek ting for gjeve som slett ikkje er det for alle. Ein samtalepartnar som ikkje kjenner til slikt, kan lett komma til å la egne stereotypiar prege det han eller ho seier.

Hovland (1996) samanliknar dei to samiske bygdene Guovdageaidnu og Gáivuotna. Han seier at Guovdageaidnu ”fremstår (...) som samisk hjemsted og kilde til trygghet når det gjelder samisk identitet blant stedets ungdom” (ibid.:131). Mine informantar har norsk som fyrstespråk på skolen, men bur likevel i ei bygd der ungdom har ”uomtvistelig og trygg samisk identitet” (loc.cit.). Alle informantane med eitt unntak har slektstilknytning til personar som snakkar samisk, og kan melde seg inn i samemanntalet når dei blir gamle nok til det.

2.2.6.2.2.1.3 Språkkunnskap

Alle samtalanane vart gjennomførte på norsk, og såleis var det ikkje beinveges naudsynt for meg å kunna samisk for å kommunisere med ungane. Da vi tok til med samtalanane, hadde eg gjennomført to innføringskurs i nordsamisk ved Sámi allaskuvla / Samisk høgskole. Kvart av kursa tilsvarar eit kvart års heiltidsstudium. Eg hadde altså elementær kjennskap til språket. Medan eg heldt på med innsamling av materiale, lærte eg stadig meir samisk, og det semesteret eg avslutta opptaket, tok eg semesteremne i samisk ved Sámi allaskuvla / Samisk høgskole, eit studietilbod som formelt sett er jamstelt med samisk som fyrstespråk i vidaregåande skole, tredje året på studieførebuande retning.

Eg trur det ville vore vanskeleg å skulle gjennomføre samtalanane heilt utan kjennskap til samisk, ettersom det ofte forekom element i ytringane til ungane som det ville vera umogeleg å forstå dersom ein ikkje sjølv hadde kjennskap til samisk. Eit døme på dette er at ein av informantane nytta samiske ord for å forklare meg kva ho tenkte på, når ho ikkje kjende til eller hugsa dei norske orda. Det hende også ein sjeldan gong at nokre av ungane nytta eit samisk ord i samtalen utan å signalisere at dei var medvitne om at dette var samisk. Dette kunne også førekomma i klasesituasjonen når eg observerte. Dette galdt i dei aller fleste tilfelle samiske ord som ein kan seia er ein del av det norske talemålet i Guovdageaidnu, til dømes lokalitetsappellativ som *jávri* (’innsjø, vatn’), og slektskapsnemningane *áhkku* (’bestemor’) og *adja* (’bestefar’), som vart nytta av nokre av informantane som nemning på bestefar eller bestemor deira. Desse orda kan også tyde ’eldre kone’ og ’eldre mann’, men eg hørte dei aldri nytta med slik tyding av informantane når dei snakka norsk.

Eit ord som er svært vanleg i det norske talemålet i bygda, *summal*, og som ifølgje Konrad Nielsen tyder ”omtrentlig; på slump, på måfå; uten bestemt orden” (Nielsen 1938:583), forekom også i ei ytring. Uttalen av slike ord var tilpassa norsk fonologi. Berre éin gong nytta ein av informantane eit samisk ord som ikkje kan seiast å vera ein del av det norske talemålet på staden: *beahke*, som er tredje person pluralis preteritum av *beahkit*, ’å krype’. Dette ordet vart uttalt slik ordet blir uttalt på samisk i Guovdageaidnu. Éin gong nytta også ein av informantane eit omsetjingslån av eit samisk ord, /vanfu:l/. Ordet *vassfugl* er definert slik i *Nynorskordboka*: ”fugl som særleg under hekking, trekk eller overvintring held seg nær vatn el. våtmark” (*Nynorskordboka* 1986:822). Eg hadde ikkje hørt ordet som eit daglegtaleord i norsk før eg kom til Guovdageaidnu, og oppfatta det nærmast som ei fagleg beskriving av ei gruppe fuglar. I norsk talemål i Guovdageaidnu tyder ordet ’and’, og er eit vanleg ord i daglegtalen. Det samiske ordet *čáhceloddi* (’and’), som lekk for lekk tyder ’vassfugl’, er også eit daglegord. Ordet har fått ei eiga tyding i norsk i Guovdageaidnu som følgje av samisk påverknad. Ein som kom til bygda for å samle inn språkmateriale utan kjennskap til samisk, ville ikkje skjønna fullt ut kva ungane sa i slike tilfelle, og ville kanskje heller ikkje skjønna at det var noko han eller ho ikkje skjønna. Dette ville vel gjort han eller henne til ein dårlegare samtalepartner.

2.2.6.2.2.1.4 Tidlegare forskning

Det finst svært lite litteratur om norsk talemål i Guovdageaidnu. Eg kjenner berre til to mindre arbeid, Gran (1991) og Martinussen (1996). Gran tek for seg visse morfologiske kategoriar og ser på variasjon i høve til variablane kjønn og alder. Materialet hennar er intervju ho sjølv har gjort med eit utval informantar. Martinussen ser også på variasjon i visse morfologiske kategoriar ut frå dei same variablane som Gran. Martinussen deler dei formene ho finn, inn i *bokmålsformer* og *kystformer*. Ho gjer så greie for fordelinga av desse typene. Både Gran og Martinussen konsentrerer seg i hovudsak om å dokumentere variasjon i talemålet. Eg har samanlikna dei resultata eg har funne hos mine informantar, med resultata hos Gran og Martinussen der dei har sett på same kategoriar som eg.

Det som elles er skrive om norsk mål i samiske område, ”er konsentrert om å *dokumentere* ulike fenomen innen fonologi, morfologi og syntaks som er eller antas å være resultat av språkkontakt” (Sollid 2005. 11). Nesheim (1952) skriv om drag ved norsk talemål han har observert i Lyngen. Ein del av dei draga han har observert, kan ein finne att i norsk talemål

også i Guovdageaidnu. Dette gjeld til dømes preposisjonsuttrykk med *til* der samisk nyttar illativ (/han glæmte bu:ka til sækēn/ (døme frå mitt materiale)), underdifferensiering av ord på norsk for samisk *bidjat*¹⁴. Dei fenomena han skriv om, er andre enn dei eg har sett på i denne avhandlinga, og eg har derfor ikkje trekt inn det Nesheim skriv om språklege fenomen.

Både Todal (1996) og Bull (2006) har undersøkt eksamensoppgåver skrivne på norsk av studentar ved lærarutdanninga ved Sámi allaskuvla / Samisk høgskole. Dei aller fleste studentane har samisk som dominerande fyrstespråk og norsk som eit svært godt utvikla andrespråk. Både Todal og Bull ser på fenomen som dei meiner kan vera resultat av språkkontakt. Genus er eit fenomen som blir behandla i begge arbeida, og eg kjem til å samanlikne det eg har funne i det materialet eg har samla inn, med funna til Todal og Bull og drøfte tilfelle der resultatata er ulike.

Tove Bull (1991, 1992a, 1992b, 1994, 1995a, 1995b, 1997) har undersøkt det norske talemålet på Furuflaten, ei bygd i Nord-Troms der innbyggjarane tidlegare ”nok stort sett har vore einspråkleg samiske” (Bull 1991:24). Da ho gjennomførte undersøkinga, var tilhøva slik:

Dei eldste i bygda – det vil grovt sett seie dei over 60–65 – er ekte tospråklige. Dei meistarar norsk og samisk. Somme av dei kan noko finsk også.

Mellomgenerasjo[n]en, dei frå 35 og oppover, snakkar bare norsk, men mange av dei har passiv samisk kompetanse. Somme av dei eldste i denne gruppa er det Nancy C. Dorian kallar ”semi speakers” (Dorian 1982), dvs. at dei kan føre ein samtale på samisk trass i nokså dårlig grammatisk kompetanse. Kommunikativ kompetanse har dei derimot. Dei yngste i bygda, barn og ungdom, kan bare norsk.

(ibid.:24)

Bull har teke for seg fonologiske drag ved det norske talemålet på Furuflaten. Ho finn at talemålet på Furuflaten har vorte gradvis meir likt det norske talemålet i dei einspråklege grannebygdene (ibid.:27). Bull meiner at språkbrukarar ikkje mekanisk overtek det språket dei hører rundt seg, og målber eit konstruktivistisk syn på språktileigning:

Heller må det vere slik at den som lærer seg morsmålet sitt/morsmåla sine, umedvete vel språklige modellar mellom fleire moglege i det samfunnet ho veks opp i. Såleis demonstrerer individet si kulturelle og språklige plassering i meir eller mindre fleirdimensjonale språk- og kultursamfunn.

(ibid.:29.)

¹⁴ Nesheim nyttar eit døme der *leggje* blir nytta i staden for *setja*: ”å legge gammelgeita inn i fjøset”. I Guovdageaidnu har eg hørt mange døme på at *setja* blir bruka for *leggje*, men svært få av den typen Nesheim nemner. Eg nemner døme frå materialet der informantane skulle seia kva dei såg på bilete eg hadde laga: /pɛ:r sæter bø:ker i sækēn/ (G5), /mu:r sæter pænjer i: bu:re/ (G5), han sæt| sæter særví'et pø: ta'ærken (G5), /sæter bu:k in i: sækēn/ (G2), /sæter pænja pø: bu:re/ (G2)

Det å velja det eine eller det andre er altså ifølgje Bull ein måte å signalisere kor ein hører til. Sollid (2005) drøftar ut frå Bull sine arbeid ei slik strategiforståing, og meiner ein slik strategi ikkje er ”tilgjengelig i dannelsesfasen av dialekten” (Sollid 2005:55). Årsaka til dette er at ”voksne andrespråksinnlærere ikkje kan kontrollere språkproduksjonen fullt ut, og dermed blir ikkje mellomspråket nøyaktig likt målspråket” (ibid.:55). Jamvel om ikkje språkinnlæraren i eitt og alt er i stand til å lære andrespråket på same vis som ein som lærer det som fyrstespråk som barn, kan det tenkjast at visse drag som språkbrukaren kan produsere, likevel ikkje blir ein fast del av talemålet. Det tyder ikkje at dei kan tala språket som ein morsmålsbrukar dersom dei vil det, men at dei likevel veit at det er visse drag dei av ulike årsaker ikkje legg vinn på å nytte, jamvel om dei kan produsere desse draga dersom dei vil. Auer, Barden og Grosskopf (1998) gjer greie for korleis folk frå eitt dialektområde i Tyskland endrar språklege drag når dei buset seg for lengre tid i eit anna dialektområde. Dei konkluderer med at sosial vurdering av språklege drag er viktigare enn om eit drag reint objektivt er tydeleg (*salient*) og såleis lett å identifisere for språkbrukaren. Dette skulle tyde på at språkbrukarane ikkje endrar alt som dei kan endre, men berre det som dei oppfattar som sosialt sett nødvendig.

Eg kjem i hovudsak til å sjå etter språkinterne forklaringar på dei fenomena eg finn. Likevel vil eg mot slutten av avhandlinga drøfte om ein kan sjå ulike strategiar hos dei ulike informantane. Bulls teori om umedvitne val kjem til å danne eit utgangspunkt for denne drøftinga.

Alle dei arbeida eg har nemnt her, har vore med på å gje meg eit bakteppe for å forstå språktilhøva i Guovdageaidnu ved at dei har hjelpt meg til å sjå kva fenomen som kan vera aktuelle å undersøkje i område der både samisk og norsk blir nytta.

2.2.6.2.2.1.5 Mi rolle

Kva slags samtalepartner?

Eg gjekk ikkje inn i nokon diskusjon med ungane dersom dei sa ting eg var usamd i, eller som eg meinte dei ikkje burde seia. Det hende, særleg det siste året, at eg spurde kvifor dei sa det dei sa, men prøvde å unngå å signalisere kva eg sjølv meinte. Fangen seier om rolla til det ho kallar ein *delvis deltagende observatør*:

Det er ikkje like mye et ideal i feltforskning som i intervjuundersøkelser at forskeren skal konstruere en kunstig nøytral situasjon, der forskerens innvirkning (forskereffekt)

skal være minst mulig. Du skal på den annen side ikke spille deg ut selv så mye at deltagerne blir respondenter på dine innfall (med mindre du utfører et etnometodologisk eksperiment). Men du skal oppføre deg som en behagelig interessert samtalepartner, som lytter og følger opp ting som blir sagt, og som deltar i den sosiale samhandlingen slik situasjonen tilsier.

(Fangen 2004:103.)

Ein slik måte å vera på i høve til informantane trur eg vil føre til at informantane kjenner seg tryggare, og såleis snakkar friare enn om observatøren i sterk grad hadde markert egne synspunkt og lagt opp til sterk styring av samtalanane.

Talemålet mitt

Eg har eit talemål som skil seg ganske sterkt frå talemålet til dei fleste av informantane. Desse utsnitta av det transkriberte materialet fortel noko om kva slags norsk eg snakkar.

Eg gjev att berre mine replikkar.

Frå samtale med G2, fyrste året:

mm\ dʊ:/ i den bu:ka ti¹⁵ ve:t ʊ:\

so: va: dɛ e:n de:l tæiniŋer a: dæi/

son| som | vur an ade tæinet dæi/

ha : dʊ : nun tæiniŋer a ham/

ja:\ so: de: æ:r e:n br| æi brʊ: o:ver bo:le/

son ja:/ o: vem ska go: po: brʊ:a/

fly:vene jennom luftŋ/

han tæinet ike nu: i: de: he:le tat han\

han ba:re foʃa:lte mæ de: han hade tæinet\

foʃa:lte mæ om de: han hade tæinet\

ska vi: se: po: de: dʊ: ha: tæinet oso:/

¹⁵ Namnet til G1

o: den ha:n̩\ oso: æ: ɔ̃ e:n ha:ne i: bu:ka di tru: jæ:/

de: mo: væ:e ʃu:la

dæ: [tru: jæ: de mo: væ:re mit po: nat̩]/

˘˘ - ¹⁶som li| ele ˘˘¹⁷ som liger i seɲa si mit po: nat̩/

Frå samtale med J6 fyrste året:

æ: ɔ̃| va: ɔ̃ e:n son d̩: f̩æɲet/

æ: ɔ̃: lit gla: for at d̩: ike se: ɲun|

at de: ike æ: ɲun sp̩k̩hoger i elva hæ:r/

va: la:geɲ de:re da:/

o: so: ha: ɔ̃:re kanʃe nu:un h̩ne ʃom pase po: r̩einsdy:en̩e oso:/

Eg nyttar som opptaka viser, ofte former som fell saman med skriftmålsformer i bokmålet som har vore kalla «moderate» (Coward 1965:7, Haugen 1966:90, 212). Fleire av dei morfologiske kategoriane det er døme på i desse utsnitta, høyrer med til dei eg ynskjer å undersøkje hos informantane. Det kan nok tenkjast at formene eg brukar, vil kunna påverke ungene til å nytte dei same formene. Intonasjonen min er også annleis enn intonasjonen til dei fleste ungene. Eg snakkar i utgangspunktet norsk med austnorsk intonasjon, og så vidt eg sjølv kan vurdere, har ikkje dette endra seg nemneverdig jamvel om eg dei siste tjuefem åra for det meste har butt andre stader enn på Austlandet. I samtalan med ungene valde eg å snakke slik eg snakkar til vanleg, utan medvite å gjera noko for å leggje språket mitt nærmare språket til ungene. Det er fleire grunnar til det. Ungane og eg bur i same bygda, og ser kvarandre også andre stader enn i opptakssituasjonar. Dersom dei da skulle oppleve at eg snakka annleis enn eg gjorde under opptakssituasjonen, er eg redd det vil føre til at dei kunne oppfatta meg som mindre autentisk i opptakssituasjonen. Og det ville så kunna verke inn på den tillita dei har til meg. Ein annan grunn er at talemålet til ungene er ganske så variert, både

¹⁶ namnet til G1

¹⁷ Namnet til G2

på gruppenivå og individuelt. Dersom eg skulle endre talemålet mitt i retning talemålet deira, ville det vera vanskeleg å velja kva former eg skulle nytta. Eg trur kanskje også at min kompetanse er for dårleg til at eg kan snakke slik at ungene vil oppfatte det som om eg snakkar slik dei gjer.

Eit døme på at ei omlegging ville kunna føre til former som korkje er mine eller ungene sine, ser ein i denne replikken: /ja:\ so: de: æ:r e:n br| æi bræ: o:ver bo:le//. Eg er nok i ferd med å seia / e:n bru:/, bryt så av og produserer /æi bræ:/ i staden. Dette skjer utan at eg har planlagt det på førehand. Determinativet eg vel, viser opptaka mine, førekjem svært, svært sjeldan i talemålet til ungene. For dei fleste av dei ville nok /e:n bræ:/ vore mest nærliggjande, ein variant som ikkje fall meg inn der og da. Det finst ikkje mange andre liknande tilfelle i opptaka. Eg trur at resultatet ville bli ganske lite truverdige både som finnmarksmål og som noko anna dersom eg medvite hadde freista å endre noko av talemålet, og også derfor bestemte eg meg for ikkje å gjera det.

Det kan tenkjast at dette gjer at ungene klart oppfattar at det er skilnad på mitt språk og deira, og at dette gjer at dei ikkje blir påverka. Det kan vel òg tenkjast at den varianten av norsk eg nyttar, er kjend for ungene frå før, og at språket deira vil bli prega av mitt talemål når dei snakkar med meg. Det kan dessutan tenkjast at ungene legg språket sitt opp til mitt av di dei ynskjer å vise ei åtferd dei meiner eg likar. Det er ikkje mogeleg på førehand å seia korleis dette vil verke inn på språket til ungene, men under drøftinga av materialet er det eit moment som eg må ta med. På slutten av avhandlinga vil eg drøfte samla i kor stor grad det ser ut til at talemålet mitt har påverka språket til ungene.

2.2.6.2.2.2 Dei ulike åra

Det fyrste året

Det fyrste året planla eg i stor grad samtalan med tanke på at føroperasjonelle drag framleis i stor grad prega kognisjonen til informantane. Det visste eg både ut frå eigen observasjon av dei i leik og undervisning, og ut frå Piagets stadieteori. For ungar i den konkretoperasjonelle fasen er teikning ofte ei viktig uttrykksform. Teikning blir eit vis å bearbeide opplevingar på, og ein måte å gje uttrykk for korleis dei oppfattar ting (Eng 1926, Dicker og Heuburger 1991, Reiß 1996, Rubin 2000, Schuster 2001). Eg tok derfor utgangspunkt i teiknebøkene til ungene

og let dei fortelja meg kva dei hadde teikna. Mi rolle vart så å stille konkrete spørsmål til det ungane fortalde, for å få dei til å fortelja meir.

Dette året snakka eg med éin unge om gongen, ettersom eg gjekk ut frå at det ville vera lite interessant for dei fleste av dei å vera med på ein samtale om andre sine teikningar. Det var sjølvstakt skilnader mellom ungane kognitivt sett, til dels stor skilnad. Med dei ungane eg meinte var meir kognitivt utvikla, var det naturleg å snakke om emne som gjekk noko vidare enn berre det dei hadde teikna. Det galdt i særleg grad dei eldste i gruppa.

Andre og tredje året

Da eg gjorde dei neste opptaka, var ungane eitt år eldre enn sist gong eg hadde hatt samtale med dei. Ettersom dei hadde utvikla seg kognitivt, planla eg samtalan noko annleis enn det fyrste året. Som nemnt er kameratgruppa viktig for ungar på dette stadiet, og eg valde derfor å samtala med to eller tre ungar samstundes. På det viset kunne eg sjølv trekkje meg meir attende. Slik vona eg både å dempe risikoen for at talemålet mitt skulle påverke ungane, og å gjera samtalesituasjonen meir naturleg for dei.

Eg hadde likevel funne fram til emne på førehand som eg meinte kunne interessere dei ulike ungane, ut frå den kjennskapen eg hadde fått til dei gjennom observasjon. Det var emne som var ein del av kvardagen deira og forbundne med ei av dei intensivt samhandlande gruppene dei hørte til, fyrst og fremst kameratgruppa. I ein del tilfelle hadde eg funne fram til bilete med motiv som eg hadde observert at dei ungane eg samtala med, var opptekne av. Til dømes hadde eg funne eit bilete av fugleungar som hadde falle ut av reiret sitt, som eit utgangspunkt for samtale med to svært dyreinteresserte jenter andre året. Som utgangspunkt for ein samtale med to gutar som var svært opptekne av aktivitetar i naturen og særleg jakt, hadde eg funne fram eit bilete av ein jeger med hund. Tre av jentene i gruppa var ein periode opptekne av diverse leikar og spel som hadde med ordattkjenning og minnetrening å gjera. Eg valde så å leggje opp til samtale i tilknytning til eit slikt spel. I andre situasjonar valde eg å begynne å snakke med ungane om ting eg visste dei hadde vore med på, det kunne vera sirkus, påskeaktivitetar eller å gå julebuk. Det tredje året eg gjorde opptak av samtalar, følgde eg same opplegg som det andre året.

Fjerde året

Opptaka som vart gjorde dette året, går ikkje inn i undersøkinga (sjå 2.2.6.3).

2.2.6.3 Andre måtar å få informasjon på

Eit alternativ til deltakande observasjon hadde vore ei strengt strukturert undersøking der eg hadde laga situasjonar med språklege døme som skulle få informantane til å produsere ei av fleire moglege former. Ein slik metode for å samle inn preteritumsformer av verb skildrar Bjerkan og Simonsen (1996). Også om andre av dei områda eg har sett på i undersøkinga, skulle det vera mogleg å samle inn materiale med hjelp av svært strukturerte situasjonar. Til dømes kunne ein tenkt seg at ungane hadde fått presentert teikningar av ulike substantiv, og at dei så ut frå faste spørsmål skulle produsere setningar som viste ulike former av substantivet. Schrader-Kniffka seier dette om deltakande observasjon samanlikna med ei meir strukturert form for innsamling av data:

Die Stärke und auch die Schwäche der Methode der teilnehmenden Beobachtung besteht in der Unstrukturiertheit: Zum einen gelangt sie zu einer Fülle von interessanten Daten, die aus dem Rahmen eines strukturierten Beobachtungsverfahrens im Fehlen einer konkreten Forschungsperspektive oder einer theoretischen Fragestellung. Auf der anderen Seite besteht im Falle einer festgelegten Fragestellung die Gefahr, dass ihr die Beobachtungen untergeordnet werden und die mit teilnehmender Beobachtung explizit angestrebte Authentizität der Daten in Gefahr gerät.

(Schrader-Kniffki 2003:139.)

Det kan sjå ut som ein har meir kontroll over situasjonen di fastare strukturert han er. Det kan vel likevel tenkjast at ein kjem til å mæle noko anna enn det ein trur ein mæler i slike situasjonar. Til dømes kan det tenkjast at informantane er meir opptekne av at situasjonen er uvanleg enn at han er nøytral og objektiv. Det kan tenkjast at informantane freistar oppføre seg slik dei meiner observatøren meiner dei skal oppføre seg, og svara slik dei meiner det blir forventa at dei skal svara. Mine informantar er så gamle at det er truleg at dei har oppdaga skilnaden mellom deira talemål og andre variantar av norsk. Ein kunne så tenkje seg at dei svara ut frå kva dei oppfattar har status i storsamfunnet, ikkje ut frå kva dei verkeleg seier.

Fangen seier dette om fast strukturerte studiar i høve til deltakande observasjon:

mens atferd som studeres under arrangerte betingelser, som observasjon i et laboratorium eller svar på forhåndsdefinerte spørsmål i et spørreskjema, blir påvirket av disse betingelsene, vil slik påvirkning forekomme i langt mindre grad under deltagende observasjon, der forskeren søker å gli naturlig inn i

sammenhengen slik at folk i størst mulig grad skal kunne oppføre seg slik de vanligvis gjør.

(Fangen 2004:196.)

Det siste året eg observerte ungane, hadde eg lagt opp til ein meir strukturert situasjon der ungane skulle fortelje kva dei såg på nokre fotografi. På alle fotografia plasserte ein person eit eller anna ein stad. Målet var å finne ut kva verb dei nytta i slike situasjonar. Eg hadde fotografert handlingar der eg sjølv ville ha nytta verba *setja* og *leggje*, og ville freiste finne ut om ungane også nytta desse verba, og korleis fordelinga var mellom dei. Situasjonen var altså fastare enn det eg hadde lagt opp til åra før. Under intervjuet opplevde eg former som ikkje hadde førekomme i opptaka dei tre føregåande åra. G1 seier: /han pøter bu:ken i hylen/, og nyttar altså formativen *-/en/* i bunden form av to ord som begge er feminina i dei variantar av norsk som har tre kjøn. G6 seier: /pøter bu:ken i hyln/ og /pøtər bu:kən nē:d i səkən si:n/. Ordet *hylle* førekjem ikkje i opptaka eg har gjort med ungane anna enn i opptaka eg gjorde dette året. Alle dei andre informantane som nyttar desse to orda i bunden form i tilsvarende strukturerte opptak, nyttar suffikset *-/a/*. Begge gutane har også førekomstar med suffikset *-/a/*. G1 ved /bu:k/: /pøter bu:ka ti sækən/, G6 ved /hyle/: /sete ðem i hyla/. Etter denne replikken seier eg: /va:/ og G6 gjentek: /sete ðem i hyla/. Det kan tenkjast at gutane nyttar former som dei oppfattar som meir i tråd med ein standard enn dei formene dei elles nyttar. Det kan altså tenkjast at det dei produserer i denne situasjonen, er noko anna enn det dei elles ville sagt. Sjølv sagt kan det vera interessant å finne ut noko om det, og da kunne ein samanlikne korleis informantane snakka i ulike situasjonar. For å finne ut noko om kva former dei nyttar i naturleg samtale, er metoden ikkje like godt eigna.

Eg opplevde også at informantane produserte fleire setningar som eg ut frå min kompetanse i norsk ikkje ville godkjent som grammatiske, i desse strukturerte intervjuet. Til dømes nyttar to av informantane eit substantiv utan førestelt determinativ der eg meiner determinativ er obligatorisk: /pøter bu:k i upi sækən / (G1), /han sæte bu:k di:t/ (peikar på teikninga) (G2), /sæter bu:k in i: sækən/ (G2). Nokre av ungane nyttar førestelt determinativ: /han pøter e:n bu:k i hyla/ (G4), /han seter e:n bu:k i hyla/ (J3), /seter e:n bu:k i sækən/ (J3) og ein unge nyttar suffiks, noko som også er rimeleg ut frå at teikninga gjer det klart kva bok det er snakk om: /han læger bu:ka po: plas/ (J1), /han sæte bu:ka up i sækən/ (J1). Andre informantar nyttar ubunde fleirtal, og det er også forståeleg ut frå fotografia, der det ligg fleire bøker. Det kan tenkjast at årsaka til dei ugrammatiske konstruksjonane ikkje er å finne i kompetansen til dei som ytrar dei, men i sjølve situasjonen. Og dersom ein ikkje ynskjer å undersøkje korleis

språket blir bruka i ulike situasjonar, blir slik påverknad ei feilkjelde. Eg har vilja sjå på variasjon, både mellom ungane, og hos kvar unge. I strukturerte situasjonar ville slik variasjon kunna vera vanskeleg å få auga på. Eg har valt ikkje å nytte opptaka frå det siste året som ein del av det materialet eg undersøker, av di eg meiner feilkjeldene knytte til situasjonen er for store.

3 SPRÅKLEGE DRAG

3.1 Verbfleksjon

3.1.1 Inndeling av norske verb

3.1.1.1 Sterke og linne verb

Norske verb kan delast inn i linne og sterke, ei inndeling ein finn i alle germanske språk. Nokre forskarar har nytta termar som definerer den eine gruppa som regelrett og den andre som uregelrett, til dømes seier Helbig og Buscha (1974:36): ”Nach der *Art der Flexion* unterscheiden wir zwischen regelmässigen und unregelmässigen.” Dei nyttar termen *regelmässig* om det andre kallar linne verb, og *unregelmässig* om det andre kallar sterke verb. Eit av kjernepunktane i diskusjonen om desse fleksjonstypane er nettopp om det finst éin eller to mekanismar bak danninga av sterke og linne fleksjonsformer, og eg vel derfor termene *linn* og *sterk* for at ikkje termene i seg sjølv skal vera bundne til den eine analysen (Endresen og Simonsen 2001:83f.).

3.1.1.2 Preteritopresentiske verb

I tillegg til linne og sterke verb har ein tradisjonelt også rekna med ei gruppe preteritopresentiske verb. Desse verba har ”*blanding av sterk og linn bøyning*: Dette er opph. sterke verb, men pret. og sup. har fått sekundære linne former i staden for dei sterke, som hadde fått presensfunksjon” (Beito 1970:308). Beito nemner desse verba: ”*eige – eig – åtte – ått, kunne – kan – kunne (e. kunde) – kunna, mune – mun – munde (sup. vantar), måtte (e. må) – må – måtte – mått el. måtta, skulle el. skule – skal – skulle (e. skulde) – skul(l)a, turve – turv – turvte – turvt, vite – veit – visste – visst*” (loc.cit.). Eg har funne desse verba med preteritopresentisk bøyning i materialet: kunna, måtte, skulle, vita.

3.1.1.3 Preteritumsformer

Preteritumsformene av desse ulike verbgruppene blir danna på ulike måtar. Langacker seier at grammatikk er av ein symbolsk natur, og alle element i ei grammatisk beskriving må ha ein

eller annan semantisk verdi (Langacker 2001:17). Det vi kallar preteritumsformer, er såleis symbolske uttrykk for eit semantisk innhald, og det er vilkårleg kva form som uttrykkjer det semantiske tilhøvet. Sjølv om det semantiske innhaldet er det same, blir preteritum i norsk danna på ulike måtar etter kva fleksjonsmønster vi har med å gjera.

3.1.1.4 Linn fleksjon

Ved dei verba som tradisjonelt har vorte kalla linne verb, har preteritumsforma av usamansette verb meir enn éi staving i begge skriftmåla og i mange dialektar. Desse verba kan delast inn i to hovudgrupper etter kva suffiks som markerer preteritum. I den eine gruppa er endinga som markerer preteritum, -a (t.d. *sparka*, *sykla*), i den andre -te/-d(d)e (t.d. *skjønte*, *prøvde*, *trudde*)¹⁸. Gruppa med preteritumsuffiks -d(d)e kan vidare delast inn etter kva form verbet har i infinitiv. I den fyrste gruppa endar verba på ein trykklett vokal i infinitiv i begge skriftmåla og i mange dialektar (t.d. *kaste*, *spørja*). I den andre gruppa er endestavinga trykk tung og har final vokal både i skriftmåla og i dialektane (t.d. *nå*, *bu*).

3.1.1.4.1 Linne fleksjonsmønster

Det finst ikkje éin sams måte å klassifisere linne fleksjonsmønster på som alle norske grammatikkar brukar. Faarlund et al. (1997:481, 482) kallar klassen med -a-suffiks i preteritum 1. klasse av linne verb. Dei med suffiks -te/-d(d)e kallar dei 2. klasse. For bokmål opererer dei med undergruppene a), b) og c) av 2. klasse der a) har suffiks -te, b) -de og c) -dde. For nynorsk set dei opp ei undergruppe i tillegg, d). Denne gruppa har -ja i infinitiv, inga ending i presens og -de i preteritum.

Endresen og Simonsen 2001 har ei tilsvarande inndeling, men dei kallar klassane *the larger weak class (WL class)* og *the smaller weak class (WS class)*, der *WL* tilsvarar 1. klasse, og *WS* 2. klasse hos Faarlund et al. (Endresen og Simonsen 2001:86). Grunnlaget for å kalle ei klasse lita og ei anna stor er mengda av verb i *Bokmålsordboka*. *WS* deler dei så opp i undergruppene -/de/ og -/te/, -/de/ deler dei inn i *monosyll.* (2c hos Faarlund et al.) og *other* (2b hos Faarlund et al.). -/te/ hos Endresen og Simonsen utgjer gruppe 2a) hos Faarlund et al. Denne gruppa deler Endresen og Simonsen inn i *-ere-verbs* og *other*. Tal frå mitt materiale viser ikkje at den

¹⁸ Eg går her ut frå nynorsk skriftmål.

gruppa Endresen og Simonsen kallar WL, førekjem oftare hos informantane enn WS, og eg har derfor ikkje overteke denne terminologien. Ein annan grunn til at eg ikkje nyttar nemningane WL og WS, er at det varierer frå dialekt til dialekt kor store desse gruppene er. I ein del dialektar følgjer mange fleire verb det Simonsen og Endresen kallar WS, enn i det normerte bokmålet, og nemningane WS og WL høver dårleg dersom ein snakkar om ein dialekt der gruppa med dentalsuffiks faktisk er størst. Det kan også tenkjast at tilhøvet mellom desse to gruppene kan endre seg i det normerte bokmålet. Ein må så operere med ulike nemningar for gruppa med dentalsuffiks etter kva varietet av norsk ein snakkar om, og det kan ikkje vera naudsynt.

Ei tradisjonell inndeling av linne verb opererer med fire klassar. Ei slik inndeling finst til dømes hos Venås (1974). 1. klasse hos Venås tilsvarar 1. klasse hos Faarlund et al. 2. klasse hos Venås er -ja-verb som skilja, velja, dølja (2d) hos Faarlund et al.). 3. klasse hos Venås tilsvarar 2a) og 2b) hos Faarlund et al., 4. klasse hos Venås tilsvarar 2c) hos Faarlund et al.

Eg har, som det også elles er vanleg i nyare norske framstillingar, valt å rekne med to linne hovudfleksjonsmønster (lv1 og lv2). lv2 har eg så delt inn i lv2a, lv2b og lv2c. Eg reknar ikkje med at -ere-verba får eit eige fleksjonsmønster av di det eine -ere-verbet ikkje oppfører seg annleis enn andre verb med ustemd dental i preteritumsuffikset der infinitivsstommen endar på -r/. Eg har skilt ut verb med stuttform i infinitiv og -/de/ som preteritumsuffiks av di dette fleksjonsmønsteret ser ut til å fungere som erstatningsfleksjonsmønster på eit anna vis enn dei verba som har -/de/ som preteritumsuffiks etter konsonant.

3.1.1.4.1.1 Linne fleksjonsmønster i materialet

Materialet mitt syner at eitt og same verbet kan bøyast i tråd med ulike fleksjonsmønster. Dette gjeld både intraindividuell og interindividuell. Eg reknar derfor med ulike fleksjonsmønster, ikkje ulike grupper av linne verb.

Eg har funne desse linne fleksjonsmønstra hos informantane mine:

lv1: Lint fleksjonsmønster med -/a/ eller -/et/ som endevokal i preteritum og perfektum partisipp.

lv2: Lint fleksjonsmønster med *-te/* eller *-de/* som endevokal i preteritum og *-t/* eller *-d/* i perfektum partisipp¹⁹.

lv2a: *-te/* som endevokal som preteritumsuffiks.

Til denne gruppa reknar eg også svake perfektum partisipp-former med endevokal *-t/* av verb med sterk form i preteritum (Faarlund et al. 1997:487f).

lv2b: *-Kde/* i preteritum

lv2c: *-Vde/* i preteritum

Eg reknar også perfektum partisipp-formene av dei verba med einstava infinitiv av usamansette verb som får sterk form i preteritum, men linn form i perfektum partisipp, som lv2c-former (Faarlund et al. 1997:486).

¹⁹ Når infinitivsstommen endar på *-t/*, blir *r + t* assimilerte til */t/* og *r + d* til */d/* i preteritum og perfektum partisipp.

Tabell 3.1 a Oversyn over linne fleksjonsmønster

<p>lv1 (Endresen og Simonsen: the larger weak class (WL class), Faarlund et al.: 1. klasse, Venås: 1. klasse)</p> <table border="1" data-bbox="188 528 681 674"> <thead> <tr> <th>inf.</th> <th>pres.</th> <th>pret.</th> <th>p.p.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>kaste</td> <td>kastar</td> <td>kasta</td> <td>kasta</td> </tr> </tbody> </table>	inf.	pres.	pret.	p.p.	kaste	kastar	kasta	kasta	<p>lv2 (Endresen og Simonsen: the smaller weak class (WS class), Faarlund et al.: 2. klasse, Venås opererer ikkje med ei overgruppe, men deler desse verba inn i tre jamstelte grupper)</p> <p>lv2a (Endresen og Simonsen: <i>-/te/</i>. Dei reknar med undergruppene <i>-ere-verbs</i> og <i>other</i>. Faarlund et al.: 2a Venås reknar lv2a som éi gruppe saman med det eg kallar lv2b)</p> <table border="1" data-bbox="710 927 1319 1126"> <thead> <tr> <th>inf.</th> <th>pres.</th> <th>pret.</th> <th>p.p.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>føre presentere</td> <td>fører presenterer</td> <td>førte presenterte</td> <td>ført presentert</td> </tr> </tbody> </table> <p>lv2b (Endresen og Simonsen reknar denne gruppa og det eg kallar lv2c, som éi gruppe <i>-/de/</i> som dei så deler inn i to grupper. lv2b kallar dei 'other'. Faarlund et al.: 2b Venås reknar lv21 og lv2b som éi gruppe)</p> <table border="1" data-bbox="724 1395 1241 1507"> <thead> <tr> <th>inf.</th> <th>pres.</th> <th>pret.</th> <th>p.p.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>leva</td> <td>lever</td> <td>levde</td> <td>levt</td> </tr> </tbody> </table> <p>lv2c (Endresen og Simonsen reknar lv2b og lv2c som éi gruppe. lv2c kallar dei <i>monosyll.</i>, Faarlund et al.: 2c Venås: 4)</p> <table border="1" data-bbox="719 1800 1275 1928"> <thead> <tr> <th>inf.</th> <th>pres.</th> <th>pret.</th> <th>p.p.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>sy</td> <td>syr</td> <td>sydde</td> <td>sytt</td> </tr> </tbody> </table>	inf.	pres.	pret.	p.p.	føre presentere	fører presenterer	førte presenterte	ført presentert	inf.	pres.	pret.	p.p.	leva	lever	levde	levt	inf.	pres.	pret.	p.p.	sy	syr	sydde	sytt
inf.	pres.	pret.	p.p.																														
kaste	kastar	kasta	kasta																														
inf.	pres.	pret.	p.p.																														
føre presentere	fører presenterer	førte presenterte	ført presentert																														
inf.	pres.	pret.	p.p.																														
leva	lever	levde	levt																														
inf.	pres.	pret.	p.p.																														
sy	syr	sydde	sytt																														

Tabellen syner kva for fleksjonsmønster som eg har funne i materialet. Fleksjonsmønstra er sette opp slik dei er i nynorsk normalmål, ikkje slik dei er i materialet. Fleksjonsmønsteret skilje – skil – skilde – skilt (2 hos Venås, 2d hos Faarlund et al.) finst berre for verbet *spørja* i materialet. Eg har ikkje sett det opp i oversynet.

3.1.1.5 Sterk fleksjon

Sterk fleksjon av verb som ikkje er samansette, har to stavingar i perfektum partisipp og éi i preteritum. Det finst ulike fleksjonsmønster for sterke verb. Dette kjem eg tilbake til i handsaminga av materialet.

Eg kallar denne fleksjonen *sv*.

3.1.1.6 Overgang frå sterk til linn fleksjon

Ein del verb hører ikkje til i same gruppe i alle målføre. Og ein del verb kan bøyast ulikt av same språkbrukar frå gong til gong. Det er mange verb i materialet som får både sterk og linn fleksjon, avhengig av kven som talar, og om det er snakk om preteritum eller perfektum partisipp, og det førekjem også at same talar bøyer same verb ulikt frå gong til gong. Eit verb som tradisjonelt får sterk fleksjon i skriftmåla og i målføra, kan få linn fleksjon av einskildtalarar og også av fleire talarar. Derfor kjem eg ikkje til å operere med omgrepa sterke og linne verb, men sterke og linne fleksjonsmønster og sterke og linne fleksjonsformer. Også Jacob Grimm (1967 [1870]:754f.) nytta termane *stark* og *schwach* om dei ulike konjugasjonane, ikkje om einskilte verb.

3.1.1.7 Preteritopresentiske verb og verb med liknande bøyning, /spøre/ og /jø:re/

Dei verba som får preteritopresentisk fleksjon, er så få at dei kan reknast opp. Dei eg har funne i materialet i preteritum, er: /kæne/, /skule///skū:/, /mote/., /viste/. *vita* får dentalsuffiks i preteritum, og eg reknar denne forma som ei lv2a-form. Dei andre preteritopresentiske verba får tostava preteritumsform som endar på *-e/* og har ikkje dentalsuffiks.

Tre verb som historisk sett ikkje hører til denne gruppa, får ei liknande bøyning. Eg har funne desse preteritumsformene av dei i materialet: /vile/, /buðe/, /tu:te///tū:te/. Preteritumsformene av *burde* og *tore* har dentalsuffiks, og eg har derfor rekna dei som lv2a-former.

Verba /jø:re/ og /spøre/ har einstava presens, og tostava preteritum og annan vokal i preteritum og perfektum partisipp enn i infinitiv, presens og imperativ. /jø:re/ førekjem både med og utan dentalsuffiks i preteritum, /ju: de/ og /ju:re/ i materialet. Former med dentalsuffiks reknar eg som lv2f-former, former utan dentalsuffiks kallar eg *af* (annan fleksjon), perfektum partisipp-forma har ustemt dental, og er altså ei lv2a-form. Alle førekomstar av /spøre/ i preteritum og perfektum partisipp har dentalsuffiks, og eg reknar derfor desse formene som lv2a-former.

3.1.2 Verbfleksjon i materialet

3.1.2.1 Fleksjonsmønster i materialet

Eg har altså funne desse fleksjonsmønstra hos informantane mine:

lv1: Lint fleksjonsmønster med *-a/* eller *-et/* som ending i preteritum og perfektum partisipp.

lv2: Lint fleksjonsmønster med *-te/*, eller *-de/* i preteritum og *-t/* eller *-d/* i perfektum partisipp.

lv2a: *-te/* som preteritumsuffiks

Til denne gruppa reknar eg også svake perfektum partisipp-former med ending *-t/* av verb med sterk form i preteritum (Faarlund et al. 1997:487f).

lv2b: *-Kde/* i preteritum

lv2c: *-Vde/* i preteritum

Til denne gruppa reknar eg også perfektum partisipp-formene av dei verba med einstava infinitiv av usamansette verb som får sterk form i preteritum, men linn form i perfektum partisipp (Faarlund et al. 1997:486).

sv: Sterkt fleksjonsmønster med ei staving mindre i preteritum enn i infinitiv og endinga *-e/* eller *-et/* i perfektum partisipp.

To verb har ei staving mindre i preteritum enn i infinitiv, utan at det er vanleg å sjå på dei formene som sterke former, /sa:/ og /la:/. Dette er avstutta former av linn fleksjon i diakront perspektiv, men i synkront perspektiv er det rimeleg å sjå på dette som sterke

former. Berre /sa:/ førekjem i materialet. Eg har plassert denne forma saman med andre einstava preteritumsformer, og reknar ho altså som sv-fleksjonsform.

af: Annan fleksjon, tostava preteritumsformer som endar på -e/ utan dentalsuffiks.

3.1.2.2 Førekomstar i materialet

3.1.2.2.1 Variasjon i materialet

Variasjon finst både som ulike former i same gruppe og fleksjon av eitt og same verb på ulike måtar. Det fyrste ser vi i perfektum partisipp-forma av verb som er einstava i infinitiv, der både stemd og ustemd dental førekjem som endekonsonant, i sterke perfektum-partisippformer der både -et/ og -e/ førekjem som ending, og i veksling mellom lv1-preteritumsformene -a/ og -et/. Det andre ser vi når verb som har sterk fleksjon i skriftmåla, får linn ending, og når verb får lv1-ending i somme førekomstar og lv2-ending i andre.

Variasjon kan finnast både hos éin språkbrukar, og i gruppa. I den fyrste typen er det variasjon mellom ei form som finst i norske dialektar rundt Guovdageaidnu, og ei form som blir bruka i bokmål. I eitt tilfelle kan også dialektforma (-a/ som lv1-ending i preteritum og perfektum partisipp) brukast i bokmål, men den andre forma er vanlegare i bokmål (-et/). Dialektformene samsvarar i nokre tilfelle med nynorsknormalen (-a/ som lv1-ending, -e/ som sv-ending i perfektum partisipp). Den andre typen variasjon har ikkje å gjera med tradisjonelle skilnader mellom skriftmål og dialekt, men her varierer ein bøyingsmåte som tradisjonelt sett i prinsippet har vore lik i normalisert bokmål og dialekt, med former som ser ut til å vera nyskapingar. Tabellane under viser kva for førekomstar som førekjem hos dei ulike informantane. Eg har notert kva for variasjon som finst hos kvar informant.

3.1.2.2.2 Førekomstar hos kvar informant

Ettersom eg ”har vilja sjå på variasjon, både mellom ungane, og hos kvar unge” (2.2.6.3), har eg sett opp førekomstane eg har funne hos kvar informant.

G1

Tabell 3.1b Preteritumsförekomstar hos G1

	lv1	lv2	sv	af
1. året	teina			
2. året		hade	so: tuk va: (2)	kune (3)
3. året	knū:sa kasta (2)	knūste	ble: fant sa: va: (2)	ju:re

Tabell 3.1c Förekomstar av perfektum partisipp hos G1

	lv1	lv2	sv	af
1. året			dutet skri:vet	
2. året	ʃlipa (2) stika	be´svi:mt blid blit had (2) tad (2)	fune	
3. året	so:ra	brækt fod (2) juʈ (2) knūst	fūnet	

G1 gjev to verb som har sterk fleksjon i begge skriftspråka, linn form (/stika/, /ʃlipa/). Verbet *brekke* har sterk fleksjon bokmål, men i dialektane er linn fleksjon det vanlege, og linn

fleksjon er eineform i nynorsk skriftmål. Eit verb som i skriftspråka blir bøygd som lv2 (*knuse*), bøyer han i éin førekomst som lv1, elles (to førekomstar) som lv2. G1 nyttar *-et/* som ending i perfektum partisipp i sv i tre førekomstar. Éin førekomst har endinga *-e/*. Av verb som har einstava infinitiv, får sju stemd utlyd, medan éin førekomst får ustemd utlyd i perfektum partisipp.

G2

Tabell 3.1 d Preteritumsførekomstar hos G2

	lv1	lv2	sv	mv
1. året	besvi:ma tæŋna (2)	hade (2)	va: (2)	skule (2)
2. året		viste hade (4)	va: (2) tuk	skule (2)
3. året	panta (2)	ŷjøpte hade (2)	va: (2) fu:r (3)	

Tabell 3.1 e Førekomstar av perfektum partisipp hos G2

	lv1	lv2	sv	af
1. året	snækra	væt (2) stodd	dute	
2. året		væt (3) sed		
3. året	snekra (2) snikra panta kasta	knø:st ŷlæŋt tad	fūnet	

G2 gjev eitt verb som i bokmål blir bøygt etter lv2-mønsteret, lv1-fleksjon (*besvime*). Dette verbet er tradisjonelt ikkje nytta i nynorsk skriftmål.

G2 nyttar *-et/* i perfektum partisipp av sv-fleksjon i eitt tilfelle. I eitt tilfelle nyttar han *-e/*. Av verb som har einstava infinitiv, får tre stemd utlyd. Det er ingen førekomst av ustemd utlyd i perfektum partisipp.

G3

Tabell 3.1 f Preteritumsførekomstar hos G3

	lv1	lv2	sv	af
1. året		by:nte gnagde	blei jalp kom (2) va: (11) va:r (2)	ju:re
2. året		hade (2)	so:	kune (6)
3. året	hopa	hade (4) sæte fjò:te veide	blei dat (2) fant fik heiv jik (3) fjòit tu:k va: (12)	mote (3) skule skø: (2) ju:re

Tabell 3.1 g Førekomstar av perfektum partisipp hos G3

	lv1	lv2	sv	af
1. året		brukt fod væt		
2. året	fliπα	fod had juτ (4) fлот væt		
3. året	paka	spa:τ sed		

G3 gjev eitt verb som får sterk fleksjon i bokmål, lv1-ending i preteritum partisipp (/fliπα/).

Verbet får ein annan stommvokal i nynorsk (*sleppe*), og blir bøygt etter lv2-mønsteret når det har transitiv tyding (sleppe – sleppte – sleppt). I denne førekomsten har verbet transitiv tyding, men det er lite truleg at G4 ville valt ei anna form dersom verbet hadde vore bruka intransitivt. Av verb som har einstava infinitiv, får fem førekomstar stemd utlyd, ein førekomst ustemd utlyd i perfektum partisipp.

G4

Tabell 3.1 h Preteritumsførekomstar hos G4

	lv1	lv2	sv	af
1. året	ikkje opptak			
2. året	hæfta	(h)ade viste (2)	fik va: (2) va:r	
3. året	bi:ta fleika stika fy:va	by:nte hade (3)	va: (2) so:	ju:re

Tabell 3.1 i Førekomstar av perfektum partisipp hos G4

	lv1	lv2	sv	af
1. året	ikkje opptak -			
2. året		væt kukt		
3. året	pisa ska:da	sed (3) set (2) væt (2)	dute	

G4 bøyer tre verb som i skriftmåla blir bøygde etter sv-fleksjonen, etter lv1-fleksjonen. Av verb som har einstava infinitiv, får tre førekomstar stemd utlyd, ein førekomst ustemd utlyd i perfektum partisipp.

G5

Tabell 3.1 j Preteritumsførekomstar hos G5

	lv1	lv2	sv	af
1. året	fiska (2) kræsja mista pra:ta	prøvde fjò:rte (5) riŋte	ble: (2) fik (3) kom lo: stu: va: (3)	
2. året	buma joba kasta sparka fjy:ta	drøm:te fjò:lte hade (12) jide prøvde sænte trude (3) fjò:te (2) tæ:te	ble: fik (3) fu:r (3) kom (4) lo: (3) sa: (3) sat (2) skreik flu: (2) so: (2) tu:k (6) va: (21)	skule (3) skæ: (2) kæne
3. året	dræ:g dræ:g træ:ga dræ:ga hopa (2) kli :pa mista (2) sparka fjy:ta træfa	hade (3) kla:te prøvde prøvde rupte spu:te viste	ble: (3) dat (2) fik jik (2) kom (3) lo: so:v skøut skreiv (2) stu: (2) tu:k (2) traf (2)	skule (2) skæ: (3)

			va :(6)	
--	--	--	---------	--

Tabell 3.1 k Førekomstar av perfektum partisipp hos G5

	lv1	lv2	sv	af
1. året	fløta (2)	vært fjò:rt vært	sove	
2. året	la:ga sæta (2)	de:lt fod kla:t(2) prøvd tad		
3. året		sed læ:t	trufe kome dute	

G5 gjev tre verb som i skriftmåla blir bøygde etter sv-fleksjonen, suffiks frå lv1-fleksjonen (*skyte, drage, klipe*). Dei to fyrste verba har to førekomstar med slik fleksjon, det siste éin. Han har også ein førekomst med forma /skøæt/ i preteritum av *skyte*. Også eitt verb som i bokmål blir bøygt etter sv-mønsteret, og i nynorsk etter lv2, gjev han ending etter lv1 i preteritum (*treffe*). Verbet *setja*, som i skriftmåla blir bøygd etter lv2-mønsteret med vokalskifte e-a, bøyer han etter lv1-mønsteret. Eitt verb som får sterk form i preteritum i begge skriftmåla, gjev han lv2-ending i preteritum (/jide/). Han har fire førekomstar av perfektum partisipp av sv med endevokal -/e/, ingen med ending -/et/. Av verb som har einstava infinitiv, får fire førekomstar stemd utlyd, ingen førekomst ustemd utlyd i perfektum partisipp.

G6

Tabell 3.1 l Preteritumsførekomstar hos G6

	lv1	lv2	st	af
1. året	klatra (2)	hade	jik va: (2) va:r (2)	

2. året	disa hopa klatra lana rula snaka sparka sta:ʔa	bʉdɛ hade (7) jide prøvd(e) si:lte	ble: brant fik jik (4) kom (6) lo: (2) røik skle: (2) so: tu:k (2) va: (5) va:r (17)	ju:re (3) kʉne (2) mote
3. året		hade likte trude	bʉe: saŋ saŋk (2) so: (2) tu:k va:r (3)	skʉle

Tabell 3.1 m Førekomstar av perfektum partisipp hos G6

	lv1	lv2	sv	af
1. året	ingen	førekomstar		
2. året	ordna	kla:t stot tat væt (5)		
3. året	snaka tæina (3) tæinet	set spist spi:st smakt		

G6 har ein førekomst der han gjev eit verb som får sterk form i preteritum i begge skriftmåla, lv2-ending i preteritum (/jid:e/). Av verb som har einstava infinitiv, får ingen førekomstar stemd utlyd, to førekomstar får ustemd utlyd i perfektum partisipp.

J1

Tabell 3.1 n Preteritumsførekomstar hos J1

	lv1	lv2	sv	af
1. året	fisket mista	reiste lede bynte tu:ʔe (2)	fik (2) lu: skvat so: va: (3)	skule
2. året		prøvde	so : va:	
3. året	skra:pa klatra le:ta ma:ta	bløde (2) bynte dø:de hade (8) pleide rømte skrænte (2) spiste tu:ʔe	ble: (3) blei dat (2) fik (3) fu:r (3) he:t (2) kom sa: (1) so: (4) tu:k (2) va: (13) va:r (2)	mote (3) skule

Tabell 3.1 o Førekomstar av perfektum partisipp hos J1

	lv1	lv2	sv
1. året			dætet
2. året	ingen	førekomstar	
3. året	skra:pa ʃluta	brækt ʃæ:t	funet

		hat fød sed	
--	--	-------------------	--

J1 har ein førekomst av varianten *-et/* som ending i lv1-mønsteret. Sju førekomstar har *-a/*. Ho gjev eitt verb som får sterk fleksjon i skriftmåla (*le*), lv2-suffiks i preteritum. Same verbet har ein førekomst der det får tilsvarende form som i skriftmåla (*/lu:/*). To verb med sterk fleksjon i skriftmåla får lv2-form i preteritum partisipp (ein førekomst av kvart verb). Eitt verb som på bokmål blir bøygd etter lv2, gjev ho ending etter lv1-mønsteret i preteritum. Dette verbet førekjem ikkje med den stommvokalen ho brukar, på nynorsk (*/le:ta/*). Ho brukar endinga *-et/* i perfektum partisipp på to verb i sv-gruppa. Det er ingen førekomstar i materialet der ho brukar *-e/* i perfektum partisipp i sv-gruppa. Av verb som har einstava infinitiv, får to førekomstar stemd utlyd, éin førekomst ustemd utlyd i perfektum partisipp.

J2

Tabell 3.1 p Preteritumsførekomstar hos J2

	lv1	lv2	sv	af
1. året				
2. året		viste	so: (2) va:(2)	
3. året	sykla	by:nte hade (3) jakt(e) spiste	fløi kom flu: tuk va: (5)	skule

Tabell 3.1 q Førekomstar av perfektum partisipp hos J2

	lv1	lv2	sv	af
1. året				
2. året		sed (2) god	fune (2)	
3. året		bid blid		

		bynt dræpt had (2) spist		
--	--	-----------------------------------	--	--

Av verb som har einstava infinitiv, får alle førekomstane (7) stemd utlyd.

J3

Tabell 3.1 r Preteritumsførekomstar hos J3

	lv1	lv2	sv	af
1. året		teŋte	jik (2) trak	
2. året		bejynte dø:de hade		
3. året		bude hade (2)	dru: (3) jik kom va:r (3)	

Tabell 3.1 s Førekomstar av perfektum partisipp hos J3

	lv1	lv2	sv	af
1. året		kast´re:t(2) set		
2. året	kvestet	tad (2)		
3. året		god had		

J3 nyttar -/et/ som lv1-ending for éin førekomst i perfektum partisipp. Av verb som har einstava infinitiv, får fire førekomstar stemd utlyd og éin førekomst ustemd utlyd.

J4

Tabell 3.1 t Preteritumsførekomstar hos J4

	lv1	lv2	sv	af
1. året	hopa (2) filma luka	bynte (3) hade (7) loste	ble: fu:r sa: so: (2) spran va: (15)	ju:re kune (3) mote sku: (5) skule (2) vile (2)
2. året	samla	bynte (1) dø:de hade (7) hø:te snude viste	va: (4) jik	skule
3. året		hade (3) lagde likte (2)	he:t kom va: (3)	

Tabell 3.1 u Førekomstar av perfektum partisipp hos J4

	lv1	lv2	sv	af
1. året	filma (2)	tføpt blit teŋt (2) brukt		
2. året		had fod glæmt god tad	komet	
3. året		hø:te	komet (2)	

Av verb som har einstava infinitiv, får fire førekomstar stemd utlyd og éin førekomst ustemd utlyd.

J5

Tabell 3.1 v Preteritumsførekomstar hos J5

	lv1	lv2	sv	af
1. året				skæ:
2. året	Ingen opptak desse to åra.			
3. året				

Tabell 3.1 w Førekomstar av perfektum partisipp hos J5

	lv1	lv2	sv	af
1. året	Ingen førekomstar.			
2. året	Ingen opptak desse to åra.			
3. året				

J6

Tabell 3.1 x Preteritumsførekomstar hos J6

	lv1	lv2	sv	af
1. året	leita sparka		spraŋ so: fant flu: va:(2)	
2. året	kapsykla stopa	brukte dø:de (2) gravde hade (4) lagde teŋte fjø:te	ble: (4) krøip so: tu:k (3)	skøle
3. året	tæŋna (2)	dø:de hade (5) køne levde (2)	ble: (2) blei fik (2) he:t	skøle (3)

		fede sente fõnte spũ:te svõmte trude	kom lõi sa: (3) so: sat skre:v fleit (2) fõit (3) spran (3) tu:k tuk (2) va: (6) va:r	
--	--	---	---	--

Tabell 3.1 y Førekomstar av perfektum partisipp hos J6

	lv1	lv2	sv	af
1. året	faŋa (2) klipa	li:mt fæ:t		
2. året	skleia	bit god møt po:fõ:t	fũne	
3. året		væt		

J6 har éin førekomst med stemd utlyd av verb som har einstava infinitiv, ingen førekomstar med ustemd utlyd.

J7

Tabell 3.1 z Preteritumsførekomstar hos J7

	lv1	lv2	sv	af
1. året	Ingen opptak dette året			
2. året	Ingen førekomstar			
3. året	Ingen opptak dette året			

Tabell 3.1 æ Førekomstar av perfektum partisipp hos J7

	lv1	lv2	sv	af
1. året	Ingen opptak dette året			
2. året	Ingen førekomstar			
3. året	Ingen opptak dette året			

3.1.2.2.3 Verb og former i dei ulike fleksjonsmønstra

I tabellen under har eg delt verba som får lv2-endingar, inn i tre undergrupper. lv2a og lv2b har to eller fleire stavingar i infinitiv. lv2a får ending *-te/* i preteritum og *-t/* i perfektum partisipp. lv2b får *-de/* i preteritum og *-d/* i perfektum partisipp. lv2c har éi staving i infinitiv av usamansette verb. Endinga i preteritum er *-de/*, i perfektum partisipp *-d/* eller *-t/*. Når lengd på dentalen ikkje er markert i preteritum og perfektum partisipp, er det fordi dentalen alltid vil vera lang etter ein stutt vokal.

Verbet */jø:re/* kan få form utan dental i preteritum, og i dei tilfella der dette førekjem i materialet, har eg plassert det i gruppe 4.

Tabell 3.1 ø Former i ulike fleksjonsmønster i preteritum og perfektum partisipp²⁰

Type Inf,år	Pret.						PP									
	lv1		lv2 a	lv2 b	lv2 c	sv	af	lv1		lv2 a	lv2 b	lv2c		sv		af
	-a	-et	-te	-de	-de			-a	-et	-t	-d	-d	-t	-e	-et	
G1 1.	1														2	
G1 2.				1	4	3						6	1	1		
G1 3.	3		1			5	1					2			1	
G2 1.	3				2	2	2	1		2		1		1		
G2 2.			1		4	3	2			3		1				
G2 3.	2		1		2	5		5		2		1			1	
G3 1.			1	1		17	1			2		1				
G3 2.					2	1	6	1		4		3	1			

²⁰ J5 og J7 har ingen førekomstar og er derfor ikkje sette opp i tabellen.

G3 3.	1		2	1	4	23	7	1		1		1				
G4 1.	Ingen opptak dette året															
G4 2.	1		2		1	4		2		2		3	2	1		
G4 3.	4		1		3	3	1									
G5 1.	5		6	1		11		2		3				1		
G5 2.	5		6	1	16	51	6	3		3	2	2				
G5 3.	10		4	2	3	28	5				3			3		
G6 1.	2				1	5										
G6 2.	8		1	2	8	43	6	1		6			2			
G6 3.			1		2	10	1	4	1	3			1			
J1 1.	1	1	4		1	8	1								1	
J1 2.				1		2										
J1 3.	4		6	2	10	37	4	2		2		2	1			
J2 1.	Ingen opptak dette året															
J2 2.			1			4										
J2 3.	1		3		3	9	1					3		2		
J3 1.			1			3				2			1			
J3 2.			1	1	1				1			2				
J3 3.					3	8						2				
J4 1.	4		4		7	21	14	2		4			1			
J4 2.	1		3	1	8	5	1						4		1	
J4 3.			2	1	3	5				1					2	
J6 1.	2					6		3		2						
J6 2.	2		3	4	4	9	1	1		3	1			1		
J6 3.	2		4	3	7	32	3									
J7 1.	Ingen opptak dette året															
J7 2.	Ingen førekomstar															
J7 3.	Ingen opptak dette året															
Sum	62	1	57	21	96	364	66	28	2	45	6	30	14	10	8	

3.1.2.2.3.1 Verb med lv1-suffiks

Desse verba får lv1-ending (-/a/ eller -/et/) i preteritum i materialet (talet på førekomstar står i parentes). Når det ikkje står noko tal, er det éin førekomst i materialet²¹: *besvime, bite, bomme, disse, drage* (2), *filme, fiske* (3), *hefte, hoppe* (5), *jobbe, kaste* (3), *klatre* (3), *klipe, knuse, kræsje, lande, leite* (2), *lukke, mate, miste* (4), *pante* (2), *prate, rulle, samle, skrapa, skyte* (2), *skyve, sleike, snakke, sparke* (4), *starte, stikke, stoppe, sykle* (2), *teikne* (5), *treffe*. Til saman dreier det seg om 36 verb og 63 førekomstar. Av desse verba har to obligatorisk lv2a-ending i begge skriftmåla (*besvime, knuse*), fire har einstava, sterk preteritumsform i begge skriftmåla (*klipe, skyte, skyve, stikke*), og eitt verb har obligatorisk lv2a-ending i nynorsk, og sterk, einstava preteritumsform i bokmål (*treffe*).

I perfektum partisipp får desse verba lv1-ending: *fange* (2), *filme* (2), *flytte* (2), *kaste, klippe, kveste*²², *lage, ordne, pakke, pante, pisse, sette* (2), *skade, skli, skrape, slippe* (3), *slutte, snikre* (4), *stikke, sykle, såre*. Til saman dreier det seg om 21 verb og 30 førekomstar. Av desse verba har eitt verb obligatorisk lv2a-ending i begge skriftmåla (*setja*), og eitt obligatorisk sterk form i perfektum partisipp på bokmål (*slippe*, dette verbet førekjem ikkje på nynorsk med denne stomnvokalen. Verbet *sleppe* får lv2a-ending når det er bruka transitivt, sterk form i intransitiv bruk). Eitt av verba har obligatorisk sv-form i begge skriftmåla (*stikke*).

3.1.2.2.3.2 Verb med lv2a-suffiks

Desse verba får lv2a-ending i preteritum: *begynne* (9), *bruke, drømme, føle, høre, jage, kjøpe, kjøre* (9), *klare, knuse, like* (2), *låse, reise, ringe, rope, rømme, sende* (2), *setja, sile, skjønne, skremme* (2), *spise* (2), *spørja* (2), *symja, tenkje* (2), *tore* (4), *vita* (6). Til saman dreier det seg om 27 verb og 57 førekomstar.

I perfektum partisipp får desse verba lv2a-ending: *begynne, besvime, bite, brekke* (2), *bruke* (2), *dele, drepa, gjera* (5), *glømme, høre, kastrere* (2), *kjøpe, kjøre* (2), *klare* (3), *knuse* (2),

²¹ Eg gjev opp verba i normalisert nynorsk form i kursiv. Verb som skil seg sterkt frå nynorsk normalmål i talemålet til ungene, har eg skrivne etter ortografiske reglar for normalmålet, men slik at det lydleg skal tilsvare talemålet til ungene. Når eg gjev att verba slik dei førekjem i materialet, og også elles når eg viser til verb slik dei førekjem i talemålet, nyttar eg IPA og set orda i //.

²² „skada (sterkt); skamfara“ (Norsk ordbok 2007: 1447)

koke, lime, lære, møte, skjera (2), *slenge, spara, spise, tenkje* (2), *vera* (17). Til saman dreier det seg om 25 verb og 54 førekomstar. Av desse verba får eitt sv-fleksjon i perfektum partisipp i begge skriftmåla (*skjera*). Tre verb får sv-form på nynorsk, og l2a-ending på bokmål (*bite, drepa, vera*). Eitt verb får sv-form i perfektum partisipp på bokmål og lv2a-fleksjon på nynorsk og i dei fleste dialektane (*brekke*).

Desse verba har ikkje ein einsarta fleksjon, ettersom det skjer lydlege endringar i nokre av dei. Ein del av verba har annan kvantitet i preteritum og perfektum partisipp enn i infinitiv og presens: /brʉ:ke/ - /brukte/ - /brukt/²³, /dræ:pe/ - /dræpt/, /hø:re/ - /høt/, /ja:ge/ - /jakt(e)/, /ʃø:pe/ - /ʃøpte/ - /ʃøpt/, /knʉ:s:e/ - /knuste/, /ku:ke/ - /kukt/, /læ: t̥e/, /t̥mø:te/ - /møt/, /ru:pe/ - /rupte/, /spi:se/ - /spiste/ - /spist/, /væ:re/ - /væt/. Det finst også førekomstar med lang vokal av tre av desse verba: /hø:t̥e/, /hø:t̥/, /knʉ:st/, /spi:st/.

Dei verba som endar på -t/ i infinitivsstommen, får assimilasjon til /t̥/ i preteritum og perfektum partisipp. Desse formene med lv2a-ending i preteritum og/eller perfektum partisipp, finst med assimilasjon i materialet: /hø: t̥e/, /hø: t̥/, /hø:t̥/, /jut̥/, /kas'tre:t̥/, /ʃø: t̥e/, /kla: t̥e/, /læ:t̥/, /ʃæ:t̥/, /væt̥/.

Ein del av dei verba som har lv2a-endingar i preteritum og/eller perfektum partisipp, har presens og/eller infinitivsformer som skil seg frå det vanlege lv2a-mønsteret. Eg har likevel nemnt dei her av di dei får ustemd dental i preteritum og/eller perfektum partisipp. Dette gjeld verba gjera, spørja, tore, vera. Også blant desse verba førekjem kvantitetsendringar og assimilasjon.

Verbet *møte* får kvantitetsendring i preteritum og perfektum. Om dette verbet kan reknast som eit lv2a-verb, er ikkje heilt opplagt, ettersom infinitivsstommen endar på /t/. Eg har likevel rekna forma /møt/ som ei lv2a-form.

²³ Eg set berre opp preteritum og perfektum partisipp når slike former førekjem i materialet. Infinitivsforma har eg sett opp også når ho ikkje førekjem i materialet.

3.1.2.2.3.3 Verb med lv2b-suffiks

Desse verba får lv2b-ending i preteritum: *burde, døy* (6), *gnaga, grava, laga* (2), *leva* (2), *pleie* (med tydinga *pla*), *prøve* (6), *vega*. Til saman dreier det seg om 9 verb og 21 førekomstar.

I perfektum partisipp får berre eitt verb lv2b-fleksjon: *prøve*.

3.1.2.2.3.4 Verb med lv2c-suffiks

Desse verba får lv2c-fleksjon i preteritum: *blø* (2), *bu, gi* (2), *ha* (83), *le, skje, snu, tru* (5). Til saman dreier det seg om 8 verb og 96 førekomstar.

I perfektum partisipp får desse verba lv2c-fleksjon: *bli* (5), *fø, få* (6), *gå* (4), *ha* (8), *sjå* (13), *slå, stå, ta* (8). Til saman dreier det seg om ni verb og 44 førekomstar.

3.1.2.2.3.5 Verb med sv-fleksjon

Desse verba får sv-fleksjon i preteritum: *bli* (23), *brenne, detta* (6), *dra* (3), *fara* (10), *finne* (3), *fly, få* (17), *gå* (14), *heite* (4), *hive, hjelpe, komma* (21), *krype, le, liggje* (7), *lyge, ryke, seia* (9), *sitja* (3), *sjå* (21), *skli* (2), *skrike, skrive* (3), *skvette, skyte* (5), *slå* (4), *slite* (2), *sova, springe* (5), *stå* (3), *syngje, synke* (2), *ta* (23), *treffe* (2), *trekke, vera* (159). Til saman dreier det seg om 35 verb og 364 førekomstar.

I perfektum partisipp førekjem desse verba med sv-fleksjon: *detta* (5), *finne* (7), *komma* (4), *skrive, sova, treffe*. Til saman dreier det seg om seks verb og 16 førekomstar.

Verba med sv-fleksjon kan delast inn i ulike undergrupper, sjå 3.1.3.3.2.

3.1.2.2.3.6 Verb med annan fleksjon

Desse verba får annan fleksjon (af) i preteritum: *gjera* (8), *kunna* (15), *måtte* (8), *skulle* (33), *vilja* (2). Til saman dreier det seg om 5 verb og 66 førekomstar.

I perfektum partisipp får ingen verb annan fleksjon (af).

3.1.2.2.4 Etablerte og ikkje-etablerte former

Norsk talemål er ikkje etablert i Guovdageaidnu på same vis som i norske bygder og byar der norsk har vore talespråket i uminnelege tider. Ingen av informantane har foreldre som har vakse opp i Guovdageaidnu med norsk som einaste talemål, og berre ein av informantane har ein forelder som har vakse opp i Guovdageaidnu med norsk som eitt av to talemål. Dei av foreldra som har vakse opp med norsk som einaste talemål, kjem frå andre stader enn Guovdageaidnu. Det er derfor ikkje slik at ungane har vakse opp med éin variant av norsk talemål rundt seg som har vore dominerande. Derfor er det heller ikkje mogeleg å operere med ei norm for etablert norsk Guovdageaidnu-mål som ein så kan mæle formene til informantane mot. Eg har av den grunn valt å sjå på alle former som finst i eitt eller begge av skriftmåla, som etablerte former der tilsvarande former hos informantane ikkje inneber noko brot med etablert bruk. På same vis har eg valt å sjå på former som ein finn i nabobygdene utanom det samiske forvaltingsområdet som etablerte former. Former som Venås (1967 og 1974) gjev opp som nordnorske variantar eller allmenne talemålsvariantar, ser eg òg på som etablert mål. Former som finst i norske dialektar som ungane ikkje har vore i nær kontakt med, vil eg kalle ikkje-etablerte former. Slike former førekjem også mellom vaksne i Guovdageaidnu, men da oftast hos folk som har norsk som andrespråk.

Førekomstane av linne former i materialet av verb som har sterke former i eitt av skriftmåla, men ikkje i det andre, og der talemålsforma i materialet fell saman med ei av skriftmålsformene, reknar eg ikkje som ikkje-etablert form.

Tabellen under syner talet på verb i dei ulike fleksjonane. I kolonnen til venstre står dei fleksjonsmønstra eg har funne i materialet. I kolonnen v står talet på verb som får slik fleksjon i materialet. Under fk står talet på førekomstar av fleksjonen i materialet. Under (et) står talet på dei av verba som har slik etablert fleksjon.

Tabell 3.1 å Talet på verb i dei ulike fleksjonane

	preteritum			perfektum partisipp		
	mat.		(et.)	mat.		(et.)
	v	fk.	(v)	v	fk.	(v)
lv1	36	63	(30)	21	30	(18)
lv2a	27	57		26	56	
lv2b	9	21		1	1	
lv2c	8	96	(6)	9	44	
lv2	44	174		36	101	
sv	35	364		6	17	
af	5	66				

3.1.2.2.5 Produktive fleksjonsmønster

Tre av dei seks gruppene ((lv1, lv2a, lv2b, lv2c, sv, af) eg har sett opp under 3.1.2.1, ser ut til å vera produktive i den forstand at dei kan fungere som mønster for verb som har andre former i skriftmåla. Vanlegast er det at sterke verb får ei linn form. Både lv1, lv2a og lv2c førekjem som erstatningsmønster for verb som får sterk fleksjon i eit av eller begge skriftmåla. Dei sterke verba som får lv2a-fleksjon i materialet, har slik fleksjon også i vanleg talemål blant vaksne, både i Guovdageaidnu, elles i Finnmark og elles i landet. Eitt av desse verba har sterk form i begge skriftmåla (*skjera*), men linne former er vanlege i talemål, to verb har sterk form i både preteritum og perfektum partisipp berre i nynorsk (*drepa*, *bite*). Begge har lv2a-form i bokmål og ofte i talemål i perfektum partisipp, medan *drepa* har linn form også i preteritum både i bokmål og ofte i talemålet. Ei l2a-form i perfektum partisipp finst òg i nynorsk og i vanleg talemål (Venås 1967:103), men ikkje i bokmål (av *brekke*). Forma l2a-form av det siste verbet som førekjem med l2a-form i perfektum partisippform i materialet (komma), er ikkje tillaten form i skriftmåla, og heller ikkje vanleg i nordnorsk mål. Forma er vanleg i ein del andre norske dialektar.

Overgangane kan setjast opp slik:

1. sv→lv1 Verb som får sv-fleksjon i eitt eller begge skriftmåla, får lv1-form.
2. sv→lv2c. Verb som får sv-fleksjon i eitt eller begge skriftmåla, får lv2c-form.

3. lv2a→lv1

Overgang 2 er den einaste overgangen det finst døme på i materialet der ein må kunna seia at overgangen er etablert i store delar av norsk talemål. Overgang 1, som det finst åtte døme på i preteritum og tre døme på i perfektum partisipp, er ikkje ein overgang som det finst døme på i skriftmåla. Det finst òg tre døme på verb som får overgang 4, to i preteritum (besvime, knuse) og eitt i perfektum partisipp (setja) (to førekomstar). Det finst ingen døme i materialet på lv1→lv2. I materialet finst det tre førekomstar av sv→lv2c (le, gi (2)).

I materialet finst desse døma på overgang til ikkje-etablerte former:

1. sv→lv1

Preteritum:

/stika/ (G4), /fy:va/ (G4), /bi:ta/(G4), /fy:ta/ (2) (G5), /træfa/²⁴ (G5), /kli:pa/ (G5), /dræ:ga/ (1), /dræ:ga/ (G5)

Perfektum partisipp: /flipa/ (2) ((G2), /stika/, (G2), /flipa/ (G3), /skleia/ (J6)

2. sv→lv2a

Perfektum partisipp:

/fæ: t/ (j1)

3. sv→lv2c. /jide/ (G5), (G6), /lede/ (J1)

4. lv2a→lv1

Preteritum: /kn ɹ:sa/ (G1), /besvi:ma/ (G2)

Perfektum partisipp: /sæta/ (2)(G5)

3.1.3 Drøfting av materialet

3.1.3.1 Tidlegare drøftingar

3.1.3.1.1 Eksperimentell studie

Hanne Gram Simonsen, Hrafnhildur Ragnarsdóttir og Kim Plunkett har gjennomført ein eksperimentell studie av tileigning av preteritum. Hanne Gram Simonsen presenterer og drøftar resultata frå den norske delundersøkinga i Simonsen (2001). Simonsen gjer greie for

²⁴ Informanten nyttar forma /traf/ to gonger i same opptaket. Eg oppfattar derfor sterk fleksjon av verbet som etablert, jamvel om verbet har lv2-fleksjon i mange målføre og i nynorsk skriftmål.

ulike måtar å oppfatte tileigning av preteritumsformer på. Éi retning i språkvitskapen meiner at det berre er éin mekanisme bak all danning av preteritumsformer, ”a mechanism which is sensitive to input factors and token frequencies of verb forms, and to their phonological properties” (Simonsen 2001:131). Denne retninga kallar ho ”the single mechanism account” (Simonsen 2001:130). Bjerkan og Simonsen 1996 nyttar termen ”én enkelt lærings- og prosesseringsmekanisme” (Bjerkan og Simonsen 1996:191).

Ei anna hovudretning kallar ho ”the dual mechanism account”, ”todelt lærings- og prosesseringsmekanisme” (loc.cit.), og i denne retninga går ein ut frå at det er minst to heilt ulike mekanismar som verkar, éin mekanisme for linn fleksjon og éin for sterk. Dei linne formene er regelstyrte resultat, medan dei sterke formene i stor grad er baserte på minnet og lagra som einskildformer. Dersom leksikon ikkje leverer ei sterk form, er det ikkje noko som blokkerer for ei overgeneralisering av linn fleksjon. Inputfaktorar verkar ikkje inn på slik overgeneralisering, og heller ikkje på korrekt tileigning av linne verb. I ei slik forklaring reknar ein med at overgeneralisering av sterke fleksjonstypar førekjem sjeldnare.

3.1.3.1.1 Drøfting av systemet i moderne høgtysk i eit naturlegskapsperspektiv

3.1.3.1.1.1 Naturlegskapsteori

Wurzel (2001 [1984]) hevdar at visse fleksjonsklassar er meir markerte enn andre, og at dei meir markerte fleksjonsklassane er mindre normale i eit gjeve språk enn umarkerte fleksjonsklassar. Endringar i eit språk som ikkje har med kontakt mellom dialektar eller ulike språk, påverknad frå ei norm og liknande å gjera, men som heilt eintydig er indre endringar, vil alltid, seier Wurzel, føregå ved at eit meir markert fleksjonsmønster går over til eit mindre markert mønster (Wurzel 1984:77). Det finst ikkje, seier Wurzel, nokon universelle kriterium som avgjer korleis ein fleksjonsklasse konkret skal sjå ut. Det er ikkje slik at det som er normalt og umarkert i eitt språk, nødvendigvis også uttrykkjer noko som kan oppfattast som naturleg, universell utvikling Det er altså ingen grunn til å vente at fleirtalsformer blir laga på same måte i alle språk i verda. Det er til dømes ikkje slik at endinga *-te/* som preteritums morfem er mindre eller meir universell og på det viset meir naturleg enn endinga *-a/*. Likevel kan det tenkjast at ei av desse formene vil kunna oppfattast som meir normal i eit gjeve språksystem.

Wurzel hevdar at det ligg universelle prinsipp bak kva for klassar som blir oppfatta som markerte og umarkerte i eit språk. Han hevdar at fleksjonsklassar blir konstituerte ut frå at paradigma skal vera einskaplege og distinktive, og han meiner det går ei utvikling i språket i retning mot slike klassar. Ein fleksjonsklasse som ikkje er einskapleg og distinktiv, vil såleis bli oppfatta som markert, og umarkerte klassar vil vinne terreng i forhold til slike markerte klassar. Det vil til dømes vera slik at analogidanning oftare førekjem ved at ein medlem av ein markert klasse går over til ein umarkert klasse enn motsett. Slike prinsipp oppfattar Wurzel som naturlege, og såleis vil det som er umarkert og normalt, også vera uttrykk for naturlege prinsipp, jamvel om desse prinsippa ikkje gjev same former for ulike kategoriar i ulike språk. Andreas Bittner formulerer i *Starke 'schwache' Verben schwache 'starke' Verben* (Bittner 1998) tesen om naturlege klassar slik: "daß die Struktur von Flexionsparadigmen, somit die Zugehörigkeit von Wörtern zu deren -klassen, durch universelle Natürlichkeitsprinzipien geregelt, also weitgehend motiviert und nicht arbiträr ist" (Bittner 1996:1).

3.1.3.1.1.1 Ikonisitet, uniformitet og transparens

Wurzel seier at universelle prinsipp for oppbygging og bevaring av fleksjonssystem grovt sett favoriserer system som er av det han kallar ikonisk art. Dette omgrepet har han frå Mayerthaler (1981). Mayerthaler seier at ei symbolisering av kategoriar er optimal, dvs. maksimalt naturleg når ho er konstruksjonelt ikonisk, uniform og transparent.

Ikonisitet

At ei symbolisering er konstruksjonelt ikonisk, vil seia at ein semantisk skilnad mellom to kategoriar har ein tilsvarande skilnad med omsyn til symbolisering. Dette vil til dømes seia at skilnaden mellom dei semantiske kategoriane presens og preteritum finn eit tilsvarande skilje i formverket, altså at presens og preteritum blir symboliserte på ulikt vis. Mayerthaler set opp fem steg frå (a) til (e) for å skildre kor naturleg ei koding er. (a) skildrar den mest naturlege, og altså minst markerte kodinga, medan (e) skildrar den minst naturlege og mest markerte kodinga. Trekk som avgjer kor naturleg ei koding er, er om kodinga er additiv eller modulatorisk. Sterke preteritumsformer av verba *skyte* og *bite* er til dømes modulatoriske ettersom preteritumskoderinga skjer ved ei endring i vokalismen (tradisjonelt kalla avlyd), medan ei preteritumsform /fy:ta/ er additiv ettersom noko blir lagt til ordstommen. Lenging av segment reknar Mayerthaler som modulatorisk-additiv. Wurzel set opp eit slikt hierarki for ikonisitet i ei koding:

- 1) konstruksjonell ikonisme, segmental-additiv (døme: pl. ub. form av *gut*: gut + ar)
- 2) konstruksjonell ikonisme, modulatorisk-additiv (døme: pl. ub.form av *tann*: tenn + er, modulasjonen tann→tenn i fyrste stavinga)
- 3) konstruksjonell ikonisme, modulatorisk (pret. av *finne*: fann)
- 4) ikkje-konstruksjonell ikonisme (pl. ub. form av *år*: år)
- 5) kontraikonisk: ein skilnad mellom to semantiske kategoriar får ikkje ei symbolisering som finst i andre tilfelle for å markere same skilnaden (komparativ form av *god*: betre, ei additiv koding av komparativ, men til ein annan stomm enn den som finst i positiv)

Uniformitet

Ei symbolisering er uniform dersom det berre finst éi form som avspeglar ein meiningskategori. Det vil altså seia at symbolisering av ein semantisk kategori med hjelp av fleire ulike formativar er ikkje-uniform. I norsk er til dømes symboliseringa av preteritum svært lite uniform, ettersom det finst mange ulike former som avspeglar meiningskategorien preteritum. Systemet i tysk er meir uniformt ettersom tysk har berre éi symbolisering for preteritum av linne verb. Ettersom tysk har ei anna symbolisering for sterke verb enn for linne verb, er heller ikkje symboliseringa i tysk uniform.

Transparens

Ei symbolisering er transparent dersom det er eintydig kva semantisk kategori ho står for.

3.1.3.1.1.2 Naturlegskap og verbfleksjon

I moderne høgtysk finst på same måte som i norsk sterk og linn fleksjon av verb. Linn fleksjon er meir vanleg, og mange verb som tidlegare hadde sterk fleksjon, har i dag linn fleksjon. I Wurzel (2001 [1984]) blir det hevda at sterk fleksjon i dag er meir markert i tysk enn linn fleksjon, og såleis kjennest mindre normal for språkbrukaren. Wurzel argumenterer for dette ved å vise til språkending i nyhøgtysk der mange verb som tidlegare hadde sterk fleksjon, har fått linn fleksjon, til korleis nyord blir bøygde, til korleis tulleord blir bøygde, til feillingvistikk, til barnespråksformer, til språk hos afatarar, læring av tysk som fremmedspråk og til kva for ugrammatiske former som lettast vil bli aksepterte. Tysk har på same vis som norsk eit dentalsuffiks som markerer preteritum, og dette dentalsuffikset finn ein ved alle linne verb. Tysk har berre éin morfologisk klasse av linne verb, og dersom ein

aksepterer Wurzels analyse, er det altså denne klassen som er den umarkerte og såleis den mest normale for tyske språkbrukarar i dag.

Kan Wurzels analyse for tyske verb gjelde for norsk også? Norsk har fleire grupper av dei verba ein i germanske språk tradisjonelt har kalla linne. I tysk får alle linne verb same preteritumsmarkering, ein stemmelaus dental. På norsk er det som nemnt fleire grupper linne verb. Er det ut frå det materialet eg har samla, mogeleg å seia noko om ei eller fleire av desse gruppene har sterkare innprenting enn dei andre?

3.1.3.2 Ikkje-etablerte former i materialet

Dei formene som førekjem hos informantane, og som ikkje er vanlege i norsk korkje i skrift eller i vakse talemål, kan delast i to grupper. Dei overgangane som er bruka produktivt i materialet, og som ikkje ser ut til å ha tilsvar i etablert talemål, er 1. sv→lv1, 3. sv→lv2c og 4. lv2a→lv1. Dette vil seia at lv1 og lv2c er produktive mønster. lv2c og lv2a skil seg frå kvarandre ved at lv2c har einstava infinitiv av usamansette verb, og einstava form i perfektum partisipp med utgang på *-Vd//-/Vt/*, medan lv1 berre har tostava fleksjonstypar av usamansette verb. Dei to verba i materialet som får overgang 3 (*gi*, *le*), har begge einstava infinitiv og perfektum partisipp med *-Vd//-/Vt/*. Dei går såleis over til eit bøyingsmønster dei har mest til felles med. Eit verb med einstava infinitiv, og einstava perfektum partisipp på *-Vd/*, får overgang 1 i eitt tilfelle. I den førekomsten blir forma i perfektum partisipp danna ved at preteritumsforma (*sklei*) får lagt til *-a/*. Det er altså ikkje infinitivsstommen som danner grunnforma i denne førekomsten.

3.1.3.2.1 Ikkje-etablerte preteritumsformer av verb med einstava infinitiv

Éi gruppe har tre førekomstar i materialet, og er altså ikkje stor. Det er berre to verb som får slike former, *gi* og *le*. Desse to verba skil seg frå dei verba som får overgang sv/lv2a→lv1 ved at dei har einstava infinitiv. Dette har dei til felles med gruppe lv2c. Slik overgang hadde vore mogeleg også ved desse ni verba som førekjem i preteritum i materialet i sv-form: bli, dra, få, gå, sjå, skli, slå, stå og ta. Fem av desse verba er svært frekvente i preteritum i materialet: */tu:k/* og */tuk/* 23 førekomstar, */bʁe:/*, */ble:/*, */blei/* og */blæi/* 22, */så:/* 20 førekomstar, */fik/* 17, */jik/* 14 førekomstar. Fire av verba er mindre frekvente, men har meir enn ein førekomst:

/skle:/ 2 førekomstar (ein førekomst /skleia/ i perfektum partisipp), /stu:/ 3 førekomstar, /flu:/ 3 førekomstar, /dru:/ (tre førekomstar hos same informant).

Verbet *gi* skil seg frå dei andre verba med stuttstava infinitiv ved at preteritumsforma /ga:/ har ein annan framlyd enn dei andre formene av verbet. Verbet *le* er ikkje eit vanleg førekommande verb i nordnorske dialektar, og andre verb blir ofte nytta i staden (Venås 1967:278). Verbet kan derfor i seg sjølv verke noko avstikkande på informanten. Forma /lu:/ kan verke svært fremmd på informanten. Informanten nyttar fyrst /lu:/, men korrigerer seg sjølv til /lede/. Dette viser at skriftmålsforma er kjend for henne, og i dette tilfellet den ho nyttar automatisk. Forma ser likevel ut til å verke avstikkande på informanten, og ho korrigerer til /lede/. Formene /ga:/ og /lu:/ vil kunna oppfattast som markerte former i opposisjon til formene /jide/ og /lede/. I begge desse verba rår linn form i perfektum partisipp over det meste av landet (Venås 1967:227, 280). Verbet *dra* førekjem i forma *dræge* i nordnorsk mål (Venås 1967:252), og preteritumsforma /dræ:ga/ hos G5 må forklarast ut frå forma /dræ:ge/ og ikkje frå /dra:/. Vakseninformantane mine seier at /dræ:ge/ berre kan tyde 'trekkje', og ikkje 'fara'.

3.1.3.2.2 Overgang til lv1

3.1.3.2.2.1 Infinitivstommen + -/a/

Det er døme både på overgang lv2a→lv1 og sv→ i materialet. Det er flest døme på overgang frå sterk til linn fleksjon. I dei aller fleste tilfella blir den ikkje-etablerte preteritumsforma danna ved at infinitivstomnane får eit suffiks -a.

3.1.3.2.2.2 Preteritumstommen + -/a/

Éi form er danna på anna vis. Perfektum partisipp-forma /skleia/ (J6) er ei form J6 truleg aldri har hørt før. Forma er heller ikkje danna analogt til former som finst i norsk. Det er truleg fortidsforma /sklei/ som dannar stommen i forma /skleia/, og -/a/-en blir så perfektum partisipp-markør. J6 dannar her ei perfektum partisipp-form på eit vis som er vanleg i andre språk enn norsk. I til dømes latvisk finst det presens-, preteritum- og futurumstomnar (Müsdienü 1959:583), og perfektum partisipp-aktivstommen blir danna ut frå

preteritumstommen. Til denne stommen føyer ein så endingar som viser kjønn og tal (ibid.:639). J6 har laga ei idiolektisk form som i mykje fell saman med det som er systemet i latvisk, men som ikkje har noko tilsvar i norsk. J6 lagar altså spontant ei form som ho neppe har hørt, men som viser seg å vera i samsvar med former som finst i andre språk. Dette tyder på at det ikkje berre er input som avgjer kva for reglar ungar nyttar seg av når dei skal produsere former, men at også måtar å analysere røyndomen på ligg til grunn. Perfektum partisipp står i eit nært tilhøve til preteritum, og dette semantiske tilhøvet ligg truleg attom denne idiolektiske forma hos J6, på same vis som det ligg attom systemet i latvisk. Forma *skleia* er både modulatorisk og additiv, og dette mønsteret finn ein også på norsk i til dømes fleirtalsforma *tenner av tann*.

3.1.3.3 Mogelege mekanismar

3.1.3.3.1 Fonologisk form

Kva samanheng er det mellom dei språkformene ungane hører, og dei formene dei sjølve nyttar? Har det noko å seia korleis verba er fonologisk, og kor ofte dei opptrer? Ein skilnad mellom einmekanismeforklaringa og tomekanismeforklaringa er nettopp om den rolla input spelar. I valet mellom ulike linne grupper som erstatningsmønster der den sterke forma ikkje er kjend eller ikkje kjennest tilfredsstillande for talaren, vekslar informantane mellom fleksjonsmønstra lv1 og lv2c. Det er heilt klart den forma verba har, som avgjer om det eine eller andre av desse to fleksjonsmønstra blir valt, og altså er input viktig i dette tilfellet. Korkje tysk eller engelsk har meir enn eitt fleksjonsmønster for linne verb, og det norske systemet utset språkbrukarane for eit ekstraval i høve til tysk- og engelsktalande.

3.1.3.3.2 Frekvens

Hanne Gram Simonsen skriv at det ser ut til å vera samsvar mellom frekvens av dei ulike verbklassane og i kva rekkjefølgje dei vart lærte. "All the main inflectional classes were acquired in an order reflecting their type of frequency: WL>WS>S. Thus the larger the number of verbs in an inflectional class, the earlier it was acquired" (Simonsen 2001:143). Ho skriv også at overgeneralisering ser ut til å samsvara relativt godt med utbreiinga av verbtypane: "to a large extent their relative importance as sources of overgeneralisation reflect their type of frequency" (loc.cit.). I Endresen og Simonsen (2001) blir dei linne verba delte

inn i to hovudklassar, *WL class* og *WS class*, som står for *Weak large class* og *Weak small class*. Denne inndelinga er gjord ut frå kor mange verb dei to gruppene har i *Bokmålsordboka*. (Endresen og Simonsen 2001:85). Dei to hovudgruppene av linne verb er ikkje representerte på same måten prosentvis i det materialet eg har samla inn, som i *Bokmålsordboka*. Også i eit anna innsamla materiale med autentisk, spontant barnespråk viser det seg at verbgruppene fordeler seg annleis prosentvis enn i *Bokmålsordboka*. Nedanfor har eg sett opp ein presentasjon av preteritumsformer i materialet i Dannemark (1985).

Desse verba førekjem med lv1-ending i preteritum: flytte, hoppe (7), kaste (4), kikke, klappe, krabbe (3), kræsje, lande, lukke, løfte, merke, miste (2), ordne, orke, ramle, samle, skrapa (2), sykle, trække, velte (2), våge (2), våkne. 22 verb får lv1-ending i preteritum, og det er 37 førekomstar med slik ending.

Desse verba førekjem med lv2a-ending i preteritum: drepa (2), drømme, høre (3), kalle, kjøre (9), klare (4), kline (3), leike (9), levere, like (5), meine, møte, peike, ringje (3), rose, skrapa (2), slengje, spara, spelle (3), spise (4), spørja (2), stengje, tenkje (3), trengje, vita (2). 25 verb får lv2-ending i preteritum, og det er 40 førekomstar med slik ending. Desse verba har ikkje ein heilt einskapleg fleksjon, sjå 3.1.2.2.3.2.

Desse verba førekjem med lv2b-ending: døy (5), leva (2). 2 verb får lv2b-ending i preteritum, og det er sju førekomstar med slik ending.

Desse verba førekjem med lv2c-ending: bety (3), gre (3), ha (37), tru (7), blø, bo (8). 6 verb får lv2b-ending i preteritum, og det er 59 førekomstar med slik ending.

Desse verba førekjem med sv-fleksjon i preteritum: bli (6), detta, dra (2), falle, fara, finne (3), flyte (3), få (10), gå (6), henge, heite (3), halde, komma (30), leggje (4), liggje (5), seia (11), sitja (4), sjå (10), skvette, smelle, sova (3), sprette, springje (3), stå (6), ta (7), vera (117)

26 verb får sv-fleksjon i preteritum, og det er 241 førekomstar med slik ending.

Desse verba førekjem med annan fleksjon (af): burde (3), gjera (10), kunna (10), måtte (2), skulle (13), vilja (5). Seks verb får annan fleksjon i preteritum, og det er 42 førekomstar med slik ending.

Tabell 3.1 A Frekvens av ulike verbtypar i Dannemark (1985)

	preteritum	
	v (%)	fk
lv1	22 (25,3)	37
lv2a	25	40
lv2b	2	7
lv2c	6	59
lv2	33 (37,9)	106
sv	26 (29,9)	241
af	6 (6,6)	42

Tabell 3.1B Frekvens av ulike verbtypar i innsamla materiale

	preteritum		
	mat.		(et.)
	v (%)	fk.	(v)
lv1	36 (30)	63	(30)
lv2a	27	57	
lv2b	9	21	
lv2c	8	96	(6)
lv2	44 (36,7)	174	
sv	35 (29,2)	364	
af	5 (4,2)	66	

I begge desse samlingane er altså frekvensen av ulike verbtypar som førekjem i preteritum, ein annan enn den frekvensen som finst i *Bokmålsordboka*. I Dannemark 1985 er lv2a større enn lv1. I det materialet eg har samla inn seinare, er lv2 større enn lv1, men lv1 er større enn lv2a. I begge samlingane er det fleire verb med sv-fleksjon i preteritum enn med lv1-fleksjon. Det er truleg at frekvensen av ulike fleksjonstypar i ei ordbok og i dagleg tale ikkje er den same. Jamvel om tala frå dei to materialsamlingane ikkje seier noko pålitande om frekvensen av ulike typar verb i inputspråket til informantane, kan dei vera ein peikepinn om at frekvensen ikkje kan forklare kva mønster ungane tileignar seg først, og årsaker til

overgeneralisering dersom ein reknar det Endresen og Simonsen kallar WS og WL, for to jamstelte grupper. WL er ei heilt homogen gruppe, og alle verb som blir bøygd etter dette mønsteret, har berre additive ikoniske endringar WS har tre ulike hovudgrupper, og som nemnt i 3.1.2.2.3.2 har ikkje verba i lv2a ei einskapleg bøyning. Nokre av desse verba har assimilasjon, og nokre kvantitetsendring i preteritum. Grappa med sv-fleksjon har heller ikkje eit einskapleg bøyingsmønster (sjå under). Den største grappa med einskapleg fleksjon er tvillaust lv1, og såleis byggjer både materialet eg har samla inn til denne undersøkinga, og Dannemark 1985 opp under begge konklusjonane til Simonsen: ”Type frequency seems to play a major role in correct performance” (loc.cit.) og ”Type frequency is clearly also relevant for overgeneralisations” (loc.cit.).

Preteritumsformene av *ha* og *vera* har høg teiknfrekvens.

Endresen og Simonsen 2001 deler inn sterke verb i norsk bokmål i desse underklassane:

Underklasse	Inf.	PT	Døme
	stomn- vokal	stomn- vokal	
1	/i/ /e/ /y/	/a/	drikke dette synge
2	/i:/	/e:/ ~ /æj/ ²⁵	bite
3	/y:/	/ø:/ ~ /øj/ ²⁶	flyte
4	/a:/ /e:/	/u:/	dra le
	/o:/	Inga	sove

²⁵ Endresen og Simonsen 2001 seier: ”With a few exceptions, the choice between a long vowel and a diphtong in these verbs is sociolinguistically or stylistically conditioned.” Dette gjeld ikkje for dei dialektane som har monoftong i desse verba.

²⁶ Som førre fotnote, med tillegg: Det var ikkje rett å setja opp /øj/ i gruppe 3 som ein del av inventaret i bokmål for verb som ’flyte’ i 2001. Bokmål hadde her variantane *ø* og *au* i 2001. Fyrst med rettskrivingsendringane sommaren 2005 kan ein velja mellom *ø* og *øy* i bokmål.

/o/	endring	komme
/a/		falle
/e:/		hete
/ø:/		løpe

Resten	se
	gå
	osv.

Eg har omsett nemningane i tabellen. Døma står slik dei blir skrivne i bokmål av di dette oppsettet ikkje gjeld for nynorsk skriftmål og ikkje for alle talemålsvariantar av norsk. Denne inndelinga skil seg noko frå den som er tradisjonell i norske grammatikkar om både norrønt (Iversen 1972:106ff) og moderne norsk mål (Faarlund et al. 1997:486ff.). Formene eg har funne hos mine informantar, tilseier at inndelinga hos Simonsen og Endresen kan brukast for å dele inn dei sterke verba dei nyttar. Denne inndelinga er diskutert i Enger 1998.

I materialet har eg funne desse verba i preteritum:

Under- klasse	Preteritum		Overgeneraliserte ikkje-etablerte linne former	Tal	
	Sterke former	Tal			
1	/brant/	1			
	/dat/	6			
	/fant/	3			
	/jalp/	1			
	/sat/	3			
	/skvat/	1			
				/stika/	1
		/saŋ/	1		
		/saŋk/	2		
		/spran/	5		
		/trak/	1		

	/traf/	2	/træfa/	1
2.	/ble:/, /blei/, /bʁe:/	23		
	/heiv/	1	/bi:ta/	1
	/sklei/	2	/kli:pa/	1
	/skreik/	1		
	/skreiv/, /skrev/	3		
	/fleit/	2		
3	/fløi//	1		
	/krøip/	1		
	/løi/	1		
	/røik/	1		
	/føit/, /skøut/	3	/fy:ta/	2
			/fy.va/	1
4	/fu:r/	10		
	/dru:/	3	/dræ:ga/	2
	/lu:/	1	/lede/	1
	/slu:/	4		
	/stu:/	3		
	/tu:k/	23		
5			/jide/	2
	/sa:/	9		
	/va:/, /va:/	159		
6	/he:t/	4		
	/kom/	21		
	/so:v/	1		
Resten	/jik/	14		

	/fik/	17		
	/lo:/	7		
	/so:/	21		
Under- klasse	Perfektum partisipp Sterke former	Tal	Overgeneraliserte ikkje-etablerte linne former	Tal
1	/dute/, /dutet/, /dætet/	5		
	/fune/, /fūnet/	7		
			/flipa/	1
			/stika/	1
	/trufe/	1		
2			/skeia/	1
	/skri:vet/	1		
6	/kome/, /komet/	2		
	/so:ve/	1		

3.1.3.3.3 Språklege drag

3.1.3.3.3.1 Overgeneralisering

Ikkje-etablert overgeneralisering i materialet av typen lv→sv førekjem ikkje. Ved all ikkje-etablert overgeneralisering er ein av lv-fleksjonane målgruppe. Døma på ikkje-etablert overgeneralisering sv→lv1 i preteritum er /flipa/, /fy:va/, /stika/, /bita/, /fy:ta/, /dræ:ga/, /kli:pa/, /træfa/. Overgeneralisering sv→lv2c i preteritum finst i fleksjonsformene /jide/ og /lede/. Overgeneralisering sv→lv1 i perfektum partisipp finst i fleksjonsformene /flipa/,

/stika/. Alle dei ikkje-etablerte overgeneraliserte formene i materialet har sterkare grad av konstruksjonell ikonisme enn etablerte fleksjonsformer.

3.1.3.3.2 Kontraikoniske former

Éi av dei etablerte fleksjonsformene meiner eg kan tolkast som det Mayerthaler kallar kontraikonisk. Dette gjeld forma /ga:/ av å gi. Her har den etablerte preteritumsforma og infinitivsforma ingen felles drag i uttalen. Fonologiske tilhøve har gjort at den openberre samanhengen som ein gong var mellom infinitivsform og preteritumsform, ikkje lenger er til stades. Jamvel om ein oppfattar [j] som ein allofon av /g/ føre fremre vokalar i moderne norsk, vil det vera urimeleg å rekne med at språkbrukarar utan lesekunnskapar oppfattar det slik i dette høvet. Preteritumsforma er ei fleksjonsform, og for språkbrukaren vil truleg /j/ her vera den konsonanten som eventuell kan modulerast. Overgangen /j/ → /g/ vil det ikkje vera naturleg å oppfatte som ei veksling mellom allofonar av same fonem, og det er truleg at desse to formene kan oppfattast som tilfelle av ikkje-konstruksjonell ikonisme. I slike tilfelle kan ein vente seg at språkbrukarane freistar løyse den unaturlege tilstanden som er oppstått, og laga ei fleksjonsform som er konstruksjonelt ikonisk. Preteritumskoderinga /ga:/ er såleis kontraikonisk, og etter Mayerthaler ei unaturleg form. Forma /jide/ kan oppfattast som ein freistnad på å reparere den manglande systematikken i morfologien som ei fonologisk endring har ført til. Wurzel kallar slike motsetningar mellom morfologi og fonologi ”der permanente Natürlichkeitskonflikt zwischen der Phonologie und der Morphologie” (Wurzel 2001 [1984]:30).

3.1.3.3.3 Konstruksjonell ikonisme

I andre tilfelle skjer det modulatoriske kodingar ved danninga av etablert preteritumsform. Kor sterk slik koding er, varierer frå tilfelle til tilfelle. Ein av gutane som brukar forma /jy:ta/, har også ein førekomst av /skøut/. Forma /skøut/ er ei svakare koding enn /føit/, som finst hos andre informantar. /skøut/ er ei eldre form i norsk mål enn /føit/, og endringa /skøut/ → /føit/ inneber at sambandet mellom preteritumsforma og infinitiv blir klarare, ettersom framlyden da blir den same i dei to formene. Såleis er forma /føit/ å oppfatte som ei meir naturleg form i Mayerthaler og Wurzels terminologi, og meir ikonisk enn /skøut/. /skøut/ kan oppfattast som minimalt ikonisk ettersom /jyte/ og /skøut/ har så mange felles fonologiske

drag at dei kan oppfattast som former av same ord. Verbet går også inn i ei relativt stor gruppe av sterke verb. Forma /fy:va/ som erstatningsform er heilt parallell til forma /fy:ta/.

3.1.3.3.4 Minimal ikonisme

Dei andre verba som blir utsette for overgeneralisering av typen sv→lv1 i materialet, har minimalt ikonisk etablert preteritumsform av di alle formene har modulatorisk koding. Dei er meir utprega tilfelle av minimal ikonisme enn /skøut/ og /skøuv/.

Overgeneralisering sv→lv1 i preteritum finn vi døme på i klasse 1, 2, 3, 4 og 5 (Simonsen og Endresen 2001:89). Klasse 1 har etter Simonsen og Endresen 40 verb, klasse 2 har 33 verb, klasse 3 har 27 verb, klasse 4 har 14 verb, og klasse 5 har 9 verb. Fleksjonsmønsteret i klasse 1 har større variasjon enn mønstra i klasse 2 og 3. I klasse 2 og klasse 3 er mønstra meir einsarta. Likevel finn vi like mange verb i gruppe 2 og 3 med overgeneraliserte former i preteritum som i gruppe 1.

3.1.3.3.4 Læring av einskildverb

I restklassen av sterke verb finn vi verb som ikkje kan plasserast inn i større grupper. Alle verba frå denne gruppa som er representerte i materialet, har mange førekomstar (/jik/ 14, /fik/ 17, /lo:/ 7, /so:/ 21). Verba *få* og *gå* har på mange vis parallell bøyning i talemålet til informantane. Preteritumsforma av *gå* skil seg likevel sterkt frå preteritumsforma av *få* ved at forma /jik/ ikkje er ikonisk. Desse verba førekjem ikkje i overgeneraliserte former sjølv om dei ikkje blir bøygd etter utbreidde mønster. Dette kan tyde på at desse verba er lærte inn som einskildeksemplar, og at talet på førekomstar av eit enkelt verb også spelar ei viktig rolle for output.

Sjette klasse har få verb (Simonsen og Endresen seier 9). Dei har det felles at dei ikkje har noka veksling i stommvokal, og dette oppfattar eg som eit svakt mønster. Likevel er det inga overgeneralisering av desse verba i materialet i preteritum. Eit av dei verba som førekjem i preteritum frå denne gruppa, *komma*, har 21 førekomstar i preteritum. Dei to andre verba har få førekomstar i materialet, men dei er truleg svært vanlege verb i dagleglivet til barn (*heite* og *sova*).

Både i engelsk og tysk er det berre éi gruppe av linne verb. Norsk har fleire grupper (sjå 3.1.1.4.1), og ved overgeneralisering vs → vl må norsktalande barn gjera andre val enn tysktalande og engelsktalande barn. Norsktalande barn må velja ei av gruppene linne verb som målgruppe ved overgeneralisering, medan tysktalande og engelsktalande barn berre har éi aktuell målgruppe. Berre to av dei fire gruppene linne verb eg har funne hos informantane, tener som målgrupper for overgeneralisering. Kva verb som går til lv2c, og kva verb som går til lv1, ser ut til å vera avhengig av om infinitiven har trykksterk eller trykklett endevokal. Alle verb som får overgeneraliserte former i preteritum i materialet, og som ikkje har trykksterk endevokal, går til gruppe lv1. Både ei overgeneralisering til lv2a/b og til lv1 er ei ikonisk koding.

Både former med *-te/*, *-de/* og *-a/* i preteritum er additive former.

Grad av markering

Mayerthaler skil ikkje berre mellom markerte og umarkerte fleksjonsgrupper, men òg mellom ulike gradar av markering, og dei ulike måtane å danne preteritum på kan vera markerte i ulik grad. Mayerthaler seier: "Ein Exponent E_i ist relativ merkmahafter als ein Exponent E_j , wenn E_i länger ist als E_j " (Mayerthaler 1981:23). Mayerthaler seier at ei lengre markering er svakare enn ei kortare, og såleis mindre naturleg. Etter dette er preteritumskoderinga i lv1-fleksjonen sterkare enn i lv2-fleksjonen, og dette kan vera ein grunn til at denne fleksjonen blir føretrekt ved overgeneralisering.

Endring av lydtilhøve

Vokalisme-endring

Ved danning av lv2-preteritumsformer hender det at lydtilhøve i stommen er annleis i infinitiv enn i preteritum. Ved ein del lv2-preteritumsformer i materialet blir ein lang vokal stutt ved tillegg av preteritumssuffiks. Dette gjeld til dømes verba *spise* (J1, J2), *knuse* (G1) og *prøve* (G5). Ei slik endring vil gjera preteritumsforma svakare ikonisk enn dersom forma er berre additiv.

Konsonantisme-endring

Ved verb med stemd endevokal i infinitivstommen må ein velja mellom *-/d/* og *-/t/*. Når dentalen i suffikset er ustemd, blir også endekonsonanten i stammen ustemd. Også ei slik endring vil gjera kodinga svakare ikonisk.

Valet av lv1 som mål for overgeneralisering kan altså forklarast ut frå Mayerthalers naturlegskapsteori. Sameleis vil ein kunna forklara overgeneraliseringa lv2a→lv1.

Uniformitet

Overgeneralisering sv→lv gjer at fleksjonssystemet går i meir uniform retning. Likevel er det norske fleksjonssystemet fjernare frå rein uniformitet også med slike overgeneraliserte former som finst i talemålet til mine informantar, enn tysk og engelsk vil vera med overgeneralisering til lint fleksjonsmønster. Også dersom ein ser for seg ein fullstendig gjennomført overgang sv→lv ut frå dei døma som finst i materialet, vil norsk verbalsystem ha skilnad mellom fleksjonsmønster ettersom to ulike typar linn fleksjon tener som målfleksjon. Likevel kan ein seia at ei overgeneralisering fører til at systemet nærmar seg uniformitet, og såleis følgjer eit prinsipp Mayerthaler reknar som viktig i morfologisk endring (Mayerthaler 1981:34f.).

Transparens

lv1-fleksjonen gjev same former i preteritum og perfektum partisipp. Dette gjer at formene ikkje er eintydige, det Mayerthaler kallar 'transparent' (Mayerthaler 1981:35). Mayerthaler seier at det er perseptoriske årsaker til transparens på same måte som han meiner det er perseptoriske årsaker til uniformitet (loc.cit.). lv1-paradigmet skal såleis vera mindre transparent enn lv2-paradigma. Når lv1 likevel blir nytta som mønster for overgeneralisering, kan dette tyde på at kravet om transparens ikkje er like viktig som andre naturlegskapskrav. Elles vil perfektum partisippformer alltid ha ei anna syntaktisk plassering enn preteritum i norsk, og dette gjer forma eintydig i praktisk bruk.

Det finst to markørar for preteritum og perfektum partisipp i lv1-fleksjonen, *-/a/* og *-/et/*. *-/et/* / førekjem berre tre gonger i informantreplikkar i heile materialet, medan det er 90 førekomstar av *-/a/*. I perfektum partisipp førekjem *-/et/* to gonger og *-/a/* 28 gonger. Éin av førekomstane av *-/et/* i perfektum partisipp kjem i eit svar på ein av mine replikkar der eg nyttar *-/et/*-markør på det same verbet som informanten seier opp att, og det kan såleis tolkast som påverknad frå

meg i den konkrete situasjonen. Same informant (G6) har elles gjennomført bruk av -a både i preteritum (10 førekomstar) og perfektum partisipp (5 førekomstar).

Den andre informanten som nyttar -/et/ i perfektum partisipp (J6), har ingen andre førekomstar av lv1-fleksjon i preteritum eller perfektum partisipp, så det er uråd å seia om dette er ei form ho nyttar ofte, ut frå materialet.

Informanten som nyttar -/et/ i preteritum éin gong (J1), har elles berre -/a/ i preteritum (5) og perfektum partisipp 2). Forma med -/et/ hos J1 førekjem i opptaket første året. Det er altså inga utbreidd veksling mellom -/a/ og -/et/ i materialet, og ein må kunna seia at -/a/ er ein svært dominerande markør i materialet.

Større variasjon er det i perfektum partisipp-markør for sterk fleksjon. Både former med -/et/ og former med -/e/ blir bruka. Markøren -/et/ har seks førekomstar og -/e/ ti førekomstar. Av desse to markørane er -/e/ den som er vanleg i svært mange norske dialektar, mellom andre dei kring Guovdageiadnu (Venås 1967:366), medan -/et/ er den forma ein finn i bokmål og i normalisert bokmålsprega talemål.

Også i perfektum partisipp i lv2c- fleksjonen er det variasjon der både stemd og ustemd dental førekjem. Stemd dental førekjem i 20 førekomstar og ustemd i 14 førekomstar. Alle desse verba har ustemd dental i bokmålet som skriftmål og i bokmålsprega normalisert talemål. Stemd dental er den tradisjonelle dialektforma i dialektane kring Guovdageaidnu.

Wurzel seier at prinsippet om at morfologisk endring går frå meir markerte former og mindre naturlegskap til mindre markerte former og meir naturlegskap, ikkje gjeld i tilfelle der det er snakk om dialektblanding, lån, normering osv. (Wurzel 2001 [1984]:24). Eg vil likevel sjå om ein kan seia at nokre av desse partisippformene stettar betre krava til naturlegskap enn andre.

Dialektforma med stemd dental i perfektum partisipp av verb med sterke preteritumsformer og av *ha* gjer at systemet blir meir uniformt. Slike former gjer at desse verba får same form i perfektum partisipp som verb som får linn fleksjon i preteritum i etablert mål. Verb med stuttstava infinitiv og linn preteritumsform får alltid stemd dental i partisipp både i bokmål og i dialektane kring Guovdageaidnu. Såleis kan ein seia at -/Vd/ gjev eit meir naturleg system enn -/Vt/ etter Mayerthalers hypotesar.

Dialektformer med trykklett *-e/* i perfektum partisipp er ikkje transparente i tilfelle der vokalismen er lik i perfektum partisipp og infinitiv. Formene */dætet/*, */komet/* og */skri:vet/* i materialet ville ha falle saman med infinitivsformene dersom dei hadde enda på trykklett *-e*. Formene med *-t/* er transparente perfektum partisippformer. Det kan tenkjast at dette vil overførast til former med annan vokalisme i perfektum partisipp enn i infinitiv, og at dette fører til former som */dutet/* og */fūnet/*. Samstundes er perfektum partisippformene eintydige i ein syntaktisk samanheng sjølv om dei fell saman med andre former. Former med final dental vil gjera sambandet mellom denne fleksjonen og andre fleksjonar der dental er obligatorisk, meir klar.

3.1.4 Oppsummering

Det ser ut til å vera ein tendens til at det maksimalt ikoniske fleksjonsmønsteret fungerer som erstatningsmønster både for verb som tradisjonelt får mindre ikoniske former, og for verb som får kontraikoniske former. Det ser også ut til at frekvens er ein viktig faktor. Høgfrekvente verb som *bli* og *vera* opprettheld utan unntak eit sterkt fleksjonsmønster hos alle informantane. Dette kan tyde på at det å meistre systemet føreset ein kombinasjon av regelinnlæring og læring av einskildformer. Når talaren ikkje kan eller ikkje hugsar ei avvikande einskildform, blir ei form som følger eit skjema med sterk innprenting, nytta. Denne samanhengen mellom høg frekvens og uregelrett bøyning finst det også språkhistoriske døme på. Rolf Theil Endresen nemner at overgang til linn bøyning har vore vanlegast for sterke verb med relativt låg frekvens i engelsk, og seier: ”En undersøkelse av norsk ville uten tvil vise samme tendensen” (Endresen 1995:68).

3.2 Substantiv

3.2.1 Morfologiske kategoriar

I norsk har substantivet to fleksjonskategoriar, tal med singularis- og pluralisform og binding med ubundne og bundne former både i singularis og pluralis. (Beito 1970:154, Faarlund et al.

1997:137). Alle substantiv har også eit genus knytt til seg. Genus endrar seg ikkje ved bøyning, men er ein eigenskap som følgjer substantivet (Faarlund et al. 1997:149).

Det er tradisjon i germansk språkvitskap å dele substantiv inn i *linne* og *sterke* (Beito 1970:112). I norsk reknar ein som linne substantiv maskulina og feminina med trykklett -e eller -a i utlyd. Det har ikkje vore vanleg å kalle nøytra med trykklett -e i utlyd linne. Aasen grunngeiv dette med at bøyingsmønsteret er det same for nøytra som har trykklett -e i utlyd, og nøytra med trykksterk endestaving (Aasen 1965 [1864]:145). Han seier vidare: ”Derimod er der nogle faa Intetkjønsord, som ende paa ’a’, og som fra gammel Tid have havt et Formskifte, som med rette kan kaldes den svage Bøining” (loc.cit.). Jacob Grimm, som tok til å bruke nemningane *schwach* og *stark*, sikta eigentleg ikkje til sjølve forma, men til skilnader i fleksjon mellom ulike substantiv (Grimm 1967 [1870]:509). Slike systematiske skilnader finst ikkje i talemålet til mine informantar, og derfor vel eg å ikkje nytte nemningane *linn* og *sterk* om substantiv, men i staden bruke uttrykk som *feminina med trykklett vokal i utlyd i ubunden form singularis*.

I opptaka har eg funne døme på variasjon både i genusmarkering av substantiv og i pluralisfleksjon. Det er også døme på morfosyntaktisk variasjon ved plassering av possessiv. Possessivet kan i norsk stå både føre og etter substantivet, og det finst døme på begge plasseringane i materialet.

3.2.1.1 Genus

3.2.1.1.1 Kva er *genus*?

3.2.1.1.1.1 Omgrepet *genus*

Fischer skriv at omgrepet *genus* eigentleg har to tydingar. Det er både ei nemning på a) ein grammatisk kategori og på b) dei nominalklassane som blir utleidde ut frå dette fenomenet (Fischer 2005:37). Ein kan altså både seia at norsk har *genus*, og at norsk har tre *genus*. I den første utsegna tenkjer ein på tyding a), medan det er tyding b) ein tenkjer på i den andre utsegna. Fischer nyttar *Genus* om a), og *Genusart* om b) (loc.cit.). Eit tilsvarande skilje er ikkje innarbeidd på norsk, og eg kjem til å nytte *genus* både med tyding a) og b).

3.2.1.1.1.2 Definisjonar

Genus er som nemnt ein fast eigenskap ved substantiv, og blir ikkje endra når ordet blir bøygt. Andre ord kongruerer med substantivet i bøyging ut frå kva genus substantivet har (Dal 1966:1, Hockett 1969:221, Fischer 2005:37). I norsk kongruerer til dømes adjektiv og determinativ med substantivet (Faarlund et al. 1997:150). Det har vore vanleg i språkvitskapen å leggje avgjerande vekt nettopp på kongruens med andre ordklassar når ein skal definere genus (Eisenberg 2000:92). Eit alternativt syn er å leggje drag ved substantiva til grunn, og la slike eigenskapar definere genus (*loc.cit.*).

For at ein skal kunna seia at eit språk har eit genussystem, må det vera slik at eit substantiv som hovudregel berre kan ha eitt kjønn (Hockett 1958:231). Dette tyder mellom anna at ein ikkje fritt kan veksle mellom kva genus som blir assosiert til eit substantiv.

3.2.1.1.1.3 Genus i ulike språk

Både semantiske, morfologiske og fonologiske drag ser ut til å vera med på å tilordne genus til eit substantiv i norsk (Beito 1954:4, Enger 2001, Trosterud 2001). Det finst ikkje formelle drag ved norske substantiv i ubunden form eintal som klart syner kva genus dei har. I ein del ikkje-europeiske genusspråk som til dømes i niger-kongo-språket swahili syner affiks kva nominalklasse substantivet høyer til (Endresen 1981:5ff). Slike språk der affiks syner kva klasse ordet hører til, blir kalla *klassempråk*, og mange reknar dette som ei undergruppe av genusspråk (*ibid.*:6). Også i nokre indoeuropeiske språk er det stort samsvar mellom forma ordet har, og kva genus ordet har. I latvisk er til dømes dei aller fleste ord med final -s i nominativ maskulina. Alle ord med final -e i nominativ og dei fleste med final -a i nominativ er feminina. Nokre få ord med final -s i nominativ er feminina, og nokre få ord med final -a er maskulina (Loja 1958:270, Mūsdienū 1959:379). Nøytrum finst ikkje i moderne latvisk (Endselins og Mühlenbachs 1907: 96, Mūsdienū 1959:378). Språk der det er samsvar mellom formale drag og genus, kan ein seia har *overt gender* (Corbett 1991:62), 'ope genus', og språk utan slikt samsvar kan ein seia har *covert gender* (*loc.cit.*). 'løynt genus'.

3.2.1.1.1.4 Genus og språkendring

Det gamle indoeuropeiske tregenussystemet har endra seg i fleire av dei indoeuropeiske måla, og i mange dialektar. Til dømes har femininum og maskulinum falle saman til eitt genus (utrum) både i dansk og svensk riksmål og bergensk bymål. I romanske språk har nøytrum forsvunne, og i dag har språka to genus, maskulinum og femininum. Slik er det også i dei baltiske språka litauisk og latvisk (Ambrazas et al. 1997:97, Mūsdienis 1959). Dialektar av latvisk som blir snakka i område der det austersjøfinske språket livisk tidlegare var dominerande, har i dag ikkje lenger genus. I desse dialektane er også skilnaden mellom maskulinum og femininum falle bort ved personlege pronomen slik at dei har det same systemet som livisk (Mūsdienis 1959:378f). Denne prosessen har berre funne stad i dialektar i område med finsk-ugrisk substrat, og kan knappast forklarast som ei reint tilfeldig utvikling (Boretzky og Iglā 1994:71). Rudzīte 1994 seier at livisktalande som har lært latvisk, ikkje nyttar kategorien genus ettersom det er ein kategori som ikkje finst i livisk (1994:297). Ho forklarar altså det at det ikkje finst genus i desse latviske dialektane, som resultat av språkkontakt.

3.2.1.1.2 Genusmarkering

Beito seier at ord som kongruerer med substantivet som det står til, kan ”tene til genusmerke” (Beito 1970:155). Av slike genusmerke nemner han mellom anna den ubundne artikkelen: ”Hankjønn (maskulinum) er ord som har *ein* til ubunden artikkel (...) Hokjønn (femininum) er ord som har *ei* til ubunden artikkel (...) Inkjekjønn (nøytrum) er ord som har *eit* til ubunden artikkel” (loc.cit.).

Den bundne artikkelen /ei/ føre feminina er ikkje vanleg i indrefinnmarksmål (Martinussen 1996:212). Det same ser ein også i bygda Skibotn i Nord-Troms (Junttila 1996:212, Bull, Junttila og Pedersen 1986:61, Junttila 1988:206). I materialet mitt førekjem /ei/ nokre få gonger, elles er det /e:n/ som er bruka. Martinussen nemner at ho har funne døme på at ”intekjønn [ble til] hankjønn” (1996:241) i eit materiale frå Nord-Troms med vaksne informantar, og det ho skildrar, er at den ubundne artikkelen /e:n/ blir nytta føre nøytra av nokre informantar. Også i det materialet eg har samla inn, er det døme på at /e:n/ blir nytta føre nøytra. Eg har også funne eitt døme på at /et/ blir nytta føre maskulina. Dette finst det også døme på i ei målføreprøve frå Tana som er attgjeven og kommentert i Jahr og Skare

1996 (68, 71). Bruk av /et/ føre etablerte maskulina og /e:n/ føre etablerte nøytra er ikkje på same vis som bruk av /e:n/ føre feminina eit etablert drag ved noko norsk talemål²⁷ jamvel om det altså finst hos vaksne målbrukarar (Jahr og Skare 1996:71). Det finst førekomstar av dette hos informantane mine, men ingen av desse fenomenane er gjennomførte hos dei.

3.2.1.1.2.1 Genusmarkering hos informantane

Eg nytta omgrepa *etablerte* og *ikkje-etablerte* former i delen om verbfleksjon, og gjorde der greie for kva eg meiner med desse omgrepa (sjå 3.1.2.2.4). Eg kjem her til å bruke *etablert* føre *maskulinum*, *femininum*, og *nøytrum*. På same måten som i delen om verbfleksjon tyder *etablert* det som er vanleg i skriftmåla, og i vakse talemål som er kjent for ungane. Eg har hatt stor nytte av Olav T. Beitoss *Genusskifte i nynorsk* (1954) der han gjer greie for ord med svagande genusbruk i nynorsk mål. Eg reknar i utgangspunktet med eit trekjønnsystem der eitt ord til vanleg berre kan ha eitt genus, og reknar derfor dei orda som kan vera femininum i bokmål, for etablerte hokjønnsord. Eit ord som *sol* vil eg derfor rekne som etablert femininum, ikkje som eit ord med to etablerte genus.

For å finne ut kva ein kan rekne som etablert i talemål informantane hører av vaksne, har eg spurt ein del vaksne informantar om kva dei seier. Eg har spurt på samisk kva ordet heiter på norsk, og så fått dei til å seia ordet i bunden form som svar på eit spørsmål frå meg. Eg reknar så ord som endar på *-a/* i bunden form som etablerte feminina, ord som endar på *-en/* som etablerte maskulina, og ord som endar på *-e/* som etablerte nøytra. Det kan innvendast mot dette at det slett ikkje er sikkert at det er noko tregenussystem i talemålet i indre Finnmark. Likevel er det heilt klart at substantiv blir delte i tre kategoriar, og at inventaret i kvar av desse gruppene tilsvarar inventaret i dei tre genusa.

Eg har spurt om lag ti personar i denne rundspørjinga. Eg har valt personar som eg oppfattar som støe målbrukarar. Eg har spurt både menn og kvinner, einspråkleg norsktalande og tospråkleg norsk- og samisktalende. Aldersspennet er frå 15 til 60. Det er ikkje støtt slik at det ein meiner om eigen språkbruk, stemmer med det ein faktisk seier. Det kan til dømes tenkjast at svara syner kva dei meiner har status, og ikkje kva dei sjølve seier. Eg har fått svar som

²⁷ Tanaværingar eg har bede kommentere talemålspørva, seier at bruk av /et/ føre maskulina ikkje er utbreidd på same måten som /en/ før feminina.

høver godt saman frå dei ulike informantane, og eg har ikkje funne grunn til å tru at svara syner anna enn eigen språkbruk.

Tabellane under syner dei førekomstane eg har funne i materialet av substantiv i ubunden form med førestelt determinativ eller adjektiv med genuskongruerande form. Determinativa som førekjem, er den ubundne artikkelen og possessiv. Eg har sett opp kategoriane /e:n/, /ei/ og /et/ i ubunden form. Desse kategoriane omfattar altså ikkje berre førekomstar av ubunden artikkel, men også av possessiv og artikkel med genuskongruerande form.

Bunde etterhengt suffiks har eg gitt opp slik: -/en/, -/a/, -/e/. Desse kategoriane representerer også former med anna fonetisk form når forma er eit resultat av fonologiske reglar i talemålet. Dette vil seia at også stavingsberande n med bortfall av e og former med final kakuminal nasal blir rekna som variantar av -/en/.

J1

Tabell 3.2 a Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J1

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n flyndre e:n gamel støvel e:n gaŋ e:n lø:ve (2) e:n mʌ:s e:n støvel e:n æderkop		et blot æpletre et fjæ:s et li:te æpletre:	støvelen	stu:resøstra hana	ho:re vane hʌ:se
2. året	e:n vot e:n hæksefyge mi:n tʌ:r			sku:en bʌ'ti:ken spø:kelsen		so:verome

3.	e:n fūgel		et dy:r	bi:lŋ		ʃlakte'rie
året	e:n kani:n (2)		et tre:	fu:tŋ (3)		
	e:n katuŋe		et fult ka'ni:n	hunnŋ (2)		
	e:n li:tŋ ka'ni:n			ha:lŋ		
	e:n litŋ gut			ka'ni:nŋ		
	e:n ʃæ:ʃte			(3)		
	e:n voksnŋ katuŋe			katŋ		
				ve:'randaen		

J1 har to førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/mæ:s/, /flyndre/). Ho har også /e:n/ føre /lø:ve/ (to førekomstar), men dette ordet er maskulinum i svært mange målføre (Beito 1954:277), så eg reknar ikkje dette som eit døme på /e:n/ føre etablert femininum. Ho har éin førekomst av determinativet /den/ i ein nominalfrase med eit nøytrum med etterhengt -/e/ i ein nominalfrase (/den same hu:se/). Ho har éin førekomst av suffikset -/e:n/ ved eit etablert nøytrum (/spø:kelsen/). Vidare har ho éin førekomst av /et/ og adjektiv med nøytrumsform føre eit ord med etablert maskulinum (/et fult ka'ni:n/). Ho nyttar forma /katŋ/. Dette ordet er oppgitt som /kat/ i ubunden singularis og /kata/ i bunden singularis av dei fleste vakseninformantane mine. Ein av dei nyttar likevel forma /kata/ i ubunden form, så det kan sjå ut til at dette ordet svagar mellom to grupper. Eg reknar ikkje ordet som etablert femininum ettersom ordet førekjem som maskulinum i mange dialektar. Det kan heller ikkje sjåast på som etablert femininum. I tabell 3.2 m er ordet sett opp som etablert maskulinum når det førekjem med førestelt /e:n/ eller /ein/ eller med suffikset -/en/. Når det førekjem med suffikset -/a/ i forma /kata/ eller i ubunden form med førestelt /ei/, er det sett opp som etablert femininum.

J2

Tabell 3.2 b Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J2

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	Ikkje opptak dette året					
2.	di:n tæ:r		et re :de	ormen	bu:ka	ʃføkene

året	e:n puli'ti:jente e:n hæ:n e:n parku'me:ter mi:n tæ:r (4) di:n tæ:r (2) e:n tiŋ e:n snø:hæ:le			heŋelo:sen jælmen mitŋ puŋ snøen ŋfelæŋ	si:a (2) ŋfi:sta	ŋføkene
3. året	ein fūgel e:n kani:n e:n gūt (2)	ei kata vo:re	et uhel		kata	golve

J2 har to førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/puli'ti:jente/, /snø:hæ:le/). Ho har éin førekomst av /e:n/ føre eit ord med etablert nøytrum (/e:n parku'me:ter /). Vidare har ho éin førekomst av /ei/ føre eit etablert femininum. Ho har éin førekomst av femininum med trykklett -a i utlyd i ubunden form. I materialet elles har ho to førekomstar av femininumet /si:a/ med trykklett -a/ i ubunden form (/kuŋ si:a/). Ho har éin førekomst av diftong i det ubundne determinativet i maskulinum form (/ein/²⁸).

J3

Tabell 3.2 c Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J3

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n tryk e:n re:v		et hæ:s et sont dy:r	ti:dŋ		
2. året	e:n gūt			fūgeln		
3. året	e:n valak (2)			sku:eŋ fa:eŋ	bygda	vaskerume

²⁸ Ein av foreldra til denne jenta kjem frå eit område der diftong er vanleg i denne posisjonen.

J3 har éin førekomst av /e:n/ føre eit ord med etablert nøytrum (/e:n tryk/ (i tydinga 'tekst el. bilete som er trykt (med ein viss metode); prent' (Nynorskordboka 1986:769)). Ho har éin førekomst av -/en/ som suffiks etter /ti:d/. Ordet *tid* førekjem både med og utan final dental i norsk hos vaksne i Guovdageaidnu. Dersom ein uttalar dentalen, har ordet obligatorisk -/en/. Dersom ein ikkje uttalar dentalen, har ordet obligatorisk -/a/. Eg reknar derfor ikkje forma /ti:dŋ/ som eit døme på at -/en/ blir nytta ved etablert femininum.

J4

Tabell 3.2 d Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J4

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	mi:n kat (2) e:n hu :n e:n hæks e:n rote ein kat			maman (2) papan (3) vænŋ katŋ støtŋ bu'tiken	søstra kata jenta bygda dø:ra mu:ra	hu'tæle (2)
2. året	e:n gut e:n fugel e:n taran'tela			uŋen ha:ren	søstra mura mu:ra jifta kloka	reire hū:se klaserume
3. året	e:n son bu:k e:n høn e:n kat (3) e:n hope (2) e:n ka'ni:n e:n æske e:n katuŋe			valaken hunnŋ	hopa kata bygda (3) æska fjokenkata (3)	

J4 har seks førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n hæks/, /e:n rote/, /e:n son bu:k/, /e:n hope/ (x2), /e:n æske/). Ho har éin førekomst av -/en/ som suffiks etter eit ord som er obligatorisk femininum i nynorsk skriftmål, og som ikkje er nemnt som mogeleg

maskulinum i Beito 1954 (/støtŋ/). Dette ordet blir bruka med obligatorisk *-/en/* av vaksne språkbrukarar i Guovdageaidnu, og eg reknar det derfor ikkje som eit etablert femininum.

J5

Tabell 3.2 e Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J5

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n ʃ[ʌ]ŋe (2) e:n sku:ter	ei lø:va ei mʉ:s ei mu:r si: sku:le	et trol et jʉ:l et meneske		su:la	
2. året	Ingen opptak desse åra					
3. året						

J5 har tre førekomstar av */ei/* og ein førekomst av */si:/* føre etablerte feminina²⁹ (*/ei lø:va/*, */ei mʉ:s/*, */ei mu:r/*, */si: sku:le/*). Ho har ein førekomst der eit femininum endar på trykklett *-/a/* i ubunden form */ei lø:va/*.

J6

Tabell 3.2 f Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J6

	Ubunde, førestelt determinativ			Bunde, etterhengt suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	si:n lile hamer e:n edekop e:n gaŋ e:n jente e:n stu:r hʉn		et næb et o:r et træ:bu:r	bu:dŋ fu:tŋ sku:lŋ somæŋ		fjæle

²⁹ Ordet *skole*, *skule* er obligatorisk maskulinum i begge skriftmåla. Det førekjem som femininum i mange talemål (Beito 1954: 343), og eg reknar */sku:le/* som etablert femininum hos J5.

	e:n va:nli h�n e:n hamster e:n r�n �nkel form e:n bu:r e:n liles�ster					
2. �ret	e:n li:t�n dame e:n dr�e e:n ga� e:n la� mark e:n papeg�ie e:n m�:s e:n �lg e:n trailer	e:i ste:b�stemu:r min mi: b�stemu:r		veien (3)	s�:la si:a	�ine
3. �ret	e:n ana venine e:n b�stefa:r e:n bitelit�\ hm bj�:� e:n ga� e:n h�n e:n halti:me e:n hal sie e:n han e:n jede e:n kru:ne (2) e:n mi:l e:n sv�nsk man e:n sv�:r hun e:n vits mi:n b�stemu:r mi:n e:gen mu'bi:l si:n m�ntlie wo:kito:ki		et sp��mo:l	baken gut� li:khe:t� l�:re� mu:e� (2) na:buh�nn svensken (2) veien �lgen	jenta ana �lgjakta hyta	

J6 har tolv f rekomstar av /e:n/ og  in f rekomst av /mi:n/ f re ord med etablert femininum (/e:n jente/, /e:n r n  nkel form/, /e:n liles ster/, /e:n li:t n dame/, /e:n dr e/, /e:n m :s/, /e:n ana venine /, /e:n mi:l /, /e:n jede/, /e:n hal sie/, /e:n kru:ne/ (x2), /mi:n b stemu:r/). Ho har

éin førekomst av /e:n/ føre eit etablert nøytrum (/e:n bu:r/). Ho har to førekomstar av -/en / som suffiks ved det etablerte femininumet /mu:r/. Desse to førekomstane er i svar til ein replikk der eg brukar same form. /li:khe:t/ reknar eg som eit etablert maskulinum da det er vanleg som maskulinum i mange dialektar, også i Guovdageaidnu.

J7

Tabell 3.2 g Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J7

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	Ikkje opptak dette året					
2. året	e:n ganfælt e:n tšælke e:n trafikly:s e :n pu'te:tsæk mi:n tønne e:n koŋekru:ne e:n hæksefyge			feiæŋ rølestu:len dolken (2) faŋedraktŋ ta: ŋ hatŋ	postkasa maska ŋinlua tšista si:a	tšøkene ta:ke
3. året	Ikkje opptak dette året					

J7 har éin førekomst av /e:n/ og éin av /mi:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n koŋekru:ne/, /mi:n tønne/). Ho har to førekomstar av /e:n/ føre eit etablert nøytrum (/e:n ganfælt/, /e:n trafikly:s/). Ho har ein førekomst av -/en/ ved eit ord som Beito ikkje nemner som mogeleg maskulinum (/faŋedraktŋ/). I norsken til vaksne i Guovdageaidnu som skil konsekvent i distribusjonen av -/a/ og -/en/ som suffiks ved substantiv i singularis, blir -/en/ nytta ved dette ordet, og eg reknar det derfor ikkje som etablert femininum. Ordet førekjem også som maskulinum i andre dialektar (Norsk Ordbok 1978:75).

G1

Tabell 3.2 h Oversyn over førekomstene av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G1

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n su:r folk e:n son folk e:n krak e:n snø:skavle e:n fly:hun e :n hamer e:n ha:ni mi:n navn e:n steinfolk e:n sn steinfolk si:n hat			rakæten lø:ven (2) strømen	mæ:sa (2)	græse mo:le
2. året	sin sku: di:n grab di:n ræ:v			balen (12) bi:len (8) dra:gen (2) ga:gen kni:ven kæpsen (2) si:d:gen sko:gen ælggen (3)	hæksa (5) nø:sa (4) blokfløita kata ugla (2) mæ:sa duka	fe'læte (2) hu :de
3. året	e:n pu:se e:n ølflaske e:n li:ten høn e:n rø: blo:veis e:n sva: blo:veis e:n gjøn blo:veis e:n blo: blo:veis		et bræk	høn:gen		den hæ:r kapitale

G1 har éin førekomst av /e:n/ og éin av /di:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n ølflaske/, /di:n ræ:v/). Han har fire førekomstar av /e:n/ og éin førekomst av /mi:n/ føre etablert nøytrum (/e:n sù:r folk/, /e:n son folk/, /e:n steinfolk /, /e:n sn steinfolk/, /min navn/). Han har éin førekomst av -/n/ ved eit ord som er obligatorisk femininum i nynorsk, og som ikkje blir nemnt som mogeleg maskulinum i Beito 1954 (/si:dn/). Vaksne målbrukarar i Guovdageaidnu seier at ordet får obligatorisk -/en/ når dentalen blir uttalt. Dersom d-en ikkje blir uttalt, får ordet obligatorisk -/a/. Eg reknar derfor /sie/ og /si:de/ som to ulike ord, og /si:dn/ er etter dette ikkje eit døme på at -/en/ førekjem ved eit etablert femininum³⁰. Han har éin førekomst av determinativet /den/ føre eit etablert nøytrum.

G2

Tabell 3.2 i Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G2

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n mæ:s e:n ra:r fisk e:n varm su:l e:n ra'kæt e:n dy:r e:n hæ:s e:n hønsehæ:s e:n hønns e:n krabe e:n hu:kuspu:kus e:n mæ:stein e:n folk		et sont hæ:r bo:l	vægen (2)	bru:a	vindu flote
2. året	min tæ:r			fiņeņ kustņ	vætøikasa hæksa (4)	
3. året	e:n li:tņ hæn e :n kru :ne e :n koļ				si:a søpla (2) kro:ka	hæ :se vindue

³⁰ Ein parallell finn vi i /ti:/, /ti:d/. Sjå merknad til tabell 3.2c

e :n kʉ :le					
-------------	--	--	--	--	--

G2 har fem førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n mʉ:s/, /e:n varm su:l/, /e:n krabe/, /e:n kru :ne/, /e :n kʉ :le/, /e:n høns/). Han har fire førekomstar av /e:n/ føre etablert nøytrum (/e:n dy:r/, / e:n hʉ:s/, /e :n hønshe:s /, /e:n steinfolk /, /e:n folk/). /koʃ/ er nøytrum i begge skriftmåla, men førekjem ofte som maskulinum i dialektane (Beito 1954:253), også i Guovdageaidnu, og eg reknar det derfor ikkje som etablert nøytrum. G2 har /e:n/ føre eit ord som berre er pluralis i skriftmåla, (/e:n høns/). Dette ordet er vanleg som singularisord i norsk talemål i Guovdageiadnu, og elles også i ein del andre dialektar (Beito 1954:229). Ordet førekjem som både maskulinum og femininum når det blir nytta som singularisord (loc.cit.). Vaksne eg har spurt i Guovdageaidnu, oppgjev forma /hønsa/ i bunden form singularis, og eg vel derfor å sjå på ordet som eit etablert femininum.

G2 nyttar /e:n / føre ordet /hu:kʉspu:kʉs/. Substantivet *hokuspokus* er oppgitt som nøytrum både i *Bokmålsordboka* (1997:208) og i *Nynorskordboka* (1986:281). G2 nyttar ordet i tydinga 'trollmann', og den tydinga er ei anna enn den etablerte tydinga som er definert i dei to ordbøkene, "formel som en tryllekunstner bruker når han utfører sine kunster; overf: fiksfakserier, kunster" (*Bokmålsordboka* 1997:208) og "formular ved trylling (...)/ fiksfakseri" (*Nynorskordboka* 1986:281). Eg oppfattar derfor ikkje dette som ein førekomst av /e:n/ føre etablert nøytrum. Eg reknar det heller ikkje med blant maskulina.

G3

Tabell 3.2 j Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G3

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n bi:l (8)		et hʉ:s	maman	nata	ta:ke
	e:n tilhæner		et næt	papan	mʉ:sa	næte
	e:n trailer		et	løven (2)		
	e:n skʉ:ter		kunstnerflag			
	e:n li:tʉ skʉ:ter		blot ly:s	skʉ:teŋ		
	e:n aen si:de		et ta:k	kropen		
	e:n fu:t (2)		et dy:r			

			svæ:ʃjæ:l			
2. året	e:n flæje mi:n tæ:r e:n klump		et stu :ʃ hæ:e	bûsɳ (2) ba:deriŋen baln bi:len (6) blyantn bo:tn disestolpen dra:gen fiŋgen frosken kafefʃe:lŋ kalen flaŋen ʃø:røverhatn spa:en trylesta:ven (2)	hæksa kata to:teflaska æglɑ	ʃe'læte hu:de
3. året	e:n son hûn e:n ton mi:n papa e:n son dæ:re rælebræt di:n tæliŋ e:n beibi (2) e:n stu: ʃæk e:n onʃli jæ:lenise e:n ga:ve e:n trolman mi:n papa (2) mi:n bæstefa:r e:n di:ge ʃon no:l e:n plas			bi:lŋ fiſkekru:ken hûnŋ i:sɳ jæ:lenisɳ (2) krosbaan ma:gen papan (5) si:d ŋ (2) skû:tæŋ sæken uŋkeln veien vinten	bu:ka (2) dø:ra hana ju:ra ælvɑ	den dæ:r mo:le basketbalmo:le ta:ke hæ:e

G3 har to førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n ga:ve/, /e: di:ge ʃon no:l/). Han har to førekomstar av /e:n/ føre etablert nøytrum (/e:n ton/, / e:n son dæ:re| rulebræt /). G3 har éin førekomst av /e:n/ føre og to førekomstar av -/en/ i samband med /si:de/ (jf. merknad til G2).

G4

Tabell 3.2 k Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G4

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	Ikkje opptak dette året					
2. året	e:n kni:v e:n son fi:l			kni:ven (5)		ege bilde
3. året	e:n tiŋ e:n gaŋ e:n trailer e:n onŋ i jʉ: lenise mi:n ga:ve mi:n hagle mi:n bru:r si:n hagle mi:n papa (3) e:n mo:ned e:n mo:ne e:n so: li:tŋ orm			mutu ykeŋ lilehunen sku:n sæken maman (2) jʉ: lenisŋ (2) pulitisku:lŋ fu:tŋ fiskekru:ken snø:skavln	bygda	sæ:te tise

G4 har éin førekomst av /e:n/, to førekomstar av /mi:n/, og éin førekomst av /si:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n son fi:l/, / mi:n ga:ve/, /mi:n hagle/, /ʃi:n hagle/).

G5

Tabell 3.2 I Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G5

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	mi:n sæŋ e:n da:g e:n gaŋ mi:n bæstevæn mi:n ahku si:n gara:fe	ei rota	nyt hæ:s et bein (2)	fisken tele'fu:nŋ skæ:teŋ	bygda hona mi:	fjæle (2)
2. året	e:n flæe e:n kase e:n da:me e:n man e:n ele'fant		et son dæ:r bo:l skæmelt spø:keseto:g	baken elefantŋ gasŋ gætŋ julasteŋ kafekopen (2) kepsŋ klovnn ku:lakopen (2) somen si:dŋ (2)	rumpa pøusa løipa	hæ:se hopeflote (2) hu:de (2) lø:pe nu:e spø:keseto:ge (2) ta :ke (2)
3. året	e :n linje e:n ana hæn e:n oldemu:r (2) e:n da:g e:n fæ:l e:n fægel e:n gaŋ (6) e:n li:tŋ valp e:n fîlume:ter			bi:lŋ (2) fiŋeŋ hænn (4) knapen reinŋ si:dŋ uksŋ ælgæn	ana buksa bygda (2) hagla rumpa si:a ælgjakta (2) ælva	gevæ:re hagelgevæ:re hu:de (2) hæ:se luffgevæ:re (2) telte vane

e:n ukse					
en atno:riŋ					
mi:n e:gen jæ:ferhøn					
stu:r hũ:s					
vo:res høn					

G5 har seks førekomstar av /e:n/ og éin førekomstar av /mi:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n flæ/, /e:n kase/, e:n da:me/, /e :n linje/, / e:n oldemu:r/ (x2), /mi:n sæŋ/). Ordet *kasse* kan vera maskulinum i ein del målføre (Beito 1954:237), men vaksne språkbrukarar eg har spurt i Guovdageaidnu, gjev eintydig opp -/a/ som suffiks i bunden form ved dette ordet, og eg reknar det derfor som etablert femininum. Ordet finst med -/a/ som suffiks i materialet (G2, 2. året). Det samiske ordet *áhkku* ('bestemor, gammal kone') er gått inn som eit ord også i det norske talemålet i Guovdageaidnu i tydinga 'bestemor'. Ordet er etablert maskulinum i norsk talemål i Guovdageaidnu. Han har éin førekomst av adjektiv utan -/t/ føre eit etablert maskulinum (/stu:r hũ:s/). Sjå merknad etter førekomstane til G1 om forma /si:dŋ/.

G6

Tabell 3.2 m Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G6

	Med førestelt ord i ubunden form			Med suffiks		
	/e:n /	/ei/	/et/	-/en/	-/a/	-/e/
1. året	e:n femtiøriŋ			tekstn		ska:pe ta:ke
2. året	e:n je: e:n kop (2) e:n sti:ge e:n talærken e:n voŋn		çempestu:t hopeto:ŋ et sont tæv	armen balŋ fu:tŋ gariŋ ku:lakopen lũ:pen (2) sti:gen ti:men	jenta	hũ:se telte (2) spæilege
3.	e:n arkeu'lo:g		et hũ:s	mitŋ (2)	kũ'si:na	hũ:se

året	e:n elv e:n væi e:n gaŋ		et fjel et halt o:r	si:dŋ (2) faaŋ ka:nun jaktŋ panŋ		fjele
------	-------------------------------	--	------------------------	--	--	-------

G6 har tre førekomstar av /e:n/ føre ord med etablert femininum (/e:n voŋn/, /e:n je:/, /e:n elv/). Han har to førekomstar av suffikset -/en/ ved etablerte feminina (/jaktŋ/, /panŋ/. Om /si:dŋ/, sjå merknad til G1. Ordet *tekst* finst både som femininum og maskulinum i etablert dialektal tale (Beito 1954:377), og eg reknar derfor ikkje forma /tekstŋ/ som døme på etablert femininum med -/en/. Ordet *jakt* førekjem som maskulinum i ein del dialektar (Beito 1954:232). Eg reknar det likevel ikkje som etablert maskulinum av di andre av informantane nyttar det med suffikset -/a/ (J6, G5 (x3))

3.2.1.1.2.2 Genuskongruerande determinativ og suffiks i materialet

Som førestelt bøygt determinativ finst både ubunden artikkel i formene -/e:n/, /ein/, /et/ og /ei/ og possessiv i formene /di:n/, /mi:n/, /si:n/, /mi:/ /si:/. Former med final /n/ er bruka føre etablerte maskulina, feminina og nøytra. Former med final /i/ er bruka berre føre etablerte feminina. Former med final /t/ er med eitt unntak bruka berre føre etablerte nøytra.

3.2.1.1.2.3 Overgangar

Nesten alle norske dialektar deler substantiva inn i tre genus (Sandøy 1992:38): maskulinum, femininum og nøytrum. Ein overgang definerer eg som tilfelle der eit genusmerke står til ord av eit anna kjønn enn det står til i dialektar med gjennomført trekjønnsystem og i det nynorske skriftspråket. Ein slik overgang kan vera vanleg i tale informantane hører rundt seg, eller han kan vera idiolektisk. Eg kjem til å sjå på overgangar i bøygt førestelt determinativ, og i suffikset i bunden form av substantivet. Tabellen 3.1 syner kor mange førekomstar det er av dei ulike overgangane hos informantane.

3.2.1.1.2.3.1 Overgangar i bøygt førestelt determinativ

Overgangane førekjem både ved ubunden artikkel og possessiv. Eg set derfor opp berre final lyd og ikkje heile ord.

Overgang 1: final /i/ → final /n/

Overgang 2: final /t/ → final /n/

Overgang 3: final /n/ → final /t/

Overgang 1 finst det 49 førekomstar av i materialet. Det finst 8 førekomstar der slik overgang ikkje finn stad. Overgangen førekjem altså i 86 % av mogelege tilfelle, og er dominerande i materialet.

Overgang 1 førekjem ikkje hos J3 og J5, men hos alle dei andre informantane. I materialet frå J3 finst det ikkje tilfelle der slik overgang hadde vore mogeleg. J5 har fire tilfelle der overgangen hadde vore mogeleg. J5 er altså den einaste informanten som konsekvent nyttar /ei/ føre etablerte feminina.

Overgang 2 finst det 15 førekomstar av i materialet. Det finst 37 førekomstar der slik overgang ikkje finn stad. Overgangen førekjem altså i 28,8 % av mogelege tilfelle, og er ikkje dominerande i materialet.

Overgang 2 førekjem oftare blant gutane enn blant jentene. Hos gutane finn ein 10 førekomstar av 30 mogelege, altså 33 %. Hos jentene er det 5 førekomstar av 21, altså 24 %. Talet på førekomstar er så lågt at denne skilnaden mellom gutar og jenter ikkje kan brukast for å seia noko om allmenne tendensar. Denne overgangen finst det ingen døme på hos informantane J1, J4, J5, G4, G5 og G6. Hos informantane J4 og G4 er det ingen førekomstar av etablerte nøytrum med førestelt bøygt ord. G1 har fem førekomstar av fem mogelege. G2 har tre førekomstar av fire mogelege. G3 har to førekomstar av elleve mogelege. J2 har éin førekomst av to mogelege. J3 har ein førekomst av to mogelege. J6 har éin førekomst av fire mogelege.

Overgang 3 finst det éin førekomst av i materialet. Det finst 172 substantiv med førestelt bøygt ord i singularis som er etablerte maskulina, så denne overgangen førekjem berre i 0,6 % av moglege tilfelle.

3.2.1.1.2.3.2 Overgangar i suffikset

Suffiks i bunden form singularis er *-en*³¹, *-a* og *-et*. Suffikset *-en* / førekjem ved etablerte maskulina, feminina og nøytra. *-a* / førekjem berre ved etablerte feminina og *-et* / berre ved etablerte nøytra.

Det førekjem to typar overgangar:

Overgang 4: *-a* → *-en* / ved etablerte feminina

Overgang 5: *-e* → *-en* / ved etablerte nøytra

Eg reknar med 6 førekomstar av overgang 4 (mor (J6 x 2), jakt (G6), panne (G6)). Begge førekomstane hos J6 er i eit svar til ein replikk der eg brukar same form av ordet.

Fleire substantiv som er obligatoriske feminina i nynorsk skriftmål, og som ikkje er nemnde med svagande kjønn hos Beito, førekjem med suffiks *-en* / i materialet: tid (J3), støtte (J4), fangedrakt (J7), side (G1, G2, G3 (x2), G5 (x3), G6)). Ved orda *støtte* og *drakt* vil vaksne språkbrukarar i Guovdageaidnu som elles nyttar *-a* / ved etablerte feminina, ha obligatorisk *-en* / som suffiks i bunden form. Eg har derfor ikkje rekna desse orda som etablerte feminina. Ordet 'side' førekjem også med suffiks *-a* / i materialet i forma /si:a/ (J2(x2), J6, J7, G2, G5,). Ein kan tenkje seg at vi her har å gjera med to uttalevariantar som vil få ulike suffiks knytte til seg, og at *-a* / ikkje kan finnast etter uttalt dental, og at *-en* / ikkje kan finnast når dentalen ikkje blir uttalt. Det same kan gjelde ordet *tid*, jamvel om det ikkje finst nokon førekomst av /ti:a/ i materialet. Eg reknar ikkje desse orda som etablerte feminina.

Den av informantane som har flest førekomstar av suffikset *-en* / ved etablerte feminina, har eit talemål som ligg nær opptil eit normalisert bokmålsnært austnorsk slik det blir snakka i og rundt Oslo, og han er den einaste av informantane som har fleire førekomstar av *-en* / ved etablerte feminina enn *-a* / (tre mot to). Begge førekomstane av *-a* / hos denne informanten er ord for menneske av hokjønn (*jente*, *kusine*).

³¹ Til former på *-en* / reknar eg også former med stavingsberande n og kakuminal nasal. Sjå 3.2.2.1.1

Overgang 5 er det berre éin førekomst av. J1 nyttar forma /spø:kelsen/. Ordet *spøkjelse* er definert slik i *Nynorskordboka*: ”attergangar, skrømt” (*Nynorskordboka* 1986:681f.), og ein attergangar er ”person som går att, viser seg etter døden” (ibid.:27). Ettersom det er tale om ein person og kjønnet ikkje er relevant, er det grunn til å tru at ordet kjem inn under STR2 hos Trosterud: ”Ord som refererer til person utan kjønns spesifisering, er m” (Trosterud 2001:35).

Det er eitt døme i materialet på at informantane gjev ord eit noko anna innhald enn det som er vanleg i etablert språk. G2 nyttar / hu:kʊspu:kʊs / med tydinga ’trollmann’, og gjev ordet førestelt /e:n/. Eg oppfattar det slik at G2 skapar eit nytt ord og altså ikkje nyttar /e:n/ ved eit etablert nøytrum.

G1 nyttar eit ord som ikkje er kjent av andre i bygda. Eg spurde informanten kva ordet tydde etter opptaket, men fekk ikkje noko klargjerande svar.

Samtalen gjekk slik:

(G3, G1 og V ser på bilete i ei bok)

G1: æ: mo: fine nø:sa\

G3: flaŋe/

G1: nø:sa/

G3: flaŋ=

V: va: sa: dʉ: ~-~³²

G1: nø:sa\

V: nø:sa/

G1: ja:/

G3: ælgen\

G1: nø:sa\

V: nø:sa/

G1: ja:\ den æ:| den e: ælgen\

men æ: site me: den\

³² namnet til G1

Eg oppfattar det slik at G1 nyttar eit tulleord for at G3 ikkje skal vita kva han snakkar om, og siste replikken kviskrar han slik at G3 ikkje skal høre.

Tre år etter spurde eg informanten om han kjende til ordet, og da sa han at han ikkje hadde hørt det før. Ordet førekjem berre i bunden form, /nø:sa/, og det er fire førekomstar av ordet hos denne guten.

3.2.1.1.2.3.3 Overgang ved demonstrativ og personleg pronomen

Det er tre døme på at demonstrativet /den/ blir bruka i ein nominalfrase med eit substantiv i bunden form (/den same hū:se/ (J1), /den hæ:r kapitele/ (G1), /den dæ:r mo:le/ (G3)). Det er eitt døme på at /den/ blir nytta som personleg pronomen for /de:/ for å vise til eit etablert nøytrum (/flote/, G3). Det er ingen førekomstar av /de:/ i tilknytning til eit etablert femininum eller maskulinum.

Tabell 3.2 n Overgangar i singularis – jenter

	Substantiv i ubunden form singularis med førestelt ord som kongruerer med substantivet										Substantiv med suffiks								
	1 førestelt ord med final -/n/	2 Overgang 1	3 Overgang 2	4 -/n/ føre etablerte pluralis-ord	5 m. i etablert språk	6 førestelt ord med final -i	7 f. i etablert språk	8 førestelt ord med final -/t/	9 Overgang 3	10 n. i etablert språk	11 suffiks med final -/n/	12 Overgang 4	13 Overgang 5	14 m. i etablert språk	15 suffiks -/a/	16 fantasi-ord med suffiks -/a/	17 f. i etablert språk	18 suffiks -/e/	19 n. i etablert språk
J1 1.	8	2			6		2	3		3	1			1	2		2	3	3
J1 2.	3				3					3		1	2					1	2
J1 3.	8				9			3	1	2	12		12					1	1
J2 2.	12	2	1		9		2	1		2	7			7	4		4	2	2
J2 3.	4				4	1	1	1		1				1			1	1	1
J3 1.	2		1		1			2		3	1			1			1		
J3 2.	1				1						1			1					
J3 3.	2				2					2				2	1		1	1	1
J4 1.	6	2			4		2				9			9	6		7	2	2
J4 2.	3				3						2			2	5		5	3	3
J4 3.	10	4			6		4				2			2	9		9		
J5 1.	3				3	4	4	3		3					1		1		
J6 1.	10	3	1		6		3	3		4	4			4				1	1
J6 2.	8	3			5	2	5				3			3	2		2	1	1
J6 3.	18	7			11		6	1		1	11	2		9	4		6		
J7 2	7	2	2		3		2			2	7			7	5		6	2	2
Samla for jentene	105	25	5		76	7	31	17	1	21	65	2	1	62	40		45	18	19

Tabell 3.2o Overgangar i singularis – gutar

	Substantiv i ubunden form singularis med førestelt ord som kongruerer med substantivet										Substantiv med suffiks								
	1 førestelt ord med final -/n/	2 Overgang 1	3 Overgang 2	4 -/n/ føre etab- lerte pluralis- ord	5 m. i etab- lert språk	6 førestelt ord med final -i	7 f. i etab- lert språk	8 førestelt ord med final -/t/	9 Overgang 3	10 n. i etab- lert språk	11 suf- fiks med final -/n/	12 Overgang 4	13 Overgang 5	14 m. i etab- lert språk	15 suf- fiks -/a/	16 fantasi- ord med suffiks -/a/	17 f. i etab- lert språk	18 suf- fiks -/e/	19 n. i etab- lert språk
G1 1.	11		5		6				5	4			4	2		2	2	2	
G1 2.	3	1			2		1			31			31	15	4	11	3	3	
G1 3.	7	1			6		1	1	1	1			1				1	1	
G2 1.	12	4	3	1	4		4	1	4	2			2	1		1	2	2	
G2 2.	1				1					2			2	5		5			
G2 3.	4	2			2		2							4		4	2	2	
G3 1.	15				15			7	7	6			6	2		2	2	2	
G3 2.	3				3		1		1	23			23	4			2		
G3 3.	16	2	2		12		2		2	20			20	6		8	4	4	
G4 2	2	1			1		1			5			5				2	2	
G4 3	14	3			11		3			12			12	1		1	2	2	
G5 1.	6	1			5	1	2	3	3	3			3	2		2	2	2	
G5 2.	5	3			2		3	2	2	14			14	3		5	11	11	
G5 3.	21	3			18		3			12			12	11		12	9	9	
G6 1.	1				1					1			1				2	2	
G6 2.	6	2			4		2	2	2	9			9	1		1	4	4	
G6 3.	4	1			3		1	3	3	9	2		7	1		3	2	2	
Samla for gutane	131	24	10	1	96	1	25	20	30	154	2		152	58	4	57	52	50	

Kolonnane 1, 5 og 9 syner kva form førestelte ord har i materialet. Kolonnane 5, 7 og 10 syner kva kjønn dei substantiva som finst i materialet med førestelt determinativ, har i etablert språk. Kolonnane 11, 16 og 18 syner kva suffiks som er knytte til substantiva i materialet. Kolonnane 14, 17 og 19 syner kva kjønn dei orda som førekjem i materialet i bunden form singularis, har i etablert språk. Mellom kolonnane som syner kva former som førekjem i materialet (1, 5, 9, 11, 16 og 18), og kolonnane som syner kjønn i etablert språk, har eg sett opp kva overgangar som førekjem i materialet (5, 7, 10, 14, 17 og 19).

3.2.1.1.2.4 Drøfting

3.2.1.1.2.4.1 Anna forskning

Overgangane som er nemnde i 3.2.1.1.2.3, er observerte av fleire som har forska på norsk i nordnorske språkkontaktområde. Hildur Hatlebrekke fann i 1981 at den ubundne artikkelen ved etablerte feminina kunne vera både *en* og *ei*, men at mange unge bruka berre *en* (Hatlebrekke 1981:30-32). Martinussen seier: ”Annen genusbruk var vanligst hos de eldste, og som oftest ble hunkjønn og intetkjønn til hankjønn, for eksempel *en elv, en språk*” (Martinussen 1996:241). Utan at ho seier det direkte, ser det ut til at ho sidestiller desse to overgangane.

Tove Bull har gått gjennom eksamensoppgåver frå kandidatar ved allmenn- og førskolelærerutdanninga ved Sámi allaskuvla/Samisk høgskole, og har funne om lag like mange døme på overgang 3 som overgang 2 der determinativet står rett føre substantivet. I ”komplekse nominale uttrykk” (Bull 2006:39) har ho funne ”45 eksempel der m. er blitt brukt for n., og motsett 37 eksempel der n. er blitt brukt for m.” (loc.cit.), og ho konkluderer: ”Same tendensen har vi sett her òg [overrepresentasjon av maskulinum ved genusavvik], men den kan neppe kallast sterk, og som vi har sett, er det berre i komplekse nominale uttrykk at denne tendensen kjem til uttrykk” (Bull 2006:40).

Jon Todal har analysert eit liknande materiale som det Tove Bull har sett på, eksamenssvar frå studentar ved Sámi allaskuvla/Samisk høgskole, og skriv: ”Felles for dei feila som blir gjorde innanfor grammatisk kjønn, er det og at hankjønn (felleskjønn) har ein sterk tendens til å bli overrepresentert. (Merk at i elleve av dei tolv døma som vi har presentert ovanfor, er feilen

den at det er valt hankjønnsform der det etter reglane skulle ha vore inkjekjønnsform”(Todal 1996:112).

Jorid Hjulstad Junttila nemner at ho har funne overgang 1 og 2 i ei gransking av talemålet i ei bygd i Nord-Troms (Junttila 1996:212f.). Ho skriv også at ho har døme som *et del* utan å seia noko om kor vanleg dette er. I Bull, Junttila og Pedersen 1986 seier forfattarane: ”Det er og ein relativt sterk tendens til at felleskjønnsartikkelen *en(n)* blir brukt framfor inkjekjønnsord” (Bull, Junttila og Pedersen 1986:62). Samstundes seier dei: ”Nøytrum for m. (og f.) er like vanleg som maskulinum (eller kanskje heller: felleskjønn) for n. Desse to tildriva ser ut til å ha jamstort omfang.” (loc.cit.). Jorid Hjulstad Junttila skriv likevel i hovuoppgåva si: ”Døma på bruk av nøytrum i staden for felleskjønn er altså få og ikkje eintydige, men bruken av felleskjønn i staden for nøytrum er meir frekvent” (Junttila 1988:208). Dei døma Junttila gjev på ”nøytrum i staden for felleskjønn” (Junttila 1988:208) kan, som ho skriv, like gjerne vera forsnakkingar og døme på at opposisjonen mellom genus har falle vekk i ord som har tre former i andre variantar av norsk (gjeld *anna* bruka både om maskulina, feminina og nøytra).

3.2.1.1.2.4.2 Utbreiing av overgangane

Det er ikkje rimeleg å sidestille overgangane 1–3 for informantane mine. Overgang 1 er eit etablert trekk ved språket deira (J5 er eit unntak), og ikkje avvikande på noko vis. Dette ser ut til å gjelde i fleire nordnorske språkkontaktområde (Bull, Junttila og Pedersen 1986:60, 1976, Martinussen 1996:242). Overgang 2 førekjem meir sporadisk, og berre hos ein del av informantane. Overgang 3 førekjem berre éin gong, og kan derfor ikkje seiast å vera eit viktig drag ved språket til desse informantane i det materialet eg har. Førre etablerte maskulina er det berre eitt døme på at ein informant nyttar /et/. Førre etablerte feminina førekjem ikkje /et/.

For dei aller fleste informantane ser det ut til å vera slik at /et/ blir nytta førre etablerte nøytra. Det er likevel ein del førekomstar av /e:n/ førre etablerte nøytra. Desse etablerte nøytra får førestelt /e:n/ eller /mi:n/: /folk/ (x3), /steinfolk/, /navn/, /dy:r/, /hø:s/, /høsehø:s/, /ton/, /rulebræt/, /parku'me:ter/, /tryk/, /bu:r/.

3.2.1.1.2.4.3 Tre moglege system

Det kan tenkjast at dette er uttrykk for ulike system:

1. /e:n/ kan ha overtatt for /et/. Dette vil da seia at det ikkje lenger er kongruens mellom førestelt determinativ og substantiv.
2. /e:n/ kan vera ein umarkert variant som kan nyttast føre substantiv i alle tre gruppene, og /et/ kan vera ein markert variant som berre kan nyttast føre etablerte nøytra.
3. /e:n/ og /et/ har fast distribusjon slik at /e:n/ berre kan nyttast føre etablerte feminina og maskulina, medan /et/ berre kan nyttast føre etablerte nøytra. Når det likevel førekjem at /e:n/ blir nytta føre etablerte nøytra, kjem det av at informanten nyttar eit ord ho eller han ikkje har markert med genus i leksikonet, og da vil ordet få det umarkerte genuset, maskulinum. Det kan òg tenkjast at årsaka til at /e:n/ førekjem føre etablerte nøytra hos informantar som elles har klart åtskild distribusjon av /e:n/ og /et/, er at dei ikkje har valt substantivet når dei uttalar determinativet, og nyttar det umarkerte determinativet.

Informanten J7 har ingen førekomstar av /et/, og to av /e:n/ føre etablerte nøytra, (/gɑŋfælt/, /tra'fikly:s/). Begge desse substantiva er ord som det er rimeleg å rekne med er kjende og brukte omgrep for informanten. Det kan tenkjast at J7 nyttar system 1. Informantane G1 og G3 nyttar både determinativ med final /t/ og /n/ føre etablerte nøytra i ubunden form singularis, men -/n/ førekjem oftare enn -/t/, G1 nyttar determinativ med final -/n/ føre /folk/ (x4) og /navn/, og determinativ med final -/t/ føre /bræk/. G2 nyttar determinativ med final -/n/ føre /dy:r/, /hũ:s/ (x2) og /folk/, og determinativ med final -/t/ føre /bo:l/.

Alle substantiva med førestelt determinativ på -/n/ hos desse to informantane er høgfrekvente og sentrale ord. Dei to orda som får -/t/, vil eg tru er mindre frekvente og mindre sentrale ord for informantane jamvel om ordet 'bål' nok er eit meir frekvent ord i Guovdageaidnu enn til dømes i Oslo. /bo:l/ førekjem i hypotagmet /et sont hæ:r bo:l/, så determinativet står altså ikkje direkte til substantivet. Det kan sjå ut til at desse to informantane nyttar system 2.

G3 nyttar determinativ med final -/n/ føre dei etablerte nøytra /rølebræt/ og /ton/. Føre substantivet har han ein pause i begge tilfella. Dette kan tyde på at han ikkje heilt har klart for seg kva substantiv han skal nytte når han byrjar på hypotagmet i begge dei to tilfella.

G3: so: han jik me: den tunje sæken\
 den veide e:n:| ton\
 \

G3: men de: va: mase tunjt upi di: pakan\
 \

G4: sikeŧ mæ:ŧtein som|

V: an'ta:gelivi:s\

G3: o: sikeŧ vis de: skæ: væ:re e:n son dæ:re|

rulebræt\

so: va: de: sikeŧ u: plånke|

næi tre: plånker som va: fast i væ:randre\

o: so: va: de: ŧåke plånker\

G3 nyttar også determinativet /den/ føre det etablerte nøytrumet /mo:le/. Også da gjer han ein pause før substantivet: /den dæ:r| mo:le/. Pausen kan komma av at han ikkje veit kva substantiv han skal nytte når han byrjar på hypotagmet.

J2 nyttar /e:n/ føre /parkume:ter/. Dette ordet førekjem berre éin gong i materialet, og beteiknar noko som ikkje finst i Guovdageaidnu. Føre orda /re:de/ og /æhel/ nyttar ho /et/.

J3 nyttar /e:n/ føre /tryk/. Dette ordet førekjem berre éin gong i materialet. Føre dei meir frekvente orda /hæ:s/ og /dy:r/ nyttar ho /et/.

J6 nyttar /e:n/ føre ordet /bu:r/, men elles nyttar ho konsekvent /e:n/ føre etablerte nøytra: /næb/, /o:r/, /spøŧmo:l/ og /træ:bu:r/.

Det kan sjå ut til at desse tre informantane (G3, J2 , J3 og J6) nyttar system 2.

Resten av informantane nyttar eit system der former med final -/t/ alltid blir nytta føre etablerte nøytra i dei opptaka eg har gjort med dei. Det kan vel tenkjast at dei også nyttar system 2 utan at det er døme på det i materialet. Det kan ikkje tenkjast at dei nyttar system 1 eller 3.

3.2.1.1.2.4.4 Forklaringsmåtar

3.2.1.1.2.4.4.1 Regelstyrt genustilordning

Genustilordning er eit emne det ikkje har vore forska særleg mykje på i norsk lingvistikk, når ein ser bort frå Beitos store arbeid frå 1954. I tysk forskning har dette emnet stått meir sentralt

(Köpcke 1982, Wegener 1995, Fischer 2005), og Trond Trosterud har arbeidd noko med dette for norsk, inspirert av Beitos arbeid og av tyske forskarar. Han har sett etter reglar for genustilordning i norsk. Materialet han har undersøkt, er dei substantiva som er førte opp i *Nynorskordboka*, og han set opp eit sett med reglar med regelordning for genusordning (Trosterud 2001). Enger (2001, 2004) har også arbeidd med genus i norsk, både i synkront og diakront perspektiv. Trosterud set først opp tre reglar som skal spegle ”overgripande fonologiske reglar” (Trosterud 2001:34) og fire ”generelle prinsipp” (loc.cit.).

Eg tek i avsnitta under for meg dei etablerte nøytra som får førestelt /e:n/ i materialet, for å sjå om det er rimeleg å forklare eventuell ny genustilknytning ut frå reglar for genustilknytning i Trosterud 2001.

Fire av dei substantiva som får førestelt /e:n/ eller /mi:n/ i det materialet eg har samla inn, er hyperonym: /hæ:s/, /navn/, /dy:r/, /folk/, og det fjerde av Trosteruds generelle prinsipp er at hyperonym er nøytrum. Både /hæ:s/ og /folk/ er nytta både som usamansett ord og som andreleken i eit samansett ord (/steinfolk/, /hønsehæ:s/). /folk/ har ei noko anna tyding i materialet enn slik det til vanleg blir bruka på norsk. Både i det usamansette /folk/ og i det samansette /steinfolk/ blir /folk/ nytta om einskildindivid. Denne bruken av /folk/ er ikkje etablert. Likevel har eg rekna dette som eit døme på at eit etablert nøytrum får førestilt /e:n/. Ettersom ordet ikkje er etablert med denne tydinga, er ikkje dette ein sjølvsgd analyse. Ordet refererer i denne tydinga til ”person utan kjønns spesifisering” (ibid.:35), og slike ord er til vanleg maskulinum (loc.cit.). Ordet *menneske* reknar Trosterud som hyperonym, og *folk* i tydinga ’menneske’ skulle kunna klassifiserast på same viset. I så fall er nøytrum forventa genus også når ordet blir nytta om éin person.

Mensch er maskulinum på tysk. Klaus-Michael Köpcke plasserer ordet i gruppa ”Bezeichnungen für Menschen, Berufe und Ränge ohne Bezugnahme auf das natürliche Geschlecht” (Köpcke 1982:72), og slike ord er maskulinum. K.-M. Köpcke og David A. Zubin opererer på same vis som Trosterud med eit prinsipp om at hyperonym (*Oberbegriffe*) er nøytrum (Köpcke og Zubin 1997:98f.) utan å rekne *Mensch* som medlem i kategorien *Oberbegriffe*. Det ser altså ut til at ulike reglar konkurrerer her. Hans-Olav Enger drøftar kva som skjer ved regelkonfliktar i Enger 2001, og konkluderer slik: ”Dette problemet kan synes uavklart” (Enger 2001:172).

Ordet /ton/ fell så vidt eg kan sjå, ikkje inn under nokon av dei semantiske felte Trosterud set opp. Beito nemner at ordet kan vera maskulinum (Beito 1954:114), men vaksne informantar i Guovdageaidnu gjev opp obligatorisk nøytrum.

Ordet /rulebræt/ kan dekkjast av STR 27 hos Trosterud, ”Flak og flater er n”. Også /tryk/ kan plasserast her på same vis som fleire andre omgrep for bilete (”bilete, maleri, kopi”). Også *bord* kan plasserast her, jamvel om denne analysen ikkje ligg heilt i dagen for oss som er vaksne opp med at *bord* først og fremst er nemning på eit møbel.

Ordet /parku'me:ter/ fell så vidt eg kan sjå, ikkje inn under nokon av dei gruppene Trosterud set opp. Etterlekken i ordet, *meter* er her ”namn på måleinstrument” (*Nynorskordboka* 1986:451). Likevel er det vel ikkje utenkjande at årsaka til at ein av informantane nyttar /e:n/ føre / parku'me:ter /, er at det er lydleg samanfall mellom etterlekken *-meter* og maskulinet *meter* i tydinga ”grunneining for lengd” (loc.cit.).

Både for dei som nyttar system 2, og dei som nyttar system 3, er resultatet at /e:n/ blir meir nytta enn i etablert mål. Det er ut frå gjennomgangen min over ikkje rimeleg å forklare eventuelle tilfelle av ny genustilordning hos informantane som nyttar system 3, ut frå den type reglar for genustilordning som Trosterud set opp. Heller ikkje Beitos observasjon ut frå analyse av kva ord som har svagande genustilordning i norsk: ”dei drivande kreftene ved genusskifte er assosiasjonar mellom ord av ulikt kjønn” (Beito 1954:4) ser ut til å forklare auka bruk av /e:n/. Også Bull, Junttila og Pedersen seier at dei ikkje har kunna finne fram til kjenneteikn som skulle forklare avvikande genusval i det materialet dei har analysert (Bull, Junttila og Pedersen 1986:64).

3.2.1.1.2.4.4.2 Eit forrangsgenus?

I tysk språkvitskap har ein drøfta om det finst eit genus som blir føretrekt framfor dei andre, *Vorzugsgenus* (Fischer 2005:107), 'forrangsgenus'. Eit forrangsgenus kan fungere som preferert genus i tilfelle der ein ikkje kjenner genuset til eit ord (system 3). Denne forklaringa kan så nyttast både til å forklare ein etablert overgang frå /ei/ til /e:n/ (overgang 1) og individuelle overgangar frå /et/ til /e:n/ (overgang 2).

Ulike forskarar har sett fram ulike forslag til kva genus som skulle ha forrang, alt etter kva kriterium dei har lagt vekt på (ibid.:147ff.). Fischer set opp tre indikatorar på at maskulinum er forrangsgenuset i tysk:

- m. ist das unmarkierte Genus in den Oppositionen Individuativa – Nichtindividuativa(...), *belebt–unbelebt* (...), *männlich–weiblich* (...)
- m. ist das häufigste Genus, und zwar sowohl lexikalisch (nur bei Stammwörtern) als auch nach der Vorkommenshäufigkeit.
- m. scheint das Genus sehr vieler Artbezeichnungen zu sein, soweit deren Genus nicht anderweitig motiviert ist (ibid.:108).

Fischer understrekar at det ikkje ligg noko bevis i desse indikatorane, og at dei opnar for ringslutningar (ibid.:108). Beito har ekserpert eit stort utval nynorsk litteratur Beito (1954), og funne fram til desse tala for fordeling av genus i moderne norsk: ”Hankjønn (...) snautt 41 %. Hokjønn (...) vel så 32 %. Inkjekjønn (...) vel så 26 %” (ibid.:2).

Også i det materialet eg har samla inn, er det stor overvekt av etablerte maskulina. Av substantiv i singularis med førestelt bøygt ord eller suffiks er 371 av 651 ord etablerte maskulina, dvs. 58,4 %. 160 av 651 er etablerte feminina (24,2 %), og 120 av 651 er etablerte nøytra (18,4 %). Eg har ikkje teke med ord som informantane gjev eit anna innhald, og fantasiord. Desse tala gjeld førekomstar, så kvart ord kan vera representert fleire gonger. Dersom ein ser på kva ord som førekjem med førestelt bøygt ord i singularis eller suffiks, blir tala 135 maskulina (51,7 %), 69 feminina (26,4 %) og 57 nøytra (21,8 %). Dersom sistelekk i eit samansett ord førekjem som eige ord med same genus i materialet eller som etterlekk også i eit anna ord, reknar eg ikkje dei samansette orda som eigne ord. Grunnord som berre førekjem som etterlekk i samansette substantiv, har eg sett i kursiv. Eg har skrive orda etter nynorsk rettskriving. Når uttaleforma skil seg mykje frå nynorsk, har eg skrive ordet slik det blir skrive i bokmål. Når to variantar med same innhald skil seg svært mykje frå kvarandre, har eg rekna dei som to ord. Ulike uttalevariantar kan ein sjå på tabellane som syner førekomstar.

Maskulina: akku, arkeolog, arm, attenåring, badering, bak, ball, beibi, bil, bjørn, blyant, blåveis, bod, buss, butikk, båt, dag, dissestolpe, dokke, drake, edderkopp, elefant, elg, elgunge, far [bestefar, oldefar], femtiøring, finger, fisk, fiskekrok, fot, frosk, fugl, garasje, gass, gong, grabb, gut, hale, hammar, hamster, hane, hare, hatt [sjørøvarhatt], hekseskugge, hengelas, hjelm, hjullastar, hund [flyhund, lillehund, nabohund, schæferhund], is, jeger, julenisse, kaffikjele, kall, kanin, kanon, katt, kattunge, kilometer, kjellar, kjærast, klovn,

klump, knapp, kniv, kopp [kaffikopp, colakopp], kors, kost, krakk, kropp, krossbane, kæps, likhet, loop, lærar, løve, mage, mamma, mann [trollmann], meter, midt, mobil, motorsykkel, murstein, månad, okse, onkel, orm, papegøye, pappa, plass, port, pose, rakett, rein, rev, sekk, side, sko, skog, skole [politiskole], skuter, slange, snø, snøskavl, sommar, spade, stige, strøm, støvel, svenske, tallerken, tarantella, tekst, telefon, tid, tilhengar, time [halvtime], ting, trailer, tryllestav, tulling, tur, unge, vallak, valp, vane, veg, venn [beste venn], veranda, vinter, vits, vott, walkietalkie.

Feminina: and, blokkfløyte, bok, bru, bukse, bygd, dame, drue, dør, elv, eske, fil, fluge, flyndre, form, gift, gjedde, gåve, hagle, hand, heks, ho, hoppe, hytte, høns, jakt [elgjakt], jente [politijente], jord, jul, kasse, katt [kjøkkenkatt], kiste, klokke, krabbe, krone, kråke, kule, kusine, lekse, linje, løve, løype, mark, mil, mor [bestemor, oldemor, stebestemor], mus, natt, nål, panne, pause, rauv, rotte, rumpe, seng, side, skei, skole, snøhule, sol, støtte, søle, søster [lillesøster, storesøster], tåteflaske, ugle, venninne, verktøykasse, vogn, ølflaske.

Nøytra: bein, bål, parkometer, spøkelsestog, ball, bilde, bord [trebord], dyr, egg [speilegg], epletre, fjell, fjes, folk [steinfolk], gevær [haglggevær, luftgevær], golv, gras, hoppeslott, hoppetårn, hotell, hovud, hus [hønsehus], hår, kapittel, kjøkken, kunstnarflagg, lys, løp, menneske, mål [basketballmål], namn, nebb, nett, piano, rede, reir, rom [klasserom, soverom], rullebrett, sete, skåp, skinn, skjelett, slakteri, språk, spøkelse, spørsmål, søppel, tak, tau, telt, tiss, tonn, tre, troll, trykk, uhell, vindu, år.

Om ein også reknar med ord som berre førekjem i pluralis, blir tala 146 maskulina (49 %), 82 feminina (27,5 %) og 70 nøytra (23,5 %).

Desse orda kjem til i pluralis (samansette ord der sistelekken førekjem som eige ord eller del av anna samansett ord i singularis eller pluralis, er sett i firkantklammer):

Maskulina: bakterie, [gummistøvel], [hanhund], hest, kalv, kam, maur, nabonisse, planke, [snøball], sporv [snøsporv], støtdempar, sølepytt, truck, tusenmeter, vassfugl, villkanin, veng, vott.

Feminina: brille, [dansemus], dokke, dukkebrille, fjør, gruppe, [lureand], pakke, planke, ski, sky, stjerne, teikning, veke.

Nøytra: auge, [bakbein], barn, fiskegarn, hjarte, hjul, klede, klistremerke, kryp, lysglimt, stykke, troll [rumpetroll], øyre

Talet på maskulina er altså klart større enn kvart av dei to andre genusa. Dette i seg sjølv kan vera eit argument for å rekne maskulinum som eit mindre markert genus enn dei to andre.

Trond Tosterud har drøfta genustilordning i norsk i ein artikkel i Norsk Lingvistisk Tidsskrift 2001 (Trosterud 2001), og viser at overvekta av maskulina i *Nynorskordboka* er større enn i Beitos materiale. Prosentdelen av feminina er om lag den same, og prosentdelen for nøytra noko lågare enn hos Beito (Trosterud 2001:51). Trosterud kjem også fram til at den andre indikatoren Fischer peikar på, gjeld for norsk med (Trosterud 2001:35). Den tredje indikatoren Fischer nemner, skriv ikkje Trosterud om direkte, og eg kjenner ikke til andre undersøkingar som kan seia om dette gjeld eller ikkje gjeld for norsk. Trosterud reknar maskulinum som defaultgenus i norsk (Trosterud 2001:34), og i det ligg det vel at den tredje indikatoren til Fischer truleg gjeld for norsk au.

Andre lingvistar som har drøfta om det finst eit forrangsgenus i tysk, har lagt meir vekt på formelle drag. James Blevin har til dømes komme fram til at artikkelen *die* må vera umarkert ettersom han er den artikkelen som førekjem flest stader i paradigmet for den bundne artikkelen i tysk (Blevins 1995). Wunderlich hevdar utan å argumentere for det at *das* er umarkert (Wunderlich 1997:51), og altså har forrang.

Semantiske tilhøve og morfologiske tilhøve

I dei variantane av norsk som har eit fullt utbygt tregenussystem, uttrykkjer determinativa *ein*, *ei* og *eit* dei same semantiske tilhøva, og dei blir bruka på same vis syntaktisk sett. Kva for ein av desse tre variantane talaren vel, har ikkje noko med sjølve determinativet å gjera, men med kva ord determinativet viser til.

Den ubundne artikkelen er eit eige førestelt ord i norsk, og ikkje prefiks, suffiks eller infiks. I mange tilfelle førekjem substantiv i singularis i ubunden form utan artikkel, så ein kan ikkje seia at tilhøvet mellom dei semantiske kategoriane *bunde* og *ubunde* heilt tilsvarar den morfologiske skilnaden mellom substantiv med ubunden artikkel og substantiv med suffiks i singularis. Det er syntaktiske og semantiske og ikkje morfologiske reglar som avgjer om eit

substantiv i ubunden form skal ha førestelt artikkel eller ikkje. I dei tilfella der substantiv i singularis skal ha ubunden artikkel, kan ein seia at ein morfologisk skilnad tilsvarar ein semantisk skilnad. For å uttrykkje det semantiske tilhøvet, nyttar ein i norsk tre ulike formativar.

Markerte former

Når formativar med same semantiske innhald vekslar slik som skildra over, kan ein av dei vera umarkert, og føretrekkjast av språkbrukaren framfor dei markerte. Wurzel seier at all språkutvikling blir styrt av kva som er naturleg (Wurzel 2001 [1984]:30), og umarkerte former er alltid meir naturlege enn markerte former (Wurzel 2001 [1984]:24).

Frekvens

Som nemnt er det stor overvekt av etablerte maskulina både i Beitos materiale, i det materialet Trosterud har sett på, og i det materialet eg har samla inn.

Formelle drag

Formativen /e:n/ uttrykkjer fonologisk samanheng med andre formativar i bøyingsparadigmet for substantiv i singularis. -/en/ har same finalkonsonant som suffikset i bunden form. Finalkonsonanten i -/e:n/ førekjem også i determinativet /den/. Formativane /ei/ og /et/ syner ikkje fonologisk samanheng med andre formativar i paradigma. Suffikset som svarar til /ei/, er -/a/, og suffikset som svarar til /et/, er -/e/, og det er altså ikkje noko liknande fonologisk samsvar som for orda som får /e:n/. Determinativa /den/, som blir bruka for dei orda som får /ei/, og /de:/, som blir bruka for ord med /et/, har heller ikkje nokon fonologisk samanheng med /ei/ og /et/. Det at samanhengen mellom ulike former i paradigmet er fonologisk kodert, skulle tilseia at paradigmet er mindre markert enn paradigme der det ikkje er fonologisk samsvar mellom former.

Genusval

Einar Haugen fann at det er meir sannsynleg at eit engelsk ord som blir teke opp som lånord i norsk blant utvandrarar av norsk avstamming i USA, blei maskulinum enn femininum eller nøytrum. Genusmarkering for slike lånord der genusmarkeringa ikkje skiftar eller er vaklande, er: maskulinum: 83,3 %, femininum: 2,7 %, nøytrum: 14 % (Haugen 1969:447). Dette kan tyde på at maskulinum er forrangsgenus.

Resultata i Junttila, Bull og Pedersen 1996 og i Bull 2006 synest å tyde på at informantane sidestiller maskulinum og nøytrum, og at ein såleis ikkje kan seia at det eine genuset er meir markert enn det andre. Dette dreg i ei litt anna lei enn det eg har funne i det materialet eg har samla inn, og resultata hos Haugen 1996, Junttila 1988, Hatlebrekke 1996a, Todal 1996 og Martinussen 1996. Det kan tenkjast ulike årsaker til desse forskjellane. Ein kan tenkje seg at /et/ er komme inn seinare enn /e:n/, til dømes i møte med skriftspråket. Dersom /e:n/ er etablert hos språkbrukaren som eit determinativ som kan nyttast føre alle genus, kan dette seinare føre til ein del hyperkorrekte former ved at /et/ blir bruka også føre maskulinum. Dersom /et/ er komme inn etter at talaren har etablert eit system med /e:n/ som dominerande form, vil talaren kunna oppfatte det slik at det er fri variasjon mellom /et/ og /e:n/.

3.2.1.1.2.4.4.3 Mogeleg interferens

Hitlur Hatlebrekke set i hovudoppgåva si opp to mogelege forklaringar på kvifor drag som kongruerer med maskulinum i dei fleste norske dialektar og i det nynorske skriftmålet, står til feminina i Vadsø bymål. I Hatlebrekke 1996a nemner ho ei tredje forklaring. Desse tre forklaringane er::

1. Påverknad frå dansk og riksmål (Hatlebrekke 1981:32)
2. Generell forenklingstendens (loc.cit.)
3. Påverknad frå finsk (Hatlebrekke 1996a:225)

Hatlebrekke konkluderer i 1996a med at ho meiner påverknad frå dansk og riksmål er hovudårsaka til at same determinativ kan brukast føre etablerte feminina og etablerte maskulina.

Jorid Hjulstad Junttila seier i si hovudoppgåve at ho oppfattar interferens frå samisk og finsk som den primære grunnen til endring. Også Kjell Venås nemner at innslag “i talemålet i Vadsø (og anna finnmarksmål) kan koma frå samlivet med finsken. Såleis er det noko tildriv til utjamning i kjønnsbruken” (Venås 1991:54).

Hatlebrekke nemner som eit viktig argument for teorien om påverknad frå dansk og riksmål at *en* ikkje førekjem ved nøytra i vadsø-målet. Dette er altså annleis hos ein del av mine informantar. Overgang 1 har støtte i eit tradisjonelt skriftmål, og det kan vel tenkjast at denne overgangen har lettare for å slå igjennom enn overgang 2. Det kan altså tenkjast at ei naturleg utvikling i Mayerthalers terminologi er at ei form som tradisjonelt kongruerer med

maskulinum, overtek også føre nøytra og feminina, men at språksamfunnet rundt ikkje gjev same vekstervilkår for desse to overgangane. Jorid Julstad Junttila seier: “Men språkpåverknad frå skolen og samfunnet elles gjer det lite truleg med ei slik utvikling. Likevel er det altså eit tildriv til å oppheve genusmotsetnaden i skibotnålet” (Junttila 1996:212f.).

Dersom forklaringa skulle ha lege i påverknad frå dansk og riksmål, kunne ein også venta utstrekt bruk av *-en/* som suffiks. Det førekjem i svært liten grad, og dei tre gruppene av ord blir stort sett oppretthaldne intakt. Det ser òg ut til at gruppa av ord med *-a/* er produktiv ettersom G2 let eit fantasiord få slik ending (sjå 3.2.1.1.3.2).

Ein del av mine informantar meistrar samisk og norsk om lag like godt. Alle har ein viss kjennskap til samisk. På same vis som finsk har samisk ikkje grammatisk genus (Nickel 1990:69). Dersom genus ikkje hadde funnest i språket til informantane i det heile, heller ikkje i personlege pronomen, hadde det truleg kunna forklarast som interferens frå samisk. Som nemnt er genus falle bort som grammatisk kategori i dialektar av latvisk der det finsk-ugriske språket livisk tidlegare var det dominerande språket (sjå 3.2.1.1.1.4). Alle substantiv er markerte med gruppetilhørsle i leksikonet til informantane, det syner konsekvent bruk av suffiks i bunden form. Ingen av dei nyttar heller dei personlege pronomena i tredje person om menneske på avvikande vis i høve til kva som er vanleg for norsk med omsyn til genusmarkering. Det kan altså ikkje seiast at eit samisk system har teke over for eit norsk system.

3.2.1.1.2.4.4.4 Samanfall av former

Er det slik at eit ord går over frå eitt kjønn til eit anna dersom ein brukar ei form som i etablert mål kongruerer med eit anna genus? Martinussen skriv: ”ble hunkjønn og intetkjønn til hankjønn, f.eks. *en elv, en språk*” (Martinussen 1996:241). Genus ligg i sjølve nomenet, og ikkje i orda som kongruerer med nomenet (sjå 3.2.1.1.1.2). Det kan derfor tenkjast at éi form kan kongruere med meir enn eitt genus. Determinativa *den, det* er eit døme på det i norsk. Determinativet *den* kongruerer både med feminina og maskulina. I norrønt mål var det ulike former som kongruerte med maskulina og feminina. I nominativ kongruerte *sá* med maskulina og *sú* med feminina. Determinativet *þat* kongruerte med nøytra. I nynorsk mål har forma som kongruerte med maskulinum singularis akkusativ i norrønt mål, *þann*, teke over som kongruerande form både for maskulina og feminina, i nokre dialektar i forma *dan*, i

andre i forma *den*. Likevel er ikkje dei feminina som får *den* føre seg, gått over til å bli maskulina. Like lite er feminina og nøytra som får artikkelen *en* føre seg, automatisk vortne maskulina.

James Blevins skriv om morfologisk samanfall i ein del kasus mellom ulike genus i tysk i ein artikkel i *Linguistics and Philosophy* i 1995 (Blevins 1995). Han seier til dømes at når *dem* står føre substantiv i dativ i både nøytrum og maskulinum, tyder ikkje det at maskulinumsforma eller nøytrumsforma blir bruka føre det andre genuset, og heller ikkje at forma er umarkert i høve til genus, men dei står i systemet som ikkje-feminine (Blevins 1995:117). Det same kan ein seia om determinativet *den* i norsk. Forma er korkje maskulinum eller femininum i moderne norsk, men ikkje-nøytrum.

3.2.1.1.2.4.5 Oppsummering

Maskulinum har størst frekvens i norsk, og det ser ut til at maskulinum fungerer som forrangsgenus. Dette kan vera ei forklaring på kvifor den varianten av den ubundne artikkelen som opphavleg er den som kongruerer med maskulina, blir vald framfor dei to andre variantane.

I dei tilfella der det blir nytta andre former av determinativet enn det som er tradisjonelt i tilknytning til substantiv i materialet, kan dette forklarast med at det er den mest frekvente forma, altså den som er etablert som kongruensform med maskulina, som blir bruka i staden for former som tradisjonelt kongruerer med femininum og nøytrum. Forklaringa på ei forenkling av genussystemet ligg i så fall ikkje i ”assosiasjonar mellom ord av ulikt kjønn” (Beito 1954:4), men i at eitt genus er forrangsgenus.

3.2.1.1.3 Togenussystem, tregenussystem eller bortfall av genus

3.2.1.1.3.1 Kongruens som avgjerande faktor

Fretheim (1996) analyserer genus i ein austlandsvariant av norsk der bruken av /ei/ og /e:n/ ser ut til å vera lik den eg har funne hos dei fleste av informantane mine. Også i det målet han skildra, førekjem *-/a/* som moglege suffiks i bunden form. Han oppfattar dette målet som eit

”tokjønssystem”(Fretheim 1996:101) med genusa *felleskjønn* og *intetkjønn* ettersom det ikkje er nokon kategori i dette talemålet der det er gjennomført ulikskap i kongruens mellom etablerte maskulina og etablerte feminina. Dette ser ut til å vera tilfellet også for mine informantar. Likevel er ikkje systema heilt identiske. Alle mine informantar ser ut til å ha tre fast åtskilte grupper; éi av desse gruppene får *-e/* som suffiks i bunden form, éi får *-a/*, og éi får *-en/*. I det talemålet Fretheim skildrar, kan *-en/* nyttast som suffiks både ved etablerte feminina og ved etablerte maskulina, og *-a/* kan nyttast ved etablerte feminina. For alle informantane mine unnateke éin ser det ikkje ut til at suffikset *-en/* kan nyttast for *-a/*. Etablerte feminina får *-a/*, og etablerte maskulina får *-en/*. Den informanten som ser ut til å kunna velja mellom *-a/* og *-en/* ved etablerte feminina, har eit talemål med mange austnorske drag (G6). Dette vil seia at mest alle informantane har eit system der substantiv er markerte med gruppetilhørsle i leksikonet, og at ord i all hovudsak ikkje kan forekomma i fleire enn i ei av gruppene.

På same viset som Blevins oppfattar tilhøvet mellom *dem* og *der* i dativ i tysk (sjå 3.2.1.1.2.4.4.4), kan ein sjå på tilhøvet mellom */e:n/* og */et/* i det talemålet Fretheim analyserer, og i talemålet til dei fleste av mine informantar. Når Fretheim likevel konkluderer med at det er eit tokjønssystem i det talemålet han analyserer, er det fordi det ikkje er andre systematiske tilfelle av konsekvent opposisjon mellom maskulinum og femininum i talemålet. Mellom anna seier han at formene *egen* og *annen* er einaste mogelege former føre etablerte feminina. I materialet mitt førekjem ikkje ordet *eigen* i det heile. Forma */ana/* førekjem føre eit etablert femininum */e:n ana venine/* (J7). Same forma førekjem også føre eit etablert maskulinum: */e:n ana hæn/* (G5). Jorid Hjulstad Junttila seier at */ana/* også blir bruka om maskulina i tromsmål (Junttila 1988:208). Forma førekjem ikkje føre nøytra i materialet, men forma er i bruk føre nøytra i norsk talemål i Guovdageaidnu også blant vaksne. Det ser altså ut til at */ana/* ikkje fungerer som feminin form her, men som einaste form i singularis. Fretheim seier: “a-endelsen er egentlig importert gods. De er lånt inn i to-kjønn-systemet deres (felleskjønn og intetkjønn) fra et tre-kjønn-system (hankjønn, hunkjønn og intetkjønn)” (Fretheim 1985:101). Dette vil seia at ein kan veksle mellom *-a/* og *-en/* som suffiks ved etablerte feminina.

Det ser som nemnt ut til at dei fleste av mine informantar ikkje kan veksle slik. Etablerte feminina ser ut til å vera markerte slik at *-a/* er obligatorisk. Dette tyder at det er eit meir absolutt skilje mellom dei to gruppene i talemålet til mine informantar enn i det talemålet

Fretheim analyserer. Likevel må ein seia at alle informantar eg har stoff frå, unnateke J4, har eit tokjønnsystem dersom ein krev at det skal vera kongruens mellom substantivet og eit anna ord. Etterstelt possessiv etter substantiv med suffikset *-/a/* endar i fem av seks tilfelle på *-/i/* (*/blokfløita mi:/* (G1), *./bu:ka mi/* (G3), */hona mi:/* (G5), */ku:si:na mi:/* (G6), */mura mi:/* (J4)). Det er éin førekomst av */mi:n/* etter substantiv med suffikset *-/a/* (*/bu:ka mi:n/*(G3)). Ein kan likevel seia at det vanlege i materialet er at eit substantiv med suffikset *-/a/* blir følgt av */mi:/*.

Janne Bondi Johannessen drøftar genus i austlandsområdet (1990:43f.) med utgangspunkt i Fretheims analyse, og seier at ein mogleg analyse av etterhengde possessiv er å oppfatte dei som bøyingsendingar: ”Eiendomsforhold kunne altså både uttrykkes med eget pronomen (*din jakke*) og med bøyning (*jakkadi*)” (ibid.:44). Trond Trosterud (2001:29) har ein liknande analyse: ”Talarar som seier *sola mi*, men *min sol*, har eit togenussystem, der *mi* meir har karakteren av eit possessivsuffiks enn av eit kongruerande ord (ingenting kan t.d. stå mellom *sola* og *mi*)” (Trosterud 2001:29). Dersom ein reknar kongruens med andre ord som eit absolutt kriterium for å seia at ei gruppe utgjør eit genus, kan ein seia at informantane mine, med J5 som unnatak, har eit togenussystem.

Trond Trosterud oppfattar på same vis som Fretheim eit system der berre suffikset i bunden form er ulikt ved etablerte maskulina og etablerte feminina, som eit togenussystem (Trosterud 2001:29). Også Hans-Olav Enger hentar sin definisjon av genus frå Hockett og Corbett der kongruens er avgjerande ved definering av genus (Enger 2001:164).

3.2.1.1.3.2 Utgangspunkt i drag ved substantiva

Det har i nyare genusforskning, og særleg innanfor tysk, vore lagt vekt på å sjå etter drag ved dei einskilde substantiva som definerer dei som at dei tilhører ei fast gruppe. Både formelle, semantiske og morfologiske drag har vore trekte inn for å sjå om genustilordning er regelstyrt. Peter Eisenberg (2000) drøftar om det er rimeleg å rekne med fire genus i tysk og ikkje med tre, slik ein tradisjonelt har gjort. Det fjerde genuset skulle da vera dei orda ein til vanleg kallar *linne maskulina*. Det som skil desse orda frå andre tyske maskulina, er at dei får *-/en/* som ending i oblike kasus i singularis og i alle kasus i pluralis. Dette skil dei frå andre maskulina. Dei linne maskulina har også semantiske drag som skil gruppa frå dei andre tre gruppene. Eisenberg gjer framlegg om å kalle denne gruppa *generikum*. For sterke maskulina

finst to moglege former av tostava determinativ (*diesen* og *dieses*), medan berre *dieses* kan nyttast føre linne maskulina. Eisenberg seier at dersom ein tek utgangspunkt i substantivet sjølv, og ikkje i kongruerande ord, må gruppa generikum reknast som eit eige genus i tysk. Han opprettheld kravet om kongruens for å kunna snakke om genus, og seier at generikum og det han kallar restmaskulinum, har dei same kongruenstilhøve, altså med eitt unnatak.

Ut frå Eisenbergs argumentasjon ville ein også kunna seia at talemålet til alle informantane mine er eit tregenussystem. Det er tre skilde grupper der eitt ord hører til i berre éi gruppe, og det er morfologiske skilje i bøygde former. Valet av *diesen* og *dieses* i genitiv er parallelt til val av /ei/ og /e:n/ føre substantivet i talemålet til dei fleste av mine informantar.

Dersom ein ikkje legg avgjerande vekt på kongruens med andre ord, fell skiljet mellom *genus* og *bøyingsklasse* bort, og begge termane blir termar for same fenomen. Dette tener ikkje til å skapa større forståing av kva som er skilnaden mellom desse to fenomena, og eg ser derfor ingen grunn til å nytte Eisenberg sin analyse.

3.2.1.1.3.3 Konklusjon

Det ser ut til å vera ei heilt klar forståing hos alle informantane, med moglege unntak for G6, for kva gruppe – femininum, maskulinum eller nøytrum – kvart substantiv hører til i, så det er ikkje rimeleg å seia at nokon av dei tre gruppene er smelta heilt saman, eller at ei av gruppene er gått opp i ei anna. Hos dei fleste informantane er kongruens for maskulina og feminina i store grad fallen saman. Ettersom kongruens har vore rekna som eit konstituerande kriterium for genus, kan det seiast at hovudmønsteret hos informantane er at dei har to genus, utrum og nøytrum. Utrum har to klart skilde nominalklassar, femininum og maskulinum.

Informantane utgjer ikkje ei homogen gruppe, og det mønsteret eg har skildra over, gjeld dei fleste av dei. Éin av informantane har eit klart gjennomført tregenussystem (J5), og to av informantane ser ut til å ha eit system der også nøytrum ser ut til å kunna få same kongruens som utrum, i alle høve for førestelt determinativ.

3.2.2 Pluralis

3.2.2.1 Fleksjonsmønster

Bente Martinussen set opp desse fleksjonsmønstra for substantiv i pluralis for indre Finnmark:

en gutt	gutten	gutta/er	guttan/ene
en jente	jenta	jenta/er	jentan/ene
et hus	huset ³³	hus	husan/ene

Martinussen 1996:242

Tove Bull set med utgangspunkt i talemålet i Vadsø opp desse fleksjonsmønstra for nøytrum:

et hus	huse	hus	husan
et æple	æple	æpla	æplan
et problem	probleme	problem(a)	probleman

Bull 1996:168

Dei fleste av dei formene som Martinussen og Bull set opp, finst også hos informantane mine. *-/ene/* i bunde fleirtal førekjem sjeldan, og aldri i nøytra. Det er heller ingen førekomstar av *-/ene/* ved ord som berre kan vera feminine. Det er éin førekomst av kvar av formene */hunkatne/* og */planjkene/*, ord som svagar mellom maskulinum og femininum (sjå merknader til tabell 3.2 a og 3.2.2.2.2). Resten av dei orda som førekjem med *-/ene/* i materialet, er etablerte maskulina (*/finjrene/*, */hamstrene/*, */na:bunisne/*).

I tillegg førekjem former med final *-/a/* i bunden form pluralis ved desse orda */ba:kbeina/*, */navna/*, */skua/*, */tøua/*, */bæina/*. Alle desse substantiva kan få *-a* som endevokal i bunden pluralis i begge skriftmåla. Formene førekjem i mange dialektar. I nordnorsk mål har desse formene tradisjonelt ikkje vore i bruk. Det er ni førekomstar av *-/a/* i bunden form pluralis av nøytra i materialet, og ingen førekomstar av *-/ene/*.

³³ Martinussen fører opp skriftmålsforma med *-t*. *-t/* er ikkje ein del av naturleg talemål nokon stad i Finnmark.

I nordnorsk mål er final *-r/* i ubunden pluralis fallen bort i dei fleste fleksjonsmønstra (Christiansen 1976:214). I ord med konsonantstomn har *-r/* halde seg i alt nordnorsk mål (ibid.:210). I materialet førekjem *-er/* i ubunden pluralis både ved gamle kononantstomnar (tre førekomstar: */føter/*, */ener/*, */dansemu:ser/*³⁴), og ved andre ord (73 førekomstar). Dersom ein ikkje reknar med G6, som har eit talemål som både i prosodi og morfologi ligg nær opptil ein austnorsk varietet av norsk, blir tala to førekomstar av *-er/* ved konsonantstammar (*/føter/*, */dansemu:ser/*), 59 førekomstar av *-er/* ved andre ord. Det er 59 førekomstar av *-a/* i ubunden pluralis i heile materialet. I bunden pluralis er det 36 førekomstar av *-an/*, og 7 førekomstar av *-ene/*. Dersom ein ikkje reknar med G6, er det 5 førekomstar av *-ene/*. I bunden pluralis ser skriftmålsforma altså ut til å vera mindre utbreidd enn i ubunden pluralis.

-e/ som markør av ubunden pluralis er det ein førekomst av, */jæ:gere/* /G4/. Dette oppfattar eg som ei skriftmålsform.

Det er også tre førekomstar av *-r/* som markør (*/træ:r/*, */klæ:r/*). Dette er vanlege former i nordnorsk mål.

Formene med *-e/-* er eineformer i bokmål, og vanlege i austnorsk talemål. Formene med *-a/* er tradisjonelle former i alt nordnorsk mål. I materialet blir både formene med *-a/(-)* og dei med *-e/-* nytta både ved etablerte maskulina, etablerte feminina. og etablerte nøytra. I ubunden pluralis er det om lag like mange førekomstar av *-a/* som av *-e/-*. I bunden pluralis er det langt fleire førekomstar av *-a/-* enn av *-e/-*. Bull (1996:168) nemner at ein også finn ein sterk tendens til å føre inn former på *-er/* i pluralis i ubunden form i store delar av Varanger.

Tabellane under gjev eit oversyn over pluralisførekomstane i materialet.

³⁴ Forma */mu:ser/* blir ikkje akseptert som grammatikalsk av dei vaksne språkbrukarane eg har spurt. */mu:s/* blir oppgjeven som einaste grammatikalske form.

J1

Tabell 3.2 p Oversyn hos pluralisførekomstar hos J1

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-ane	-ene	-a
1. året		viņer (2)	spro:k			
2. året	Ingen former					
3. året	hūna ka'ni:na	da:ger	dy:r o:r			ba:kbeina

J2

Tabell 3.2 q Oversyn hos pluralisførekomstar hos J2

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året						
2. året	vota		tiŋ			
3. året	ka'ni:na (2) vilka'ni:na	uņger ka'ni:ner	o:r	ka'ni:nan		navna

J3

Tabell 3.2 r Oversyn hos pluralisførekomstar hos J3

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året					fiņrene	

2. året		jenter mi:ne kater fugler spurver snø:spurver	mæ:s		hamstrene	
3. året	høna (2)	da:ger a:per uragutaner fæ:ler hester (2) hiŋster høner trækhøner je:terhøner ote kater katuner hunkater hankater	seŋtime:ter	hankatan katunjan katunjan je:terhønan	hønkadne	

J4

Tabell 3.2 s Oversyn hos pluralisførekomst hos J4

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året	gaŋa katunja uŋa kama	kater	mæur æ:g	katunjan bøsan uŋan jæntan vinduan		
2. året		kater jenter guter jenter	dy:r (2) fugel			

3.	fju:riŋa (2)		kat			
året	hæsta (2)					

J5

Tabell 3.2 t Oversyn hos pluralisførekomstar hos J5

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1.				ʃy:an (2)		
året						
2.	Ingen opptak desse åra					
året						
3.						
året						

J6

Tabell 3.2 u Oversyn hos pluralisførekomstar hos J6

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1.		tiŋer	fiskega:ŋ			
året		sku:er	rumpetrol			
		huner	o:r			
		dansemu:ser	dansemu:s			
			fjæ:r			
			o:r			
2.		dræ:er	oldemu:r			
året	læksa	sø:lepyter	mi:l			
		maŋe gaŋer	me:ter			
		sø:lepyter	o:r (3)			
		ælguner				
		oldefa:rer				
3.	si:a	huner	o:r	jætʌn		

året		fæm linjer				
------	--	------------	--	--	--	--

J7

Tabell 3.2 v Oversyn hos pluralisførekomstar hos J7

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-ane	-ene	-a
1. året	Ikkje opptak					
2. året	vota	snø:baler				
3. året	Ikkje opptak					

G1

Tabell 3.2 w Oversyn hos pluralisførekomstar hos G1

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året	Ingen førekomstar					
2. året	dukebrila (2)					skua
3. året	bakteria			fiņran (2)		

G2

Tabell 3.2 x Oversyn hos pluralisførekomstar hos G2

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året	øia (2)					
2. året	Ingen pluralisførekomstar dette året					
3. året	bak'te:ria ka:'tɔŋa klisemærka (2)			ø:ran fiŋran		

G3

Tabell 3.2 y Oversyn hos pluralisførekomstar hos G3

	Ubunden form				Bunden form		
	-a	-er	0	-r	-an	-ene	-a
1. året	støttæmpra (4) øia viŋa (3)	vinduer føter kater	ba:ŋ jæ:l bein kry:p møŋr		dy:ran viŋan		
2. året	drukebrila kumistøvla				dukebrilan jæ:lan		
3. året	føgla (2) veia	planker (2) kater stjæ:ŋer briler ka'nu:nku:ler		træ:r	ly:sglimtan		

G4

Tabell 3.2 z Oversyn hos pluralisførekomstar hos G4

	Ubunden form					Bunden form		
	-a	-e	-er	0	-r	-an	-ene	-a
1. året	Ikkje opptak							
2. året				ʃe'læt				
3. året	fū:glɑ	jæ:gere		an	træ:r	tū:senme:tran na:bunisan pakan	na:bunisne (2)	

G5

Tabell 3.2 æ Oversyn hos pluralisførekomstar hos G5

	Ubunden form				Bunden form		
	-a	-er	0	-r	-an	-ene	-a
1. året	rota fiska	ganjer (5)					
2. året	gaŋɑ brila trøka (2) bi:la	trylekunster	jū:laster	klæ:r	flū:an bi:lan jentan jentan kopan		tøua
3. året	jæ:gerɑ fūglɑ (2) vanfūglɑ u:ka gaŋɑ huna	ukser kalver (2) hūner hanhūner	o:r skud me:te me:te ʃi		fjælan føttan veian fu:tan ø:ran beinan		

huna							
huna							
si:da							

G6

Tabell 3.2 ø Oversyn hos pluralisførekomstar hos G6

	Ubunden form			Bunden form		
	-a	-er	0	-an	-ene	-a
1. året		pr̥aŋker gru:per			pl̥aŋkene	
2. året		gaŋer (2) biler	o:r me:ter çilume:ter		fingrene	bæina
3. året		ste:der tæiniŋer gaŋer styker l̥u:reener ener (2) u:ker da:ger				

Tabell 3.2 å Oversyn hos pluralisførekomstar

Kategori	Pluralis							
	Ubunden form					Bunden form		
	-/a/	-/e/	-/er/	-/r/	Ø	-/an/	-/ene/	-/a/
Inf, år								
G1 1.								
G1 2.	2							2
G1 3.	1					2		

G2 1.	2							
G2 2.								
G2 3.	4					2		
G3 1.	8		3			2		
G3 2.	2					2		
G3 3.	3		5	1	5	1		
G4 1.	Ingen opptak							
G4 2.				1				
G4 3.	1	1		1		3	2	
G5 1.	2		5					
G5 2.	5		1	1	1	5		1
G5 3.	10		5		5	6		
G6 1.			2				1	
G6 2.			3		3		1	1
G6 3.			9					

J1 1.			2		1			
J1 2.								
J1 3.	2		1		2			1
J2 1.	Ingen opptak.							
J2 2.	1				1			
J2 3.	3		2		1	1		1
J3 1.							1	
J3 2.			5		1		1	
J3 3.	2		14		1	4	1	
J4 1.	4		1		2	5		
J4 2.			4		3			
J4 3.	4				1			
J5 1.						2		
J5 2.	Ingen							
J5 3.	opptak							
J6 1.			4		6			
J6 2.	1		6		6			

J6 3.	1		2		1	1		
J7 1.								
J7 2.	1		1					
J7 3.								
Gutar	40	1	34	3	15	23	4	4
Jenter	19		42		26	13	3	2
Alle	59	1	76	3	41	36	7	6

3.2.2.2 Drøfting

3.2.2.2.1 Konflikt mellom fonologi og morfologi

Wurzel seier at det er ein permanent naturlegskapskonflikt mellom fonologi og morfologi (Wurzel 2001 [1984]:3). Fonologisk utvikling i eit språk vil både kunna føre til at funksjonelle ulikskapar mellom former forsvinn, og til nye, ikkje-funksjonelle ulikskapar (loc.cit.). Eit døme på det siste er bortfall av final *-r/*. Final *-r/* fungerte som ein pluralismarkør, og gjorde at den semantiske motsetnaden mellom eintal og fleirtal fekk eit klart motsvar for feminine og maskuline substantiv. Etter *-r/*-bortfallet vart systemet for pluralis mindre einskapleg av di sambandet mellom ulike klassar ikkje lenger var til stades.

3.2.2.2.2 Mogelege forklaringar

Köpcke (1993:82) nyttar omgrepet *Signalstärke*, 'signalstyrke', som eit mål på heilskapseffekten av dei perseptuelle draga som markerer pluralis (Köpcke 1993:82). Denne signalstyrken har fem element:

- 1) Saliens. Ulike markørar har ulik akustisk prominens, og ein markør med sterk akustisk prominens er lettare å oppfatte enn ein med svak akustisk prominens. Denne faktoren kallar Köpcke saliens.
- 2) Typefrekvens går på talet av leksikalske element som har sams drag.
- 3) Teiknfrekvens seier kor ofte eit drag viser seg i språket. Ein ser her altså ikkje på kor mange element i leksikonet som har draget, men kor ofte det førekjem i ein munnleg eller skriftleg tekst.

- 4) Signalvaliditet dreiar seg om kor ofte eit visst morfologisk drag korresponderer med same semantiske kategori. Dersom ein markør har fleire semantiske motstykke i same paradigme, blir signaleffekten lågare enn om markøren berre korresponderer med éin semantisk kategori.
- 5) Ikonisitet (sjå 3.1.3.1.1.1).

Eg går i avsnitta under gjennom dei ulike kategoriane Köpcke set opp, for å analysere signalstyrken til dei ulike pluralismarkørane som finst i materialet.

Saliens

Ubunden pluralis av feminina som endar på trykklett *-e*³⁵, fell etter *-r/-*-bortfall saman med forma i ubunden singularis. Pluralismarkøren har altså ikkje akustisk prominens.

Typefrekvens og teiknfrekvens

-r/--bortfall førte til at det som var sams for ulike grupper substantiv i pluralis, forsvann. Det vil seia at pluralismarkøren ikkje førekom så ofte i ein tekst som før, og det vil også seia at det vart færre leksikalske element med same pluralismarkør. Altså førte *r*-bortfallet til både lågare typefrekvens og lågare teiknfrekvens.

Signalvaliditet

Dersom ein markør også kan markere andre kategoriar i eit paradigme, får markøren ein lågare signalvaliditet. Köpcke reknar her berre med former i det same morfologiske paradigmet (ibid.:83). Det er altså ikkje relevant at *-r/-* markerer både presens ved verb og pluralis ved substantiv, ettersom det her er snakk om to ulike paradigme. Etter *-r/-*-bortfall blir det samanfall mellom pluralisform og singularisform ved feminina som ender på trykklett *-e/* i indrefinnmarksmål. Forma */jente/* kan etter *-r/-*-bortfall vera både singularis og pluralis ubunden form. Dette gjer at pluralismarkøren i */jente/* har låg signalvaliditet. Pluralisformer i maskulinum vil få same markør som singularisformer i bunden form femininum, og altså vil *-a/* ha ein lågare signalvaliditet enn *-ar/*.

³⁵ Ein av informantane nyttar forma */ei rota/* (sjå tabell 3.2.1, men nyttar elles *-e/*). Truleg kan ein oppfatte forma */ei rota/* som ei lånt nemning på noko som ikkje finst i Guovdageaidnu.

Ikonisitet

I og med at feminina med trykklett endevokal endar på *-e/* i indrefinnmarksmål, vil formene vera dei same i ubunden singularis og pluralis. Forma i ubunden pluralis vil såleis ikkje vera ikonisk. Forma */jenter/* er maksimalt ikonisk ettersom slike pluralisformer er segmental-additive.

For maskulina er både former med og utan *-r/* ikoniske, ettersom begge er segmental-additive.

Former utan *-r/* vil samla sett ha lågare signalstyrke enn former med *-r/*. Den fonologiske endringa *-r/-*bortfall har altså ført til eit mindre klart system for fleirtalsmarkering. Det vil så vera naturleg i Wurzels terminologi med ei utvikling der ulikskapen mellom ulike måtar å danne pluralis på, blir oppheva. Formene på *-a/* har større signalstyrke enn formene på *-e*, og formene med *-a/* blir da også bruka som pluralis ved etablerte feminina i indrefinnmarksmål. På det viset er motsetnaden mellom maskulina og feminina oppheva i pluralis, og både teiknfrekvens og typefrekvens er større for former med *-a/* når både feminina og maskulina får slike former, enn når dei to genusa har ulike pluralismarkørar.

Former som */si:a/*, */brila/*, */rota/* kan i indrefinnmarksmål vera både bunden form singularis og ubunden form pluralis. Dette vil seia at *-a/* har låg signalvaliditet som pluralismarkør i ubunden pluralis. Fleire av informantane mine nyttar *-er/* som pluralismarkør i ubunden pluralis, men *-a/* er svært lite nytta i bunden pluralis. Begge former er skriftmålsformer, og dersom bruken skulle forklarast berre som påverknad frå standardspråket, ville det vera sannsynleg at former med *-e/-* var like vanlege både i bunden og ubunden pluralis. Slik er det altså ikkje.

Også i anna finnmarksmål er same tendens observert. Tove Bull seier: ”I store delar av Varanger kan ein observere ein nokså sterk tendens til å føre inn former på *-er* i pluralis i ubunden form, altså former som *båter*, *vegger*, *bygder*, *tuer*, *jenter*” (Bull 1996:168). *-er/* har større signalvaliditet enn *-a/* som markør av ubunden pluralis av di *-er/* ikkje har nokon annan funksjon i paradigmet. I bunden pluralis vil *-an/* ha like høg signalstyrke som *-ene/*, og *-an/* er langt meir utbreidd i materialet enn *-ene/*. Éin av informantane nyttar *-ene/* saman med *-an/* i same replikkveksling ved same ord:

G4: dæ: ve:t ʉ: ka: de: sto:r po: min ga:ve/

G3: ka:/

G4: hilsn ækte na:bunisne\

G3: de: e: ike oŋt[i\

G4: næi\ hilsn na:bunisne\

o:| hilsn oŋt[i na:bunisan\

Eg oppfattar ordforma / na:bunisne/ som eit signal om at G4 no fortel noko som ikkje heilt stemmer med røyndomen. Han brukar i så fall ei grammatisk form som ikkje er ein del av det daglege talemålet hans, for å indikere at han sjølv ikkje går god for sanningsverdien av det han fortel. Ein slik måte å nytte språket på liknar den måten ungar bruker preteritumsformer på i rolleleik, – ikkje for å fortelja at noko har hendt i fortida, men for å formidle at det som blir fortalt, ikkje er del av den eigentlege røyndomen på same vis som det som blir fortalt i presens (Dannemark 1985:69, Høigård 1999:83)). Når han så går over til å fortelja korleis det verkeleg var, nyttar han ordforma /na:bunisan/. Det kan òg tenkjast at han nyttar skriftmålsforma av di han siterer noko frå ein merkelapp. I begge fall fungerer skriftmålsforma som eit signal om at noko er annleis. Denne bruksmåten av skriftmålsforma forsterkar inntrykket av at *-an/* er den umarkerte markøren, og *-ene/* den markerte.

Elles er det berre éin av informantane i tillegg til G6 som nyttar *-ene/* som pluralismarkør (J3). Ho har tre førekomstar av *-ene/* og fire av *-ane/*.

Er det ein tendens til at *-er/* blir vald som pluralisform ved visse substantiv og ikkje ved andre? Tove Bull skriv: ”Denne tendensen synes å vere sterkast i hokjønn [i store delar av Varanger]” (Bull 1996:168). Det er store individuelle variasjonar mellom informantane på dette området, så eg vil sjå på dei informantane som har flest førekomstar av *-er/*, for å sjå om det er mogeleg å finne reglar eller potensielle reglar for når dei nyttar slike former.

G3

Han har 8 førekomstar av *-er/* og 13 av *-a/*. Han har ein førekomst av *-er/* ved ein konsonantstomn (*/føter/*). Elles er det ein førekomst av *-er/* ved eit nøytrum (*/vinduer/*), tre ved tostava feminina med trykklett *-e* (*/stjæ:ner/*, */briler/*, */ka'nu:nkø:ler/*), to ved det tostava ordet *planke*. Dette ordet har ulikt kjønn i ulike dialektar; det førekjem både som maskulinum og femininum (Beito 1954:306). Vaksne språkbrukarar eg har spurt i Guovdageaidnu, har

gjeve opp /planka/ i bunden form singularis, og eg reknar derfor ordet som etablert femininum. Det er to førekomstar av /kater/. Dette ordet er oppgitt som /kat/ i ubunden singularis og /kata/ i bunden singularis av alle vaksne språkbrukarar eg har spurt.

Alle orda med /-er/ i ubunden pluralis hos denne informanten, når ein ser bort frå konsonantstomnordet *fot*, og nøytrumet *vindu*, er etablerte feminina, og av dei endar alle unnateke eitt på trykklett vokal i singularis ubunden form. Det kan sjå ut til at ein ser det same hos denne informanten som Tove Bull har observert frå Varanger. Denne tendensen finst ikkje hos nokon av dei andre informantane.

G5

Han har 13 førekomstar av /-a/ og 8 av /-er/. Denne informanten nyttar /-er/ og /-a/ til dels ved same ord, /ganj/ (5 x /-er/, 2 x /-a/), /høn/ (2 x /-er/, 3 x /-a/). Alle dei andre førekomstane er også ved etablerte maskulina (/ukser/, /kalver/, /trylekunster/³⁶). Han har tre førekomstar av /-a/ ved etablerte feminina med trykklett final /-e/ i ubunden singularis (/rota/, /brila/). (Om /si:da/, sjå merknad etter Tabell 3.2 i.)

J3

Denne informanten har 19 førekomstar av /-er/ og to av /-a/. Det ser ut til at /-er/ er den vanlege markøren av ubunden pluralis hos henne, og han førekjem ved alle grupper ord.

J6

Denne informanten har to førekomstar av /-a/ og tolv førekomstar av /-er/ som markør av ubunden pluralis. Ho nyttar /-er/ ved alle etablerte maskulina. Også orda *far*, *ting* og *sko* får /-er/ i ubunde fleirtal. På dette viset skapar ho større systematikk i paradigmet enn det som finst i etablert mål. Også for etablerte femina er /-er/ den markøren som førekjem oftast hos denne informanten. Dei to orda som får /-a/ som markør av ubunden pluralis, er feminina med final /-e/ i ubunden singularis. Det kan tenkjast at førekomsten av /-a/ i ei anna form i paradigmet, bunden singularis, gjer at ho vel /-a/ som markør av ubunden pluralis jamvel om dette gjer signalstyrken av /-a/ som pluralismarkør liten.

³⁶ Dette ordet får -en i bunden form hos alle vaksne språkbrukarar eg har spurt. Beito gjev opp både f. og m. ved dette ordet, og skriv: "f. serleg sunnafjells" (Beito 1954:255).

Mønsteret hos dei andre informantane som varierer mellom *-a/* og *-er/* (J1, J2, J4), liknar mønsteret som G5 nyttar.

Det er fire tilfelle i materialet av at Ø-form blir nytta i pluralis utan at dette er etablerte former (/fʉgel/, /kat/ (J4), /an/ (G4), /oldemu:r/ (J6)). Førre to av desse førekomstane står talordet /tu:/ (/an/ (G4), /oldemu:r/ (J6)). Førre (/kat/ (J4)) står talordet /ote/. I samisk står substantivet etter eit talord i genitiv singularis, og det er mogeleg at det er interferens frå samisk når informantane nyttar singularis etter talord. Tove Bull seier i artikkelen ”Samisk-nordisk språkkontaktforskning” (Bull 2004) om singularis etter talord hos språkbrukarar i språkkontaktområde: ”Dette er eit trekk ein neppe vil møte lenger” (ibid 190). Dette er også mitt inntrykk, og det er så få døme i mitt materiale på singularis etter talord at eg ikkje kan seia noko pålitande om dette.

3.2.3 Possessiv i nominalfrase

3.2.3.1 Plassering

Possessiv kan stå både førre og etter kjernen i ein nominalfrase i norsk. I *Norsk referansegrammatikk* er det sett opp ein del tilfelle der possessivet til vanleg står førre kjernen (Faarlund et al. 1997:264). Det står ikkje noko om når possessivet står etter kjernen, og det tyder på at den konstruksjonen blir oppfatta som den umarkerte uttrykksmåten i norsk.

3.2.3.2 Grunnar til førestelt possessiv

Tilhøve som gjer at possessivet blir eller kan bli førestelt, er:

- 1) Substantivet er abstrakt, og stilen er formell (ibid.:264).
- 2) Kjernen har gjerne abstrakt tyding og førekjem i eit meir eller mindre fast uttrykk (ibid.: 264–265).
- 3) Possessivet blir framheva (ibid.:265).
- 4) Possessivet er koordinert med eit substantiv med *-s* eller *sin*-form (ibid.:265).
- 5) Kjernen er utelaten (ibid.:265).
- 6) *Eigen* eller *kvar* førekjem i samband med kjernen (ibid.:265).
- 7) Possessivet *sin* står førre kjernen (ibid.:265) når det har ”samme grammatiske

funksjon”(ibid 258) som ”et genitivledd med possessiv funksjon” (loc.cit.).

I 1) og 3) kan possessivet stå både føre og etter kjernen. I 2), 4), 5) , 6) og 7) må possessivet stå føre kjernen.

3.2.3.3 Possessiv i materialet

Tabell 3.2 A Oversyn over bruk av etterstelt og førestelt possessiv

	Etterstelt possessiv	Førestelt possessiv	
		Førekost	Kategori
G1	blokfløita mi: (b)	min navn (a) si:n hat (a) sin sku: (b) din grab (b) di:n ræ:v (b) di :n teitiŋ (b)	 7 7 2 2
G2	maman mi:n (a)	min tæ:r (b)	2
G3	papan min (a) bu:ka mi (c) bu:ka min (c) hæ:e hanes (c) papan di:n (c) papan hanes (c) papan mi:n (c) uŋkeln mi:n (c) papan din (c) hæ:e hanes (c)	min tæ:r (b) di:n tæliŋ (c) mi:n papa (c) mi:n papa (c) mi:n papa (c) mi:n bæstefa:r (c)	2 2 3 3 3 3
G5	hona mi: (a) luftgevæ:re mit (c) (2) hunn vo:res (c) (2) hæ:se dæmeŋ (c) buksa mi: (c)	mi:n bæstevæn (a) min ahku si:n gara:ŋe (a) min sæŋ (a) mi:n e:gen ƒæ:ferhun (c) vo:res hun (c)	 4 3 6
G6	faaŋ mi:n (c)		

	hø:se hans (c) kø:si:na mi: (c) ka:nun hanes (c)		
G7			
J1	ho:re henes (a) fu:tŋ si:n (c) (3) væ:’randaen vores (c) bi:lŋ vores (c)	mi:n tæ:r (b)	2
J2		mi:n tæ:r (4) (b) di:n tæ:r (2) (b)	2 2
J3		mi:ne kater (b)	3
J4	mura mi (b)	mit støfte dy:r (b)	
J5		si: sku:le	7
J6	na:buhønŋ vo:res(c)	si:n lile hamer (a) min mi: bæstemu:r (b) si:n muntlie wo:kito:ki\ (c) mi:n bæstemu:r (c) mi:n e:gen mu’bi:l (c)	7 7 6
J7		mi:n tønne (b)	3

I materialet førekjem possessivet både føre og etter kjernen i nominalfrasen. Førekomstane av førestelt possessiv kan plasserast slik i dei gruppene eg har sett opp ut frå *Norsk referansegrammatikk*:

- 1) Ingen førekomstar
- 2) /mi:n tæ:r/ (G2, G3, J1, J2 x 4), /di:n tæ:r/ (J2 x 2)
/di:n grab/ (G1), /di:n tulin/ (G3), /di:n teitin/ /G1)
Dei siste tre uttrykka kan plasserast i same gruppe som *din idiot*, *din dust*, og jamvel om ikkje substantivet er abstrakt, må dei reknast som faste uttrykk.
- 3) /mi:n papa/ (G3 x 3, G4 x 3), /mi:n bæstefa:r/ (G3), /demes høn/, /mi:n ga:ve/ (G4),
/min sæŋ/ (G5), /mi:n tønne/ (J7), /mi:ne kater/ (J3)
- 4) /mi:n bru: fi:n hagle/ (G4), /min ahku si:n gara:fe/ (G5)
- 5) Ingen førekomstar

6) /mi:n e:gen fæ:ferhʊn/ (G5), /mi:n e:gen mu'bi:l/ (J6)

7) /si:n hat/, /sin sku:/ (G1), /si: sku:le/ (J5), /si:n lile hamer/, /si:n mʊntlie wo:kito:ki/
(J6)

Desse førekomstane kjem ikkje inn under nokon av kategoriane 1–7: a) /mi:n hagle/ (G4),
b) /mi:n bæstevæn/ (G5), c) /vo:res hʊn/ (G5), d) /mit støfste dy:r/ (J4), e) /mi:n bæstemu:r/
(J6), f) /min| mi: bæstemu:r/ (J6), g) /di:n ræ:v/ (G1), h) /min navn/ (G1).

Førekomstane førekjem i desse samtaleutsnitta:

Samtaleutsnitt a

Situasjon: G3, G4 og V snakkar om dyr

G3:o: mi:n papa| ve:t ʊ: ka:| mi:n bæstefa:r o: mi:n papa| vet ʊ: ka: dæm e:/

G4: dæm e: jæ:gere\

G3: dæm fæ:r me: mæʊser no dæm ska|

no dæm fæ:r po: jakt\

V: va: æ: dɛ di: jakte po: da:/

G4: æ: skal ta: me: mi:n hagle til ælgjakt\

næi\

mi:n bru: fɪ:n hagle\

G3: de: go:r ike ant me: hagle\

G4: ju:/

V: va:/

G3: hagle so: spræŋe vi: in i ma:gen po: dæm\ buŋ\

G4: æ: ska: ike fʏ:te ælg\ æ: ska: fʏ:te træ:\ piŋ:\

Samtaleutsnitt b

G5 og V snakkar om fritida til G5

G5: ju:| nu:un gaŋer so: ha: vi:|

æ: o: -³⁷ sto: po: vanfɪ:\

V: -³⁸ æ: dɛ bru:

³⁷ personnamn

³⁸ personnamn

ŋ di:n/

G5: m::| næi\

V: mh\

G5: mi:n bæstevæn\

Samtaleutsnitt c

Situasjon: G5, J6 og V snakkar om dyr

G5: o: den hopa ʉn| ʉp ʉner an| den andre dæ:r\

hopa n ʉner uksŋ (...)\

o:| huf\ de: va: hæf|i\

V: dø:de uksŋ da: eler/

G5: næi\ papa kom o: skøʉt ŋ\

V: akʉra:t\

G5: reks| den| den| hun| vo:res hʉn|

den| den| den|

ʉan'set ku| ku [ʉnt den sprinje |den spinje| den sprinje tre: mi:l den sprinje æter|

at (...) papa komer æter\

Samtaleutsnitt d

Situasjon: J3, J4, V snakkar om dyr

J4: de: e: mit støfste dy:r\

de: andre stu:ren\

de: e: lit støre|

Samtaleutsnitt e

Situasjon: Samtale mellom J6, G7 og V

V: du: ha: bo:d| ha: dʉ: tu: bestemø:dre/

J6:m:nai\

V: e:n/

J6: vi: ha:r e:i ste:bæstemu:r\

V: ja:ha:\

o: so:=

J6: =min| mi: bæstemu:r dø:de da: æ: va: fi:re o:r\

V: akura:t\

Samtaleutsnitt f

Deltakarar: J6, G5, V

J6: oldemu:r\

V oldemu:r/

æ: dɛ: mu:uŋ til bestefa:r/

J6: mu:eŋ til mi:n bæstemu:r\

Samtaleutsnitt g

Situasjon : G1, G3 og V ser på bilete i ei biletbok

G1: æ: kʌne had ʃlipa n| hu:de dit

oso: dʌ: hade blid be'svi:mt\ (peikar på eit bilete av ein hammar)

G3: ve:t ʌ ka: æ: kʌne juʃ me: dei/

G1: æ: kʌne ad ʃlipa den hæ:r (...)

G3: vet ʌ: ka: æ: kʌn a: juʃ/

ʃlod dei me: den dæ:r\ (peikar på eit bilete av ei heisekran)

V: den hæisekra:na/

G3: ja:\

G1: æ: kʌne ha=

G3: æ: kʌne ha: ʃlipa di: plʌŋk=

G1: =æ:| æ: kʌne ha: tad kni:ven o: stika dei i di:n ræ:v\

Samtaleutsnitt h

Situasjon: G1 og V ser i teikneboka til G1

G1: ja:/ son| dæ:r e: spil/ o de: e: mo:le\ o: dæ:r ska man ʃlukne strømen|

ʃlukne ʃlukne ʃlukne\

V: mh\

G1: ja:| o: dæ:r ha: jæ: skri:vet mi:n navn\ dæ:r| o: dæ:r e: fæŋsel\ ja:/

V: dæ: ʃto: dɛ ***³⁹=

G1: = ja:|=

³⁹ førenamnet til guten

I samtaleutsnitta a, b, c, e og f står kjernen i motsetnad til eit anna substantiv i teksten. I /mi:n hagle/ står substantivet i kontrast til /mæuser/. Kjernen i /mi:n bæstevæn/ står i motsetnad til /uŋkel/. Motsetnaden til substantivet i /vo:res høn/ er / uksn/. Til /bæstemu:r/ i f) er motsetnaden /ste:bæstemu:r/, og til /bæstemu:r/ i e) er motsetnaden /oldemu:r/. Det er altså kjernen som blir framheva i desse førekomstane, ikkje possessivet. Også i d) er det kjernen som blir peika ut i høve til noko anna, utan at dette andre blir direkte nemnt. Adjektivet /støfte/ syner likevel at J4 set kjernen i nominalfrasen i motsetnad til andre dyr ho har.

I samtaleutsnitt g er det ei heil handling (G1: /æ: kune ha: tad kni:ven o: stika dei i di:n ræ:v/) som står i motsetnad til ei anna handling (G3: /æ: kune ha: flipa di: plank=/).

I samtaleutsnitt h er det ikkje nemnt noko i sjølve samtalen som står i opposisjon til /mi:n navn/. Det kan tenkjast at G1 opererer med ein motsetnad som ikkje er uttrykt beinveges, men som ligg i situasjonen. Ein slik motsetnad kan vera *andre ting eg har skrive eller teikna i boka*.

Konstruksjonen possessiv + kjerne brukt når kjernen skal framhevast, oppfattar eg som ein markert variant i norsk. Eg oppfattar også bruken av førestelt possessiv hos G1 som markert. Informantane mine ser ut til å oppfatte det annleis.

Kan det tenkjast at vi her har eit tilfelle av interferens frå samisk? Alle informantane som nyttar possessivet på måtar som ikkje kan forklarast ut frå det som står i *Norsk referansegramatikk*, har samisk som eit godt andrespråk eller som eitt av to førstespråk. I samisk kan genitivforma av det personlege pronomenet nyttast som førestelt possessiv. Eit slikt possessiv kan ikkje stå etter kjernen anna enn i reine omsetjingslån (t.d. 'Áhčči min' frå *Pater noster / Fader vår*). Samisk har også eit possessivsuffiks. Det er ikkje gjennomført undersøkingar av kva som er mest vanleg brukt av førestelt pronomen og suffiks i moderne samisk. Mitt inntrykk er at possessivsuffikset kjennest framandt for mange yngre nordsamisktalande i Noreg i dag, og dei eg har spurt frå tretti år og nedover, føretrekkjer alle førestelt pronomen og oppfattar til dels possessivsuffiks som meir markert enn førestelt pronomen i munnleg språk. Dette tyder på at informantane er vane med førestelt pronomen i samisk, og at dei så kan nytte det meir enn andre som ikkje har same påverknad frå eit anna språk.

Etterstelte determinativ er elles eit relativt nytt fenomen i norsk, og Juri Kusmenko har argumentert for at enklitisk determinativ kan ha komme inn i nordgermanske språk som interferens frå enklitisk possessiv i finsk-ugrisk (Kusmenko 2004:228).

3.2.4 Oppsummering

Ei naturleg morfologisk utvikling går etter det Mayerthaler hevdar, i retning av meir homogene morfologiske kategoriar. Ein kunne da tenkje seg at eitt fleksjonsmønster tok over for eit anna, og på det viset ville det markerte mønsteret forsvinne og eit umarkert fleksjonsmønster vinne. Dette ser ikkje ut til å vera tilfelle for substantivfleksjonen i det materialet eg har samla inn. Alle dei tre gruppene eksisterer som skilde grupper, og det er ein hovudregel at eitt ord ikkje kan høre til i meir enn éi gruppe. Heller ikkje har genus som kategori falle bort. Likevel ser det ut til at drag ved eit maskulint fleksjonsmønster breier seg til andre fleksjonsmønster utan at motsetnaden mellom dei tre gruppene har vorte borte. Wurzel seier: "Der Abbau systembezogener Markiertheit realisiert sich hier also nicht durch die Ausbreitung einer konkreten Flexionsklasse, sondern durch die Ausbreitungen allgemeinerer Strukturprinzipien im Flexionssystem" (Wurzel 2001:79). Det ser ut til å vera nett slik i materialet at visse drag frå maskulin fleksjon breier seg utan at maskulint fleksjonsmønster erstattar dei andre fullt og heilt. Også i pluralis ser det ut til at visse overordna prinsipp styrer kva for former som blir valde. Wurzel seier at det ikkje berre er skilnad i normaliteten til konkurrerande fleksjonsklassar, men også skilnader i normaliteten til meir allmenne struktureigenskapar som konkurrerer med kvarandre i eit fleksjonssystem (loc.cit.).

Det ser altså ut til at ei evne til å ordne etter visse prinsipp kan vera med på å forklare dei draga eg har sett på ved morfologi og morfosyntaks ved substantivet.

3.3 Personlege pronomen

Eit pronomen viser til og representerer noko som anten er direkte til stades i teksten eller ligg i konteksten, samtalsituasjonen og den kunnskapen samtalepartnarane har (Bellmann 1990:238f.). Dersom det pronomenet viser til, er direkte til stades i teksten, er pronomenet brukt anaforisk. Må ein slutte seg til kva pronomenet viser til, ut frå faktorar som ikkje er

direkte til stades i teksten, er pronomenet brukt deiktisk (loc.cit.). *Norsk referansegrammatikk* opererer med fem grupper av pronomen: personlege pronomen, refleksive pronomen, resiproke pronomen, interrogative pronomen og ubundne pronomen (Faarlund et al. 1997:314). Eg kjem til å sjå berre på dei personlege pronomena i materialet.

3.3.1 Kategoriar

Personlege pronomen har ulike former etter kva dei viser til. Det varierer frå språk til språk kva for grammatiske basiskomponentar det finst grammatiske kategoriar for, og også talet på kva basiskomponentar som har eigne personlege pronomen, varierer (Wurzel 2001 [1984]:63). Såleis har ein del språk dualis som ein eigen grammatisk kategori for den semantiske storleiken total. I nordsamisk har denne kategorien eigne fleksjonsformer både for pronomen og verb (Sammallahti 1998:75, 77), i norrønt berre for pronomen (Iversen 1973:84, 93). I mange språk er den semantiske skilnaden mellom hankjønn og hokjønn ikkje uttrykt gjennom personlege pronomen, til dømes i samisk (Nielsen 1926:115). Skiljet mellom menneske og ikkje-menneske kan vera uttrykt slik at det finst ulike pronomen for dei to gruppene. I nynorsk skriftmål er skilnaden mellom genus uttrykt konsekvent ved at *han* syner til maskulina, *ho* til feminina og *det* til nøytra. I bokmål blir pronomena *hun/ho* og *han* bruka om personar, og da i samsvar med biologisk kjønn. For ikkje-menneskelege vesen, livlause gjenstandar og omgrep nyttar ein i bokmål *den* og *det*. *Den* blir da nytta for maskulina og feminina og *det* for nøytra. I somme tilhøve kan *han* og *ho/hun* også nyttast om ikkje-menneskelege vesen, t.d. kjæledyr (Faarlund et al. 1997:326). Somme språk har skilje mellom pronomen som syner til ulike genus også i pluralis, t.d. latvisk (*Mūsdienu* 1959:508) og norrønt (Aasen 1965:171).

Norsk talemål og begge dei norske skriftmåla har tre personkategoriar: 1., 2. og 3. person, og to talkategoriar, singularis og pluralis. Norsk har også til dels skilje mellom uavhengig og avhengig form av pronomenet. Dette skiljet er ikkje lenger gjennomført konsekvent for alle personlege pronomen i nokon av skriftmåla eller i nokon norsk dialekt. Uavhengig form blir nytta som tiltaleform, subjekt, og dels som subjektspredikativ. Avhengig form blir nytta som subjektspredikativ i ein del talemål og som direkte og indirekte objekt og i preposisjonsfrasar.

3.3.2 Personlege pronomener i materialet

3.3.2.1 Former

I materialet er desse personlege pronomener nytta:

Tabell 3.3 a Oversyn over personlege pronomener i materialet

	uavhengig kategori	avhengig kategori
1. person singularis	æ:, æ:g, jæ:, jei	mæ:, mei
2. person singularis	dū:	dæ:, dei
3. person singularis m	han	han
3. person singularis f.	hu:, hūn	hu:, hūn, hene
1. person pluralis	vi:	os
2. person pluralis	doker, de:re	doker
3. person pluralis	dām/dem, di:, rem	dām/dem, di:

Berre i fyrste og andre person singularis og i fyrste person pluralis er det konsekvent skilnad mellom avhengig og uavhengig form i materialet.

3.3.2.2 Variasjon

Det er svært stor variasjon mellom ulike fleksjonsformer fleire stader i paradigmet for personlege pronomener, både hos einskildinformantar og mellom informantane. Berre 2. person singularis uavhengig kategori, 3. person singularis maskulinum og 1. person pluralis uavhengig og avhengig kategori har same fleksjonsformer i alle førekomstar i materialet. Variasjon førekjem både i form og bruk. Særleg stor er variasjonen i 1. person singularis der det førekjem fire ulike former som uttrykkjer uavhengig kategori og to former for avhengig kategori. To av formene for uavhengig kategori har /j/ som framlyd (/jæ:/, /jei/) og to av formene har ikkje /j/ som framlyd (/æ:/, /æ:g/). Det har vore vanleg å rekne med at former med /j/ har oppstått ved bryting. Med utgangspunkt i diakrone tilhøve kan ein kalle former med /j/ *brotne former*, og former utan /j/ *ubrotne former*. Eg ser på synkron bruk av former med og utan /j/, men vel likevel å nytte termane *brotne* og *ubrotne former*. Dei to brotne

formene er dei same som førekjem i talemålet rundt Oslo. Den eine av dei ubrotne formene er vanleg dialektform i indre Finnmark (/æ:/), medan den andre er vanleg i delar av Troms (/æ:g/).

Avhengig kategori har også to former, og den eine av desse er tradisjonell målføreform i finnmarksmål (/mæ:/), medan den andre forma (/mei/) blir nytta i same området som dei brotne formene (/jæ:/, /jei/). Ein tilsvarende variasjon som den mellom /mæ:/ og /mei/ førekjem også i 2. person singularis mellom formene /dæ:/ og /dei/. I tredje person singularis femininum avhengig og uavhengig kategori førekjem både /hu:/ og /høn/. I avhengig kategori førekjem også forma /hene/. I andre person pluralis førekjem både /doker/ og /de:re/.

I tredje person pluralis førekjem både /di:/ og /dæm/, /dem/ og /rem/. Desse tre siste formene har sams final konsonant, og eg brukar derfor nemninga former med final -/m/ som samnemning for dei. I bokmål er det oppretthalde eit skilje mellom uavhengig og avhengig form i tredje person pluralis som ikkje lenger finst i målføra, og heller ikkje i nynorsk skriftspråk. I tredje person pluralis førekjem både forma /di:/ og former med final -/m/, same former som førekjem i bokmål. Tradisjonell finnmarksform er /dæm/. Informantane mine nyttar same former som i bokmålet, men formene har ikkje same funksjon. Både/di:/ og former med final -/m/ står både som subjekt og andre setningsledd og del av setningsledd, og begge formene blir nytta av same informantar.

Tabell 3.3 b Oversyn over førekomstane av variantar av personlege pronomener

Person, tal	1.p.sg.				2p.sg.		3.p.sg.fem.			2. p. pl.		3. p. pl.			
	avh.form				uavh.form		avh. form								
	æ:	æ:g	jæ:	jei	mæ:	mei	dæ:	dei	hu:	høn	henne	doker	dere	final -/m/	di:
J1 1. året			16	6		1			5						3
J1 2. året			12	16								1	1		
J1 3. året	24								4		1				
J2 1. året	Ingen opptak dette året														
J2 2. året	39	2							4						
J2 3. året	11								1					4	2
J3 1. året			3	1										1	2
J3 2. året	4													2	1
J3 3. året	2														4

J4 1. året	18			6	1				12	1				2	
J4 2. året	5								4					6	
J4 3. året	5											4		2	4
J5 1. året	Ingen														
J5 2. året	føre-														
J5 3. året	komstar														
J6 1. året	15								5						
J6 2. året	22									1		1		2	
J6 3. året	20			1 ⁴⁰		1								5	
J7 1. året															
J7 2. året	36								1					1	
J7 3. året	Ingen opptak dette året														
Samla jenter	127	2	31	30	1	2			36	2	1	5		28	13
G1 1. året	1		2	1											
G1 2. året	29						1							3	
G1 3. året				2								1			
G2 1. året	13			6											
G2 2. året	11													1	
G2 3. året	16			1										8	1
G3 1. året	14			2										2	
G3 2. året	24			4				2						1	
G3 3. året	15			1				1	1					5	
G4 1. året	Ingen opptak dette året														
G4 2. året	30													5	
G4 3. året	24		1	1		1								1	1
G5 1. året	10			1					1	1					
G5 2. året	35				1									11	
G5 3. året	29				1	1		1	2					4	
G6 1. året			7							1					2
G6 2. året			8	1	1									1	5
G6 3. året			13	5				1							2
Samla gutar	251		31	25	3	2	1	5	4	2		1		42	11
Alle	378	2	62	55	4	4	1	5	40	4	1	6		70	24

⁴⁰ Denne førekomsten finst i attgjeving av ein replikk i ein vits J6 fortel, og eg reknar han ikkje som ein del av systemet i talemålet. Likevel er førekomsten ein del av materialet, og eg reknar han med i oversiktene.

3.3.2.2.1 Variasjon mellom brotne og ubrotne former i fyrste person singularis

I fyrste person singularis førekjem det to ulike brotne former og to ulike ubrotne former. Fleire informantar nyttar både brotne og ubrotne former. Ingen av informantane nyttar berre /jæ:/ eller /æ:g/. /æ:g/ førekjem berre hos éin informant, og ho nyttar elles /æ:/ (J2)⁴¹. Alle informantane som nyttar /jæ:/, nyttar også /jei/. Berre to av informantane nyttar berre ubrotne former (J2, som nyttar begge former, og J7, som nyttar berre /æ:/). Berre éin av informantane nyttar berre brotne former (G6). To av informantane har berre brotne former det fyrste året (J1 og J3). J3 har berre ubrotne former andre og siste året. Desse tre informantane har fleire førekomstar av /jæ:/ enn /jei/ (59 mot 29). Også kvar av desse tre informantane har fleire førekomstar av /jæ:/ enn av /jei/. J1 har berre brotne former også andre, og berre ubrotne former siste året. Ein av informantane har ingen førekomstar av pronomenen i det heile (J5). Resten av informantane har langt fleire førekomstar av /æ:/ enn av dei brotne formene /jæ:/ og /jei/. Desse informantane har samla 365 førekomstar av ei form av 1. person singularis uavhengig kategori, 336 førekomstar av /æ:/ (92,1 %), 3 førekomstar av /jæ:/ (0,8 %) og 26 førekomstar av /jei/ (7,1 %). Fem av desse sju informantane nyttar berre /jei/ i tillegg til /æ:/ (J4, J6, G2, G3, G5). Dei to andre (G1, G4) har førekomstar av både dei brotne formene. Det ser altså ut til at det finst to strategiar mellom informantane:

- 1) nytte berre éi form,
- 2) nytte to eller tre former.

Strategi 1 nyttar J1 tredje året, J3 andre og siste året og J7 det året det er opptak med henne. Forma dei nyttar, er /æ:/. Alle som nyttar strategi 2, har ei form som blir nytta langt meir enn den andre forma eller dei andre formene. Den forma som blir mest nytta, er det rimeleg å oppfatte som umarkert. Umakert form er /æ:/ hos J2, J4, J6, G1, G2, G3, G4 og G5. Markert form hos J2 er /æ:g/, hos J4, J6, G1, G2, G3, G4 og G5 er /jei/ markert form. /jei/ ser altså ut til å fungere som markert form både for informantar som har /jæ:/ som umarkert form, og for informantar som har /æ:/ som umarkert form. J1 og J3 nyttar /jei/ som markert form i dei opptaka der dei elles nyttar /jæ:/, men nyttar berre /æ:/ i andre opptak.

Ingen av skriftmåla gjev høve til å gje att vekslinga mellom markert og umarkert form av pronomenet i 1. person singularis, og eg kjenner heller ikkje til at det er skrive noko om

⁴¹ Ein av foreldra hennar kjem frå eit område i Troms der /æ:g/ blir nytta.

tilsvarende skilje i andre målføre, sjølv om dei nok finst. I tysk finst eit system som kan minne noko om denne vekslinga i tredje person eintal. Her kan *der* og *die* erstatte *er* og *sie* dersom talaren ynskjer å formidle visse haldningar (Bellmann 1990:237). *Der* og *die* kan ha same denotasjon som *er* og *sie*, men talaren kan velja å nytte *der* og *die* for å uttrykkje visse konnotasjonar. Vekslinga mellom dei to typene pronomen er altså ikkje av grammatisk art, men har å gjera med korleis talaren ynskjer å forhalde seg til den personen ho eller han talar om. Bellmann seier at desse formene gjer det mogeleg for talaren å uttrykkje eigne denotasjonar i tillegg til den reint referensielle funksjonen som alle pronomen har (loc.cit.). I pronomenpara /æ:/ – /jei/, /jæ:/ – /jei/ og /æ:/ – /æ:g/ peikar begge pronomena til det same i røyndomen, og på same vis som med *er* – *der* og *sie* – *die* er altså den referensielle funksjonen den same. Maria Bonner har skrive om bruken av demonstrativa *der* og *die* for *er* og *sie* i talemålet i Neunkirchen, og nyttar termen *Suppletivformen* om demonstrativa i slik bruk (Bonner 1986:126). Eg kjem til å nytte same term her, 'suppletivformer'.

Er vekslinga mellom to ulike pronomenformer i fyrste person hos informantane mine tilfeldig, eller utgjer ho også på liknande vis som for tredjepersonspronomen i tysk ein mogeleg måte å syne noko ikkje-referensielt? Eg vil sjå på samtaleutsnitt der /jei/ førekjem, for å sjå om det er mogeleg å sjå eit mønster i bruken.

Kontrastering

Samtaleutsnitt 1

V: jæ: hade teŋt o: çø:pe et s ont et ly:s\

stea'ri:nly:s/

J4: o: 'jei o: hu:|'jei hade teŋt o: fʃø:pe e:n tiŋ\ son som hoper (...)\

han hade 'jei teŋt o: fʃø:pe\

son som æ: o: hu:\

Samtaleutsnitt 2

V: ska: vi: le:se de: s o m st o:r hæ:r\

skal jei bejyne/

G2: ja:\

G1: 'jei ska: byne\

Samtaleutsnitt 3

V: vi: snaker om nu: klistremærker\

for [˘]-[˘]42 sier at vis de: lige nu: søpel rundt hū:se hans/

so: gider ike han o: la:ge nun ruskenakfu:n\

G1: æ: ha ke nu: søpel rundt hū:se mit\

(G2 og V ler.)

V: ʌnfyl\

G2: 'jei heter -[˘]-[˘]43\

Samtaleutsnitt 4

V: akæra:t\

de: g o:r kanfe\

men lakselv de: va: [ɫit laŋt syns jæ:\

vem æ: dɛ s o m çører a/

dū: o:/

G3: 'jei ba:re\

V: ba:re dū/ a:le:ne p o: skū:ter/

G3: papan min o:\

Tekstutsnit 5

G1: no: leite dū: po: den si:a\

næi| dū: ha: vætøikase\

ne:|

G3: se: ka: jei ha:r\

(syng til denne melodien: do-fa-mi-mi)

V: hamer/

Samtaleutsnitt 6

G4: di: ha: vi: set po:\

V: ha: dɛ:re set po: dem/

G3: ike jei\

G4: de: ha: jei\

⁴² namnet til G1

⁴³ namnet til G2

Samtaleutsnitt 7

V: akʊ'ra:t\

ska de:re brʌ:ke et mi'nʌt til po: o: jø:ø tʌini:nen fæ:dʒi/

G6: o: næi\

V: ju:\

so: ta: jei ti:dŋ\

G6: m:\ jei æ: fædʒi me: dŋ sna:t\

Samtaleutsnitt 8

J7: æ: se: dŋ\ æ: so: dŋ=

J2: =æ:g o:=\

Samtaleutsnitt 9

J2: æ: veit um e:n fʌempeaʃi e:n\

æ: vil ta: den\

J1: ja: jei vil ta: spø:kelsen\

J2: næi æ: vil ta: den 'æ:g\

J1: ike/ 'jei\ 'jei vil ta: den\

I replikkvekslinga mellom V og J4 i samtaleutsnitt 1 seier J4 noko om kva ho har gjort, i motsetnad til kva V har gjort. Pronomenet /jei/ peikar ikkje berre på personen J4, men set henne inn i ein samanheng som går ut over setninga. Ho ser si eiga handling i samanheng med det V seier han har gjort, og legg altså meir vekt på personen J4 enn på sjølve verbalhandlinga i setninga. I samtaleutsnitt 2, ein samtale mellom G1, G2 og V, kjem G1 med ei ytring som står i samanheng med dei to føregåande ytringane. Det er snakk om kven av dei tre som skal byrja lesa, og G1 set sin eigen person opp som alternativ til den personen V og G2 har vorte samde om (V). På same vis som i samtaleutsnitt 1 står /jei/ i motsetning til ein annan person, og får altså ikkje berre referensiell funksjon.

Både i samtaleutsnitt 1 og 2 førekjem ei broten form av pronomenet i ein V-replikk rett føre informanten nyttar forma. Det kan såleis tenkjast at det er påverknad frå V som gjer at informanten nyttar /jei/. I samtaleutsnitt 1 nyttar V forma /jæ:/, ikkje /jei/, så noka direkte gjentakning av den forma V nyttar, er det ikkje snakk om. Det er fleire førekomstar av /jei/ i liknande bruk som i samtaleutsnitt 1 og 2 der den vaksne ikkje har nytta /jæ:/ eller /jei/ før i

replikskiftinga enn der han gjer det. I samtaleutsnitt 3 nyttar V gale namn på G2, og G2 understrekar at han ikkje heiter det V har kalla han: /'jei heter -⁴⁴\. Han ser altså seg sjølv i motsetnad til G1, og knyter sin replikk til det V har sagt tidlegare. I samtaleutsnitt 4 knyter G2 replikken / 'jei ba:re\ til den føregåande replikken til V og set opp /jei/ som eit alternativ til forslaget frå V (/dæ: o://). I samtaleutsnitta 5, 6 og 7 held to informantar på med det same, teikning eller spel. /jei/ blir nytta i tilfelle der ein av deltakarane ynskjer å seia noko om sin eigen situasjon i forhold eller motsetnad til den andre deltakaren.

I samtaleutsnitta 8 og 9 nyttar J2 /æ:g/ som suppletivform med same funksjon som /jei/ hos andre informantar. Tekstutsnitt 9 syner eit døme på at /jei/ blir nytta som suppletivform av ein som elles nyttar /jæ:/.

Samtaleutsnitt 10

V: ja:ha:\

da: jik dæ: di:t buɫ da:/

G5: ja:\

'jei oso: -⁴⁵\

Samtaleutsnitt 11

V: ja:ha:/ o: de:re sanɫ me:/

G6: ja:\ de: va: ɫre styker\

'jei\ -⁴⁶\ papa\

o: mase ba'gafɛ\

Samtaleutsnitt 12

V: de: hener kanɫe de:re spi:ser ener jeme oso:/

G6: nai\

'jei li:ker ike\

V : O :ja :\

⁴⁴ namnet til G2

⁴⁵ namnet til bror til G5

⁴⁶ personnamn

Samtaleutsnitt 13

G2 : nʉ : ska : jei tæŋne e:n hæ:s/

V : mh/

G2 : e :n hønsehʉ :s \

V: ja:ha:\

Samtaleutsnitt 14

J4: tʉ:sŋbein\ de: e: vanskeli o: tæŋne\

V: væ ʈ fal vis man ike ve:t vuðan dŋse:r ʉ:t\

men| vur va: e d ʉ: so: ale di: mæʉrene/

J4: vis 'jei ska: skri:ve um tʉ:sŋbein \

da: ska: 'jei skri:ve e:n|

I samtaleutsnitta 10 og 11 plasserer informanten seg som ein del av fleire som utfører ei handling. I begge tilfella svarar informanten på ei ytring frå V der V spør om ei handling har funne stad, og der V nemner kven han trur er subjektet for handlinga. I begge samtaleutsnitta legg informanten vekt på subjektet i svaret sitt.

I samtaleutsnitt 12 plasserer G6 seg i tilhøve til familien sin, og det at han ikkje likar ender, må reknast som ei grunngeving for kvifor dei ikkje et ender heime hos han. Altså er han som person viktig i denne samanhengen.

I samtaleutsnitta 13 og 14 endrar J4 temaet for samtalen. Replikken /vis jei ska: skri:ve um tʉ:sŋbein / knyter ikkje an til den føregåande replikken til V, men introduserer eit nytt tema. Og i dette temaet er J4 viktig. Ho går over til å snakke om kva ho sjølv ønskjer å gjera. I alle desse fire samtaleutsnitta har /jei/ trykk, og i alle desse situasjonane går informanten over til å snakke om ei handling der han eller ho er viktig.

Fiksjon

Samtaleutsnitt 15

V: ve:t ʉ: vem som bu:r i: hæ:se eler/

G3: jei\

Samtaleutsnitt 16

G1: hæ:r e: -⁴⁷

(peikar på ei teikning)

V: vem va : dɛ: sa: dɜ:\

G1 : de : æ : -⁴⁸ o : jei. o : de : e : -⁴⁹

o : de : o : de :|

Samtaleutsnitt 17

V : vem æ : d e:\

G2 : jei\

Samtaleutsnitt 18

G2 : nɜ : ska : jei tæŋne e:n hæ:s/

V : mh/

G2 : e :n hønsehɜ:s \

(---)

G2: ja\ nɜ ska æ tæŋne dæ:r e: de son\

hæ:r i::| so e: jei hæ:r hæ:r upe\

i::\ tʃ::| hæ:r e: jei\

(---)

G2: m: m:\ nɜ: e: jei=

(---)

G2: ne:p| nɜ:| nɜ: e: jei hæ:r\

(---)

G2: ʔeʔeʔ\ de: æ:r ike jei dæ:r upe\

Samtaleutsnitt 19

J6: han hade somerfugel\

so: tæŋna han\

e:n gʊt han tæŋna ti: o:r ætepo:\

so: kom læ:reŋ o: sa: ti han gʊtŋ

vis d u greier o: stile mei et spøfmo:l

⁴⁷ namnet til G2

⁴⁸ namnet til G2

⁴⁹ fyrstelekken i namnet til G2

som ike jei greier o: sva:re po\
da: ska du: fo: e:n kru:ne\
o: da: sa: han|
va: æ:r li:khe:tŋ melom mei o: koŋ| prins ho:kun/

Samtaleutsnitt 15, 16, 17 og 18 er frå situasjonar der V og ein informant sit med teikneboka til informanten framføre seg, og informanten fortel kva som er i boka. Når informantane nyttar pronomenet /jei/, snakkar dei om ein teikna person. Pronomenet viser altså ikkje til dei sjølve i her-og-no-situasjonen, men til personar dei sjølve har sett inn i ei teikning. Informanten omtalar altså ein fiksjonsversjon av seg sjølv.

Samtaleutsnitt 19 er frå ein situasjon der J6 fortel ein vits, og delar av vitsen er sitat frå ein av personane vitsen handlar om. Pronomenet /jei/ peikar altså ikkje på J6, men på ein fiksjonsperson i den vitsen ho fortel.

Oppsummering

Sams for setningane der suppletivform av 1. personspronomet førekjem, er at eit viktig mål med setninga er å seia noko om subjektet utover det reint deiktiske. Subjektet blir sett inn i ein større samanheng enn den som setninga åleine utgjer. Eg oppfattar bruken av suppletivformer som ein indikator på at talaren ønskjer leggje vekt på denne kontekstdimensjonen til pronomenet. Ei slik vektlegging er ikkje av grammatisk art ettersom det er fullt ut mogeleg å nytte den umarkerte forma av pronomenet. Talaren gjev setninga ei viss retning, og ei slik retningsgjeving har å gjera med kva talaren vil med setninga. Kenneth L. Pike nyttar *focus* som metafor for å skildre denne mentale aktiviteten (Pike 1954). Bruk av suppletivformer blir da eit middel talaren har til å vise at han eller ho ynskjer å leggje vekt på subjektet. Ein slik indikator er ikkje obligatorisk, men eit mogeleg hjelpemiddel som talaren sjølv står fritt til å nytte eller ikkje å nytte.

I ein del varietetar av nordsamisk førekjem ei form med lang vokal og ei med stutt vokal av det personlege pronomenet for alle tre personar i både nominativ og akkusativ/genitiv. Éi av formene har lang vokal, og éi stutt. Forma med lang vokal ”brukes som regel når der ligger eftertrykk på pronomenet, og formene med kort vokal når det ikke er tilfelle” (Nielsen 1926:116). Pronomenet kan også ofte utelatast.

Også i mange andre språk kan subjektet utelatast i mange tilfelle. Müller og Riemer (1998) seier at subjektet i dei romanske språka italiensk, spansk og portugisisk berre kan realiserast leksikalsk under visse vilkår (ibid.:36). Slike språk blir kalla *null-subjekt-pråk* (loc.cit.). I spansk og italiensk seier Müller og Riemer at det å nytte subjektforma tener til å framheve subjektet (loc.cit.). Som døme på slik framheving av subjektet nemner dei kontrastiv betoning (ibid.:159). Det kan altså sjå ut til at det er likskapar mellom når subjektet skal nyttast i såkalla null-subjekt-språk, og når ein del av mine informantar kan nytte broten form av pronomenet.

Også i 1. person singularis uavhengig kategori og i 2. person singularis uavhengig kategori førekjem to former (/mæ:/ og /mei/ og /dæ:/ og /dei/). Det er ikkje mange førekomstar av desse formene, men det ligg nær å tru at bruken av dei kan samanliknast med bruk av markerte og umarkerte former i 1. person singularis.

3.3.2.2.2 Variasjon mellom /hu:/ og /hʉn/

Samtaleutsnitt 20

G6: oso : lana hʉn me : fu :t ʉ son\

Samtaleutsnitt 21

V: hʉn kʉne ike le:ke/

næi hʉn va: ʃo: li:tʉ

J4: ja:\

V: akura:t\

J4: hʉn| hu: kan me: ʉ:tʉ stʉt ʉ\

hu: hade filma\

Samtaleutsnitt 22

G5: me: bæstemu:r\

V: ja:ha:\

bu:r hʉn hæ:r/

G5: mm\

hʉn ha:r akura:t flʉta\

V: ja:ha:\

hi:t ele hæfra:/

G5: hu: ha: fløta te nyt hū:s\

Samtaleutsnitt 23

J6: æ: ha: møt e:n li:tŋ dame\

hu: he:ter -˘ \

o: hu: e: fra: rūslan\

V: ja:ha:\

G7: kan han noʃk/

J6: m:| hūn kan ike so: mye noʃk\

G7: hūn|

J6: m:\

Det er fire førekomstar av /hūn/ i teksten, og førti av /hu:/. Ein av førekomstane av /hūn/ er hos G6. Han har eit austnorsksprega bokmålsnært talemål, og nyttar /hūn/ som einaste form i uavhengig kategori. To av førekomstane av /hūn/ hos informantar kjem rett etter at V har nytta same form (samtaleutsnitta 21 og 22). I samtaleutsnitt 21 avbryt informanten, J4, si eiga ytring for å korrigere med ei anna form av pronomenet. Bellmann seier om eigenkorrigering at ho "dient unter anderem der Selbstdarstellung und dem Nachweis der Normentsprechung der eigenen Persönlichkeit vor den Interaktionspartnern" (Bellmann 1990:3f.). Den forma J4 vel å identifisere seg med, er den som plasserer henne i ein lokal samanheng i motsetnad til samtalepartnaren, V. Han nyttar ei form som sjølv sagt ikkje er fremmend for J4, men som ho, dersom Bellmanns analyse gjeld, oppfattar som ei form som ikkje høver med den måten ho ønskjer å framstille seg sjølv i høve til samtalepartnaren. Altså korrigerer J4 seg sjølv for å vise tilhørsle til noko anna enn det V representerer. G5 korrigerer ikkje seg sjølv beinveges slik J4 gjer når han nyttar /hūn/, men i neste replikk nyttar han forma /hu:/. Han har ikkje fleire førekomstar av dette pronomenet i materialet, men det er rimeleg å tru at han elles nyttar /hu:/, ettersom det er den forma han nyttar når V ikkje har ei anna form i replikken rett føre. Ein kan vel også oppfatte bruken av /hu:/ som eigenkorrigering.

Den fjerde førekomsten av /hūn/ finst hos J6. Samtaleutsnitt 23 er frå ein samtale mellom V, J6 og G7. J6 snakkar om ei dame, og nyttar pronomenet /hu:/. G7 mistolkar J6, og trur ho snakkar om ein mann. J6 brukar så /hūn/ i svaret, truleg for å gjera det klarare for G7 kva kjønnet dreiar seg om. Ho nyttar elles berre /hu:/.

3.3.2.2.3 Variasjon mellom /di:/ og former med final -/m/

I tredje person pluralis blir både /di:/ og former med final -/m/ nytta. Informantane J1, J6, J7, Gi, G3 og G5 har berre førekomstar med final -/m/. Forma /di:/ førekjem oftare hos jentene enn hos gutane. Alle informantane som nyttar /di:/, har også førekomstar med final -/m/. To av informantane (J3 og G6) har flest førekomstar av /di:/, J3 har sju mot tre, og G6 har ni mot ein. Dei andre informantane har flest førekomstar av former med final -/m/. Ingen av informantane som nyttar begge formtypar, følgjer den distribusjonen som er norm i bokmålet. Begge typar førekjem både som subjekt og objekt. Ved begge førekomstane i heile materialet av 3. person pluralispronomen som objekt i forfeltet er det /di:/ som blir nytta (G4 og G6). Den eine av desse to informantane har elles berre førekomstar med final -/m/ (G4). G6 har éin førekomst av ei form med final -/m/ (/rem/), som subjekt i midtfeltet. Som styring etter preposisjon førekjem former med final -/m/ oftare enn /di:/ hos informantar som nyttar begge typar (4 mot 1). Det kan altså sjå ut til at det er ein tendens til at /di:/ blir føretrekt i forfeltet, og at former med final -/m/ lettare blir valde i andre posisjonar. Dette er i så fall parallelt med bruken i visse varietetar av Oslo-mål. Materialet mitt er likevel så lite at det er uråd å seia noko pålitande om kva som ligg bak valet av ulike former hos desse informantane. Det som er heilt visst, er at ingen av informantane følgjer same systemet som ein har i bokmålet.

Tabell 3.3 b Oversyn over førekomstar av 3. persons pronomenen pluralis

	Subjekt i forfeltet		Subjekt i høgre-ekstraposisjon		Subjekt i venstre-ekstraposisjon		Subjekt på annan plass		Direkte objekt i midtfeltet		Direkte objekt i forfeltet		Styring i PP	
	final -/m/	/di:/	final -/m/	/di:/	final -/m/	/di:/	final -/m/	di:	final -/m/	di:	final -/m/	/di:/	final -/m/	/di:/
J1	3		3											
J2	4	2	1	2				2						1
J3	3	7	1	6				1	1					1
J4	10	4	4	1				4	3					2
J5														
J6	7		4				1			1				1
J7	1		1											
Jenter	28	13	14	9				7	4	1				4
G1	3		2					1						
G2	9	1	2							7	1			
G3	8													

G4	6	1	2					3					1	1	
G5	15														
G6	1	9		5		1		1	2				1		
Gutar	42	11	6					5	2	7	1		2	1	
Alle	70	24	20	9		1		12	6	8			2	5	

3.3.2.2.4 Formene /de:re/ og /hene/

Formene /de:re/ og /hene/ førekjem éin gong kvar, og det er uråd ut frå dette materialet å seia om dei er vanlege former i talemålet til informantane eller ikkje. Mitt inntrykk er at dei førekjem svært sjeldan, og kan sjåast på som einskildtilfelle.

I analysen av materialet har eg forsøkt å finne forklaringar på fenomenet i talemålet til informantane ut frå ein idé om at språk utviklar seg etter visse naturlege prinsipp. Eg meiner eg har funne fram til ein del prinsipp som ser ut til å vera med på å styre språkutviklinga. I dette kapitlet vil eg gje ei samla framstilling av desse prinsippa. Under arbeidet med analysen av materialet vart eg meir og meir klar over at det i tillegg til intraindividuell variasjon også finst mykje interindividuell variasjon. I dette avsluttande kapitlet vil eg freiste å sjå om ein kan sjå sosiale mønster i dei vala informantane gjer av ulike former.

Eg opnar kapitlet med å drøfte kva påverknad talemålet mitt kan ha hatt på informantane, ettersom ein eventuell sterk påverknad vil måtte få konsekvensar for tolkinga av materialet.

4.1 Mogeleg påverknad frå talemålet mitt

Som nemnt i 2.3.6.2.1.1.3 har eg eit talemål som skil seg sterkt frå talemålet til dei fleste av ungene. Éin av informantane (G6) og eg nyttar varietetar av norsk som har mykje sams. Fyrste året snakka eg med éin og éin informant, og dersom informantane skulle ha vorte påverka av talemålet mitt, er det fyrst og fremst i samtalanene frå dette året ein kunne ha venta å finne slik påverknad. For å vurdere om slik påverknad finst, og om han i så fall er utbreidd i materialet, har eg sett på dei tilfella i materialet der ungene nyttar same ord i same morfologiske kategori som eg, for å sjå om dei nyttar same form som eg, eller om dei nyttar ei anna form. Eg har også sett etter tilfelle der ungene nyttar ord med same stavn som eit ord eg har nytta, for å sjå om dei har same fonologiske form som eg. Eg har funne desse tilfella:

Frå samtale med G1:

V: mʊ:sa o: lø:va\

(les frå teikneboka til G1)

sto: dɛ dæ:r/ mʊ:sa| huske dʊ: va: som sto:r/

G1: ja:/ mʊ:sa som jælp lø:ven o: lø:ven =

Frå samtale med G2:

V: fly:vene jenom lʊftn/

G2: jep/ den va: ra:r\

V: ja: men e:n mæ:s som fly:r jenom lufth mo: ju: væ:e [it ra:r\

...(22 replikkar frå kvar av deltakarane)

G2: lufth va: oso bo:l\

V: jæ: me:ne po: tæiniŋen/

G2: æ : kan tæŋne e :n varm su:l\

Frå to samtalar med G5 1. året:

V: fođi: di: bli:r red for rota kafe/

dæ:/ ha: dæ: set roter nu:un gaŋ/

G5: maŋe gaŋer\

(nytt opptak dagen etter:)

V: ja:ha:/

so: dæ: go:r ike po: fi: also:/

G5: ju:| nu:un gaŋer so: ha: vi:|

æ: o: -⁵⁰sto: po: vanfi:l\

(...)

V: ja:|

go:r han i: seklase han oso:/

G5: tre: be:/ han e: nu:un gaŋer i tre: be:\

(.....)

V: vur maŋe gaŋe fat e:re fast a:/

G5: ti: gaŋer\

Frå samtale med G5 og G6, 2. året:

G5: ja:\

men dæm o: buma non gaŋa\

no dæm tuk tu:\

Frå samtale med J6

V: so: hæn æ:r ike son he:lt li:ten/

J6: næi\ hu: e: fi:re o:r\

⁵⁰ personnamn

V: o:ja:\

o: ja:\ da: æ:r høn ju:|

(kremtar)

jei teŋte at høn va: ſon biteli:ten\

J6: so: fæner æ: e:n som hete -⁵¹\

V: ja:ha:/

J6: hu: e: sikeŋ et o:r\

V: ja:ha:/

I samtaleutsnitta er det fleire døme på at ungene nyttar andre bøyingsformer enn eg har nytta i ein tidlegare replikk i same samtalen. G1 nyttar forma /lø:ven/ rett etter at eg i opplesing frå ein tekst i teikneboka til G1 har nytta /løv:a/. G2 nyttar /lũfta/ i ein samtale der eg tidlegare hadde nytta forma / lũftn/ to gonger. Det er også døme i materialet på at ungene nyttar ei anna fonologisk form enn det eg har gjort i tidlegare replikk i same samtalen. Eit døme på dette finst i samtaleutsnittet med G2 der han seier /tæŋne/ i replikken etter at eg har sagt /tæiniŋen/. I utsnittet frå ein samtale med J6 nyttar vi gjennomgåande ulike former av det personlege pronomenet i singularis femininum. J6 nyttar /hu:/, og eg nyttar /høn/, utan at nokon av oss ser ut til å bli påverka av den andre.

Av dei morfologiske kategoriane eg har sett på, er det forma /jei/ og /jæ:/ som liknar mest på former eg nyttar. Desse formene finst også mellom eldre språkbrukarar i Guovdageaidnu (jf. Martinussen 1995 og Gran 1991:10). Også Martinussen og Gran har funne at desse formene blir nytta meir av mannlege enn av kvinnelege informantar, slik det også er i materialet mitt. I materialet mitt meiner eg å sjå eit mønster for når /jei/ kan brukast. Eit slikt mønster må vera etablert før eg tok til med intervju, og bruken av broten form har ein annan funksjon i talemålet til dei informantane som nyttar henne, enn i mitt talemål. Dei informantane som nyttar broten form ein eller fleire gonger under samtalanene med meg, nytta også broten form da eg observerte dei i fri leik før eg tok til å intervju dei. Det kan tenkjast at dei nyttar broten form oftare i samtale med meg, men bruk av broten form er ein del av talemålet deira også i samtale med folk som har eit talemål med berre broten form. Den informanten som nyttar berre broten form (G6), har som nemnt eit austnorsk prega talemål, også utanom intervjusituasjonen.

⁵¹ personnamn

I pluralis av substantiv varierer informantane mellom *-/a/* og *-/er/*. Forma *-/er/* er den forma eg har som einaste mogelege form i dei høva der ungane varierer mellom *-/a/* og *-/er/*. I utsnittet frå samtalan med G5 nyttar han */ gaŋer/* rett etter at eg har nytta same ordet i same form. Det kunne liggje nær å tru at G5 nyttar den forma av di eg nett har nytta ho. Men G5 har nytta forma */gaŋer/* fleire gonger i same opptaket før eg nyttar henne. Også i eit opptak frå dagen før nyttar G5 forma */gaŋer/*. Elles nyttar han *-/a/* for å danne fleirtal. Året etter nyttar han forma */gaŋa/* i samtale med G6 og meg. G6 snakkar ein sterkt austnorskprega varietet av norsk, og han nyttar aldri *-/a/* i pluralis. Det kan vel tenkjast at G5 meir gjennomført nyttar dialektale former andre året enn fyrste. Eg trur G5 fyrste året nyttar fleirtalsforma */gaŋer/* saman med førestelt determinativ som eit idiomatisk uttrykk, og at det ikkje er det at eg nyttar forma, som får han til å nytte henne. Dersom han elles alltid hadde nytta */ gaŋa/*, hadde det vore meir rimeleg å sjå */ gaŋer/* som resultat av påverknad frå meg. Også Martinussen 1993 og Gran 1991 har registrert variasjon mellom *-/a/* og *-/er/*. I deira materiale førekjem også *-/er/* som markør av ubunden pluralis prosentvis sjeldnare enn *-/an/* som markør av bunden pluralis. Grans informantar nyttar *-/an/* i 85 % av mogelege tilfelle og *-/a/* i 38 % mogelege tilfelle. Eg reknar derfor denne variasjonen som ein del av det norske talemålet informantane har vakse opp med.

To av ungane (J4 og G5) nyttar same form av personleg pronomen singularis femininum (*/hʉn/*) som eg i ein replikk rett etter at eg har nytta forma (sjå 3.3.2.2.2). Begge nyttar elles */hu:/*. I begge tilfella meiner eg dei nyttar denne forma av di eg har nytta same forma. J4 korrigerer seg sjølv, og gjentar replikken med */hu:/*. Dette meiner eg viser tydeleg at ho oppfattar skilnaden på sitt og mitt språk, og at ho ikkje ynskjer å endre språket etter korleis eg snakkar.

I dei kategoriane der det førekjem variasjon mellom ei ikkje-etablert form og ei etablert talemålsform, kan ikkje førekomstane av ikkje-etablerte former sjåast som påverknad frå meg, ettersom eg ikkje nyttar slike former.

Eg meiner alt i alt at talemålet mitt ikkje ser ut til å påverke språket til informantane. Unnataket er to variantar av pronomenet */hʉn/*, og dette har eg teke omsyn til under drøftinga av bruk av ulike pronomenformer.

Materialet syner svært mykje variasjon, både intraindividuell og også interindividuell variasjon. Som nemnt i innleiinga reknar eg med at variasjon er eit uttrykk for at det finst tre ulike typar tildriv i talemålet til informantane:

- 1) Etablert dialektal variant
- 2) Skriftmålsnært mål
- 3) Nykonstruksjonar

Til gruppe tre reknar eg både former og distribusjon av former som førekjem hos éin informant, og former som finst hos vaksne talarar, men som ikkje kan seiast å vera etablert talemål i den meining at det finst som eit gjennomført system hos eit fleirtal av vaksne språkbrukarar med norsk som fyrstespråk. Ein del slike former kan informantane ha hørt av vaksne i Guovdageaidnu med norsk som andrespråk. Gran 1991 og Martinussen 1996 gjev noko informasjon om kva former som er i bruk i bygda, men dei seier ikkje om informantane er fyrstespråks- eller andrespråksbrukarar. Former og distribusjon av former i gruppe tre gjev informasjon om korleis språkbrukarar oppfattar språkssystemet, og om korleis dei kan strukturere delar til heilskapar. Slik kan nykonstruksjonar seia noko om kva strategiar ein språkbrukar kan nytte når meining og form skal kombinerast. Eg meiner eg har funne døme på seks drag ved slike strategiar:

I Evne til å analysere kategorigrupper

Dette viser seg ved at drag ved fleksjonsmønsteret til visse kategoriar går over til å gjelde for andre kategoriar i kategorigruppa utan at gruppene blir heilt like. Dette ser vi når drag ved maskulin fleksjon går over til å gjelde for nøytrum (t.d. /e:n dy:r/, /e:n hɛ:s/, /stu:r hɛ:s/).

II Ynske om likskap mellom former som uttrykkjer same grammatiske kategori

Hermann Paul kallar eit slikt ynske *Sog nach Analogie* (Paul 1909). Slik likskap fører til større signalstyrke. I materialet eg har analysert, er denne strategien nytta ved preteritumsformer og perfektum partisipp-former der markøren i lv1 blir nytta sporadisk også ved andre grupper (t.d. /knɛ:sa/, /ʃlipa/, /stika/, /dræ:ga/). Valet av -/er/

som markør i ubunden pluralis kan også sjåast som eit døme på denne strategien (t.d. /dansemu:ser/, /uŋer/, /jenter/, /tiŋer/).

I er ein føresetnad for II.

Eit slikt ynske om analogi kan også tolkast som uttrykk for eit behov for å reparere det Wunderlich (2001:190) kallar ”nicht- bzw. gegenfunktionale Differenzierungen von Formen”, former som har sitt opphav i fonologiske endringar.

III Ein del former som ikkje går inn i noko produktivt mønster, og som har få eller ingen parallellar, har ingen førekomstar med meir regelrett fleksjon

I materialet gjeld dette preteritumsformene /va:r/, /va:/ og /ble:/, /blei/.

IV Evne til å utnytte formelle opposisjonar for å uttrykkje semantiske opposisjonar

Former som blir lånte inn frå andre språk eller målføre, kan få funksjonar som dei ikkje har i det språket eller den dialekten dei blir lånte frå. Dersom den opphavlege forma i den låntakande språkvarietetten framleis blir nytta, vil lånet føre til ein ny måte å uttrykkje ein semantisk opposisjon på. Dette ser vi døme på i materialet når den innlånte forma /jei/ blir nytta som suppletivform til /æ:/. Ei liknande utvikling kan skje også ved intern utvikling i ein språkvarietet. Ein slik prosess kan føre til grammatikalisering.

V Evne til å danne heilt nye fleksjonsformer

Forma /skleia/ oppfattar eg som eit døme på dette. Her lagar G6 ei ny fleksjonsform ut frå kunnskap ho har både om språk og røyndom. Den språklege kunnskapen er at suffikset -/a/ blir nytta for å danne perfektum partisipp. Med ’kunnskap om røyndomen’ tenkjer eg på det at perfektum partisipp er ei form som har fortidig innhald. G6 viser at ho veit dette, og at ho kan nytte kunnskapen til å danne ei form som ho mest truleg aldri har hørt. Det er svært lite truleg at denne måten å danne perfektum partisipp på, vil slå igjennom i noka form for norsk. Likevel gjev forma informasjon om korleis ein språkbrukar kan analysere og setja saman.

I 2.3.3 gjorde eg greie for tre ulike oppfatningar av korleis leksikonet kan vera strukturert. Eg meiner punkta I, II, III og VI kan nyttast til å kaste lys over kva som finst i leksikonet. Ein del ikkje-etablerte former kan ungane ha hørt av vaksne i bygda som har norsk som andrespråk. Dette gjeld former som /stika/, /træfa/, /bi:ta/, /fy:ta/, /fy:va/, /jide/, /lede/. Slike former må forklarast som analoge former med preteritumsformer med formativen *-a/* av verb dei kan assosierast med, dersom ein meiner at leksikonet ikkje inneheld eigne fleksjonsaffiks, men berre fullformer. Ettersom ein ikkje kan snakke om noko etablert norsk talemål i Guovdageaidnu, har eg nytta Venås 1974 for å sjå kva verb som følgjer dei ulike fleksjonane i etablert norsk talemål. Dei verba Venås oppgir som ikkje er kjende av dei vaksne informantane mine, reknar eg ikkje med som mogelege kjelder til analogi. Eg har også nytta opplysningar om fleksjon i *Nynorskordboka* (1986) og *Bokmålsordboka* (1997).

Ordforma /stika/ har liknande fonologisk struktur som preteritumsformer av andre verb med lv1-fleksjon, til dømes *hikke*, *dikke*, *rikke*, *tikke*, *nikke*. /træfa/ utgjer eit minimalt par med /bjæfa/. /bi:ta/ utgjer eit minimalt par med /ri:ta/, men dette verbet er ikkje eit frekvent verb, og er truleg eit ukjent ord for dei fleste av informantane. Elles utgjer ikkje *bite* eit minimalt par med verb som får lv1-fleksjon. Formene /fy:ta/, /fy:va/ utgjer ikkje minimale par med preteritumsformer av verb med etablert lv1-fleksjon. Verbet *skyte* har fleire parallellar til verb som har etablert lv2a-fleksjon. Verbet *gyte* er eit minimalt par til *skyte* og kan få lv2a-fleksjon i etablert mål. Eit verb som kanskje er meir frekvent, er *møte*. Dette verbet har ein liknande fonologisk struktur som *skyte*: [+konsonant] [+vokal] [t] [e]. Denne strukturen har også ein del verb med lv1-fleksjon (t.d. *mate*, *hate*). Ein slik struktur har også /bi:te/. Eit verb med liknande struktur som /fy:ve/ ([+konsonant] [+vokal] [v] [e]) får lv2b (/le:ve/ (Venås 1974:176)), ein del følgjer ulike fleksjonsmønster i ulike variantar av norsk (t.d. *strev*⁵², *lova* (ibid.:28), *røve* (*Nynorskordboka* 1997)). Nokre får også blanda fleksjon (t.d. /prø:ve/ (Venås 1974:177)). Alle linne verb med final trykksterk vokal får lv2c-fleksjon, så verbformene /jide/ og /lede/ er dei formene ein kan vente dersom desse verba skal få linn fleksjon.

Det finst altså etablerte former av andre verb som har ein viss fonologisk likskap med alle dei sterke verba som får lv1-form i materialet. Eg meiner derfor at desse formene kan forklarast ut frå alle dei tre forklaringsmåtane. Det er berre ein del sterke verb som får overgang til linn fleksjon. Dette ser ut til å tyde på at sterke former blir hugsa som einskildformer. Svært

⁵² Dette verbet oppgjev Venås med lv1-fleksjon (Venås 1974: 28). Både *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* gjev opp ordet med mogeleg lv2b-fleksjon

frekvente verb førekjem ikkje med linn fleksjon i preteritum i materialet. Til dømes nyttar éin av informantane (G4) lv1a-formene /bi:ta/, /stika/ og /fy:va/ i opptak tredje året, og i same opptak dei sterke formene /va:/ (2 førekomstar) og /so:/. Dette meiner eg må vera eit teikn på at det førekjem fullformer i leksikonet, og ikkje berre stonnar, affiks og reglar om korleis desse skal kombinerast. Ein annan av informantane (G5) nyttar både linn og sterk form av same verbet i same opptak tredje året (/fy:ta/ og /skøut/). G1 nyttar både lv1-form og lv2a-form av verbet *knuse* i preteritum (/knø:sa/ og /knøste/) 2. året.

Eg oppfattar det som lite truleg at leksikonet skal ha to fullformer i preteritum av same verb. Dersom éi fullform fyrst er laga, ville det vera lite effektivt å lagre ei form til. Når fleire av informantane nyttar lv1-former både av etablerte lv2a-verb og sterke verb, meiner eg det kan tyde på at lv1-fleksjonen er ein fleksjon som dei blir dirigerte til dersom dei ikkje hugsar fullforma. Nok eit teikn på dette ser eg når ein av informantane (G5) tydeleg nøler når han skal setje verbet *dra* i preteritum i eit opptak frå 1. året:

G5: den tu:k o: dræ:g| dræ:g| dræ:ga mei me: ti hū:se dæmeʃ\

V: mh/

G5: ha:r son stu:r hū:s\

tu:k en fast i bukxa mi o: dræ:ga mæ ba:ko:ver\

I talemålet hans er infinitivsforma av dette verbet /dræ:ge/⁵³. Eg tolkar nølinga som eit teikn på at han ikkje finn noka laga preteritumsform, eller at han er usikker på kva form som høyrer til dette verbet. Han oppfattar tydeleg stommen av ordet som /dræ:g/, og kjem etter kvart fram til forma /dræ:ga/. Når han seier verbet på nytt i preteritum ein replikk etter, har han tydelegvis akseptert forma. Dette verbet utgjer så vidt eg kjenner til, ikkje eit minimalt par med noko anna verb i talemålet til denne guten. Verbet *trega* får lv1-fleksjon i mange dialektar, i andre dialektar lv2a-form i preteritum (Venås 1974:26). Dette verbet er ”vanleg kjent berre frå og med Tel. til og med Roms.” (loc.cit.), og såleis ikkje aktuelt som kjelde for analogi.

⁵³ Det er skilnad på verba /dræ:ge/ og /dra:/ i talemålet hans. /dræ:ge/ tyder ’trekkje’ og /dra:/ tyder ’fara’. /dræ:ga/ kan såleis truleg berre tenkjast som preteritum av /dræ:ge/, ikkje av /dra:/. Vakseninformatar oppgjev /dru:/ som preteritum av begge verba.

Eit siste døme frå materialet meiner eg er svært vanskeleg å forklare dersom ein ikkje går ut frå at språkbrukaren har tilgjenge til reglar som gjer det mogeleg å setja saman stomm og affiks til nye element. J6 nyttar forma /skleia/ i preteritum perfektum:

J6: ja:\ i: vinter so: ble: den dæ:r| den| sæuen ble: po:ʃø:t\
den hade skleia uner e:n trailer\

Her kan ikkje forma /skleia/ forklarast som analogi ettersom ho dannar partisippforma på eit vis som det ikkje finst døme på i etablert mål. Ingen av vakseninformantane mine aksepterer denne forma som ei mogeleg form, og eg reknar forma som einskildførekomst hos J6. Eg meiner forma fortel at informanten har tilgjenge til eit suffiks *-/a/* som kan leggjast til ein stomm av eit ord for å danne partisipp. Ho legg så dette suffikset til preteritumsstommen.

Eg meiner former i materialet mitt tyder på at det både førekjem fullformer i leksikonet, og at språkbrukarane kan konstruere former ut frå analyse av fullformer dersom fullforma ikkje er kjend. Ei slik oppfatning av leksikonet representerer den tredje løysinga eg presenterte i 2.3.3., og det Köpcke 1994 seier om pluraldanning i tysk, kan stå som ein konklusjon også for det eg har funne om tilhøve mellom morfologi og leksikon i det materialet eg har samla inn:

daß Teile des Lexikons einer diagrammatischen Repräsentation bei der Pluralbildung folgen, sich also im Sinne des morphologischen Idealtyps A verhalten, und andere Teile besser durch Schemata als durch aufwendige IP-Regeln beschrieben werden können.

(Köpcke 1994:70)

4.3 Variasjon mellom *dialektale former* og *bokmålsnære former*

4.3.1 Omgrepa *dialektale former* og *bokmålsnære former*

I materialet finst både det eg kallar *dialektale former* og *bokmålsnære former*. Det er ikkje sjølvsagt kva ein kan rekne som det eine, og kva ein kan rekne som det andre. Sjølve omgrepet *dialekt* har ikkje noko eintydig innhald. I kvardagsspråket som språkbrukarane sjølve brukar, har omgrepet eit noko anna innhald enn når det blir bruka i språkvitskapleg samanheng. Bull (1997:57) nemner desse momenta som innhald i eit folkeleg kvardagsspråkleg dialektomgrep: "ein språkleg varietet som vik av frå standardvarietet" og

”alle typar språklige uttrykk som på ein eller annan måte kan knytast til ein stad eller ein region”.

I språkvitskapleg samanheng har ein lagt ulikt innhald i omgrepet til ulike tider. Sandøy 1996 reknar alle former for talemål som blir nytta av ”fleire individ, altså ei gruppe” (ibid.:23) som dialektar. Sandøy seier vidare at individuelle avvik ikkje er ein del av ein dialekt, ettersom han nyttar omgrepet om det som er felles for dei som nyttar eit visst talemål. Sandøy reknar med ulike undergrupper av *dialekt: sosiolekt og geolekt*. Han reknar altså ikkje idiolekt som dialekt. Andre forskarar har nemnt andre mogelege undergrupper. Bull 1994:134 nyttar til dømes omgrepet *etnolekt* om talemål som blir nytta av grupper som har gjennomført eit språkskifte, og der det finst drag som er resultat av språkkontakt. Dersom ein reknar alle talemål som utgjer ein einskap, for dialektar, kan det synast meiningslaust å skilja mellom *dialektale drag og bokmålsnære drag*, ettersom begge typar drag førekjem i talemålet til visse grupper, altså i *dialektar* etter Sandøys definisjon. Og når drag frå ulike talemål førekjem hos individ som utgjer ei gruppe, kan det ha oppstått eit nytt talemål, altså ein ny dialekt.

I norsk talemål i Guovdageaidnu finn ein både tradisjonelle finnmarksformer og former som ikkje tradisjonelt har vore del av norsk finnmarksmål. Dei formene som ikkje har vore del av finnmarksmålet, har i stor grad støtte i eitt av dei to norske skriftmåla, bokmålet, og finst som talemålsformer i sentralaustnorske varietetar. Det har sjølv sagt vore folk i Finnmark som har snakka andre dialektar enn finnmarksmål og sentralaustnorsk, men det ser likevel ut til at det er dei sentralaustnorske formene som er vortne vanlege hos ein del språkbrukarar ved sida av tradisjonelle finnmarksformer. Eg meiner at omgrepa ”dialektale former” og ”bokmålsnære former” er presise, og at dei seier noko om kva slags former det er snakk om. Eg kjem derfor til å bruke desse omgrepa jamvel om det kan diskutast om ikkje også det eg kallar ”bokmålsnære former”, er ein del av dialekten.

4.3.1.1 Dialektale og bokmålsnære former i Longyearbyen

Brit Mæhlum (1992) har analysert språklege strategiar barn og unge i Longyearbyen nyttar. Mæhlum seier at det ikkje eksisterer nokon fast etablert varietet av norsk som er spesiell for Longyearbyen. Dei vaksne som bur der, kjem frå ulike delar av Noreg, og nyttar ulike dialektar. Språktilhøva er altså det R.B. Le Page kallar *diffuse* (sjå 2.3.1). Ho fann at nordnorsk og det ho kallar *normalisert østnorsk* talemål, påverkar talemålet til dei som veks

opp i Longyearbyen, også talemålet til dei som ikkje har foreldre som talar nordnorsk eller austnorsk. Mæhlum seier at det ikkje er ein spesifikk nordnorsk dialekt som verkar normerande, men det ho kallar ei ”nordnorsk norm” (Mæhlum 1992:289), ein regional variant med drag som er sams for store delar av det nordnorske målområdet. Nordnorsk er ”en form for majoritetsspråk i Longyearbyen” (ibid.:156). Tradisjonelt har så godt som alle dei regulære gruvearbeidarane komme frå Nord-Noreg (ibid.:164). Gruvedrifta har hatt ein sentral plass i svalbardsamfunnet, og det blir ofte lagt vekt på denne verksemda når ”Svalbard generelt, eller Longyearbyen spesielt, skal omtales og presenteres for en offentlighet – for eksempel gjennom ulike massemedier” (loc.cit.). Mæhlum seier vidare at nordnorsk mål ”helt eksplisitt kan signalisere verdier som blir forbundet med det konkrete gruvearbeidet og miljøet i gruva” (ibid.:165). Nordnorsk får såleis ei nær tilnyting til lokalsamfunnet og til gruvemiljøet.

Det har vore vanleg at folk i leiande stillingar har hatt austnorsk tilknytning, jamvel om dette ikkje er eit eintydig bilete, og normalisert austnorsk signaliserer andre verdiar enn nordnorsk, seier Mæhlum: ”At den sosiale signifikansen totalt sett går i retning av visse prestisjefylte og statusgivende verdier, kan det imidlertid være liten tvil om” (ibid.:170). I tillegg til at normalisert austnorsk blir nytta av folk som bur i Longyearbyen, meiner Mæhlum denne varieteten av norsk blir oppfatta som ein overregional, dialektalt umarkert varietet av norsk, trass i at det her ”i prinsippet (er) et direkte motsetningsforhold” (ibid.:169). Mæhlum drøftar om ein i det heile kan seia at det finst noko som blir oppfatta som standardtalemål i Noreg, og konkluderer slik: ”Trolig er det altså fullt ut legitimt å hevde at det er et normalisert *østnorsk* talemål som allment blir oppfattet som en overregional standard i det norske språksamfunnet” (loc.cit.).

4.3.2 Variasjon hos informantane

Ein av informantane (G6) har eit austnorskprega talemål, og nyttar så godt som ikkje nordnorske måldrag. I eit slikt talemål ville tradisjonelle nordnorske former vera lån. Ein motsetnad mellom dialektale former og bokmålsnære former eksisterer ikkje i eit slikt talemål på same vis som i talemålet til dei andre informantane. Det kan vel også tenkjast at dette i mindre grad gjeld for nokre av dei andre informantane.

For ein del av informantane er variasjon mellom tradisjonelle dialektformer og bokmålsnære former nettopp eit viktig drag ved talemålet deira. Dersom ein slik intraindividuell variasjon også er interindividuell, kunne ein kalle han eit drag som er typisk for talemålet på denne staden. Det ser ut til at ein del av informantane vekslar mellom ubrotne og brotne former av 1. persons pronomen singularis uavhengig kategori, altså mellom dialektale og bokmålsnære former, på eit vis som slett ikkje er bokmålsnært (3.3.2.2.1). Dersom dei innlånte formene blir nytta på ein måte som er sær eigen for det lokale talemålet, er det rimeleg å rekne nettopp den variasjonen som dialektal. Dersom det berre førekjem brotne former hos ein informant, kan dette reknast som eit bokmålsnært drag. Det ser ut til at eit par av informantane går over frå å nytte berre brotne former til å nytte berre ubrotne på eit visst stadium. I slike tilfelle er det rimeleg å rekne bruk av berre brotne former som bokmålsnært, og bruk av berre ubrotne former som dialektalt.

Heller ikkje *-er/* som markør av ubunden singularis er det nødvendigvis rett å sjå på som eit bokmålsnært drag. Denne markøren går ofte saman med *-an/* i bunden singularis. Altså nyttar ikkje informantane same systemet som bokmålet, og som heilskap kan markørane *-er/* og *-an/* utgjera eit system som er sær eigen for dette talemålet, samstundes som også markøren *-a/* blir nytta i ubunden pluralis. *-er/* blir også nytta ved ord som ikkje har slik pluralismarkør i bokmålet. Eg oppfattar skiljet mellom *-a/* og *-er/* som fri variasjon, og eg kan altså ikkje sjå at denne vekslinga har ein sær eigen funksjon, slik vekslinga mellom brotne og ubrotne former av det personlege pronomenet i 1. person singularis har. Pluralissuffikset *-er/* finst også i bokmål, og eg vel å kalle former med *-er/* bokmålsnære. Også andre stader i Finnmark finn ein slik variasjon mellom *-a/* og *-er/* (Bull 1996).

Eg kallar altså former som tradisjonelt har vore i bruk i finnmarksmål og anna nordnorsk mål, *dialektale former*, og former som ikkje har vore ein del av nordnorsk talemål, og som fell saman eller har sams drag med bokmålsformer, '*bokmålsnære*', samstundes som eg reknar med at vekslinga mellom desse to typene former kan vera eit *drag* som er med på å konstituere talemålet til informantane mine.

4.3.2.1 Intraindividuell variasjon

4.3.2.1.1 Variasjon i seks ulike kategoriar

Det er stor variasjon mellom informantane i kor stor grad dei nyttar dialektale former. Eg har laga ei oversikt over kor mange førekomstar kvar informant har av dialektale former og bokmålsnære former av seks ulike kategoriar. Eg har sett opp desse kategoriane:

1. Perfektum partisipp av lv2c (nå-klassen). Stemd dental varierer med ustemd dental.
2. Perfektum partisipp av sterke verb. *-e/* varierer med *-et/*.
3. Bunden form singularis femininum. *-a/* varierer med *-en/*.
4. Pluralis ubunden form. *-a/* varierer med *-er/*.
5. Pluralis bunden form. Dialektforma *-an/* varierer med dei bokmålsnære formene *-ene/* og *-a/*. *-ene/* står til venstre under B, og *-a/* til høgre.
6. Personleg pronomen 3. person pluralis. Former med final *-m/* varierer med */di:/*.

Dei seks kategoriane eg har valt, er alle, unnateke éin, kategoriar der det er mykje variasjon i materialet, og kategoriar det er etter måten mange døme på. Unntaket er kategori 3 der bokmålsnære former førekjem berre hos éin informant. Suffikset *-a/* i bunden form femininum reknar eg som dialektform ettersom bokmålet også tillet *-en/* ved etablerte feminina. I bokmål finst det altså også ei anna form enn den som er vanleg i dialekten, og eg reknar derfor den forma som særreiga for bokmålet i høve til dialekten.

Eg har ikkje teke med pronomenet i 1. person singularis her, ettersom eg meiner motsetnaden mellom dialektale og bokmålsnære former her er ein annan enn i dei seks kategoriane eg har sett opp.

Tabell 4.3 a Førekomstar av visse morfologiske drag med variasjon mellom dialektformer og bokmålsnære former

Kategori	Inf.	G1		G2		G3		G4		G5		G6		J1		J2		J3		J4		J5		J6		J7	
	Variant	D	B	D	B	D	B	D	B	D	B	D	B		B	D	B	D	B	D	B	D	B	D	B	D	B
	D B																										
Perf.part.lv2c	-/Vd/ -/Vt/	**** ****	*	***		**** *	*	***	**	*			***	**	*	***		****	*		****						
Perf.part. sv	-/e/ -/et/	*	***	*	*			*						*		**					***			*			
B.form. et.fem.	-/a/ -/en/	**** **** **** *		**** **** **		**** **** ****		*		**** **** **** ****		**	**	**		**** *		*		**** **** **** ****		*		**** **	**	**** **	**** **
Pl. ub. form	-/a -/er/	***		**** **		**** **** **** *	****	*		**** **** **** **** *	**** **** ***		**** **** **** **	**	****	****	**	**	**** **** **** ****	**** **** *		*		**	**** **** ****	*	*
Pl. b. form	-/an/ -/ene/ -/a/	**	**	**		**** *		***	(**)	**** **** ****		*	**	*		*	*	*	****	****			*				
3. p. pl.	-/m/ /di:/	***		**** **** *		**** ****		**** **	*	**** **** **** ****		*	**** **** *	***		**** *	****	****	**** ****	**** **** **	**** ****			**** ****		*	

Tabell 4.3 b Rangering av kategoriar etter dialektfaktor

kategori	dialekt-faktor
bf sg fem	9,37
pl bf -/an/	8,55
ppron 3p pl	7,91
pp lv2c	6,88
pp sv	5,93
pl ubf	5,5

Materialet er ikkje stort nok til at ein kan rekne resultata som valide for talemålstilhøve i Guovdageaidnu allment. Nokre av kategoriane har også så få førekomstar frå somme av informantane at resultata kan tenkjast å bli annleis i eit større materiale. Eg meiner likevel at det gjev mening å sjå på samla førekomstar frå kvar informant for å sjå i kor stor grad ho eller han nyttar dialektale former. Vidare meiner eg det gjev mening å samanlikne dei ulike informantane ut frå desse førekomstane. Eg har derfor rekna ut eit gjennomsnittstal for kvar informant. Fyrst har eg rekna ut høvestal for kvar av dei seks kategoriane i tabell 4.3 a der variantane D og B samla gjev 10. Så har eg summert tala frå kvar kategori, delt på seks (talet på kategoriar) og rekna ut eit gjennomsnittleg høvestal for kvar informant der summen av D og B er 10. Eg gjev opp dei endelege tala med éin desimal og opererer berre med heile tal og desimalen ,5. Eg har følgd vanlege høgningsreglar. Det kan tenkjast at resultat frå einskildkategoriar kan gje svært store utslag for dei endelege tala, og det vil føre til at dei endelege tala ikkje syner nett det same for alle informantar. Høvestala må derfor oppfattast som ein freistnad på å illustrere ein heilskap og ikkje på noko vis noko som er meint å gje pålitande statistisk informasjon. Eg meiner høvestala kan gje eit meir oversiktleg bilete av heilskapen i språkvala til kvar informant, og av tilhøve mellom informantane.

Tabell 4.3 c Høvestal mellom førekomstnar av dialektformer og bokmålsnære former

Inf. \ Var.	D	B
G1	8	2
G2	9	2
G3	9	1
G4	9,5	0,5
G5	9	1
G6	1	9
Gutar	7,5	2,5
J1	5	5
J2	8	2
J3	6	4
J4	5,5	4,5
J6	8,5	1,5
J7	9	1
Jenter	6,5	3,5

Éin av informantane (G6) nyttar ingen drag som er særskilde for finnmærsmål. Dei draga som ikkje er førte opp som *bokmålsnære* hos denne informanten, er drag som er felles for ein talemålsvariant rundt Oslo og indrefinnmærsmål, former med final *-/m/* av 3. persons pronomen pluralis og suffikset *-/a/* i bunden form singularis femininum. Elles nyttar denne informanten berre slike former eg reknar som bokmålsnære. Informanten er fødd og vaksen opp i Guovdageaidnu.

4.3.2.1.2 Variasjon mellom brotne og ubrotne former

Tabell 4.3 d Oversyn over førekomstnar av brotne og ubrotne former av 1. persons pronomen singularis hos jentene

Inf. \ Form	J1		J2		J3		J4		J6		J7	
	ubr	br	ubr	br	ubr	br	ubr	br			ubr	br
År												
1. året		***** ***** **				****	***** *****	***	***** ****			
2. året		***** ***** *****	***** ***** ***** *		****		*****		***** ***** **		***** ***** ***** *****	

3. året	***** ***** ****		***** *		**		****		***** *****	(*)		
---------	------------------------	--	------------	--	----	--	------	--	----------------	-----	--	--

Tabell 4.3 e Oversyn over førekomstar av brotne og ubrotne former av 1. persons pronomen singularis hos gutane

Inf. Form	G1		G2		G3		G4		G5		G6	
	ubr	br	ubr	br	ubr	br	ubr	br			ubr	br
År												
1. året	*	***	***** ***	***** *	***** ****	**			***** *		*****	
2. året	***** ***** ****		***** *		***** ***** ****	***	***** ***** *****		***** ***** ***** ****		*****	
3. året	****	**	***** *****	*	***** ****	*	***** ***** ****	**	***** ***** *****		*****	

Tabellane 4.3 d og 4.3 e gjev oversyn over førekomstar av personleg pronomen 1. person singularis uavhengig kategori. Brotne former (/æ:/, /æ:g/) varierer med ubrotne former (/jæ:/, /jei/). Førekomsten i parentes under J6 er ein del av eit sitat i ein vits ho fortel, og eg reknar derfor ikkje dette som døme på variasjon i målet hennar (sjå 3.2.2.2.2 og 3.3).

4.3.2.1.3 Markerte og umarkerte former

Ein del bokmålsnære former førekjem hos informantar som elles i stor grad nyttar dialektale former. Eg meiner desse formene i stor grad kan analyserast som umarkerte i ein reint formell analyse.

Den guten og den jenta som har høgast skåre for dialektale former, har begge mange førekomstar av den bokmålsnære markøren i pluralis ubunden kategori (-/er/) (G5 har 11 førekomstar av -/er/ og 17 av -/a/. J6 har 12 førekomstar av -/er/ og 2 av -/a/. Også andre informantar som elles har høg skåre for dialektale former, har mange førekomstar av -/er/. (G3, J2, J4).

-/et/ i perfektum partisipp ved sterke verb og -/Vt/ i perfektum partisipp ved lv2c-verb er nytta i over halvparten av alle mogelege tilfelle. -/et/ som markør ved sterke verb syner i motsetnad

til /-e/ slektskap med perfektum partisipp-former i andre klassar gjennom final dental. Ustemd dental førekjem oftare i perfektum partisipp enn stemd dental dersom ein ser på alle grupper verb samla, og kan såleis ha sterkare innprenting.

Formativen /-en/ i bunden form skulle vera mindre markert enn /-a/ ettersom /-en/ vil føre til færre former, og altså ei utvikling mot idealet 'éin funksjon, éi form'. Ubunden artikkel (/e:n/) er sams for maskulinum og femininum hos dei fleste informantane, så ein skulle tru at samanfall også ville vera naturleg i bunden form. Når så ikkje er tilfelle, tyder dette på at det ikkje berre er reint språklege faktorar som avgjer kva former som sigrar. Det er truleg at markøren /-en/ blir oppfatta som meir markert av sosiale årsaker og derfor ikkje er ei aktuell erstatningsform for /-a/.

Wurzel (2001:196) seier at *naturleg* i omgrepet *naturleg grammatikk* ikkje må oppfattast som det motsette av *sosial*. Han seier også at prinsippet om at språkutvikling går mot meir naturlege former, og at umarkerte former vinn over markerte former, ikkje gjeld ved språk- og dialektblanding (ibid.:24). Svært mykje språkutvikling skjer nettopp i språk- og dialektkontaktsamanheng, og det er vel truleg at allmenne prinsipp spelar ei viss rolle i slike samanhengar også. Mayerthaler seier at også sosiale faktorar er med på å avgjera om ei form er markert eller ikkje (Mayerthaler 1981:20f.). Reint lingvistiske faktorar kan altså ikkje forklare språkutvikling åleine. Språket eksisterer i ein sosial samanheng. Ei form som blir knytt til ei spesiell gruppe, kan oppfattast som markert av ein talar frå ei anna gruppe, og vil altså ikkje vera ei aktuell form. Dette ser ut til å gjelde for markøren /-en/. For /-et/ ved sterke verb, /-Vt/ ved lv2c og /-er/ i ubunde fleirtal ser det ikkje ut til å gjelde, og da kan markørar som er mindre markerte reint lingvistisk sett, konkurrere med dialektmarkøren. I tilfelle der bokmålsforma ikkje kan seiast å vera mindre markert, ser dialektforma ut til å vinne. Dette gjeld pronomenformene /hu:/, /doke/, /æ:/ som eineform eller med /jei/ som suppletivform.

4.3.2.2 Interindividuell variasjon

Både når ein tek med G6, og når ein ser bort frå han, er det skilje mellom jente- og gutegruppa. Dialektale former i kategoriane 1–6 (sjå 4.3.2.1) førekjem oftare hos gutane enn hos jentene. Dersom ein ikkje reknar med G6, er høvestala 9–1 med flest dialektale former hos gutane. Høvestala for jentene er 6,5–3,5 med flest dialektale former. Den kategorien der det er størst skilnad mellom gutane og jentene, er 3. persons pronomen pluralis. Her nyttar

jentene i større mon forma /di:/ enn gutane. Også internt i begge gruppene er det mykje variasjon mellom kva former dei ulike informantane nyttar.

Tabell 4.3 f Bruk av dialektformer – rangering av informantane

Kategori Informant	samla	pp lv2c	pp sv	bf sg f	ubf pl	bf pl (-/an/)	3p pl
G4	9,5	6	10	10	10	10	8,5
G5	9	10	10	10	6	10	10
G2	9	10	5	10	10	10	10
G3	9	8,5		10	6	10	10
J7	9			10	5		10
J6	8,5		10	7,5	1,5	10	10
J2	8	10	10	10	6,5	10	5,5
G1	8	9	2,5	10	10	10	10
J3	6	8		10	0,5	5,5	3
J4	5,5	0	0	10	6,5	10	7
J1	5	6,5	0	10	4		10
G6	1	0		5	0	0	1

4.3.2.2.1 Mogelege årsaker til variasjon

4.3.2.2.1.1 Intraindividuell variasjon som del av eit homogent mønster

Agnete Nesse viser i ei undersøking om variasjon i bodømålet (Nesse 2003) at det er mykje individuell variasjon hos informantane. Variasjonen hos einskildinformantane ser ut til å følge eit mønster som er homogent.

Følgjer den individuelle variasjonen hos mine informantar også eit mønster slik Nesse har funne for målet i Bodø? I kategoriane ubunden pluralis av substantiv og 3. person pluralis av personlege pronomen førekjem det variasjon hos mange av informantane. I ubunden pluralis vekslar sju av informantane mellom formativane *-er/* og *-a/* (G3, G5, J1, J2, J3, J4 og J6) medan fem av informantane ikkje har variasjon. G3 og G5 har flest førekomstar av *-a/*, G3 har tretten førekomstar av *-a/* og åtte av *-er/*, G5 seksten og elleve. J1, J2, J3, J4 og J6 har fleire førekomstar av *-er/* enn *-a/*, medan J7 har éin førekomst av kvar formativ. J1, J2 og J7 har svært få førekomstar, og det er svært sannsynleg at den variasjonen dei har i korpuset, ikkje svarar til språkbruken deira elles. J3, J4 og J6 har fleire førekomstar, og det er meir sannsynleg at dei har ein liknande variasjon også elles. J3 har seksten førekomstar av *-er/* og to av *-a/*, J4 åtte og fem og J6 tolv og to. Av dei tolv førekomstane av *-er/* til J6 er tre av ord

som har Ø-form i pluralis i etablert talemål (/tiŋer/, /sku:er/, /dansemø:ser/). Fire av dei informantane som ikkje har variasjon (G1, G2, G4, J5), har berre førekomstar av -/a/, medan éin informant berre har -/er/.

I 3. person pluralis av personlege pronomener nyttar seks informantar (G1, G2, G3, G5, J1, J6 og J7) berre former med -/m/. Fem varierer mellom /di:/ og former med -/m/ (G4, G6, J2, J3 og J4), og éin av informantane (J5) har ingen førekomstar av dette pronomener. To av dei som nyttar både /di:/ og former med -/m/ (G6 og J3), har fleire førekomstar av /di:/ enn former med -/m/. G6 har ni førekomstar av /di:/ og éin førekomst med -/m/, J3 har sju og tre. I begge desse kategoriane, ubunden pluralis og 3. person pluralis, finn vi svært ulike fordelingar hos dei ulike informantane. I begge kategoriane har gutane som gruppe fleire dialektnære former, og jentene flest bokmålsnære grupper.

Også i 1. person singularis av det personlege pronomener er det stor variasjon. Både mellom gutane og mellom jentene førekjem både brotne og ubrotne former, og i begge gruppene er intern variasjon vanleg. I dei to gruppene er det langt fleire førekomstar av ubrotne former enn av brotne former. Begge gruppene har også medlemmer som ikkje har variasjon eller i svært liten grad nyttar begge typar former. Tre av jentene nyttar berre ubrotne former, og tre nyttar begge typar. To av dei som nyttar begge typar (J1 og J3), ser ut til å ha skifta frå å nytte berre brotne former til å nytte berre ubrotne former i den tida eg samla inn materiale. J6 nyttar berre brotne former heile tida. Éin av gutane (G6) nyttar berre brotne former, og éin (G5) nyttar ubrotne former med eitt unntak. Denne informanten har 74 førekomstar av /æ:/ og ein einaste førekomst av ei broten form. G4 har to førekomstar av broten form og 54 førekomstar av /æ:/. Desse to gutane varierer ikkje mellom brotne og ubrotne former på same viset som G1, G2, G3 og J4.

Vekslinga mellom brotne og ubrotne former som eg har skildra i 3.3.2.2.1, finst både hos informantar med høg dialektskåre (9–8) (G1, G2 og G3) og hos éin informant med lægre dialektskåre (5,5) (J4). J4 har denne vekslinga berre i fyrste opptaket, seinare nyttar ho berre ubrotne former. Andre informantar med høg dialektskåre (9,5–8) nyttar berre eller i all hovudsak ubrotne former (G4, G5, J2, J6 og J7). Den eine informanten som har berre brotne former, har lægst dialektskåre i heile gruppa. Jentene har som gruppe større prosentfordeling av broten form enn gutane

Det siste av dei tre åra eg gjorde opptak som blir nytta i denne undersøkinga, nyttar fire av dei seks gutane både broten og ubroten form, medan ingen av jentene gjer det. Som nemnt ser det ut til at to av jentene (J1 og J3) har gått over frå å nytte berre broten form til å nytte berre ubroten form i den tida eg gjorde opptak med dei. Det vil seia at dei gutane som elles har ein høg dialektskåre (8–9,5), nyttar til dels broten form, medan jenter med lægre dialektskåre berre nyttar ubroten form (J1, J3 og J4).

Bente Martinussen har også funne variasjon mellom ei broten og ei ubroten form i talemålet til informantar ho har intervjuar i Guovdageaidnu. Informantane hennar var ”aktivt eller passivt tospråklige med samisk” (Martinussen 1996:240). Ho gjev opp tal for ni informantar frå Guovdageaidnu. Sju av dei har variasjon, to har det ikkje. Dei to informantane hennar som ikkje har variasjon, men berre nyttar ubroten form, er begge yngre kvinner (13 og 17 år) (ibid.:248). Både broten og ubroten form førekjem i begge kjønnsgrupper. Både mannlege og kvinnelege informantar nyttar begge typar former i begge undersøkingane, og det er fleire jenter som nyttar berre ubroten form i begge undersøkingane. Martinussen gjev også opp tal ho har for seks informantar frå Kárašjohka, to kvinner og fire menn. Éi av kvinnene nyttar berre ubroten form, og den andre kvinna har langt større prosentdel (88 %) av ubroten form enn dei mannlege informantane til Martinussen (16 %, 67 %, 18 % og 74 %) (ibid.:248).

Forma /æ:/ er tradisjonell finnmarksform (ibid.:244). Brotne former må sjåast på som lånte frå andre varietetar av norsk, anten gjennom direkte påverknad gjennom tilflyttande frå andre kantar av landet, eller gjennom ulike medium. Elles har gutane i mi undersøking høgare dialektskåre enn jentene, og bruken av ubroten form kan sjå ut som tilfelle av det motsette. Ingen av dei gutane som har høg dialektskåre, nyttar berre brotne former. Det å nytte berre ubrotne former i Finnmark knyter ikkje målet ditt til nokon spesiell plass i fylket. Å nytte brotne former saman med typiske dialektale drag, ber bod om at ein kjem frå indre strom i fylket, og er med på å stadfeste talaren til eit meir avgrensa område i Finnmark. Det er altså mogeleg å sjå på veksling mellom broten og ubroten form som meir særprega for det lokale norske talemålet enn bruk av berre ubroten form.

Det er også stor interindividuell variasjon i kor stor grad informantane nyttar det eg har kalla ikkje-etablerte former.

Tabell 4.3 g Ikkje-etablerte former

(førekomstar der overgang hadde vore mogeleg, er oppgjevne i parentes)

Inf.		G 1	G2	G3	G4	G5	G6	J1	J2	J3	J4	J5	J6	J7
Dialektskåre Kat.		8	9	9	9,5	9	1	5	8	6	5,5		8,5	9
Preteritum og perf.part.	lv2→lv 1	1	1											
	sv→lv1	2		1	3	6							1	
	sv→lv2 c						1	1						
Førestelt determinativ og bøygte adjektiv	/t/→/n/ , /Ø/	5 [6]	4 [5]	2 [10]	0 [0]	1 [4]	0 [6]	0 [5]	1	1 [3]	0 [0]	0 [3]	1 [5]	2 [2]
	/n/, /Ø/ → /t/							1						
Pluralis	/Ø/→- /er/												3	

Eg har berre sett opp førekomstar der overgang er mogeleg for /t/→/n/ (t.d. /et hū:s/ → /e:n hū:s/, /et trafikly:s/→/e:n trafikly:s/) og /t/→Ø (t.d. /stu:ʧ hū:s/→/stu:r hū:s/). Overgang frå eit markert paradigme til eit umarkert paradigme er truleg i stor grad avhengig av frekvensen ordet har i den forma det er snakk om, og eg meiner derfor ein ikkje kan rekne alle førekomstar av til dømes sterk bøyning som mogelege overgangsformer (t.d. svært frekvente former som /va:/, /ble:/, /blei/, /fik/). Overgangen Ø→-/er/ førekjem så sjeldan i materialet, at han i utgangspunktet er svært lite sannsynleg (/tiŋ/→/tiŋer/, /sku:/→/sku:er/, /dansemø:s/→ /dansemø:ser/). Det er ikkje mogeleg ut frå dei førekomstane som er, å seia noko om kor slik overgang hadde vore mogeleg. Dei få orda som får overgangen Ø→-/er/, er etablerte maskulina eller feminina (ting, sko, mus), og utgjer altså markerte unntak i den genusgruppa dei høyrer til i. Det er ikkje like sannsynleg at etablerte nøytra med Ø-pluralis skulle få overgang til -/er/ (t.d. i /fiskega:ŋ/ og /bakbein/).

Det er få førekomstar av visse ikkje-etablerte former i korpuset, og manglande førekomstar av ikkje-etablerte former hos ein informant treng sjølvstøtt ikkje seia noko om at denne informanten aldri nyttar slike former. Heller ikkje treng ein eller to førekomstar fortelja noko om kva former informanten vel til vanleg. Dette gjeld i særleg grad førestelt determinativ der bruk av /n/ føre eit etablert nøytrum kan komma av at substantivet ikkje var valt da determinativet vart ytra. Dette gjeld truleg for G3, som har pause mellom determinativ og substantiv i begge førekomstane av /n/ føre eit nøytrum. Han har langt fleire førekomstar av /t/

føre inkjekønnsord, så det er ingen tvil om at han meistrar det etablerte systemet. G1 og G2 nyttar /n/ for /t/ i dei fleste mogelege tilfella, og det er derfor truleg at dette er eit meir etablert drag ved språket deira enn det er for G3.

Dei informantane som nyttar flest ikkje-etablerte former, har også høg dialektskåre. Dei informantane som har låg dialektskåre, har ikkje førekomstar av dei mest vanlege ikkje-etablerte formene i korpuset. Slike former førekjem som nemnt også blant vaksne språkbrukarar i Guovdageaidnu som ikkje har norsk som fyrstespråk. Bruk av ikkje-etablerte former saman med dialektale former kan på same vis som veksling mellom brotne og ubrotne former sjåast på som eit drag som syner lokal tilhørse.

4.3.2.2.1.2 Norsk som eit ikkje-etablert talemål

Som nemnt i 2.2.1.2.2.1 beskriv Bull 1995 korleis norsk talemål har utvikla seg på Furuflaten over tre generasjonar. Bull konkluderer med at det norske talemålet har vorte meir fokusert i den siste generasjonen enn i dei føregåande (Bull 1995:131). Alle mine informantar med eitt unntak har samisk bakgrunn, og i det minste besteforeldre med samisk som fyrstespråk. Fleire av dei har éin forelder med samisk som fyrstespråk (sjå tabell 2a). Med unntak av den eine informanten som ikkje har samisk bakgrunn, og den informanten som har lært norsk som andrespråk, er altså informantane andre eller fyrste generasjon som har lært norsk som einaste eller eitt av to fyrstespråk. Alle informantane med unntak av J1 og G3 nyttar anten berre norsk eller norsk i fleire situasjonar enn samisk. Samisk er det dominerande daglegspråket i Guovdageaidnu, og norsk kan ikkje seiast å fungere som einaste talemål i nokon sosial kontekst.

Attreisinga etter krigen førte med seg nye oppgåver og nye administrative stillingar til dei samiske lokalsamfunna, og til store endringar i samansetninga av folkesetnaden. Tidlegare hadde det vore få med norsk som fyrstespråk som budde i dei samiske bygdene i indre Finnmark, men med endringane i samfunnet kom det også nye grupper av norsktalande. Samfunnsforskarane Reinhard Mook og Vilhelm Aubert (1970) skildrar tilhøva i Kárášjohka slik:

Den raske moderniseringsprosessen har bidratt til å utdype den lokale lagdelingen i tilknytning til det etniske skillet (...) Men medlemmene av lokalsamfunnets ledende sjikt kommer i stor utstrekning utenfra, mens lokalbefolkningens egen sosiale

mobilitet i ganske stor grad skjer gjennom flytting.

(Mook og Aubert 1970:22)

Dei norske i bygda hadde altså leiande stillingar i bygda, og det var knytt prestisje til det å vera norsk og det å vera norsktalande. Ei følgje av dette var at norsk oftast vart nytta som einaste heimespråk i heimar der den eine av foreldra hadde samisk som fyrstespråk og den andre hadde norsk (Dannemark og Johansen 2001), og ungane i slike familiar gjekk som oftast i norskspråklege klassar. Dei som hadde både norsk og samisk bakgrunn, vart altså ofte rekna som norske. Mook og Aubert meinte at ei vidare utvikling i den retninga dei skildra i 1970, “kunne føre til et stadig mer markert skille mellom en fattig samisk lokalbefolkning og et økende antall offentlige tjenestemenn og andre innflyttere med ulike typer av spesialutdannelse” (loc.cit.). Ei slik utvikling ville vel òg forsterke tendensen til at norsk vart valt som einaste heimespråk i heimar der foreldra hadde ulike morsmål.

I dag veit vi at det gjekk annleis. Samisktalande ungdom fekk seg høgare utdanning, og i dag er det mange med samisk som morsmål i offentlege stillingar der det før mest berre sat folk som rekna seg som norske. Stordahl seier: ”Når man i dag ser hvem som sitter i styre og stell, som er lærere, leger, sykepleiere etc., kan man vanskelig tenke seg hva for samfunn dette ville vært dersom den samiske ungdommen og deres foreldre hadde avvist skolen” (Stordahl 1996:70). Det norske har ikkje lenger ein så høg prestisje i samiske bygder som i det samfunnet Mook og Aubert skildrar, dvs. Kárášjohka på 1960-talet. Det er vel éin grunn til at det i dag er vanleg at foreldre som nyttar ulike språk, freistar leggje tilhøva til rette for at ungane skal bli tospråklege, og svært ofte nyttar begge språk i heimen (Dannemark og Johansen 2001).

Dei draga Mook og Aubert og Stordahl har sett i Kárášjohka, gjeld også for grannekommunen Guovdageaidnu. Til dømes er talet på elevar som har norsk som fyrstespråk i skolen, lågare enn det har vore nokosinne etter at det vart mogeleg å velja norsk som fyrstespråk (sjå 1.1.2.1.3.2). Hovland seier: “Prinsippene som ligger til grunn for språksosialisering og språkbruk i Kautokeino, er endret i favør av samisk” (Hovland 1996:151). Dei ungane eg har valt som informantar, lever altså i eit samfunn der det språket dei har som opplæringspråk, ikkje blir bruka av mange som daglegspråk. Tidlegare var dette språket eit kjenneteikn for ei gruppe som hadde makt og posisjon i bygda. Slik er det ikkje lenger.

Kanskje ligg årsaka til at det finst så mykje variasjon og variasjon av ulik art mellom informantane nettopp i at norsk ikkje har vore gjennom nokon etableringsfase som talemål i bygda, jamvel om språket har vore daglegspråk for ein del av innbyggjarane? Og ettersom norsk har ein svak posisjon i bygda no, kan det tenkjast at tilhøva ikkje ligg til rette for ein stabiliseringsfase av norsk talemål. Sollid (2005) seier:

Det kan hende at noen språkbrukere aktivt *velger* å videreføre prosodiske trekk fra en generasjon til den neste i en etablert dialekt som en identitetshandling. Dette valget er imidlertid ikke universelt tilgjengelig for språkbrukerne i *dannelsesfasen* av en ny dialekt. I denne perioden begynner språkbrukerne å lære et nytt språk som andrespråk, og i innlæringsfasen er det uvanlig at språkinnlæreren oppnår morsmålskompetanse i det nye språket.

(Sollid 2005:54.)

Sollid nemner berre prosodiske drag, men prinsippet om at språkinnlæraren sjeldan oppnår morsmålskompetanse, ser det ut til at ho meiner gjeld også på andre område. Mine informantar er i ein situasjon som er ein annan enn begge dei to Sollid set opp. Ikkje lærer dei norsk som andrespråk, med eitt unntak, og ikkje lever dei i eit miljø med ein etablert dialekt. Det vil seia at dei hører ein del andrespråkdrag frå eldre generasjonar. I ein slik situasjon vil det å medvite eller umedvite velja slike former som ikkje er etablerte mellom fyrstespråksbrukarar, vera ein måte å signalisere tilhørsle på.

4.3.2.2.1.2.1 Ei samanlikning med Longyearbyen

Språksamfunnet Longyearbyen har, slik Mæhlum (1992) skildrar det, mange sams drag med Guovdageaidnu (sjå 4.3.1.1). Norsk har ikkje lang, samanhengande brukstradisjon på nokon av stadene, og begge stader finst ulike variantar av norsk, samstundes som det ikkje er etablert noko fast lokalt talemål. Mæhlum seier om tilhøva i Longyearbyen: ”Tvert imot fører mangelen på kontinuitet i denne språklig heterogene befolkningen til at de sosiale relasjonene som konstituerer dette fellesskapet, uavlatelig vil skifte karakter.” (Mæhlum 1992:34). Heller ikkje i Guovdageaidnu er det nokon kontinuitet i den delen av befolkninga som snakkar norsk, og såleis truleg ikkje grunnlag for eit einskapleg norsk talemål. Det norske språksamfunnet er altså diffust, og det ser ut til at mykje av det same som Mæhlum har observert i Longyearbyen, også skjer i Guovdageaidnu. Eit nordnorsk talemål blir oppfatta som lokalt, og dei formene som ikkje er nordnorske, er det eg har kalla ”bokmålsnære”.

4.3.2.2.1.3 Nettverkstilhørsle

Eit viktig emne i forskning om språkleg variasjon har vore å sjå etter samanhengar mellom kva for nettverk språkbrukarane lever i, og kor utsett språket deira er for endring. I 1980 sette Chambers og Trudgill opp denne hypotesen:

This being so, we might expect to find a relatively high degree of conformity in speech, which is one type of behavior governed by norms. Conversely people who do not belong to a closed network, or who belong to a network united by fewer types of bond, might be expected to show a relatively low degree of conformity to the speech norms of any closed network.

(Chambers og Trudgill 1980:178.)

I tida etter at Chambers og Trudgill sette fram hypotesen, har forskning om språk og variasjon sannsynleggjort han. Leslie Milroy seier:

Particularly, if a network consists chiefly of strong ties, and those ties are multiplex or many-stranded, and if the network is also relatively dense – i.e. many of ego's ties are linked to each other – then such a network has the capacity to support its members in both practical and symbolic ways. More negatively, such a network type can impose unwanted and stressful constraints on its members. Thus, we come to the basic point of using network analysis in variationist research. Networks constituted chiefly of strong (dense and multiplex) ties support localized linguistic norms, resisting pressures to adopt competing external norms. By the same token, if these ties weaken conditions favorable to language change are produced.

(Milroy 2002:550.)

Tette nettverk ser altså ut til å fungere konserverande på lokale språklege normer, medan lausare nettverk ser ut til å føre til at eksterne språkvariantar lettare påverkar og fører til språkendringar. Antonsen (2007) er ei undersøking av korleis samisk utviklar seg i Gáivuotna. Antonsen seier at språklege særdrag også kan vera teikn på solidaritet eller identitet (ibid.:28). Éi årsak til at ungdom vel å snakke samisk i dag, meiner ho er tilhørsle til samekulturen slik dei kjenner han i si eiga bygd. Når dei så nyttar former som er annleis enn dei ein finn i nordsamisk standardspråk, ser ho det som eit uttrykk for at ungdomen ser det å nytte desse formene som ein måte å vise respekt for den lokale kulturen. Ein viser altså kva gruppe ein hører til, eller ynskjer å høre til, ved å velja visse former framfor andre (ibid.:119f.), og ei årsak til at ungdom talar samisk i dag, er at dei kjenner tilhørsle til den samiske kulturen i Gáivuotna. Dette meiner ho så er årsaka til at særeigne dialektale former held seg godt også mellom ungdom (ibid.:120). Funna til Antonsen illustrerer det Milroy seier, samstundes som ho legg vekt på samanhengar mellom tilhørsle og språk.

Nystad 2003 viser at jenter i større grad enn guttar reiser bort frå Guovdageaidnu for å få utdanning, medan guttar oftare blir verande i bygda og ikkje får høgare utdanning (Nystad 2003:15f.). Ho drøftar kva som gjer at gutane oftare blir verande i bygda, og nemner både ting som hindrar dei i å forlate bygda, og ting som bind dei til bygda. Konklusjonen hennar er:

Selv om det fins hindringer for geografisk mobilitet for guttenes vedkommende, er likevel bindingene sterkere enn hindringene. Den som virkelig er interessert i å ta utdanning, vil overvinne hindringane. Jentene må mestre barrierene, for de har ikke annet valg. Det er guttene som foretrekkes i primærnæringene.

(Nystad 2003:156.)

To av informantane har ein forelder som kjem frå eit område med midausländsk talemål. Den eine av desse, G6, har den lægste dialektskåren av alle informantane (1), og har eit talemål med svært få finnmarksdrag. Han er den einaste i gruppa som gjev uttrykk for at han oppfattar seg som klart norsk. Den andre (J3) har også låg dialektskåre (5,5). Ingen av foreldra hennar kjem frå Guovdageaidnu. Ein av foreldra har samisk som fyrstespråk. Den jenta som har lægst dialektskåre i gruppa, J1, nyttar berre samisk som dagleg heimespråk, og for henne er norsk eit klart andrespråk. Dei som har høg dialektskåre, både guttar (G1, G2, G3, G4, G5) og jenter (J2, J6 og J7) har ein av foreldra frå Indre Finnmark, og anten ein av foreldra eller ein eller fleire av besteforeldra har samisk som fyrstespråk. Den andre av foreldra er frå ein annan del av Troms eller Finnmark, og har norsk som fyrstespråk.

Det ser altså ut til at guttar med sterk tilhørsle til staden og til landsdelen elles er dei som har høgast dialektskåre og flest førekomstar av ikkje-etablerte former. Ein som nyttar slike former saman med former som finst i anna finnmarksmål, signaliserer at ho eller han kjem frå ein stad der samisk er levande. Det å nytte slike former er altså ein måte å vise kor ein kjem frå, og kor ein høyrer til. Å ikkje nytte slike former kan tolkast som eit vis å signalisere at ein ikkje kjenner seg så knytt til staden.

4.3.2.2.1.4

Den usynlege handa. Eit forsøk på samanfatning

Samfunnet ungane veks opp i, er språkleg sett heterogent, og det er mogeleg at ungane umedvite har fått med seg at variasjonen i seg sjølv er noko som er ynskjeleg av di ein varietet av norsk utan variasjon ville knytt dei fastare til *det norske*, og såleis fjerna dei meir frå det samiske. Dei fleste av informantane mine nyttar som nemnt oftare norsk enn samisk.

Keller (2003) seier at det finst fenomen som korkje er naturgjevne eller skapte av mennesket. Likevel gjer mange den grunnleggjande feilen at dei berre reknar med fenomen av to typar, ”solche, die von Gott gemacht sind (bzw. die es von Natur aus gibt), und solche, die von Menschen gemacht sind” (Keller 2003). Det finst ein tredje type fenomen, seier Keller, og desse fenomena er ein syntese av visse faste prosessar og tilfeldige hendingar. Talespråket er nettopp slikt eit fenomen, korkje natur eller kultur, men noko som både følgjer faste mønster, og som samstundes er forma av menneska. Den utforminga menneska står for, er ikkje planlagd av nokon, men eit resultat av at mange ulike individ har gjort like val. Slike val gjer vi ut frå kva vi ser på som mest tenleg. Ein kan sjå dei prinsippa naturlegskapsteorien set opp, som dei allmenne, nødvendige føresetnadene for språkleg utvikling. Menneskelege val av kva former ein vel å føre vidare ut frå samfunnsmessige vurderingar, kan så vera måten mennesket formar utviklinga på. Ei slik utvikling er altså styrt, men ikkje på same vis som prosessar i naturen. Denne skjulte styringa kallar Keller med eit omgrep han har frå Adam Smith ’den usynlege handa’.

4.4 Konklusjon

Språkleg utvikling er eit samspel der ulike faktorar spelar med, og der det knappast eksisterer faste tilhøve som gjer at ein kan rekne ut kor mykje den eine og den andre faktoren tyder. Det ser heller ikkje ut til at ein kan føreseia om ei utvikling kjem til å finne stad eller ikkje. Det er derfor ikkje mogeleg å setja opp eit fast årsak-verknad-tilhøve, og same tilhøve kan gje ulike resultat, ettersom språkutvikling skjer ut frå eit vidt spektrum av mogelege utviklingslinjer. Dersom ein ynskjer å gje ei fullgod framstilling av språkleg endring, er det ikkje nok å berre sjå på sosiale faktorar, menneskeleg organiseringsevne eller faktorar i språket sjølv. Alle desse tre elementa spelar inn, og alle tre er ein del av forklaringa på språkleg utvikling og språkleg endring.

Tabellar

Tabell 1.1 a Oversyn over elevar som har følgt den opplæringsmodellen der samisk har hatt så stor plass som gjeldande reglar til kvar tid har gjeve høve til.....	13
Tabell 1.1 b Språk i familiar, 1899.....	16
Tabell 1.1 c Språk i familiar i folketeljinga 1950.....	17
Tabell 1.1 d Oversyn over kor mange som gav opp at dei hadde samisk som fyrste talespråk i folketeljinga 1970.....	17
Tabell 1.1 e Oversyn over kva språk ungdomsskoleelevar i 1998/99 oppgav at dei og deira føresette nytta.....	18
Tabell 1.1 f Oversyn over kor mange ungdomsskoleelevar i 1998/99 som oppgav at dei og deira føresette nytta samisk som einaste eller eitt av fleire fyrstespråk i heimen.....	18
Tabell 2.1 a Oversyn over dei tre bøyingsmønstra for substantiv i nordsamisk.....	34
Tabell 2.2 a Informasjon om informantane.....	50
Tabell 3.1 a Oversyn over linne fleksjonsmønster.....	72
Tabell 3.1 b Preteritumsførekomstar hos G1.....	76
Tabell 3.1 c Førekomstar av perfektum partisipp hos G1.....	76
Tabell 3.1 d Preteritumsførekomstar hos G2.....	77
Tabell 3.1 e Førekomstar av perfektum partisipp hos G2.....	77
Tabell 3.1 f Preteritumsførekomstar hos G3.....	78
Tabell 3.1 g Førekomstar av perfektum partisipp hos G3.....	78
Tabell 3.1 h Preteritumsførekomstar hos G4.....	79
Tabell 3.1 i Førekomstar av perfektum partisipp hos G4.....	79
Tabell 3.1 j Preteritumsførekomstar hos G5.....	80
Tabell 3.1 k Førekomstar av perfektum partisipp hos G5.....	81
Tabell 3.1 l Preteritumsførekomstar hos G6.....	81
Tabell 3.1 m Førekomstar av perfektum partisipp hos G6.....	82
Tabell 3.1 n Preteritumsførekomstar hos J1.....	83
Tabell 3.1 o Førekomstar av perfektum partisipp hos J1.....	83
Tabell 3.1 p Preteritumsførekomstar hos J2.....	84
Tabell 3.1 q Førekomstar av perfektum partisipp hos J2.....	84
Tabell 3.1 r Preteritumsførekomstar hos J3.....	85
Tabell 3.1 s Førekomstar av perfektum partisipp hos J3.....	85

Tabell 3.1 t Preteritumsførekomstar hos J4.....	86
Tabell 3.1 u Førekomstar av perfektum partisipp hos J4.....	86
Tabell 3.1 v Preteritumsførekomstar hos J5.....	87
Tabell 3.1 w Førekomstar av perfektum partisipp hos J5.....	87
Tabell 3.1 x Preteritumsførekomstar hos J6.....	87
Tabell 3.1 y Førekomstar av perfektum partisipp hos J6.....	88
Tabell 3.1 z Preteritumsførekomstar hos J7.....	88
Tabell 3.1 æ Førekomstar av perfektum partisipp hos J7.....	88
Tabell 3.1 ø Former i ulike fleksjonsmønster i preteritum og perfektum partisipp.....	89
Tabell 3.1 å Talet på verb i dei ulike fleksjonane.....	95
Tabell 3.1 A Frekvens av ulike verbtypar i Danmark (1985).....	104
Tabell 3.1 B Frekvens av ulike verbtypar i innsamla materiale.....	104
Tabell 3.2 a Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J1.....	119
Tabell 3.2 b Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J2.....	120
Tabell 3.2 c Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J3.....	121
Tabell 3.2 d Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J4.....	122
Tabell 3.2 e Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J5.....	123
Tabell 3.2 f Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J6.....	123
Tabell 3.2 g Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos J7.....	125
Tabell 3.2 h Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G1.....	126
Tabell 3.2 i Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G2.....	127
Tabell 3.2 j Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G3.....	128
Tabell 3.2 k Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G4.....	130

Tabell 3.2 l Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G5.....	131
Tabell 3.2 m Oversyn over førekomstar av substantiv i singularis med førestelt ord i ubunden form og med suffiks hos G6.....	132
Tabell 3.2 n Overgangar i singularis – jenter.....	138
Tabell 3.2 o Overgangar i singularis – gutar.....	139
Tabell 3.2 p Oversyn over pluralisførekomstar hos J1.....	158
Tabell 3.2 q Oversyn over pluralisførekomstar hos J2.....	158
Tabell 3.2 r Oversyn over pluralisførekomstar hos J3.....	159
Tabell 3.2 s Oversyn over pluralisførekomstar hos J4.....	160
Tabell 3.2 t Oversyn over pluralisførekomstar hos J5.....	160
Tabell 3.2 u Oversyn over pluralisførekomstar hos J6.....	161
Tabell 3.2 v Oversyn over pluralisførekomstar hos J7.....	161
Tabell 3.2 w Oversyn over pluralisførekomstar hos G1.....	161
Tabell 3.2 x Oversyn over pluralisførekomstar hos G2.....	162
Tabell 3.2 y Oversyn over pluralisførekomstar hos G3.....	162
Tabell 3.2 z Oversyn over pluralisførekomstar hos G4.....	163
Tabell 3.2 æ Oversyn over pluralisførekomstar hos G5.....	163
Tabell 3.2 ø Oversyn over pluralisførekomstar hos G6.....	164
Tabell 3.2 å Oversyn over pluralisførekomstar	164
Tabell 3.2 A Oversyn over bruk av etterstelt og førestelt possessiv.....	172
Tabell 3.3 a Oversyn over personlege pronomer i materialet.....	180
Tabell 3.3 b Oversyn over førekomstar av variantar av personlege pronomer.....	181
Tabell 3.3 b Oversyn over førekomstar av 3. persons pronomer pluralis.....	193
Tabell 4.3 a Førekomstar av visse morfologiske drag med variasjon mellom dialektformer og bokmålsnære former.....	208
Tabell 4.3 b Rangering av kategoriar etter dialektfaktor.....	209
Tabell 4.3 c Høvestal mellom førekomstar av dialektformer og bokmålsnære former.....	210
Tabell 4.3 d Oversyn over førekomstar av brotne og ubrotne former av 1. persons pronomer singularis hos jentene.....	210
Tabell 4.3 e Oversyn over førekomstar av brotne og ubrotne former av 1. persons pronomer singularis hos gutane.....	211
Tabell 4.3 f Bruk av dialektformer – rangering av informantane.....	213
Tabell 4.3 g Ikkje-etablerte former.....	216

Litteratur

- Aitchison, Jean. 1987. *Words in the Mind*. Oxford: Blackwell
- Ambrazas, Vytautas, Emma Geniušienė, Aleksas Girdenis, Nijolė Sližienė, Dalija Tekorienė, Adelė Valeckienė og Elena Valiulytė. 1997. *Lithuanian Grammar*. Vilnius: Baltos lankos
- Andenæs, Ellen. 1984. Flerspråklighet – handikap eller ressurs? Anne Hvenekilde og Else Ryen (red.): *“Kan jeg få ordene dine, lærer?” Artikler om norsk som andrespråk, språkfunksjoner, tospråklighet, tokulturell undervisning*. Oslo: Landslaget for norskundervisning (LNU)/Cappelen
- Antonsen, Lene. 2007. *Giella buolvvas bulvii. Gáivuona sámegiela morfologiija guorahallan*. Uprenta hovudoppgåve i samisk språk. Tromsø: Humanistisk fakultet, Institutt for språkvitenskap, Universitetet i Tromsø
- Aronoff, Mark. 1976. *Word Formation in Generative Grammar*. Cambridge, Mass.: MIT-Press
- Aubert, Vilhelm. 1978. *Den samiske befolkning i Nord-Norge/ Sámi ál'bmut Davvi-Norgas*. I serien Artikler fra Statistisk Sentralbyrå, nr. 107. Oslo: Statistisk sentralbyrå
- Auer, Peter, Birgit Barden og Beate Grosskopf. 1998. Subjective and objective parameters determining 'salience' in long-term dialect accommodation. *Journal of Sociolinguistics* 2/2, 1998: 163–187
- Aukrust, Vibeke Grøver. [1996]. Piagets konstruktivisme – og nyere konstruksjoner. *Jean Piaget 100 år – revitalisering av en kritisert klassiker: eiga paginering*. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det utdanningsvitenskapelige fakultet
- Baker, Colin. 2006. *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism*. 4. utgåva. Clevedon: Multilingual Matytters Ltd
- Bals, Berit Anne. 2002. *The acquisition of grade alternation in the Kautokeino dialect*. Uprenta hovudoppgåve i lingvistikk. Tromsø: Universitetet i Tromsø
- Barns språk*. 1993. Red. Stephen von Tetzchner et al. 2. utgåva. Oslo: Gyldendal
- Beito, Olav T. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Historisk klasse. 1. bind. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad
- Beito, Olav T. 1960. *Nynorsk målgransking. Fyrsteførelasing halden 2. november 1959*. Oslo: Olaf Norlis forlag
- Beito, Olav T. 1970. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Bellmann, Günther. 1990. *Pronomen und Korrektur*. Berlin: Walter de Gruyter
- Bittner, Andreas. 1998. *Starke 'schwache' Verben – schwache 'starke' Verben*. Tübingen: Stauffenburg Verlag

- Bjerkan, Kirsten Meyer, og Hanne Gram Simonsen. 1996. Prosessering av preteritumsformer i norsk: Eksperimentell evidens fra barn og voksne. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1996/2: 189–207
- Bjorvand, Harald. 1989. Diakron språkvitenskap. Hanne Gram Simonsen, Rolf Theil Endresen og Even Hovdhaugen (red.): *Språkvitenskap. En elementær innføring*. 3. utg., 2. oppl. Universitetsforlaget
- Bjørklund, Ivar. 1985. *Fjordfolket i Kvænangen. Fra samisk samfunn til norsk utkant 1550–1800*. Tromsø: Universitetsforlaget
- Blevins, James. 1995. Syncretism and Paradigmatic Opposition. *Linguistics and Philosophy* 18: 113–152.
- Bloomfield, Leonard. 1933. *Language*. New York: Holt
- Bokmålsordboka*. 1997. Redaksjon Marit Ingebjørg Landrø og Boye Wangensteen. 2. utg., 3. oppl. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bondzio, Wilhelm. 2002. *Modifikatoren – Wortbildung – Pronomen*. Frankfurt a. M.: Peter Lang
- Bonner, Maria. 1986. *Umgangssprache in Neunkirchen. Eine Studie zur Sprachschichtenmischung*. Beiträge zur Sprache im Saarland, 7. Saarbrücken: Saarbrücken Druckerei und Verlag
- Boretzky, Norbert, og Birgit Iгла. 1994. *Interferenzlinguistik*. Band III i Sprachdynamik. Auf dem Weg zu einer Typologie sprachlichen Wandels. Bochum: Universitätsverlag Dr. N. Brockmeyer
- Bull, Tove, Jorid Hjulstad og Aud Kirsti Pedersen. 1986. Nominalfrasen i skibotnmålet i Troms. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1/2: 60–72
- Bull, Tove. 1987. Å lære å snakke. Egil Børre Johnsen (red.): *Talemålet. Vårt eget språk*. Bind 2: 34–59. Oslo: Aschehoug
- Bull, Tove. 1991. Språklig identitet i ei nordnorsk fjordsamebygd. *Danske folkemaal* 33: 23–35
- Bull, Tove. 1992a. A contact feature in the phonology of a northern Norwegian dialect. Ernst Håkon Jahr (red.): *Language Contact. Theoretical and Empirical Studies*. Berlin: Mouton de Gruyter
- Bull, T[ove]. 1992b. Dialect and standard in a language contact area in northern Norway. J.A. Leuvenstein og J.B. Berns (red.): *Dialect and Standard Language in the English, Dutch, German and Norwegian Language Areas*, s. 365–378. Amsterdam: North-Holland
- Bull, Tove. 1994. Språkskifte og språkbevaring blant norske kystsamar. Ulla Brit Kotsinas og John Helgander (utg.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden*, s. 129–139. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet

- Bull, Tove. 1995a. Language contact leading to language change: The case of Northern Norway. Jacek Frisiak (red.): *Linguistic Change under Contact Conditions*, s. 15–34. Berlin: Mouton de Gruyter
- Bull, Tove. 1995b. Language maintenance and loss in an originally trilingual area in North Norway. *International Journal of the Sociology of Language* 115: 125–134
- Bull, Tove. 1996. Målet i Troms og Finnmark. Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 157–174. Oslo: Novus
- Bull, Tove. 1997. Dialektomgrepet og dialektologien i høve til språkkontaktvarietetar og beskrivelsen av dei. Maj Renhammar (red.): *Nordiska dialektstudier*, s. 55–62. Uppsala: Språk och folkesminnesinstitutet
- Bull, Tove. 2004. Samisk-nordisk-språkkontaktforsking – eit statusoversyn. Jurij Kusmenko (red.): *The Sámi and the Scandinavians*, s. 183–198. Hamburg: Verlag Dr. Kovač
- Bull, Tove. 2006. Norsk – når grunnlaget er samisk. Antje Hornscheidt et al. (red.): *Grenzgänger. Festschrift zum 65. Geburtstag von Jurij Kusmenko*, s. 31–59. Berlin: Nordeuropa-Institut der Humboldt Universität
- Bybee, Joan L. 1985. *Morphology. A Study of the Realisation Between Meaning and Form*. Amsterdam: Benjamins
- Bybee, Joan L. 1988. Morphology as Lexical Organization. Michael Hammond og Michael Noonan (red.): *Theoretical Morphology. Approaches in Modern Linguistics*. San Diego, Calif.: Academic Press
- Bybee, Joan L. 1995. Regular morphology and the lexicon. *Language and Cognitive Processes* 10: 425–455
- Bybee, Joan, og Paul Hopper. 2001. Introduction to frequency and the emergence of linguistic structure. Joan L. Bybee (red.): *Frequency and the Emergence of Linguistic Structure*, s. 1–26. Philadelphia: Benjamins
- Bye, Lilian. 1939. *Finner i Finnmark*. Oslo: Aschehoug
- Börestam, Ulla, og Leena Huss. 2001. *Språkliga möten. Tvåspråkighet och kontaktlingvistik*. Lund: Studentlitteratur
- Baal, Biret Anne Bals. 2009. Substantiivvaid máttaluohkát mánáidgielas. Johanna Ijäs og Nils Øivind Helander (red.): *Sáhkavuoruiin sáhkkan. Sámegiela ja sámi girjjálašvuoda muhtin áigevuodilis dutkanfáttat*, s. 42–53. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla
- Carstairs-McCarthy, Andrew. 2002. *An Introduction to English Morphology*. Edinburgh: Edinburgh University Press
- Chambers, J.K., og Peter Trudgill. 1980. *Dialectology*. Cambridge: Cambridge University Press
- Chomsky, Noam. 1965. *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, Mass.: M.I.T. Press

- Chomsky, Noam. 1970. Remarks on Nominalization. Roderick A. Jacobs og Peter S. Rosenbaum (red.): *Readings in English Transformational Grammar*, s. 184–221. Waltham: Ginn & Co
- Christiansen, Hallfrid. [1976]. *Norske dialekter*. Oslo: Tanum-Norli
- Corbett, Greville C. 1991. *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press
- Coward, Gorgus. 1965. *Moderat og radikalt bokmål*. Oslo: Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- Dahl, Helge. 1957. *Språkpolitikk og skolestell i Finnmark 1814 til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget
- Dal, Ingerid. 1966. *Kurze deutsche Syntax auf historischer Grundlage*. Tübingen: Niemeyer
- Dannemark, Nils I.S. 1985. *Tempusbruk hos barn. Ein analyse av visse sider ved tempusbruken hos nokre fem–seks-åringar i Oslo*. Upublisert hovudoppgåve. Oslo: Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo
- Dannemark, Nils, og Yngve Johansen. 2001. Ungdomsskoleelever og språkvalg i Finnmark i 1982/83 og 1998/99. *Maal og Minne* 2001/1: 41–63
- Delesalle, Simone, og Francine Mazière. 2007. Grammaire générale et grammaire particulière: Les Methodes de Claude Irson. Eduardo Guimarães og Diana Luz Pessoa de Barros (red.): *History of Linguistics 2002*: 41–62. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company
- Dicker, Friedl, og Georg Heuburger. 1991. *Friedl Dicker-Brandeis und die Kinderzeichnungen aus dem Ghetto-Lager Theresienstadt. Ausstellung des Jüdischen Museums der Stadt Frankfurt am Main, 25. April – 28. Juli 1991*. Frankfurt am Main: Jüdisches Museum
- Dotter, Franz. 2005. Linguistische Theoriebildung am Beispiel der Natürlichkeitstheorie und der Radical Construction Grammar. Gertraud Fenk-Oczlon og Christian Winkler (red.): *Sprache und Natürlichkeit. Gedenkband für Willi Mayerthaler*, s. 37–56. Tübingen: Gunter Narr Verlag
- Dresser, Wolfgang U. 1990. The cognitive perspective of "natural" linguistic models. *Cognitive Linguistics* 1: 75–98
- Dressler, Wolfgang U. 2002. Naturalness and functionalism. Katarzyna Dziubalka-Kořacyk og Jarosław Weckwerth (red.): *Future Challenges for Natural Linguistics*, s. 83–101. München: Lincom Europa
- Duden. Das große Wörterbuch der deutschen Sprache. Band 2*. 1993. Mannheim: Dudenverlag
- Eira, Inger Marie Gaup (Miggal-Niillasa Issát-Niillasa Inger Márjá). 2004. *Sámegiella Davvirikkain. Stáhtus ja domenečielggadeapmi*. Guovdageaidnu: Sámi Instituhtta

Eira, Marie N. Logje. u.å. Tolk mellom de andre elevene og husmora. Fortalt til og oversatt av Svein Lund. Skal publiserast i *Samisk skolehistorie* .

Eisenberg, Peter. 2000. Das vierte Genus? Über die natürliche Kategorisation der deutschen Substantive. Andres Bittner, Dagmar Bittner og Klaus-Michael Köpcke (red.): *Angemessene Strukturen: Systemorganisation in Phonologie, Morphologie und Syntax*, s. 91–105. Hildesheim: Georg Olms Verlag AG

Elliot, Alison J. 1981. *Child Language*. Cambridge: Cambridge University Press

Elstad, Hallgeir. 2005. *Nyere norsk kristendomshistorie*. Bergen: Fagbokforlaget

Endresen, Rolf Theil, og Hanne Gram Simonsen. 2000. Morfologi. Rolf Theil Endresen, Hanne Gram Simonsen og Andreas Sveen (red.): *Innføring i lingvistikk*. 2. utgåva, 2. opplaget. Oslo: Universitetsforlaget

Endresen, Rolf Theil, og Hanne Gram Simonsen. 2001. The Norwegian verb. I: Hanne Gram Simonsen og Rolf Theil Endresen (red.): *A Cognitive Approach to the Verb. Morphological and Constructional Perspectives*, s. 73–94. Berlin, New York: Mouton de Gruyter

Endresen, Rolf Theil. 1981. *Fulfulde. Grammatikk over Aadamaawadialekten av fulfulde*. 2. utg. Oslo: Lingvistisk institutt, Universitetet i Oslo

Endresen, Rolf Theil. 1982. Morfologi. Harald Bjorvand, Even Hovdhaugen og Hanne Gram Simonsen (red.): *Språkvitenskap. En elementær innføring*, s. 87–126. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget

Endresen, Rolf Theil. 1995. Kompetanse og kognitiv grammatikk. Cathrine Fabricius-Hansen og Arnfinn Muruvik Vonen (red.): *Språklig kompetanse – hva er det og hvordan kan det beskrives?*, s. 63–84. Oslo: Novus

Endresen, Rolf Theil. 1996. Kognitiv morfologi i eit faghistorisk perspektiv. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1996/2: 105–141

Endselins, J. og K. Mühlenbachs. 1907. *Latweeschu gramatika*. Riga: K.J. Sichmaņa apgahdiba

Eng, Helga. 1926. *Barnetegninger*. Oslo: Cappelen

Enger, Hans-Olav. 1989. *The classification of strong verbs in Norwegian with special reference to the Oslo dialect*. (Acta Humaniora 26). Oslo: Universitetsforlaget

Enger, Hans-Olav. 1996. Ledeformer og *telja*-klassen. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 1996/2: 143–169

Enger, Hans-Olav. 2001. Genus i norsk bør granskes grundigere. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2001/2: 163–184

Enger, Hans-Olav. 2004. On the relation between gender and declension. A diachronic perspective from Norwegian. *Studies in Language* 28/1: 51–82

Enger, Hans-Olav. 2007. The No Blur Principle meets Norwegian dialects. *Studia Linguistica* 61(3): 278–309. Oxford: Blackwell Publishing Ltd.

Eythorsson, Einar. 1991. *Ressurser, livsform og lokal kunnskap*. Uprenta hovudoppgåve i samfunnsvitenskap. Tromsø: Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø

Fangen, Katrine. 2004. *Deltagende observasjon*. Oslo: Fagbokforlaget

Fatke, Reinhard. 2003. Jean Piaget. Heinz-Elmar Tenorth (red.): *Klassiker der Pädagogik. Zweiter Band. Von John Dewey bis Paulo Freire*. München: C.H. Beck

Fischer, Rudolf-Josef. 2005. *Genuszuordnung. Theorie und Praxis am Beispiel des Deutschen*. Frankfurt am Main: Peter Lang

Folketellingen 1. desember 1950: Åttende hefte: Personer født i utlandet – Fremmede statsborgere – Bruken av samisk og kvensk. Utgitt av Statistisk Sentralbyrå. 1956. Norges offisielle statistikk XI, s. 236. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Fretheim, Thorstein. 1985. Er bokmålet tvekjønnet eller trekjønnet? Ernst Håkon Jahr og Ove Lorentz (red.): *Morfologi/Morphology*, s. 99–103. Oslo: Novus

Fretheim, Thorstein. 1999. Pragmatikk. Torbjørn Nordgård (red.): *Innføring i språkvitenskap*, s. 223–255. 1. utg., 2. oppl. Oslo: Ad Notam Gyldendal

Friis, J.A. 1861. *Ethnografisk kart over Finmarken*. Christiania

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget

Gadamer, Hans-Georg. 1972. *Wahrheit und Methode*. 3., utvida opplaget. Tübingen: J.C.B. Mohr (Paul Siebeck)

Gaeta, Livio. 2005. Thoughts on Cognitive Morphology. Gertraud Fenk-Oczlon og Christian Winkler (red.): *Sprache und Natürlichkeit. Gedenkband für Willi Mayerthaler*: 107–128. Tübingen: Gunter Narr Verlag

Gardt, Andreas. 1999. *Geschichte der Sprachwissenschaft in Deutschland. Vom Mittelalter bis ins 20. Jahrhundert*. Berlin: 1999

Gaup, Johanne. 1991. *Tospråklighet i samiske kommuner i Indre-Finnmark / Guovttegielalašvuhta Sis-Finnmárkku sámi suohkkaniin*. Guovdageaidnu: Sámi Instituhtta

Giere, Ronald N. 1988. *Explaining science: a cognitive approach*. Chicago: The University of Chicago Press

Gran, Lisbet. 1991. *Norsk talemål i Kautokeino*. Uprenta heimeoppgåve, nordisk mellomfag. Tromsø: Universitetet i Tromsø, Institutt for språk og litteratur

Greenberg, Joseph H., Charles A. Ferguson og Edith A. Moravcsik. 1978. Preface. Joseph H. Greenberg, Charles A. Ferguson og Edith A. Moravcsik (red.): *Universals of Human Language. Volume 1. Method & Theory*. Stanford: Stanford University Press

- Grimm, Jacob. 1967. *Deutsche Grammatikk I*. Reprografisk kopi av utgåva frå 1870. Hildesheim: Georg Olms Verlagsbuchhandlung
- Hagtvet, Bente Eriksen. [1996]. Praktisk-pedagogisk arvegods i Piagets fotefar. *Jean Piaget 100 år – revitalisering av en kritisert klassiker*: eiga paginering. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det utdanningsvitenskapelige fakultet
- Hansen, Lars Ivar, og Bjørnar Olsen. 2004. *Samenes historie fram til 1750*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Hansson, Gunnar Ólafur. 2005. Latent segments in Yowlumne: an epiphenomenon of template satisfaction? Solveiga Armoskaite og James J. Thompson (red.): *WSLAX: Proceedings of the 10th Workshop of Structure and Constituency in the Languages of the Americas*, s. 109–122. Vancouver: Dept. of Linguistics, University of British Columbia
- Haspelmath, Martin. 2005. Against markedness (and what to replace it with). *Journal of Linguistics* 42: 25–70
- Hatlebrekke, Hildur. 1976. *Språkforhold i Vadsø by med særlig vekt på sterke verb*. Uprenta hovudoppgåve. Trondheim: Universitetet i Trondheim
- Hatlebrekke, Hildur. 1996. Snakker finnmarkingene bokmål? Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 219–222. Oslo: Novus
- Hatlebrekke, Hildur. 1996a. Vadsø bymål. Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 223–227. Oslo: Novus
- Haugen, Einar. 1966. *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press
- Haugen, Einar. 1969. *The Norwegian language in America*. Bloomington: Indiana University Press
- Hawkins, John A. 1988. Explaining Language Universals. John A. Hawkins (red.): *Explaining Language Universals*, s. 3–28. Oxford: Basil Blackwell
- Hay, Jennifer. 2001. Lexical frequency in morphology: is everything relative? *Linguistics* 39–6: 1041–1070
- Heiberg, Inger. 1992. *Ingen kjenner solen. En bok om mine foreldre, Magna og Lorenz Smith, prestefolk i Kautokeino, Lom og Vang på Hedmarken*. [Espa]: Lokalhistorisk forlag
- Helander, Nils Øyvind. 1997. State Languages as a Challenge to Ethnicity in the Sami Land. *Northern Minority Languages. Problems of Survival*, s. 147–159. Senri Ethnological Studies no. 44. Osaka: National Museum of Ethnology
- Helbig, Gerhard, og Joachim Buscha. 1974. *Deutsche Grammatik. Ein Handbuch für den Ausländerunterricht*. Leipzig: VEB Verlag Enzyklopädie
- Helbig, Gerhard. 1969. *Geschichte der neueren Sprachwissenschaft. Unter dem besonderen Aspekt der Grammatik-Theorie*. Leipzig: VEB Bibliographisches Institut

- Helstrup, Tore. 1996. Oversikt over ulike retninger innen læring og læringsforskning med vekt på kognitiv psykologi. Olga Dysthe (red.): *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*, s. 22–46. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag as
- Henrici, Gert, og Ekkehard Zöfgen. 1993. Zur Einführung in den Themenschwerpunkt. *Fremdsprachen Lehren und Lernen*, 22. årgang, 3–10. Tübingen: Gunter Narr Verlag
- Hertzberg, Frøydis, og Even Hovdhaugen. 1980. Noen retninger i norsk språkvitenskap 1800–1850. *Maal og Minne* 1–2: 13–35. Oslo: Det Norske Samlaget
- [Hertzberg, Nils.] 1878. Reiseberetning angaaende Sprog- og Skoleforholdene blandt Kvænerne og Lapperne i Tromsø Stift. Vedlegg til *St.prop. No 2: Oplysningsvæsenets Fonds Budget*, eiga pag. 1–14. Kristiania: Stortinget.
- Hockett, Charles F. 1958. *A Course in Modern Linguistics*. New York : MacMillan
- Hovland, Arild. 1996. *Moderne urfolk: samisk ungdom i bevegelse*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Hudson, Richard. 2001. Language as cognitive network. Hanne Gram Simonsen og Rolf Theil Endresen (red.): *A Cognitive Approach to the Verb. Morphological and Constructional Perspectives*, s. 49–70. Berlin, New York: Mouton de Gruyter
- Hyvärinen, Heikki J. 1997. Samenes rettslige stilling i Finland. *Urfolks landrettigheter etter folkerett og utenlandsk rett – bakgrunnsmateriale for Samerettsutvalget*. NOU 1997:5: 101–109. Oslo: Statens forvaltningstjeneste. Statens trykning
- Hætta, Inger Marie Sokki. u.å. Det er arbeidet jeg har lært av. Fortalt til og oversatt av Svein Lund. Skal publiserast i *Samisk skolehistorie*
- Høigård, Anne. 1999. *Barns språkutvikling*. [Oslo]: Tano Aschehoug
- Indrebø, Gustav. 1976. *Kva er målreising?* Bergen: Norsk bokreidingslag L/L
- Iversen, Ragnvald. 1972. *Norrøn grammatikk*. 7. reviderte utgåva ved E.F. Halvorsen. Oslo: Aschehoug
- Jahr, Ernst Håkon, og Olav Skare. 1996. Oversyn over nordnorske dialektar – kart og målprøver. Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 9–78. Oslo: Novus
- Jahr, Ernst Håkon. 1995. Nedertysk og nordisk: språksamfunn og språkkontakt i Hansatida. Ernst Håkon Jahr (red.): *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i seinmellomalderen*, s. 9–28. Oslo: Novus
- Jahr, Ernst Håkon. 1996. Nynorsk språkforskning – en historisk oversikt. Carol Henriksen et al. (red.): *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*, s. 84–122. Oslo: Novus
- Jakobson, Roman. 1941. *Kindersprache, Aphasie und allgemeine Lautgesetze*. Uppsala: Språkvetenskapliga Sällskapet

- Jensen, Eivind Bråstad. 1991. *Fra fornorskningsspolitikk mot kulturelt mangfold*. [Stonglandseidet]: Nordkalott-Forlaget
- Jensen, Eivind Bråstad. 2005. *Skoleverket og de tre stammers møte*. Tromsø: Eureka
- Johannessen, Janne Bondi. 1990. *Automatisk morfologisk analyse og syntese*. Oslo: Novus
- Johnsen, Oscar Albert. 1923. *Finmarkens politiske historie aktmæssig fremstillet*. Videnskapsselskapets Skrifter. II. Hist.-filos. Klasse, 1922. No. 3. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad
- Junttila, Jorid Hjulstad. 1988. *Språkval og språkbruk på Skibotn*. Uprenta hovudoppgåve i nordisk språk. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø
- Junttila, Jorid Hjulstad. 1996. Språkkontakt i ei bygd i Nord-Troms. Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 201–216. Oslo: Novus
- Keller, Rudi. 2003. *Sprachwandel. Von der unsichtbaren Hand in der Sprache*. 3., reviderte opplaget. Tübingen: Francke Verlag
- Keskitalo, Alf Isak. 1980. The Status of the Sami Language. *Minority Languages Today*, s. 152–162. Edinburgh: University Press
- Keskitalo, Alf Isak. 1998. *Guovdageainnu suohkangirji / Kautokeino sognebok*. Guovdageaidnu: Guovdageainnu suaohkan / Kautokeino kommune
- Killengreen, [Jens Anathon]. 1887. *Indberetning om en Inspektionsreise til Finmarken : foretaget i Tiden fra 2den Februar til 7de Juni 1886*. Kristiania: Fabritius 1887
- Kolsrud, Sigurd. 1952. Nynorsk målgransking. Opposisjonsinnlegg ved 3 doktordisputasar. *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 16: 398–428. Kristiania
- Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegialbreve for Danmark og Norge. 1786. Red.: Laurids Fogtman. Band 6, del 1. København: Gyldendals Forlag
- Kopecky, Carmen Teržan. 2005. Komplexe grammatische Kategorien im Innovationsprozess. Gertraud Fenk-Oczlon og Christian Winkler (red.): *Sprache und Natürlichkeit. Gedenkband für Willi Mayerthaler*, s. 225–242. Tübingen: Gunter Narr Verlag
- Kress, Bruno. 1982. *Isländische Grammatik*. Leipzig: VEB Verlag Enzyklopädie
- Kristoffersen, Gjert. 1984. *Språklig variasjon*. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø
- Kusmenko, Jurij. 2004. Skandinavisch-samischer Sprachkontakt. Gegenseitiger Einfluss. Jurij Kusmenko (red.): *The Sámi and the Scandinavians*, s. 215–235. Hamburg: Verlag Dr. Kovač
- Köpcke, Klaus-Michael, og David A. Zubin. 1997. Sechs Prinzipien für die Genuszuweisung im Deutschen: Ein Beitrag zur natürlichen Klassifikation. Heinz Sieburg (red.): *Sprache – Genus/Sexu*, s. 87–115. Frankfurt am Main: Peter Lang

- Köpcke, Klaus-Michael. 1982. *Untersuchungen zum Genussystem der deutschen Gegenwartsprache*. Tübingen: Niemeyer
- Köpcke, Klaus-Michael. 1993. *Schemata bei der Pluralbildung im Deutschen*. Tübingen: Gunter Narr Verlag
- Lane, Pia. 2006. *A tale of two towns : a comparative study of language and culture contact*. [Oslo]: Faculty of Humanities, University of Oslo
- Langacker, Ronald W. 1987. *Foundations of Cognitive Grammar. Volume 1. Theoretical Prerequisites*. Stanford, California: Stanford University Press
- Langacker, Ronald W. 2001. Topic, subject and possessor. Hanne Gram Simonsen og Rolf Theil Endresen (red.): *A Cognitive Approach to the Verb. Morphological and Constructional Perspectives*, s. 11–48. Berlin, New York: Mouton de Gruyter
- Langacker, Ronald W. 2008. *Cognitive Grammar. A Basic Introduction*. New York: Oxford University Press
- Lanza, Elisabeth. 1995. Kompetanse sett i et sosiolingvistisk perspektiv. Cathrine Fabricius-Hansen og Arnfinn Muruvik Vonen (red.): *Språklig kompetanse – hva er det og hvordan kan det beskrives?*, s. 85–101. Oslo: Novus
- Larsen, Anders. 1912. *Bæivve-alggo*. Kristiania: Grøndahl
- Le Page, R.B., og Andrée Tabouret-Keller. 2006. *Acts of identity*. 2. utvida utgåva. Fernelmont: E.M.E.⁵⁴
- Lehmann, Hubert. 1973. *Linguistische Modellbildung und Methodologie*. Tübingen: Niemeyer
- Lindgren, Anna-Rita. 1990. *English Summary of Mitten muodot muuttuvat (How Forms Change)*. Tromsø: Universitetet i Tromsø
- Loja, Jānis Viļuma d. 1958. *Valodniecības pamatjautājumi*. Riga: Latvijas Valsts izdevniecība
- Lov om folkeskolen frå 10. april 1959 : med merknader, reglement og instruksar*. 1963. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet
- Lund, Svein. 1999. *Samisk skole eller norsk standard?* Høgskolen i Akershus. Yrkespedagogisk institutt
- Lysaker, Trygve. 1987. *Trondhjems stift og Nidaros bispedømme 1537–1953, 1. Reformasjon og enevelde 1537–1804*. [Trondheim]: Nidaros domkirkes restaureringsarbeider
- Martinussen, Bente. 1996. Mot én dialekt i Finnmark? Ernst Håkon Jahr og Olav Skare (red.): *Nordnorske dialektar*, s. 238–248. Oslo: Novus

⁵⁴ Editions Modulaires Européennes

- Mayerthaler, Willi. 1981. *Morphologische Natürlichkeit*. Wiesbaden: Akademische Verlagsgesellschaft Athenaion
- Meløy, L. Lind. 1977. *Kautokeino internat*. Vadsø: Skoledirektøren i Finnmark
- Meløy, L. Lind. 1980. *Internatliv i Finnmark. Skolepolitikk 1900–1940*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Milroy, Leslie. 2002. Social Networks. J.K. Chambers, Peter Trudgill og Natalie Schilling-Estes (red.): *The Handbook of language variation and change*, s. 549–572. Malden, MA: Blackwell
- Mook, Reinhard, og Vilhem Aubert. 1970. Flyttemønsteret og lokalsamfunnets struktur. En undersøkelse i Karasjok. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 11: 14–31. [Oslo]: Universitetsforlaget
- Mūsdienu latviešu literārās valodas gramatika I. Fonētika un morfoloģija*. 1959. Redigert av A. Bergmane, R. Grabis, M. Lepika og E. Sokols (ansv. red.). Riga: Latvijas PSR Zinātņu akadēmijas izdevniecība
- Müller, Natascha, og Beate Riemer. 1998. *Generative Syntax der romanischen Sprachen*. Tübingen: Stauffenburg Verlag
- Mæhlum, Brit. 1992. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus
- Mæhlum, Brit. 1999. *Mellom Skylla og Kharbydis*. Oslo: Novus
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus
- Mønsterplan for grunnskolen. Nynorsk*. 1974. Oslo: Aschehoug
- Mønsterplan for grunnskolen. Nynorsk*. 1987. Oslo: Aschehoug
- Neef, Martin. 1996. *Wortdesign. Eine deklarative Analyse der deutschen Verbflexion*. Tübingen: Stauffenberg
- Nesse, Agnete. 2002. *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Oslo: Novus
- Nesse, Agnete. 2003. Bodødialekten – en romslig norm? Gunnar Akselberg, Anne Marit Bødal og Helge Sandøy (red.): *Nordisk dialektologi*, s. 385–400. Oslo: Novus
- Nickel, Klaus Peter. 1990. *Samisk grammatikk*. Universitetsforlaget
- Nielsen, Konrad. 1926. *Grammatikk*. Band 1 av Lærebok i lappisk. Oslo: I kommisjon: A.W. Brøggers boktrykkeris forlag.
- Nielsen, Konrad. 1938. *Lappisk ordbok, bind III*. Oslo: I kommisjon: A.W. Brøggers boktrykkeris forlag.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band I*. 1966. Hovudredaktør Alf Hellevik. Oslo: Det Norske Samlaget

- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band II.* 1978. Hovudredaktør Alf Hellevik. Oslo: Det Norske Samlaget
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band III.* 1994. Redgert av Reidar Bø, Arnbjørg Hageberg, Laurits Killingbergtrø, Sigurd Nordlie og Gunnar Pedersen. Oslo: Det Norske Samlaget
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band VI.* 2007. Hovudredaktører: Oddrun Grønvik, Laurits Killingbergtrø, Lars Vikør. Oslo: Det Norske Samlaget
- Nynorskordboka.* 1986. Redaksjon Marit Hovdenak et al. Oslo: Det Norske Samlaget
- Nystad, Inger Marie Kristine. 2003. *Mannen mellom myte og modernitet.* Nesbru: Vett og viten
- Paul, Hermann. 1909. *Prinzipien der Sprachgeschichte.* 4. opplaget. Halle: Niemeyer
- Pedersen, Steinar. 2008. *Lappekodisillen i nord 1751–1859.* Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla
- Piaget, Jean. 1937. *La Construction du Réel chez l'Enfant.* Neuchâtel, Paris: Delachaux & Niestlé
- Piaget, Jean. 1976. *Le langage et la pensée chez l'enfant. Etudes sur la logique de l'enfant.* 9. utgåva. Neuchâtel, Paris: Delachaux et Niestlé
- Pike, Kenneth L. 1954. *Language in relation to a unified theory of the structure of human behavior.* Haag, Paris
- Prestbakmo, Hans. 1994. Bruken av utmarksressursene i Finnmark i dette århundret. *Bruk av land og vann i Finnmark i historisk perspektiv . Bakgrunnsmateriale for Samerettsutvalget* NOU 1994:21: 192-204. Oslo: Statens forvaltningstjeneste. Statens trykning
- Rasmussen, Torkel. 2005. *Jávohuvvá ja ealáska. Davvisámegiela giid demografija ja buolvvaidgaskasaš sirdáseaomi Norggas ja Suomas.* Uprenta hovudoppgåve i samisk språk. Tromsø: Humanistisk fakultet, Samisk avdeling, Universitetet i Tromsø
- Ravna, Ellen. *Iskkadeapmi sámegiela geavaheami birra / Undersøkelse om bruk av samisk språk.* Deatnu: SEG
- Reinbyer i Finnmark på begynnelsen av 1900-tallet.* 2005. Red. Kirsti Strøm Bull. Guovdageaidnu: Sámi instituhtta
- Reiß, Wolfgang. 1996. *Kinderzeichnungen. Wege zum Kind durch seine Zeichnung.* Neuwied: Luchterhand
- Rickheit, Mechthild. 1993. *Wortbildung. Grundlagen einer kognitiven Wortsemantik.* Opladen: Westdeutscher Verlag
- Roberts, Julie. Child Language Variation. J.K. Chambers, Peter Trudgill og Natalie Schilling-Estes (red.): *The Handbook of language variation and change*, s. 334–348. Oxford: Blackwell

- Rommetveit, Ragnar. 1971. *Språk, tanke og kommunikasjon*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget
- Rommetveit, Ragnar. 1983. Om førspråkleg kommunikasjon og språkutvikling i førskulealderen. Magnhild Gravir (red.): *Barnet og talemålet*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget
- Rommetveit, Ragnar. 1996. Læring gjennom dialog. Ei sosiokulturell og sosiokognitiv tilnærming til kunnskap og læring. Olga Dysthe (red.): *Ulike perspektiv på læring og læringsforskning*, s. 88–104. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag as
- Rubin, Susan Goldman. 2000. *Fireflies in the Dark: The Story of Friedl Dicker-Brandeis and the Children of Terezin*. New York: Holiday House Inc New York, 2000
- Rudzīte, Marta. 1994. Latviešu un lībiešu valodas savstarpējā ietekme. K. Boiko (red.): *Lībieši*, s. 288–319. Riga: Zinātne
- Raaheim, Kjell. 1988. Piaget. *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. Pari-Saj: 96*. Oslo: Kunnskapsforlaget
- Sammallahti, Pekka. 1989. *Sámi-suoma sátnegirji. Saamelais-suomalainen sanakirja*. Ohcejohka: Jorgaleaddji Oy
- Sammallahti, Pekka. 1998. *The Saami Languages. An Introduction*. Kárášjohka: Davvi Girji
- Sandøy, Helge. 1992. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. 2. utgåva. Oslo: Novus
- Saussure, Ferdinand de. 1964. *Cours de linguistique générale*. Paris: Payot
- Schilling-Estes, Natalie. 2002. Investigating Stylistic Variation. J.K. Chamber, Peter Trudgill og Natalie Schilling-Estes (red.): *The Handbook of Language Variation and Change*, s. 374–401. Malden, MA: Blackwell
- Schilling-Estes, Natalie. 2004. Constructing ethnicity in interaction. *Journal of Sociolinguistics* 8/2: 163–195.
- Schrader-Kniffki, Martina. 2003. Methodologie in der Feldforschung. Thomas Stolz og Katja Kolbe (red.): *Methodologie in der Linguistik*, s. 131–152. Frankfurt am Main: Peter Lang
- Schuster, Martin. 1996. *Kinderzeichnungen, wie sie entstehen und was sie bedeuten*. 2. utgåva. München: Reinhardt
- Simonsen, Hanne Gram. 2001. Past tense acquisition in Norwegian: Experimental evidence. Hanne Gram Simonsen og Rolf Theil Endresen (red.): *A Cognitive Approach to the Verb. Morphological and Constructional Perspectives*, s. 129–151. Berlin, New York: Mouton de Gruyter
- Sjøberg, Svein. [1996]. Forstått og misforstått? – Brukt og misbrukt? *Jean Piaget 100 år – revitalisering av en kritisert klassiker*: eiga paginering. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det utdanningsvitenskapelige fakultet

- Skodvin, Arne. [1996]. Fra Piagets syn på balanse til et balansert syn på Piaget? *Jean Piaget 100 år – revitalisering av en kritisert klassiker*: eiga paginering. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det utdanningsvitenskapelige fakultet
- Skum, Nils, og Margrete Skum. 1988. – Barna skulle få den skolegangen som ikkje vi fikk. Intervju og omsetjing ved Svein Lund. Skal publiserast i *Samisk skolehistorie*.
- Skutnabb-Kangas, Tove. 1981. *Tvåspråkighet*. Lund: Liber Läromedel
- Smith, L.P. 1938. *Kautokeino og kautokeino-lappene*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B, Skrifter, bind 34. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
- Solbakk, Aage. 2000. *Ávjovárri – Kárášjoga historjá I. 1553–1900*. Kárášjohka: Dávvi Girji
- Sollid, Hilde. 2005. *Språkdannelse og -stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Oslo: Novus
- Sonnenstuhl-Henning, Ingrid. 2003. *Deutsche Plurale im mentalen Lexikon*. Tübingen: Niemeyer
- Stampe, David. 1979. *A Dissertation on Natural Phonology*. Bloomington: Indiana University Linguistics Club
- Stark, Rachel A. 1986. Preespeech segmental feature development. Paul Fletcher og Michael Garman (red.): *Language acquisition. Studies in first language development. Second edition*, s. 149–173. Cambridge: Cambridge University Press
- Steen, Adolf. 1954. *Samenes kristning og Finnemisjonen til 1888*. Oslo. Egede instituttet
- Steen, Adolf. 1969. *Kautokeino gamle kirke*. Trondheim: Sami varas
- Stolz, Thomas. 1994. *Grammatikalisierung und Metaphorisierung*. Band II i Sprachdynamik. Auf dem Weg zu einer Typologie sprachlichen Wandels. Bochum: Universitätsverlag Dr. N. Brockmeyer
- Stordahl, Vigdis. 1998. *Same i den moderne verden*. Kárášjohka: Dávvi Girji
- Stortingsmelding nr. 21, 1962–63: Om kulturelle og økonomiske tiltak av særlig interesse for den samisktalende befolkning, 1963. 1970. *Offentlige innstillinger vedrørende samene : dokumenter og innstillinger*. [Oslo]: Folkeskolerådet
- Todal, Jon 1996. Interferens, negativ transfer, substrat eller etnolekt. Asta Balto (red.): *Kunnskap og kompetanse i Sápmi – en samisk skole i endring*, s. 105–118. Kárášjohka: Davvi Girji
- Todal, Jon. 2002. “...jos fal gáhttet gollegielat”. *Vitalisering av samisk språk i Noreg på 1990-talet*. Avhandling til dr.art.-graden. Tromsø: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø
- Todal, Jon. 2009. Undervisninga i samisk som førstespråk i Noreg. Eit kort tilbakeblikk. *Samisk skolehistorie 3*: 422–441

- Tromholt, Sophus. 1885. *Under Nordlysets Straaler*. København: Gyldendalske Boghandels Forlag
- Trosterud, Trond. 2001. Genusordning i norsk er regelstyrt. *NorskLlingvistisk Tidsskrift* 19:29–58
- Trudgill, Peter. 2002. Social Differentiation. Introduction. J.K. Chamber, Peter Trudgill og Natalie Schilling-Estes (red.): *The Handbook of Language Variation and Change*, s. 373–374. Malden, MA: Blackwell
- Turi, Else R. 1996. *Karášjoga mánáid veabahámiid morfologalaš variašuvnna guorahallan*. Uprenta hovudoppgåve i samisk språk. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Samisk avdeling, Universitetet i Tromsø
- Vannebo, Kjell Ivar. 1985. Om genusmorfemer i norsk bokmål. Ernst Håkon Jahr og Ove Lorentz (red.): *Morfologi/Morphology*, s. 62–79. Oslo: Novus
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget
- Venås, Kjell. 1974. *Linne verb i norske målføre*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget
- Venås, Kjell. 1991. *Mål og miljø: innføring i sociolingvistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus
- Venås, Kjell. 1992. *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo: Novus
- Vikør, Lars S. 1988. *Språkplanlegging*. Oslo: Novus
- Vikør, Lars S. 2004. *Dialektar som skriftspråk i tre norske distrikt*. Oslo: Novus
- Vogt, Hans. 1978. *Forelesninger i almen språkvitenskap*. 2. utgåva. Oslo: Lingvistisk institutt. Universitetet i Oslo
- Webster, Ronald L. 1969. Selective Suppression of Infants' Vocal Responses by Classes of Phonemic Stimulation. *Developmental Psychology*, Volume 1, No. 4, 410–414
- Wegener, Hilde. 1995. *Die Nominalflexion des Deutschen – verstanden als Lerngegenstand*. Tübingen: Niemeyer
- Wilson, Deirdre, og Dan Sperber. Relevance theory. G. Ward og L. Horn (red.): *Handbook of Pragmatics*, s. 607–632. Oxford: Blackwell
- Wunderlich, Dieter. 1997. Der unterspezifizierte Artikel im Deutschen. Christa Dürscheid (red.): *Sprache im Fokus: Festschrift für Heinz Vater zum 65. Geburtstag.*, s. 47–55. Tübingen
- Wurzel, Wolfgang Ulrich. 1994. *Grammatisch initiiertes Wandel*. Band I i Sprachdynamik. Auf dem Weg zu einer Typologie sprachlichen Wandels. Bochum: Universitätsverlag Dr. N. Brockmeyer
- Wurzel, Wolfgang Ulrich. 2001. *Flexionsmorphologie und Natürlichkeit*. 2. oppl. Berlin: Akademie Verlag GmbH

Åfarli, Tor A. 2000. *Grammatikk – kultur eller natur?* Oslo: Samlaget

Åfarli, Tor A. og Kristin M. Eide. 2003. *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus

Aanerud, Simen og Torbjørn Løvland. 2001. Livet etter forsvarsdøden. *Forsvarets forum* 14/15: 23-28.

Aarsæther, Finn. 2004. *To språk i en tekst : kodeveksling i samtaler mellom pakistansk-norske tiåringer*. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det historisk-filosofiske fakultetet, Institutt for lingvistiske fag

[Aas, Karl]. [1899]. [Udtalelse om forskjellige skoleforhold i Tromsø og Finmarkens amter]. [Tromsø]: [K. Aas]

Aasen, Ivar. 1965. *Norsk Grammatik*. Etter fyrsteutgåva frå 1864. Oslo: Universitetsforlaget